# Forvaltningsplan

## Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområde



januar 2011

Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Buskerud
Fylkesmannen i Hordaland

# FORORD

Det går fram av punkt 6.2 / 7.2 i verneforskriftene for Hardangervidda nasjonalpark og tilgrensande landskapsvernområde at forvaltningstyresmakta skal utarbeide ein forvaltningsplan for verneområda.

Den første forvaltningsplanen for verneområda på Hardangervidda vart utarbeidd i åra 1998-1999 og endeleg godkjent i mars 2003. Forvaltningsplanen skal i utgangspunktet reviderast kvart 8. år, men første gongen i 2006. På bakgrunn av erfaringar med bruk av planen og avdekte behov for endringar og forbetringar sette fylkesmennene og tilsynsutvala i gang dette arbeidet sommaren 2006.

Hovudtyngda av arbeidet med ny forvaltningsplan har føregått i 2007, med kunngjering av arbeidet, opne møte med ulike brukargrupper og ein grundig prosess i ei breidt samansett arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa la fram eit forslag til forvaltningsplan som fylkesmennene omarbeidde før det vart oversendt Direktoratet for naturforvaltning for fagleg godkjenning desember 2008 før offentleg høyring.

Ved revideringa har det vore lagt vekt på å presisere forvaltningsplanen betre på punkt der det har vore for stort rom for skjønn mellom dei ulike fylka med ulik handsaming som resultat. Det er også tatt omsyn til overordna føringar gjevne av Storting, Regjering og Miljøverndepartementet, samt nye retningsliner og føringar for forvaltning av verneområde. Strukturen i forvaltningsplanen er lite endra, og innhaldet er oppdatert til gjeldande situasjon. Det har vore drøfta nokre mindre endringar i verneforskriftene, dette inngår ikkje som del av forvaltningsplanen.

Fylkesmennene i dei tre fylka har vore ansvarlege for arbeidet. Det var satt ned ei arbeidsgruppe som har hatt mandat til å legge fram forslag til revidert forvaltningsplan. I arbeidsgruppa har det vore representantar for dei tre tilsynsutvala, Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda, Den norske turistforeining, kommunane ved ordførarutvalet, fylkeskommunane og Fylkesmennene.

Arbeidet har elles gjennom heile prosessen vore utført i nært samarbeid med dei tre tilsynsutvala. Fylkesmannen i Hordaland har leia arbeidet med planen. Sekretærar for arbeidet i arbeidsgruppa har vore Kjetil Heitmann. Sluttarbeid med planen og koordinering mellom tre fylkesmenn og tre tilsynsutval har vore leia av fylkesmannen i Hordaland. Det har i sluttarbeidet med planen vore dissens på nokre punkt. Dette går fram av brev til Direktoratet for naturforvaltning i samband med oversending av framlegg til forvaltningsplan for endeleg godkjenning.

Vi vil takke alle som har tatt del i arbeidet og som har vist eit stort engasjement for å forvalte eit verdifullt fjellområde på ein balansert og framtidsretta måte.

08.04.2010

| (Sign) | (Sign) | (Sign) |
|---|---|---|
| Fylkesmann i Buskerud | Fylkesmann i Hordaland | Fylkesmann i Telemark |

*Direktoratet for naturforvaltning har hatt planen til fagleg godkjenning før han vart sendt på brei høyring.*

*Forvaltninga (Fylkesmennene og tilsynsutvala) har etter høyring sendt planen til endeleg godkjenning i Direktoratet for naturforvaltning, jf. verneforskriftenes pkt. 6.2/7.2*

*Godkjent dato 14.01.2011*
*Direktoratet for naturforvaltning*

# INNHALD

**SAMANDRAG** 5

**1 INNLEIING** 7

**1.1 Naturvernarbeid i Noreg** 7
**1.2 Nasjonalparkar – landskapsvernområde** 8
**1.3 Forvaltning – forvaltningsplan** 9

**2 PRESENTASJON AV VERNEOMRÅDA OG FORVALTNINGA** 10

**2.1 Formål med Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/ Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde** 10
**2.2 Forvaltningsstyresmakter og oppsyn** 10
**2.3 Verneverdiar på Hardangervidda** 11
**2.4 Geografisk utbreiing, eigedoms- og rettstilhøve** 13

**3 MÅL, UTFORDRINGAR OG STRATEGIAR** 16

**3.1 Mål for forvaltninga av nasjonalparkar og landskapsvernområde i Noreg** 16
**3.2 Mål for forvaltninga av verneområda på Hardangervidda** 17
**3.3 Utfordringar for forvaltning av verneområda** 17
**3.4 Strategiar for forvaltning av verneområda på Hardangervidda** 18

**4 NATURGRUNNLAG, KULTURHISTORIE OG VERNEVERDIAR.** 20

**4.1 Klima** 20
**4.2 Geologi** 20
**4.3 Vassdrag** 21
**4.4 Landskapet** 22
**4.5 Planteliv** 25
**4.6 Dyreliv** 26
**4.7 Kulturhistorie, kulturminne og kulturmiljø** 30

**5. BRUKARINTERESSER** 35

**5.1 LANDBRUK. NÆRINGSMESSIG UTNYTTING AV PRIVATE EIGEDOMAR.** 35
**5.2 Naturvenleg friluftsliv og naturoppleving** 39
**5.3 Drift av turisthytter** 42
**5.4 Villreinjakt** 45
**5.5 Anna jakt og fiske** 48
**5.6 Reiseliv - turisme i verneområda og i randområda** 49
**5.7 Regulering av ferdsle** 50
**5.8 Forsking og undervisning** 53
**5.9 Andre samfunnsinteresser** 55
**5.10 Motortransport** 58
**5.11 SLEPER FOR BARMARKSKØYRING** 63
**5.12 BYGGEVERKSEMD** 66

**6 SONEINNDELING FOR FORVALTNING AV VERNEOMRÅDA 71**

**6.1 Kategoriar for soneinndeling 71**
**6.2 Kriteria for soneinndeling 71**
**6.3 Omtale av dei enkelte sonene 71**
**6.3.1 SPESIELL VERNESONE 72**
**6.3.2 SONE UTAN TILRETTELEGGING OG INNGREP 72**
**6.3.3 BRUKSSONER 73**
**6.3.4 SONE MED SPESIELL TILRETTELEGGING OG INNGREP 75**
**6.4 Randområda 75**

**7 FORVALTNING OG OPPSYN 77**

**7.1 Forvaltning etter verneforskriftene (sakshandsaming) 77**
**7.1.1 TILSYNSUTVALA 77**
**7.1.2 FYLKESMENNENE 78**
**7.1.3 DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING 78**
**7.2 Oppsyn og skjøtsel 80**
**7.3 Informasjon og rettleiing 83**
**7.4 Kunnskapsoppbygging 84**
**7.5 Samarbeid om forvaltning av verneområda 85**
**7.6 Økonomi og ressursar for å nå forvaltningsmåla 87**

**8 OPPFØLGJANDE TILTAK 87**

**8.1 Plan for overvaking av verneområda på Hardangervidda 87**
**8.2 Informasjonsplan 88**
**8.3 Kulturminneplan for verneområda 89**
**8.4 Informasjon til søkjarar 89**
**8.5 Skjema for driftsplan 89**

**9 KJELDER/LITTERATUR 90**

| | |
|---|---|
| Vedlegg 1 | Verneforskrift for Hardangervidda nasjonalpark<br>Verneforskrift for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde<br>Verneforskrift for Møsvatn Austfjell landskapsvernområde |
| Vedlegg 2 | Brev frå Direktoratet for naturforvaltning (07.06.2002) med delegering av forvaltningsmynde til fylkesmenn og tilsynsutval for dei ulike punkta i verneforskriftene |
| Vedlegg 3 | Kart med soneinndeling av verneområda |
| Vedlegg 4 | Kart som viser godkjende traktorsleper, godkjende teltplassar og teltforbodssoner under villreinjakta, godkjende vatn for landing for uttransport av felt villrein og turisthytter |
| Vedlegg 5 | Kart som viser kvista løyper (vinter) og merka ruter (sommar), kjelde Fylkesdelplan Hardangervidda – Infrastruktur og friluftsliv |
| Vedlegg 6 | Rettleiar for byggesaker |
| Vedlegg 7 | Retningsliner for redningsteneste i verneområde |
| Vedlegg 8 | Forskrift om godkjende teltplassar og teltforbodssoner under villreinjakta |
| Vedlegg 9 | Oppstilling av nytte og ulemper ved ulike transportløysingar i utmark |

# SAMANDRAG

Ny forvaltningsplan for Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde skildrar verneformål, verneverdiar og brukarinteresser, og trekkjer opp retningsliner for handsaming av saker etter verneforskriftene. Planen gjev også innspel til anna forvaltnings- og oppsynsverksemd i verneområda. Arbeidet med revidert forvaltningsplan har vore lagt opp som eit prosjekt, med aktiv deltaking frå dei viktigaste brukargruppene undervegs. Ein har søkt å komme fram til eit opplegg for forvaltning av verneområda som dei ulike gruppene kan samlast om, og som ligg innafor rammene av formålet for det enkelte verneområde. Forvaltningsplanen bygger på gjeldande verneforskrift.

Forvaltningsplanen oppsummerar verneverdiane, eigar- og brukarinteressene i verneområda og gjev føringar for korleis verneverdiar og brukarinteresser skal avvegast innafor verneområda. Der det kan vere konflikt mellom vern og brukarinteresser skal omsynet til vernet i eit langsiktig perspektiv ha prioritet. Som rettesnor for avvegingane ligg verneforskriftene med verneformål, Stortinget sine føringar for forvaltning av verneområde, Direktoratet for naturforvaltning (DN) si forvaltningshandbok for verneområde og også førebels rapport til Miljøverndepartementet med framlegg til handlingsplan for bærekraftig bruk, forvaltning og skjøtsel av verneområde. Stortingsmelding nr 26 (2006-2007) seier at regjeringa vil at arbeidet med forvaltningsplanar for verneområda skal prioriterast, med sikte på auka bruk, utan at verneverdiane vert svekka.

Hardangervidda er Noregs største nasjonalpark og husar natur- og kulturverdiar av stor internasjonal verdi. Dei viktigaste verneverdiane er Europas største villreinstamme, eit storslått og variert viddelandskap, eit stort tal kulturminne frå alle periodar og ein variert høgfjellsfauna med sårbare høgfjellsartar, store myr- og våtmarksområde med rikt fugleliv og sjeldne/truga artar samt store og fiskerike vassdrag.

Hardangervidda nasjonalpark vart oppretta på særskilte vilkår. Over halvparten av arealet ligg på privat grunn og dei samla brukarinteressene er større på Hardangervidda enn i nokon annan nasjonalpark i landet. Verneområda er viktig for ekstensiv landbruksutnytting i bygdene rundt Vidda og er eit mykje bruka rekreasjonsområde for jakt, fiske og andre former for naturvenleg friluftsliv. Landbruksutnyttinga skal kunne halde fram som ekstensiv hausting av fornybare ressursar og med former for utnytting som er tilpassa verneverdiane på Vidda. Det vert stilt krav om at friluftslivsaktivitetar skal vere tilpassa natur og miljø, både når det gjeld form for ferdsle og med omsyn på omfanget i det enkelte område. Drift av turisthyttene skal vere slik at det kan reknast som å vere ein del av det naturvenlege friluftslivet.

Det vert ikkje føreslått nokon omfattande endringar i forvaltningspraksis i den nye forvaltningsplanen. Ein har merka seg Stortinget og Regjering sine signal om auka bruk av verneområda utan at det skal gå utover verneformål og verneverdiar. På Hardangervidda er det alt ein høg bruksaktivitet til å vere nasjonalpark. Både eksisterande, ny og eventuelt auka bruk må difor vurderast grundig i høve til verknad for verneinteresser over tid. Utfordringa vert å styre bruken slik at den ikkje påverkar verneverdiane negativt.

Det er i utgangspunktet inga innstramming av forvaltningspraksis, men det er rom for betre presisering ved handsaming av søknader om motorferdsle og byggeløyve. Omfang av motorferdsle er relativt høgt, men det er eit stort, samla behov for transport for godkjente føremål. Det er viktig å syte for at den naudsynte motorferdsla kan halde fram, samstundes som ein søkjer å samordne all transport på best mogleg vis. Dette søkjast gjort ved meir klare retningsliner for tildeling av løyve, betre opplegg for å dokumentere transportbehov (transportplanar basert på driftsplanar for større eigedomar/område) og vilkår som kan etterprøvast av oppsynet.

Omfanget av byggjeaktivitet skal haldast på eit lågt nivå i alle tre verneområda. Det er grunnleggjande behov for godkjent bruk som skal søkjast dekt. Den nye planen skal gje klårare retningsliner for byggesaker og for vurdering av behov for byggetiltak. Planen viser krav til ressursgrunnlag for vurdering i byggesaker og desse skal vere tilhjelp for å få ei lik og rettferdig handsaming av saker på tvers av fylkesgrensene. I tillegg er det laga ein rettleiar for handsaming av byggesaker (vedlegg) som i tillegg til å vere nyttig informasjon for søkjar om saksgang og liknande skal sikre ein nøktern og tradisjonell byggestil. Ein må likevel som

utgangspunkt rekne med at bygningsmassen langt på veg er tilstrekkeleg for å dekkje dei grunnleggjande behova for ulike brukarformål i verneområda.

Forvaltningsplanen deler verneområda inn i ulike soner med noko differensiert forvaltningspraksis etter verneforskriftene. Planen er ikkje juridisk bindande, men retningsgjevande for forvaltning av verneforskriftene, bortsett frå dei punkt i verneforskrifta som viser til innhald i forvaltningsplanen.

Det vert tilrådd utarbeidd ein plan for overvaking av verneområda på Hardangervidda i samsvar med DN si plan for områdeovervaking. Overvakingsplanen skal på eit systematisk grunnlag registrere tilstand og endring for prioriterte delar av verneverdiane, for å sjå til at formålet med vernet vert oppnådd. Samstundes som statistikk for byggeløyve og motorferdsel, samt overnattingstal på turisthyttene, gjev ein indikasjon på aktivitetsnivå i verneområda, må fokus for forvaltninga i større grad flyttast frå statistikk til faktisk utvikling av verneverdiane.

For å få ei betre og styrka forvaltning bør dei økonomiske ressursane til forvaltninga auke monaleg, både for drifta av tilsynsutvala og for gjennomføring av prioriterte tiltak i forvaltningsplanen og for å kunne tilnærme seg det overordna målet om ei kunnskapsbasert forvaltning.



**Stølen Peisabotn i Ullensvang, eit av få intakte gamle stølsmiljø utan nyare bygg.  Foto: Trond Aalstad**

# 1. INNLEIING

Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde vart oppretta ved Kgl. res. 10. april 1981. Nasjonalparken er på 3.422 $km^2$, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde 551 $km^2$ og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde på 299 $km^2$; totalt omlag 4.272 $km^2$. Desse områda utgjer det nest største samanhengande verneområdet på fastlands-Noreg, etter verneområda på Dovrefjell. Føre vernevedtaket låg til grunn det mest omfattande forarbeid for eit verneområde i Noreg, med eiga NOU - utgreiing om bruk og vern av Vidda, særskilt stortingshandsaming og lange forhandlingsrundar om vernereglane. Forskriftene for dei tre verneområda er endra fleire gonger etter vernevedtaket, og grensa for nasjonalparken er justert i eit tilfelle.

I 1986 vart Hardangervidda oppført på IUCN si liste over truga naturvernområde, med den grunngjeving at omfang av motorisert ferdsle, vegbygging og hyttebygging var for stort. Etter handsaming av St.meld. nr. 62 (1991-92) «Ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde i Norge», vart det starta opp arbeid med nye verneforskrifter for nasjonalparken og landskapsvernområda. Desse forskriftene vart vedteke ved Kgl. res. 6. juni 1997 og gjort gjeldande frå 1. januar 1998.

I medhald av verneforskriftene frå 1997 fikk fylkesmennene i samråd med dei fylkesvise tilsynsutvala i oppdrag å lage ein plan for forvaltninga av verneområda. Miljøverndepartementet ga også klarsignal om at ein var villig til å vurdere endring av verneforskriftene på ny. Parallelt med utarbeiding av den første forvaltningsplanen vart det arbeidt med forslag til endringar i verneforskriftene. Nye reviderte verneforskrifter vart vedtatt ved kgl. res. 31. mai 2002 og gjort gjeldande straks. Forvaltningsplanen vart sluttført og godkjent vinteren/våren 2003.

Forvaltningsplanen la opp til revisjon kvart 8. år, men første gong i 2006. På bakgrunn av erfaringar med bruk av planen og avdekka behov for endringar og forbetringar sette fylkesmennene og tilsynsutvala i gang dette arbeidet årsskiftet 2006/2007. Arbeidet vart slutt ført ved DN si godkjenning av ny, revidert forvaltningsplan.

Føremålet med forvaltningsplanen er å lage retningsliner for forvaltninga av verneområda i samsvar med verneformålet. Planen gjev ei innføring i bakgrunnen for vernevedtaket og informasjon om området.

## 1.1 Naturvernarbeid i Noreg

Naturvernlova er det sentrale verkemiddel for å bevare naturområde med nasjonal verneverdi. Formålsparagrafen (§ 1) i lova lyder:

> *«Naturen er en nasjonalverdi som må vernes. Naturvern er å disponere naturressursene ut fra hensynet til den nære samhørigheten mellom mennesket og naturen, og til at naturens kvalitet skal bevares for fremtiden…»*

St.meld. nr. 62 (1991-92) trekkjer opp ein heilskapleg strategi for vern av norsk natur. Viktige kriteria for arbeidet med områdevern i Noreg er:

- vern av ein representativ del av norsk natur som dekkjer eit tverrsnitt av norske naturtypar
- vern av store, samanhengande område som er urørte eller delvis urørte
- sikring av område med landskapsmessige verneverdiar
- sikring av spesielle biotopar, - vern av planter og dyr
- sikring av verdifull vassdragsnatur og marine område
- ta omsyn til friluftsliv og kulturminne

Områdevern i Noreg er del av ein internasjonal innsats for å bevare artar og økosystem over heile kloden. Det er ei nasjonal målsetting og ei internasjonal forplikting å sikre variasjonen og det representative i norsk natur. Det har vore særskilt fokus på vern av større, urørte naturområde. Omfanget av naturområde utan tyngre tekniske inngrep har minka kraftig dei siste hundre åra, jf. St. meld. nr. 62 (1991-92), DN-rapport 1996-3 om forvaltning av nasjonalparkar og oversikt over inngrepsfrie naturområde på Direktoratet for

naturforvaltning sine nettsider. Denne utviklinga har vore særskilt sterk i Sør-Noreg. Hardangervidda er eit av dei få områda som er att her med slike inngrepsfrie område, jf. kriteria frå DN (vedlegg 2).

**Kort tilbakeblikk på naturvernarbeidet**
Det moderne naturvernarbeidet starta i Nord-Amerika på slutten av 1800-talet som følgje av store naturinngrep og enorme skadeverknader som følgde med. Yellowstone var den første nasjonalparken i verda, da han vart oppretta i 1876. Seinare kom naturverntanken til andre delar av verda. Sverige oppretta, som det første landet i Europa heile ni nasjonalparkar alt i 1909.

Vår første lov om naturvern frå 1910 gav heimel for freding av flora og fauna for å sikre artar mot utrydding. Ny naturvernlov frå 1954 opna for områdevern på grunnlag av ”skjønnhet eller egenart”. Den første nasjonalparken i Noreg var Rondane i 1962. Den første landsplan for natur- og nasjonalparkar i Noreg vart lagt fram i 1964 og foreslo oppretting av 16 nye nasjonalparkar, mellom anna på Hardangervidda. Noverande naturvernlov er frå 1970. Stortingsmelding nr. 62 (1991-92) ”Ny landsplan for nasjonalparkar og andre store verneområder i Norge” gav framlegg om 20 nye nasjonalparkar. Planen gav også ei vurdering av forvaltninga av nasjonalparkane fram til då og konkluderte med at erfaringane i hovudsak var gode, med unnatak for Hardangervidda grunna i omfang av motorferdsle og byggeverksemd.

Noreg har slutta seg til fleire internasjonale konvensjonar for bevaring av det biologiske mangfaldet med plante- og dyreliv, medrekna lågare flora og fauna. Noreg har eit særleg ansvar for å bevare unike, sårbare og truga naturtypar, planter og dyr som berre finst her, eller som har hovudutbreiinga si i landet.

Storting og regjering har dei seinare åra take til orde for auka bruk av verneområde i Noreg, innafor rammene av verneformålet. Formålet er at fleire skal få høve til å oppleve fjellnaturen, både av omsyn til helse og velferd hos den enkelte, av omsyn til næringsutvikling i fjellbygdene og for å skape auka legitimitet for tiltak som er naudsynte for å take vare på desse verdiane.

I 2006 gav Riksrevisjonen kritikk til styresmaktene for manglande innsats til kartlegging og overvaking av biologisk mangfald og forvaltning av verneområde i Noreg. Det vert arbeidt med strategiar for å auke ressursbruken til desse områda. Det er m.a. ei målsetting at det skal utarbeidast forvaltningsplan for alle nasjonalparkar og større verneområde i landet.

## 1.2 Nasjonalparkar – landskapsvernområde

**Nasjonalparkar**
Nasjonalparkane utgjer på mange måtar ryggrada i naturvernarbeidet i Noreg. Vi har 36 nasjonalparkar i Noreg (29 på fastlandet og 7 på Svalbard).

§ 3 i naturvernlova heimlar oppretting av nasjonalparkar:
***«For å bevare større urørte eller i det vesentlige urørte eller egenartede eller vakre naturområder kan arealer av statens grunn legges ut som nasjonalpark. Grunn av samme art som ikke er i statens eie, og som ligger i eller grenser inntil arealer som nevnt i første punktum, kan legges ut som nasjonalpark sammen med statens grunn. I nasjonalparker skal naturmiljøet vernes. Landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminner skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensninger og andre inngrep.»***

Vern som nasjonalpark inneber eit relativt strengt områdevern. Ved handsaming av nasjonalparkplanen i 1993 tilrådde Stortinget at det vert lagt opp til ei forholdsvis restriktiv line for tillatne aktivitetar i nasjonalparkane. Formålsparagrafane for nasjonalparkane varierer, og er styrande for forvaltninga av det enkelte område. Stortinget har, for gjennomføring av nasjonalparkplanen, lagt til grunn at naturvernlova vert endra slik at nasjonalparkar og kan leggjast på berre privat grunn.

Noreg har valt å leggje Den internasjonale naturvernunion (IUCN) sine kriterium til grunn for oppretting og forvaltning av nasjonalparkar. Dette inneber mellom anna at:

- nasjonalparkar skal omfatte relativt store område (normalt minimum 10 $km^2$)
- områda skal omfatte eit eller fleire økosystem som ikkje er fysisk endra av menneske
- områda skal vidare innehalde biotopar/areal av særskilt vitskapeleg, pedagogisk eller rekreasjonsmessig interesse, eller eit vakkert naturlandskap
- den høgaste kompetente fagstyresmakta i landet innan naturvern skal vere ansvarleg for reglar og for oppfølging av området. I Noreg er dette Direktoratet for naturforvaltning
- etter som kultur og rekreasjon er formål med fredinga, skal områda, på visse vilkår, vere opne for ålmenta
- områda skal omfatte framståande, representative landskap som vert bevart i naturleg tilstand
- ei soneinndeling for forvaltning av områda er tilrådd.

**Landskapsvernområde**
Oppretting av landskapsvernområde er heimla i § 5 i naturvernlova:

> *«For å bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområde. I landskapsvernområde må det ikke iverksettes tiltak som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter. Fylkesmannen avgjør i tvilstilfelle om et tiltak må anses å ville endre landskapets art eller karakter vesentlig.»*

Freding som landskapsvernområde inneber eit mildare vern enn som nasjonalpark. Generelt er det forbod mot inngrep som vesentleg kan endre landskapet sin art eller karakter, men tradisjonell bruk av området vil som regel kunne halde fram som før.

## 1.3 Forvaltning – forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta har ansvar for å forvalte verneforskriftene i tråd med verneformålet og treffe naudsynte tiltak dersom verneverdiar vert truga. Som regel vert ansvaret for forvaltning av verneområda lagt til fylkesmennene. Frå 1998 har kommunane i Noreg fått tilbod om å få delegert ansvaret for forvaltning av m.a. landskapsvernområde og naturreservat.

Direktoratet for naturforvaltning er delegert ansvar til å avgjere kven som skal vere forvaltningsmynde etter verneforskrifter for det enkelte verneområde. Fordeling av forvaltningsmynde mellom Fylkesmennene og dei fylkesvise tilsynsutvala går fram av brev frå Direktoratet for naturforvaltning av 7. juni 2002.

Det går fram av pkt. 6.2/7.2 i verneforskriftene for verneområda på Hardangervidda at forvaltningstyres-maktene skal utarbeide ein plan for verneområda. Planen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning som ansvarleg fagstyresmakt for områdevern etter naturvernlova.

Det er ei målsetting at det skal utarbeidast ein forvaltningsplan for alle nasjonalparkar og andre større verneområde. Ein forvaltningsplan skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet. Forvaltningsplanen skal sikre ein heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningsliner om bruk, informasjon, skjøtsel, eventuell tilrettelegging mv. Gjennom arbeidet med forvaltningsplanen skal ein avklare og ta stilling til korleis ulike verne- og brukarinteresser skal handsamast.

Forvaltningsplanar vert utarbeida med heimel i verneforskriftene. Forvaltningsplanen er i utgangspunktet ikkje juridisk bindande, men retningsgjevande for forvaltning etter verneforskriftene. Unntaket er på dei punkta der verneforskrifta føreset at ein særskilt aktivitet berre kan utøvast i samsvar med godkjend forvaltningsplan.

Forvaltning av verneområda skal skje ut frå ein tidshorisont på 200 år. Denne forvaltningsplanen skal rullerast etter 8. år. Planen kan justerast tidlegare dersom det kjem nye, overordna føringar for forvaltning av verneområde.

# 2. PRESENTASJON AV VERNEOMRÅDA

## 2.1 Formål med Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde

Stortinget drøfta før vernevedtaket inngåande kva form eit vern på Hardangervidda skulle få:

> «*Dette flertallet mener i likhet med departementet at det er de generelle verneverdier som må være utgangspunktet for vurderinger av området og at de ulike brukerinteressene må tilpasses dette overordnede formål. Dette flertall er derfor av den oppfatning at de områder av Hardangervidda som er foreslått som nasjonalpark må gis nasjonalparkvern og nasjonalparkstatus.*»
>
> Innst.S.nr. 361 (1978-79) Om Hardangervidda

Formålsparagrafen for Hardangervidda nasjonalpark lyder:

> *«Føremålet med Hardangervidda nasjonalpark er å verne ein del av eit særleg verdfullt høgfjellsområde på ein slik måte at landskapet med planter, dyreliv, natur- og kulturminne og kulturmiljøet elles vert bevart, samstundes som området skal kunne nyttast for landbruk, naturvenleg friluftsliv og naturoppleving, jakt og fiske og undervisning og forsking.»*

Formålsparagrafen for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde:

> *«Føremålet er å verne eit særmerkt og vakkert naturlandskap med mange kulturminne i tilknyting til Hardangervidda nasjonalpark.»*

Formålsparagrafen for Møsvatn Austfjell landskapsvernområde:

> *«Føremålet er å verne eit særmerkt og vakkert natur- og kulturlandskap med mellom anna eit variert dyreliv, med kulturminne og til dels med særs urørte naturområde i tilknyting til Hardangervidda nasjonalpark.»*

## 2.2 Forvaltningsstyresmakter og oppsyn

Etter verneforskriftene for Hardangervidda nasjonalpark og Skaupsjøen/Hardangerjøkulen og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, avgjer DN kven som skal ha forvaltningsmynde for verneområda. Fordeling av forvaltningsmynde mellom fylkesmennene og dei fylkesvise tilsynsutvala går fram av brev frå Direktoratet for naturforvaltning av 7. juni 2002 (vedlegg 8).

<u>Miljøverndepartementet</u> (MD) er overordna miljøvernstyremakt i Noreg, og er ansvarleg for å gjennomføre den statlege naturvernpolitikken som er vedteken av Stortinget. MD er overordna ansvarleg for forvaltning av område verna etter naturvernlova. MD kan oppnemne eit Samarbeidsråd for Hardangervidda.

<u>Direktoratet for naturforvaltning</u> (DN) er høgaste fagstyresmakt for naturvernsaker i Noreg. DN har hovudansvaret for nasjonalparkforvaltninga og skal godkjenne forvaltningsplanar for slike område. DN oppnemner tilsynsutvala for Hardangervidda. DN er ankeinstans for vedtak gjort av Fylkesmann og tilsynsutval, og skal rettleie desse i handsaming av verneforskriftene. DN har heimel til ved forskrift å regulere beite som kan skade naturmiljøet (4.3.3) og forby all ferdsel for å verne naturmiljøet (4.5.1.e) i nasjonalparken.

<u>Fylkesmannen</u> (FM) er forvaltningsstyresmakt for dei vernereglane som ikkje vert forvalta av tilsynsutvala. FM har i oppgåve å samordne forvaltninga mellom dei tre fylka, og å utarbeide forvaltningsplan i samråd med tilsynsutvala. FM har møte- og talerett i tilsynsutvala.

<u>Tilsynsutval</u> (TU). I kvart fylke som er omfatta av verneområda på Hardangervidda er det eit statleg tilsynsutval. TU skal følgje med i utviklinga i sin del av verneområda, og gje råd og uttale i saker som

vedkjem forvaltninga av denne, m.a. prinsipielle saker som vert handsama av FM. TU gjer vedtak i saker som først og fremst vedkjem motorisert ferdsle og i søknader om ombygging og mindre tilbygg.

Samarbeidsrådet for Hardangervidda (SRH). Miljøverndepartementet kan utnemne eit Samarbeidsråd for Hardangervidda samansett av representantar for brukar- og verneinteresser og forvaltninga. Det vart ikkje oppnemnd nytt Samarbeidsråd etter at siste periode gjekk ut i februar 2002 (sjå brev frå MD av 7.8.02).

Naturoppsynet på Hardangervidda vert teke hand om av Statens naturoppsyn (SNO), Hardangervidda Fjelloppsyn as (HF as) og politiet. SNO er miljøforvaltninga sitt eige naturoppsyn og har det overordna ansvaret for den samla oppsynsaktiviteten i verneområda. Hardangervidda Fjelloppsyn as er fjellstyra og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad si oppsynsordning. Politiet har ansvar for alle med avgrensa politimynde, og samarbeidet med SNO og HF as vert koordinert av Hordaland politidistrikt.

## 2.3 Verneverdiar på Hardangervidda

> *«Som naturområde og kulturdokument representerer Hardangervidda verdier som er enestående både i nasjonal og internasjonal sammenheng.»*
>
> NOU 1974 30 A og B: Om Hardangervidda

**Landskapet**

Hardangervidda er den største høgfjellssletta i Nord-Europa, med eit storfelt, ope viddelandskap i aust og skiftande vestlandsnatur med høge nutar og bratte dalar i vest. Mange små og store og grunne vatn og store myrområde er eit karaktertrekk på sentrale delar av Vidda. Landskapet er påverka gjennom fleire tusen år med ulik menneskeleg bruk og ferdsle, og Vidda er rik på kulturminne frå mange tider. Store område er prega av ekstensiv hausting. På sentralvidda og sør og vest på Vidda ligg dei siste, store naturområda i Sør-Noreg utan tyngre, tekniske inngrep. Fråveret av menneskeleg påverknad i form av større tekniske inngrep og støy gjev slike område stor verdi for naturoppleving og for dyreliv som er sårbar for menneskeleg påverknad.



**Gjuvsjå Foto: Morten Johannessen**

**Villreinen**

Villreinstamma på Hardangervidda er Noregs og Europas største. Som einaste land i Europa med restar av den opphavlege ville fjellreinen har Noreg eit internasjonalt ansvar for å ta vare på denne arten. Hardangervidda er det einaste attverande villreinområde i Noreg av såpass storleik at det er reelle trekk mellom delområda reinen brukar gjennom året. Det er og vandring mellom Hardangervidda og Setesdalsheiane i sør og Nordfjella i nord. Vidda er også eit av svært få attverande villreinområde med tilnærma komplett spekter av funksjonskvalitetar og med store urørte leveområde. Hardangervidda er difor unik som villreinområde og spesielt viktig å bevare. Hardangervidda er saman med Nordfjella, Setesdalsheiane vedteke som nasjonalt villreinområde.



**Foto: Olav Liestøl**

**Plante- og dyreliv**
Hardangervidda har eit plante- og dyreliv som er typisk for sørnorske fjellområde, og området dannar grense for utbreiing av ei rekkje plante- og dyreartar i Noreg. Ingen annan nasjonalpark i landet har eit tilsvarande mangfald av klima- og vegetasjonstypar som Hardangervidda. Vidda huser fleire karakterartar for høgfjellet, mellom anna sjeldne og sårbare artar av rovfugl, dukkender og vadarar. Vidda har særskilt store og rike våtmarks- og myrområde i fjellet, med eit stort mangfald av artar. Fleire sårbare artar knytt til vassdraga held til på Vidda, som svartand, sjøorre, bergand og havelle. På Vidda finn ein svært mange grunne og næringsrike vatn og elver med gode bestandar av aure. På verdsbasis er det unikt med aure som einerådande fisk over så store område. Plante- og dyrelivet på delar av Vidda er gjennom lang tid påverka av ekstensiv hausting ved husdyrbeite, jakt og garnfiske.



**Bergand  Foto: Jan Rabben**

**Kulturminne og kulturmiljø**
Hardangervidda har vore hausta av menneska kontinuerleg gjennom 8 - 9.000 år. Mange kulturminne over heile Vidda dokumenterer den historiske bruken av fjellområda heilt frå istida og fram til i dag. Fleire avgrensa område er godt undersøkt, men i store område er det ikkje kjent funn eller utført granskingar i det heile. Dei mange førekomstane av ulike kulturminne og kulturmiljø som er kjende gjer vidda unik, også internasjonalt. Blant dei viktigaste kulturminna her er førhistoriske buplassar og sleper, fangstanlegg, dyregraver, stølar, jakt- og fiskebuer og felægre. Vidda har også rike og levande tradisjonar når det gjeld historier, segn, stadnamn og kunnskap om bruken av områda.



**Peisabotn  Foto: Jan Rabben**

**Hardangervidda som grunnlag for bruk**
Vidda utgjer eit viktig grunnlag for allsidig bruk av området. Vidda er viktig for ekstensiv landbruksutnytting for bygdene rundt og for utøving av friluftsliv basert på hausting, som jakt og fiske. Fleire bruksformer har tradisjonar som går attende til den første tida etter istida. Vidda er ein viktig del av identiteten for folk i bygdene omkring. Hardangervidda er det største og av dei mest bruka fjellområde i Noreg til fotturisme og anna friluftsliv og gjev opplevingar i urørt og kulturpåverka natur. Oppleving av kvalitetane på Hardangervidda dannar grunnlag for ei omfattande turistnæring i bygdene rundt Vidda, og utgjer ein vesentleg del av grunnlaget for sysselsetting og busetting i lokalsamfunna. Vidda har og stor verdi for undervisning og som referanseområde for forsking på natur i høgfjellet.



**Hedlo  Foto: Anne-Gerd Djønne**

## 2.4 Geografisk utbreiing, eigedoms- og rettstilhøve

### Geografisk utbreiing

Hardangervidda er avgrensa av Hardangerfjorden og Sørfjorden i vest, Røldal og fjellbygdene i Øvre Telemark i sør, bygdene Uvdal, Dagali og Skurdalen i aust og øvre del av Hallingdal med Hallingskarvet og Finse i nordaust. Heile viddeplatået er på omlag 8.000 km$^2$. Hardangervidda ligg i den naturgeografiske hovudregion 35; «Fjellregionen i søndre del av fjellkjeda», underregion 35c; «Hardangervidda». Andre kjende fjellområde som er verna i hovudregion 35 er Jotunheimen, Jostedalsbreen, Dovrefjell og Rondane .

Hardangervidda nasjonalpark dekkjer dei sentrale delane av Vidda, og er med sine 3.422 km$^2$ den største nasjonalparken på fastlandet i Noreg. Omlag 98 % av arealet ligg over skoggrensa. Nasjonalparken ligg i kommunane Eidfjord, Ullensvang og Odda i Hordaland; Vinje og Tinn i Telemark og Nore og Uvdal og Hol i Buskerud.




Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde ligg nord for nasjonalparken, og strekkjer seg frå vatna Halne og Hein i søraust, til og med Hardangerjøkulen mot Finse i nordvest. Verneområdet dekkjer 551 km$^2$. Riksveg 7 går gjennom området nord for Halne. Området er særleg rikt på kulturminne, med m.a. nokre av

dei eldste registrerte buplassane på Hardangervidda. Landskapsvernområdet ligg i kommunane Ulvik og Eidfjord i Hordaland og i Nore og Uvdal og Hol i Buskerud.

Møsvatn Austfjell landskapsvernområde ligg søraust på Hardangervidda, på tangen mellom Møsvatn og vatna i Mårvassdraget. Verneområdet er på 299 $km^2$ og ligg i Tinn og Vinje kommunar i Telemark. Eit fuglefredingsområde på 4,5 $km^2$ i Hondlevassdraget har særskilde restriksjonar for ferdsle i hekketida.

**Eigedoms- og rettstilhøve**

Hardangervidda nasjonalpark er spesiell blant nasjonalparkane i Noreg ved at 52 %, tilsvarande 1.772 $km^2$, er privat eigedom. Av dette er 132 $km^2$ (3,9%) eigd av Vinje kommune. Det resterande arealet er statsallmenningar som vert forvalta etter fjellova. I § 3 i verneforskriftene for både nasjonalparken og dei to landskapsvernområda står det:

> *«Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigedomsrett og bruksrett i nasjonalparken/ landskapsvernområdet, og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med verneformålet. Det same gjeld bruk av allmenningsrettar etter fjellova.»*

Vern etter naturvernlova endrar ikkje grunneigar eller andre sin juridiske råderett over eigedom, men vernet avgrensar den fysiske råderetten over eigedomen. (Grunn)eigar kan motsetje seg tiltak og inngrep på sin eigedom, og vernestyresmaktene kan likeins motsette seg tiltak og inngrep på eigedom når det er i strid med verneformålet.

Bruksrettar og eigedomstilhøve på Hardangervidda har utvikla seg over særs lang tid. Det finst skriftlege dokument allereie frå 1400-talet som fastset eigedoms- og rettstilhøve. Områda som var mest viktig for bygdene vart som regel i privat eige. Mindre viktige område eller område med vanskeleg tilgjenge vart gjerne rekna som felleseige, og vart seinare oppretta som statsallmenning

Tabell 1: Fordeling av privat grunn og statsgrunn i verneområda (kjelde: Statskog). Tal i $km^2$.

| | **Hardangervidda nasjonalpark** | | **Skaupsjøen/ Hard.jøkulen landsk.vernomr.** | | **Møsvatn Austfjell landsk.vernomr.** | | **Alle verneområda** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommune | Stat | Privat | Stat | Privat | Stat | Privat | Sum stat | Sum privat |
| Hol | | 34 | | 93 | | | | 127 |
| Nore og Uvdal | 375 | 433 | 55 | 13 | | | 430 | 446 |
| Tinn | | 84 | | | | 192 | | 276 |
| Vinje | 70 | 613 | | | | 107 | 70 | 720 |
| Odda | 342 | 62 | | | | | 342 | 62 |
| Ullensvang | 487 | 349 | | | | | 487 | 349 |
| Eidfjord | 375 | 198 | 256 | 58 | | | 631 | 256 |
| Ulvik | | | 76 | | | | 76 | |
| Delsum | 1.649 | 1.773 | 387 | 164 | 0 | 299 | 2.036 | 2.236 |
| Areal i % | 48 % | 52 % | 70 % | 30 % | 0 % | 100 % | 48 % | 52 % |
| *Totalt* | 3.422 | | 551 | | 299 | | 4.272 | |

**Private eigedomar**

I Eidfjord kommune er det fem stølssameige og eit grunneigarlag i nasjonalparken, med rettar på til saman 101 eigedomar matrikulert i Eidfjord. 7 bruk i Ullensvang har stølsrett i Eidfjord i nasjonalparken. I Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde er det i Eidfjord 21 private eigedomar med areal i verneområdet, i Ulvik herad er det ingen. I Ullensvang herad er det 20 stølssameiger i nasjonalparken med rettar fordelt på omlag 220 matrikulerte bruk, i tillegg til ein eineigedom. I Odda er det to eineigedomar innafor nasjonalparken, og eit sameige der seks gardsbruk har part.

I Vinje er 16 eigedomar omfatta av nasjonalparken, av desse er fem sameige. Fem av eigedomane er otte av innabygdsbuande. I Møsvatn Austfjell landskapsvernområde er det i Vinje 13 eigedomar, av desse er fire

sameige. I Tinn er det fire eigedomar i nasjonalparken; av desse er to sameiger. I landskapsvernområdet er det omlag 34 eigedomar. To bruk i Nore og Uvdal har fiskerett i Tinn i nasjonalparken.

I Nore og Uvdal ligg det 39 private eigedomar i nasjonalparken, av desse er fleire sameiger. I tillegg er det ei rekkje fiskerettar utan tilstøytande grunn på Vidda. Fiskerettane høyrer i hovudsak til gardsbruk i Hol og Nore og Uvdal, men også gardsbruk i Rollag og i Tinn har fiskerett her. Åtte private eigedomar er berørt av Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde i Nore og Uvdal. I Hol er 15 eigedomar berørt av nasjonalparken, av desse er fleire eigedomar med fiskerett i Nore og Uvdal. I Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde i Hol dekkjer Halne sameige det meste. I tillegg er det to andre eigedomar i verneområdet.

Dei gamle utnyttingsformene gav opphav til ulik bruks- og eigedomsstruktur på ulike delar av Vidda. Støling på vestvidda gjekk føre seg i stølslag, med frå to til fleire titals eigedomar med støl i same område. Sameige var ei naturleg eigeform her. Mange bruk har part i fleire stølssameiger, med heimstøl og to til fleire langstølar.

Sør og aust på Vidda var det innafor dagens verneområde ein noko meir ekstensiv utnytting av områda til jakt og fiske, husdyrbeite og tamreindrift. Stølsområda låg nærmare bygdene, i dalane opp mot Vidda. Ulike gardsbruk hadde hevd på fiskeretten i fjellvatna, det same gjaldt jaktretten på ulike fjellstrekningar. Seinare har jakt- og fiskerettar vorte gjenstand for bruksdelingar og kjøp og sal. I Buskerud og Telemark finn ein såleis fjelleigedomar utan gardstilknytting, og som vert nytta som fritidseigedomar av utanbygds eigarar.

Eigedomane på sør- og austvidda er gjennomgåande større enn på vestvidda. Det er fleire store sameiger i både Buskerud og Telemark. Maarfjell sameige som ligg i Tinn og Vinje kommunar er største private eigedom på Vidda med sine 340.000 mål. Av dette ligg 2/3 i nasjonalparken. Halne sameige i Hol dekkjer omlag 120.000 mål og har over 80 eigarar. Også i Nore og Uvdal ligg det store private eigedomar med særskilde eigartilhøve, slik som Buskerud landbruksselskap og Opdal renkompani.

Det er svært vanskeleg å fastslå eksakt tal grunneigarar i verneområda. Det er registrert omlag 156 ulike private eigedomar innafor verneområda, medrekna sameiger, men utan statsallmenningane. Tal berørte gards- og bruksnummer er omlag 420 for nasjonalparken, 140 for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og 62 for Møsvatn Austfjell landskapsvernområde. Mange personar har fleire matrikulerte eigedomar, og i kvar sameige kan det vere ei rekkje eigarar. Det mest ekstreme dømet er eigedomen Heimste Hadlaskard der 187 bruk er partar i sameiga. Det kan vere mange små partar knytt til kvar fiskerett. Det er registrert over 600 ulike grunneigarar og rettshavarar i verneområda, men dette vert stadig endra ved eigedomsoverføringar.

**Statsgrunn (statsallmenningar)**
Omlag 48 % av Hardangervidda nasjonalpark er statsgrunn, fordelt på fem statsallmenningar; Eidfjord, Ullensvang, Røldal, Rauland og Øvre Numedal. Ullensvang statsallmenning ligg i både Ullensvang herad og Odda kommune, og det er eit fjellstyre for kvar del. Det er difor seks fjellstyre som forvaltar bruksrettar etter fjellova i dei fem statsallmenningane i nasjonalparken. I Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde er det 70 % statsgrunn, fordelt på statsallmenningane Ulvik, Eidfjord og Øvre Numedal, kvar med sine fjellstyre.

Fjellstyra forvaltar bruksrettane på statsgrunn, men det er det Statskog SF som er grunneigar på vegne av staten. På all statsgrunn på Hardangervidda er det Statskog Vestlandet, Bergen, som utøvar grunneigaransvaret. Fjellstyra forvaltar bruksrettar til jakt og fangst, fiske, beite, støling og tilleggsjord etter fjellova. Innanbygdsbuande har førerang når det gjeld utnytting av villreinjakt, garnfiske, småviltjakt med hund, beite, støling og tilleggsjord i statsallmenningane. Nokre grender og gardsbruk i Ullensvang har rettar i ein del av Eidfjord statsallmenning (sør for Lågen) og har to medlemer i Eidfjord fjellstyre. I Øvre Numedal statsallmenning i Nore og Uvdal har også innbyggjarane i Rollag kommune og Dagali og Sør-Skurdalen i Hol kommune allmenningsrettar.

**Turisthytter og private hytter**
Inne i nasjonalparken ligg det 12 turisthytter; fire private turisthytter, tre betente og fem sjølvbetente turistforeiningshytter. I Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde ligg det ei betent turistforeiningshytte og to private fjellstover. Det ligg ingen turisthytter i Møsvatn Austfjell landskapsvernområde.

I statsallmenningane ligg det ei rekkje private hytter og buer, som i hovudsak har sin bakgrunn i utnytting av allmenningsrettar, beiterettar eller fiskerettar i private vatn omslutta av allmenningsgrunn. Ein har i dag ikkje fullgod oversikt over slike husvære.

**Anna lovverk som gjeld innafor verneområda**
Ved sida av verneforskriftene gjeld også anna lov- og regelverk i verneområda. Kommunane har forvaltningsmynde etter plan- og bygningslova og lovverk som regulerer vilt- og fiskeforvaltning, forureining, brannvern, motorferdsle i utmark, landbruk m.m. Fylkeskommunane har mynde i høve til fylkesplanlegging og kulturminneforvaltning. Andre offentlege styresmakter som har oppgåver i verneområda er arbeidstilsyn, næringsmiddeltilsyn og politi.

Når ulike lover kjem i innbyrdes strid med kvarandre, kan det i nokre tilfelle oppstå tvil om kva lov som går føre. Naturvernlova er ei særlov, som innafor område som er verna etter lova i hovudsak går framfor plan- og bygningslova, landbrukslovgjevinga og friluftslova. Også kulturminnelova er ei særlov som i mange tilfelle set anna lovverk til side. I kommuneplan vert område som er verna etter naturvernlova skilde ut som område bandlagt til naturvernformål. Slik plan må forhalde seg til verneområda med deira forskrifter, og har ikkje mynde til å endre vernereglar eller forvaltningsmynde for desse områda. Kommuneplanen bør likevel innafor rammene av verneformål og verneforskrifter klargjere kommunen sin politikk for handsaming av motorferdslelova, plan og bygningslova o.l. Den bør og gje innspel til forvaltning av verneområda, på same vis som vernestyresmaktene gjev innspel til forvaltning av randområda til verneområda. Dette kan gjelde vektlegging mellom ulike brukarinteresser, forvaltning av ulike verneverdiar m.m.

# 3. MÅL, UTFORDRINGAR OG STRATEGIAR

## 3.1 Mål for forvaltninga av nasjonalparkar og landskapsvernområde i Noreg

Hovudmotiv for utplukking av verneområde i ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde er vern av eit representativt utval av naturtypar, sikre dei viktigaste av våre resterande store økosystem og villmarksområde, sikre plante og dyreliv med deira leveområde, sikre vassdragsnatur, verdifulle marine område og kulturminne, sikre moglegheit for friluftsliv og naturoppleving samt å spegle Noregs internasjonale forpliktingar og ansvar for å take vare på unike eller sjeldne naturtypar og artar av planter og dyr.

Nasjonalparkane og landskapsvernområda i Noreg varierer mykje både med omsyn til storleik, naturtype, dyre og planteliv, eigartilhøve og menneskeleg bruk. Formålsparagrafen for kvart verneområde skildrar kva formålet med områdevernet er, og kva for brukarinteresser som skal kunne halde fram innafor rammene av vernet. Det er eit mål at forvaltninga av verneområda skal skje etter ein nasjonal, heilskapleg og framtidsretta strategi samstundes som forvaltninga av det enkelte verneområde må verte innretta i samsvar med formålsparagrafen.

I nasjonalparkplanen som ble vedtatt av Stortinget i 1993 er dei eksisterande nasjonalparkane delt inn i to kategoriar; nasjonalparkar med og utan tilrettelegging for friluftsliv som delmål i forvaltninga. Dovrefjell - Sunndalsfjella, Rondane og Jostedalsbreen er døme på nasjonalparkar med friluftsliv som delmål medan Ormtjernkampen og Rago er nasjonalparkar utan. I tillegg har to av nasjonalparkane, Hardangervidda og Jotunheimen, også nemnt landbruk og jakt og fiske som delmål for vernet. Fleire av nasjonalparkane i dei tradisjonelle samiske områda har ivaretaking av samisk kultur og reindrift som delmål.

Ved handsaming av St.prp. nr. 65 (2002-2003) bad Stortinget regjeringa om å legge fram ei sak om bærekraftig bruk av utmark og fjellområda i Noreg, mellom anna retningsliner for auka turistmessig bruk av område både utanfor og innafor større verneområde. Formålet var av omsyn til generell helse og velferd hos den enkelte, næringsutvikling i fjellbygdene og for å skape legitimitet for ma. naturvern. Ein føresetnad var at auka bruk skal haldast innafor rammene av verneformålet for det enkelte område.

I St.meld. nr. 26 (2006-2007) foreslår regjeringa at arbeidet med forvaltningsplanar for verneområda skal prioriterast, med sikte på auka bruk utan at verneområda svekkast.

Det er også understreka at kvalitetane utanfor verneområda blir teke vare på og sette i samanheng med verneverdiane i verneområda. Forholda mellom verneverdiar og bruk i randområda skal løysast etter prosessar i medhald av plan og bygningslova, som eksempel fylkesdelplanar for større fjellområde.

Utarbeiding av forvaltningsplanar er framheva som eit prioritert arbeidsområde for alle nasjonalparkar og større verneområde, og er understreka seinast i St.meld. nr. 26 (2006-2007) "Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand". Forvaltningsplanane vil vere viktige for å oppnå ei heilskapleg forvaltning av verneområda, både for den enkelte nasjonalpark og også for heile nasjonalparksystemet i landet. DN-handbok nr. 17 – 2001 "Områdevern – forvaltning" (revidert 2008), omhandlar generelle retningsliner for forvaltning av verneområde og utarbeiding av forvaltningsplanar. Der fleire verneområde grensar til kvarandre bør det utarbeidast ein felles forvaltningsplan for alle verneområda.

## 3.2 Mål for forvaltninga av verneområda på Hardangervidda

Målet for forvaltninga av verneområda på Hardangervidda er å forvalte områda i samsvar med verneformålet slik det kjem fram i formålsparagrafen for det einskilde verneområde.

Høgaste prioritet har målet om å sikre verneverdiane gjennom ei aktiv overvaking og å setje i verk naudsynte tiltak når verneverdiane er truga som følgje av uheldig bruk.

Det skal leggast til rette for godkjente brukarformål innafor rammene av verneformålet og i samsvar med Fjellteksten og andre overordna føringar. Bruken skal skje på ein måte som ikkje er til skade for verneformålet. I nokre tilfelle vil ein aktiv bruk fremje delar av verneformålet. Godkjente bruksformål er nemnt i formålsparagrafen for det enkelte verneområde og er omtala i forvaltningsplanen. Brukarinteressene er inngåande omhandla i forarbeida til verneområda gjennom St.meld. nr. 43 (1978-79) Om Hardangervidda og ved handsaminga av same sak, Inns.S. nr. 361 (1978-79).

Det er ønskjeleg å sikre lokal medverknad om forvaltning av verneområda, og oppnå ei felles forståing og semje om mål, strategiar og retningsliner for forvaltning av verneområda.

## 3.3 Utfordringar for forvaltning av verneområda.

**Handsaming av brukarinteresser i høve til verneverdiar.**
Blant nasjonalparkane i Noreg ligg Hardangervidda heilt i den eine enden av skalaen med omsyn til kva brukarinteresser som kan halde fram. Årsaka er storleiken på nasjonalparken, omfanget av privat eigedom og den historiske bruken av Hardangervidda. Dette er omhandla i forarbeida til verneområda på Vidda.

Det har heile tida vore ei stor utfordring for forvaltninga å finne den rette balansen mellom vern og bruk ettersom nasjonalparken blei oppretta på særskilte vilkår. I alle samanhengar der Hardangervidda nasjonalpark blir vurdert i høve til andre nasjonalparkar er det ei utfordring å få fram dei særskilte forholda. I St.meld. nr. 62 (1991-92) Ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde i Noreg blei forvaltninga av dei eksisterande verneområda vurdert som tilfredsstillande med unntak for Hardangervidda nasjonalpark. Årsaka var at nasjonalparken var oppført på IUCN si liste over truga verneområde i 1986 med grunngjeving i m.a. stort aktivitetspress knytt til veg- og hyttebygging og ukontrollert motorferdsle.

Det har tidlegare vore eit høgt konfliktnivå mellom dei sentrale forvaltningsstyresmaktene og dei lokale brukarinteressene om korleis forvaltninga av nasjonalparken skulle ivaretakast. Etter siste revidering av verneforskrifta 31.05.2002 og iverksetting av forvaltningsplanen frå mai 2003 har konfliktnivået vore lågare.

Det er framleis ei stor utfordring både å finne den rette balansen mellom bruk og vern i høve til verneformålet, og å informere om dei særskilte tilhøva som låg til grunn for oppretting av nasjonalparken.

**Ivaretaking av verneverdiar**
Det er ei stor utfordring å forvalte verneverdiane i høve til verneformålet. Gjennom eit nasjonalt overvakingsprogram og ei etablert forvaltning av villreinstamma på Hardangervidda har ein i all hovudsak god kunnskap om villreinen. Likevel viste det seg at fagorgana si kunnskap om stammestorleiken, som var basert på forskarane sine tal, var feil. Stadig ny kunnskap kjem også til om villreinens arealbruk over året, som følgje av overvaking med bruk av GPS.

Det finst svært lite dokumentasjon på landskapet som verneverdi, både om dei kvalitetane som landskapet har på ulike deler av vidda og om dei faktorane som påverkar landskapet. Det same gjeld for kulturmiljø og kulturminne som verneverdi. Det finst ein god del eldre dokumentasjon om plante- og dyrelivet på Hardangervidda, men ingen systematisk dokumentasjon om endringar som skjer og årsakene. Det er spesielt ei utfordring å skaffe betre kunnskap om raudlisteartar i verneområda. I mangel av kunnskap om tilstand, utvikling og dei faktorar som påverkar verneverdiane er det uråd å setje inn dei rette forvaltningstiltaka når det er trong for det.

**Betre kunnskap om brukarinteresser og påverknad på verneverdiane.**
Det er ei utfordring å få betre kunnskap om dei ulike brukarinteressene i verneområda, korleis dei påverkar verneverdiane og korleis dei påverkar kvarandre. Rapportering om motorisert ferdsle skjer ved at det blir førd statistikk på tal turar fordelt på fylke, transportmiddel og bruksformål. Statistikken gjev eit samla bilete på aktivitetsnivået i nasjonalparken, men den seier lite om kva effekt motorferdsla reelt sett har på verneverdiar og ulike brukargrupper. Det er svært stor skilnad på effekt av ein kort tur med snøscooter eller motorbåt i utkanten av nasjonalparken, samanlikna med t.d. ein traktor som køyrer inn til dei sentrale delar av nasjonalparken på eit tidspunkt då det er mange andre brukarar i området. Begge turane tel likevel like mykje i statistikken. Tilsvarande finst det bygningar som utgjer skjemmande og godt synlege inngrep i landskapet medan andre bygg er med og aukar opplevinga av landskapet og kulturmiljøet. Gjennom betre metodar for å måle faktiske ulempar av menneskeleg aktivitet kan dei reelle konfliktane reduserast.

Dei mange, grunne og produktive vatna på sentralvidda er rike på krepsdyr som er føde både for aure og dukkender. Dei gode forholda for auren er godt kjende og garnfiske har lange tradisjonar. Tilstanden for dukkender er mindre kjende, og det synes å vere ein nedgang i bestanden av dukkendar på Vidda. Sjøorre og bergand er førte opp som nær truga og sårbar i raudlista frå 2006. Årsaka til nedgangen må undersøkjast.

**Auka ressursar til forvaltning og oppsyn.**
Ei meir aktiv og kunnskapsbasert forvaltning av verneområda som nemnt føreset auka ressursar til forvaltning og oppsyn i verneområda. Ved å nytte dei tilgjengelege ressursane på ein enda meir målretta måte kan noko av arbeidet med å samle inn, systematisere og tolke tilgjengelege data gjennomførast med dagens ressursar.

### 3.4 Strategiar for forvaltning av verneområda på Hardangervidda.

Følgjande føringar vert lagde til grunn for forvaltning av verneområda på Hardangervidda:

Avveging mellom brukarinteresser i høve til verneverdiar:

- Brukarinteressene skal som hovudregel tilpassast omsynet til verneverdiane
- Det skal leggjast eit langsiktig perspektiv til grunn for forvaltninga
- «Føre var»-prinsippet skal leggjast til grunn for forvaltninga
- Det skal gjerast konsekvensutgreiingar av alle irreversible tiltak
- Det skal vurderast kva presedens eit vedtak vil skape for liknande saker
- Det skal gjerast reelle, faglege vurderingar ved konfliktar mellom vern og bruk før vedtak vert fatta

Prioritering mellom ulike brukarinteresser:

- Bruk som er positiv for forvaltning av verneverdiane har prioritet; t.d. hausting av villrein og aure og naudsynte tiltak for forvaltning av kulturminne
- Naturvenlege bruksformer har prioritet framfor mindre naturvenleg bruksformer
- Aktivitet som dekker grunnleggande behov for godkjende bruksformål skal prioriterast framfor aktivitet som går utover dei grunnleggande behova
- Næringsmessig hausting av ressursane aure og villrein som grunnlag for verdiskaping i bygdene rundt Vidda, skal prioriterast framfor hausting for rekreasjon.
- Aktivitetar som kan leggjast utanfor verneområda med om lag same verdi skal kanaliserast dit
- Når det er naudsynt av omsyn til verneverdiane skal ferdsle og anna aktivitet i tilstrekkeleg grad regulerast

Føringar for forvaltningstyresmaktene sitt arbeid:

- Det skal arbeidast for å oppnå ei kunnskapsbasert forvaltning av verneverdiane
- Det skal leggjast opp til overvaking av naturmiljø og verneverdiar for å følgje utvikling over tid. I tillegg til årsrapport/årsmelding skal det for kvart år lagast ein tiltaksplan som ligg til grunn for søknad om midlar.
- Det skal leggjast opp til samarbeid med aktuelle brukargrupper, interesseorganisasjonar og andre forvaltningsstyresmakter.
- Det skal oppfordrast til driftsplanorientert utnytting av brukarinteresser for å oppnå heilskaplege vurderingar i høve til husvære, transport o.a. tiltak, og som bidreg til samordning av bruk
- Det skal leggjast vekt på informasjon om dei særeigne høva på Hardangervidda, samt haldningsskapande arbeid
- Informasjon om sårbare førekomstar av dyre- og planteliv, mineral o.a. skal vera skjerma for offentleg innsyn.
- Det kan utførast aktive skjøtselstiltak når det er naudsynt av omsyn til verneformålet
- Forvaltninga av verneområda må sjåast i samanheng med randområda
- Det leggjast opp til ei soneinndeling av verneområda for ei differensiert områdeforvaltning, og med tilpassa retningsliner for den enkelte sona.

# 4. NATURGRUNNLAG, KULTURHISTORIE OG VERNEVERDIAR.

*«Bevaringen av helheten og det uberørte preget på et av Nord-Europas største høyfjellsområder samt vern av leveområdet for villreinen framstår etter dette flertalls mening som det overordnede mål.»*

Innst.S.nr. 361 (1978-79) Om Hardangervidda

## 4.1 Klima

Det flate landskapet gjer at vestaveret trengjer langt innover Vidda. I aust er det difor eit mindre utprega innlandsklima enn avstanden frå kyst og fjord skulle tilseie. Det er gjennomgåande eit tydeleg kystklima i sørvest, med aukande grad av innlandsklima mot nordaust. Dette går fram av nedbørtala; Svandalsflona ved Røldal har 1285 mm i året, medan Mogen ved Møsvatn og Viveli i Veigdalen har omlag 710-750 mm. Dagali i nordaust har berre 490 mm. I Dagali er vinteren tørr med ein del nedbør sommartid. Ved dei andre stasjonane er fordelinga av nedbør jamnare over året. Ved Svandalsflona er somrane kjølige, og vinteren lang og kald. I Dagali er vinteren og kald, medan somrane er varme når ein tek omsyn til høgda over havet.

Det er dokumentert ein auke i mengda nedbør for heile året og ein auke i mengda snø på vestvidda dei siste 25 åra i høve til føregåande periodar (www.met.no). Sjølv om ein har nokre erfaringar med kva dette kan innebere, er det ikkje vurdert nærmare korleis effektane av ei forventa klimaendring vil slå ut for Hardangervidda.

Nye resultat frå klimaforsking på Finse viser kva effektar mindre temperaturhevingar i høgfjellet kan ha å seie for plantesamfunn. Fire år med temperaturstigning på 2-3 grader og auka næring forvandla reinrosehei til graseng.

## 4.2 Geologi

Berggrunnen på Hardangervidda er forholdsvis oversiktleg. Sjølve grunnplatået er bygd opp av prekambrisk grunnfjell og består i hovudsak av hard gneis og granitt som dominerer heile austvidda. Det gamle grunnfjellet vart seinare fløymd over av hav. På havbotnen vart det avsetningar av grus, sand, slam, leire og kalkhaldige organismar som seinare vart omdanna til ulike sedimentære bergartar.

Under den kaledonske fjellkjedefoldinga vart svære flak av harde bergartar skuva inn over den gamle havbotnen frå vest. Landet heva seg seinare, mest i vest, slik at vatn og brear fekk ekstra godt tak her og skar seg djupare ned enn lenger aust, der fallet var mindre. Det gamle skuvedekket er det lite att av. Det ligg eit stort parti rundt Valldal og vestover mot Odda, og vi finn restar i form av Hårteigen og berggrunnen under Hardangerjøkulen. Den gamle havbotnen ligg att som store flak over grunnfjellet og dekkjer store delar av vestvidda og området frå Nordmannslågen til vest for Halnefjorden. Dei kalkrike bergartane gjev eit godt jordsmonn og gjer saman med mykje nedbør at vestvidda er langt frodigare enn austvidda.

Under heile istida var Hardangervidda dekt av ein stor isbre. Skuringsstriper syner at isen dels flytta seg mot aust og dels mot vest. Under avsmeltinga var det store elver både oppe på og under breen, og det vart danna store tunnelar der sand og grus vart avsett. Da isen smelta, vart desse avsetningane liggjande som lange grusryggar (eskerar) i terrenget. Dei siste store breane smelta truleg for omlag 9000 år sidan. Ved sida av Hardangerjøkulen, finn vi i dag fleire mindre brear i vest og sørvest.

Det er i nasjonalparken forbode å bryte laus eller ta med seg lausmaterial av stein, mineral eller fossil. Det har vore ulovleg sanking av mineral som bergkrystall og titanminerala anatas og rutil.

**Mål og utfordringar**
Det er eit mål å ta vare på dei berggrunnsgeologiske og kvartærgeologiske førekomstane i verneområda.

Det er ei utfordring å unngå at verdifulle kvartærgeologiske avsetningar som eskerar og andre grusførekomstar vert forringa ved byggjetiltak. Det er og ei utfordring å hindre ulovleg sanking frå interessante mineralførekomstar.

**Generelle retningsliner for geologi**

Det er i utgangspunktet forbod mot inngrep i alle geologiske førekomstar.

Ved alle søknader om tiltak som kan medføre inngrep i terrenget skal det vurderast om det kan skade verdifulle geologiske førekomstar.

**Oppfølgjande tiltak for geologi**

Det bør lagast oversikt over lokalitetar av mineral som er utsett for ulovleg sanking og som oppsynet må bidra til å overvake.

## 4.3 Vassdrag

Hardangervidda ligg på vasskiljet mellom Aust- og Vestlandet, og fleire store vassdrag har sine kjelder inne på Vidda. Numedalslågen har utspring i Nordmannslågen og renn nordaust mot Dagali. Kvenna er det andre store vassdraget på austvidda, og det har sine kjelder langt vest for Litlos. Elva renn vest-aust mot Møsvatn. Songa-vassdraget ligg sør for Kvenna. Elvene Kinso og Veig drenerer Vidda i nordvest. Veig har sine kjelder aust for Hårteigen og renn mot nord før ho kastar seg utfor Valurfossen på veg mot Eidfjord. Kinso har utspring i ei rekkje vatn vest for Hårteigen og dannar på vegen ned til Husedalen mot Kinsarvik ei einestående rekkje med fossefall.



**Kinso i Husedalen  Foto: Jan Rabben**

Vassdraga på Vidda er generelt lite påverka av sur nedbør på grunn av gunstig berggrunn. Sør på Vidda i Telemark har det vore problem som følgje av forsuring, og fleire vatn i nasjonalparken er her kalka. Det er i utgangspunktet forbod mot kalking i nasjonalparken, men det kan gjevast løyve for kalking etter søknad. Det er gjeve retningsliner for kalking i verneområde i DN-rapport 1995-8 og DN-rapport 1996-3.

Dei fleste vassdraga på Vidda er regulerte utanfor verneområda, med unntak av Veig og Dagali, som er varig verna. I tillegg er Opo og Kinso i Ullensvang varig verna. Nokre reguleringar kjem i berøring med verneområda, slik som Halnefjorden som ligg i Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde medan det regulerte Heinvassdraget ligg i nasjonalparken. Tinnhølen er demd opp og det er grave jordvoll mot aust for å hindre utløp mot Numedalslågen. Ved Viersla er det ein mindre trebukkedam som fører Viersla-feltet austover i staden for ned Olavsdalen mot Veig. Dette er eit tiltak som vart gjort på 50-talet og som sidan har blitt ståande. Utløpet av Bjornesfjorden og Langesjøen var senka på 1950-talet for å auke vassføringa i Numedalslågen. Utløpa er seinare restaurera i fleire omgangar. I Veigvatnet ligg det reguleringsanlegg som er teke ut av bruk.

Fylkesmannen i Hordaland har gjeve løyve til å byggje sikringsdam innafor ein gammal dam i Grøndalsvatnet. Den gamle dammen vert sikra som kulturminne og vasstanden vert oppretthalden utan regulering.

Ved Halne Fjellstove i Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde er det bygt eit mikrokraftverk for å sikre energiforsyning til fjellstova. Det vart i 2009 gitt løyve til å byggje mikrokraftverk ved Krækkja.

**Generelle retningsliner for vassdrag.**

Det er i utgangspunktet forbod mot alle inngrep i alle vassdrag.

4.7.2 Løyve til kalking og fastsetjing av referanseområde som ikkje kan kalkast (nasjonalparken)
Det kan gjevast løyve til kalking når det er naudsynt for å hindre ein naturleg bestand eller art frå å døy ut eller for å etablere på ny ein bestand eller art som er utrydda som følgje av forsuring.

Det skal ikkje gjevast løyve til kalking av følgjande referansevatn/vassdrag:
- Sigmundstjønn og Kostveitvann (1329 m.o.h.), Vinje
- Viuvassteintjørn (nord for Sletteid), Tinn
- Vatn kote 1399 med avløp til Dragøyfjorden, Eidfjord
- Litlos, Ullensvang
- Juklevatni, Odda

NML § 48. Generelle reglar om unnatak .
I heilt særskilte høve kan det vurderast løyve til å byggje mikrokraftverk i vassdrag for å forsyne turisthytte med elektrisitet. Slikt løyve kan gjevast etter § 48 i naturmangfaldlova og føreset at det kan dokumenterast ein vesentlig miljøgevinst ved at elektrisitet erstattar transport og bruk av fossilt brensle samstundes som der ikkje er andre former for energi som gjev ei betre løysing. Ved vurdering av løyve til mikrokraftverk må det leggjast stor vekt på om tiltaket er reversibelt, dvs. at det seinare kan fjernast utan at det set varige spor. Samstundes må alle prinsipp for handsaming av saker etter NML § 48 leggjast til grunn ved handsaming av søknader om løyve til å byggje av mikrokraftverk.

Ved ønskje om riving av gamle reguleringar, skal det gjerast ei heilskapleg vurdering i høve til ønskje om tilbakeføring av vassdrag og landskap, tryggleik, kulturminneverdi og høve til ulike brukarinteresser.

Det kan gjevast løyve til restaurering av tidlegare vassdragsreguleringar i verneområda når effekten av restaureringa på verneverdiar overstig ulempene ved restaureringsarbeidet. Det skal setjast vilkår i den mon det er naudsynt for å sikre ei god gjennomføring.

## 4.4 Landskapet

Landskapet er «*de samlede fysiske omgivelser som omgir oss utendørs under åpen himmel*» (Bruun 1996). Naturgrunnlaget utgjer basis i landskapet, men landskap er ikkje det same som natur. Kulturpåverknad frå gamal og ny tid er og ein del av landskapet. Ei brei forståing av landskapet føreset ein analyse og skildring av både natur- og kulturfaglege tilhøve. Heilskapsinntrykket av landskapet slik vi opplever det vert samla i landskapsbiletet. Dette omfattar både synsinntrykk, luktar og lyd (Bruun 1996). Også kunnskap om og tilhøyring til eit område spelar inn på opplevinga av landskapet.

Viddeplatået utgjer basis for verneområda, men spennet i typar landskap er stort og varierer frå frodig skog i Husedalen ned mot 260 moh i vest til golde høgfjell og den mektige Hardangerjøkulen i nord, 1819 moh. Det aller meste av verneområda ligg over 1000 moh, og berre to prosent av nasjonalparken er skog. I aust er det eit storskala, ope viddelandskap med store vatn, lange flyer og fjellparti med runde konturar. På sentralvidda er landskapet flatt, med mange små og store vatn og store myrparti. I vest er landskapet variert og skiftande med høge nutar og tronge, bratte dalar ned til fjordnivå.



**Vidda mot Hardangerjøkulen Foto: Jan Rabben**

Store delar av Hardangervidda har vore hausta av menneske kontinuerleg sidan istida, og eit uttal av ulike kulturminne set eit varierande kulturpreg på landskapet samen med påverknad av beitande husdyr. Hovudtyngda av landskapet er likevel utan større påverknad frå nyare tid. Kulturminne er ei positiv omtale av menneskelege spor, og kulturminne aukar opplevinga av landskapet.

Område med liten eller ingen menneskeleg påverknad kallast naturlandskap. Kulturlandskap er område som har ei meir eller mindre sterk påverknad av landskapet, og det går ikkje noko skarpt skilje mellom natur- og kulturlandskap. Område der det føregår uttak av naturen sin produksjon gjennom beiting, støling og andre ekstensive driftsformer, kan kallast haustingslandskap (Bruun 1996). Det meste av Vidda er naturlandskap, haustingslandskap eller tidlegare haustingslandskap som er på veg attende mot ein naturtilstand.

Bevaring av heilskapen og det urørte preget på eit av dei største høgfjellsområda i Nord-Europa, var ved sida av vern av leveområdet for villreinen, trekt fram som det overordna målet ved opprettinga av nasjonalparken. Hardangervidda inneheld også det største naturområdet i Sør-Noreg utan tyngre tekniske inngrep frå nyare tid, jf. DN sin base over inngrepsfrie naturområde (INON). Slike inngrepsfrie område er halde fram som viktig for bevaring av plante- og dyreliv og for å oppleve urørt natur.

I verneområda er det fleire større inngrep i landskapet som i hovudsak er gjort før verneområda ble oppretta i 1981. Riksveg 7 gjennom landskapsvernområdet i nord representerer saman med tilhøyrande bygningar og anlegg det mest omfattande inngrepet i landskapet i verneområda. Andre inngrep i landskapet er Tinnhølvegen, traktorslepene og då særlig hovudslepa mellom Solheimstulen og Vegarhovd, samt tele/mobilmastar på Halnekollen i landskapsvernområdet i nord og på Berakupen i nasjonalparken i Eidfjord.

Vern av kulturminne og kulturmiljø er ein del av verneformålet til nasjonalparken. I Møsvatn Austfjell landskapsvernområde er vern av eit særmerkt og vakkert natur- og kulturlandskap ein viktig del av verneformålet.

Det er med andre ord både eit mål å bevare landskapet i verneområda med det urørte preget samstundes som verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap, prega av ekstensiv hausting, vert bevart.

Landskapet vert forvalta av svært mange partar gjennom utøving av ulike eigedoms- og rettstilhøve og ved handsaming av ulike lover. Landskapet er slik sett summen av alle dei naturlege og menneskeskapte prosessar som skjer, og det føreset eit samarbeid mellom alle aktørane dersom ein skal nå eit felles mål for forvaltninga.

**Mål og utfordringar**

Det er eit mål å både bevare heilskapen og det urørte preget på landskapet i verneområda, samstundes som verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap skal bevarast. Påverknaden på landskapet gjennom skånsam og berekraftig bruk kan halde fram. Det er og eit mål å sikre dei inngrepsfrie naturområda mot tyngre, tekniske inngrep.

Forvaltning av landskapet på Hardangervidda byr på fleire store utfordringar. Summen av menneskeleg aktivitet som barmarkskøyring og annan motorisert transport, opprusting av sleper, fotturisme langs merka stigar og oppføring av bygningar, bruer og klopper har på enkelte stader ført til ein sterkare påverknad på landskapet enn det som er ønskjeleg. Samstundes er det ei stor utfordring å skaffe oversikt over dei kulturmiljø og kulturlandskap som utgjer ein verdifull del av landskapet og som er viktige å bevare. Vi har liten eller ingen kunnskap om tilstand og utvikling til dei kulturpåverka delar av landskapet som utgjer ein del av verneformålet.

Det er ei utfordring å tilpasse den menneskelege aktiviteten til natur og landskap, slik at opplevinga av fjellområda vert best mogleg for alle grupper. Denne tilpassinga må gjerast ved bruk av fleire verkemiddel; gjennom informasjon og haldningsskapande arbeid, ved å kanalisere aktivitet i tid og rom, ved å setje krav til gjennomføringa og ved å halde enkelte typar aktivitet på eit lågt nivå ved bruk av verneforskriftene. Men først og fremst er det naudsynt med meir kunnskap om verneverdiane i landskapet og korleis desse kan forvaltast på ein best mogleg måte, samstundes som ulike bruksformål vert tekne vare på.

Ei hovudinnvending mot motorferdsla på Hardangervidda er at den reduserar opplevinga av urørt natur for mange. Ulike transportmiddel har ulik påverknad på landskapet, både med omsyn til terrengslitasje, støy og synsverknad. Det er ei stor utfordring å tilpasse naudsynt bruk av motortransport til opplevinga av landskapskvalitetane på Vidda. Også bygningar blir i mange tilfelle sett på som uønskja element i eit landskapsbilete som elles står fram som urørt. Bygningar kan i mange tilfelle tilpassast landskapet på ein god måte ved ei gjennomtenkt plassering og ei utforming som passar inn i omgivnadene med materialval, utforming og fargebruk

Det er ei utfordring å skaffe fram kunnskap om historisk bruk som har gjeve kulturpreget i landskapet, for å bevare kulturkvalitetane på Hardangervidda.

**Generelle retningsliner for landskapet.**

Alle inngrep i landskapet er i utgangspunktet forbode.

Ved vurdering av inngrep i verneområda skal ein sjå til at tiltaket er tilpassa kvalitetane i landskapet, for ikkje å unødig redusere det urørte preget eller å skade verdifulle kulturmiljø eller kulturlandskap. Nye inngrep skal vurderast etter og tilpassast til desse kriteria for å redusere verknaden på landskapet:

- Tiltaket må vere naudsynt for å ivareta viktige omsyn til brukarinteresse eller evt. verneverdi
- Tiltaket skal vere så lite som mogleg
- Tiltaket skal vere så skjerma som mogleg i landskapsbiletet
- Ein skal unngå nye tiltak dersom eksisterande innretningar kan dekke behovet
- Nye tiltak skal om mogleg lokaliserast til eksisterande tiltak, og må ikkje føre til reduksjon i dei inngrepsfrie naturområda, jf. vedlegg 2
- Er verknaden av tiltaket på landskapet stabilt eller vil det auke i omfang, t.d. ved bruk av traktorslepe over myrområde?
- Finst det alternative løysingar for å redusere den verknaden tiltaket har på landskapet?
- Kor mange vil oppleve tiltaket; lokalisering i høve til viktige ferdsleårer og andre bruksområde?
- Er utforming av tiltaket i tråd med lokale tradisjonar; tilpassa tradisjonell byggjeskikk o.l.?
- Kva ringverknader i høve til landskap og andre interesser vil tiltaket ha?
- Vil godkjenning av dette tiltaket kunne utløyse mange liknande tiltak (presedens)?
- Tiltaket må ikkje medføre negativ påverknad på verdifulle kulturmiljø eller kulturlandskap

Ved vurdering av inngrep må ein unngå subjektive vurderingar som «stygt», «fint» og «vakkert».

Det er særs viktig at varige inngrep ikkje får ei framtredande plassering i landskapet, slik som bygningar og master på høge toppar. Også saltsteinar og andre innretningar bør så langt som råd plasserast slik at slitasje rundt desse ikkje vert framtredande i landskapet. Ved større inngrep i landskapet bør det trekkjast inn naudsynt kompetanse for å finne gode løysingar.

Det vert tilrådd at lyse plastbåtar vert mala i ein mørk, dus farge for å gjerde dei mindre synleg ved opplagring i landskapet.

**Oppfølgjande tiltak for landskapet.**

Overvaking av landskapet som verneverdi må utgjere ein sentral del av eit overvakingsprogram for verneområda på Hardangervidda. Overvakinga må dokumentere tilstand, utvikling og identifisere dei faktorar som påverkar utviklinga negativt, som grunnlag for å setje i verk avbøtande tiltak. Overvakinga må både ha fokus på det urørte preget i verneområda samstundes som det ser på verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap.
Vurdere enkle tiltak på utsette stader for å leggje igjen og så til skjemmande inngrep i landskapet, som gamle køyrespor o.l. Også bygningar, traktorsleper og andre inngrep som er i bruk kan i enkelte tilfelle og med enkle hjelpemiddel få betre tilpassing til landskapet.

## 4.5 Planteliv

På grunn av store variasjonar i klima, høgdelag, berggrunn og jordsmonn står Hardangervidda nasjonalpark og dei to landskapsvernområda i ei særstilling m.o.t. variasjon i vegetasjonstypar (Lye 1985). I Husedalen heilt vest i nasjonalparken, går vernegrensa ned til 260 moh. Her finn ein stor furuskog og ei rekkje varmekjære planter. Ved nasjonalparkgrensa i søraust finn ein planter med austleg utbreiing, som m.a. åkerbær. Sjølv om vi har nasjonalparkar som kan vise til større rikdom av planteartar, er Hardangervidda spesiell m.a. fordi vi finn sør- og vestgrensa for mange av våre fjellplanter her (Moe 1995). Dei mange og store myrane er eit særtrekk for plantelivet på Vidda.

Hardangervidda er generelt godt undersøkt m.o.t. til flora, og Lid (1959) har utførleg dokumentert og skildra plantelivet på Vidda. Sjølv om Hardangervidda vert rekna som eit av dei best undersøkte høgfjellsområda i Noreg, vert det enno gjort nye funn når det gjeld utbreiing av ulike planter i området. Snøsoleia er døme på funn av ein ny art på Vidda frå seinare tid, den har si sørvestlegaste veksestad her (Aamlid 1990). Den lågare floraen med lav, mose og sopp er ikkje utfyllande registrert. Vest på Vidda finn vi dei rikaste og mest interessante botaniske førekomstane. Forvaltninga er ikkje kjent med direkte trugsmål mot enkelte plantelokalitetar eller sjeldne plantar. Den einaste utsette fjellplanta i området er tinderublom, som veks fleire stader ved Finse (Høiland 1990).

I tidlegare tider var det omfattande husdyrbeite og vedhogst både i stølsområda og i felægerområda, noko som førte til eit sterkt kulturpreg på vegetasjonen. I dag er det beite av sau som utgjer den største kulturpåverknaden på vegetasjonen. Beitetrykket frå sau varierer på Hardangervidda frå ingen beite i delar av Kvennaområdet til konsentrasjonar som gjev store endringar i samansetting av vegetasjonen. Sauetalet på Vidda endrar seg over tid, og har truleg vist ein nedgang dei siste åra. Direktoratet for naturforvaltning kan med heimel i verneforskriftene (pkt. 4.3.3) ved forskrift regulere beiting som kan skade eller øydeleggje naturmiljøet.

Eit interessant døme frå Hardangervidda er ein sopp som vart funne av to sveitsiske kjemikarar på fottur i 1969. Dei tok med jordprøve med soppen og undersøkte eigenskapane nærare. Det viste seg at soppen produserer cyklosporin, eit immunhemmande stoff som no vert nytta ved transplantasjonar.

**Mål og utfordringar**
Det er eit hovudmål å bevare mangfaldet av planteartar på Hardangervidda. Det er vidare eit mål å bevare intakte plantesamfunn med typiske og karakteristiske planter i både urørt natur og på kulturpåverka mark i høgfjell og på vidde.

Omfang av gamal kulturmark som gror att er ikkje kartlagt, men ein kan i dag sjå gamle stølsområde og anna beitemark som gror att når beiting og vedhogst minkar. Dette er uheldig både av omsyn til landskapet og til samansetjing av plantesamfunna på slik kulturmark. Det er ei utfordring å oppretthalde kvalitetane på tidlegare kulturmark. Det er også ei utfordring å få kjennskap til dei økologiske effektane som sauebeite har på landskap, planteliv og anna dyreliv.

Lavmattene på austvidda er utsett for slitasje, både ved tråkk av husdyr og ved vinterbeite av villreinen. I dag er lavmattene på dei austlege delar av sentralvidda mindre enn ønskjeleg, og det er ei utfordring å tilbakeføre lavmattene til gode vinterbeite for villreinen. Ein periode med færre villrein enn det som er målet har ført til at tilstanden til lavmattene har betra seg ytterlegare dei siste åra. Det er sett i gang ei ny beitegransking for å følgje med på utviklinga.

**Generelle retningsliner for plantelivet.**

Plantelivet er i nasjonalparken i utgangspunktet freda mot skade og øydelegging av alle slag som ikkje følgjer av vanleg ferdsle og jordbruk.

Ved alle tiltak skal det vurderast moglege trugslar i høve til mangfaldet av planteartar og særleg viktige eller sjeldne lokalitetar. Føre-var-prinsippet skal leggjast til grunn når det eit tiltak kan medføre skade.

Det skal ikkje førast inn nye planteartar ved tiltak som tilsåing og torvtekking. Det er ikkje tillate å føre inn torv frå andre fjellområde, torvsekkar eller framande blandingar av frø.

4.3.2 Uttak av bjørk, vier, einer, gran og furu og løyve til å ta torv til taktekking (nasjonalparken)
I gamle stølsområde og andre kulturpåvirka område som er utsett for attgroing, er verneforskriftene ikkje til hinder for å hogge bjørk, vier, einer o.l. til ved når det vil oppretthalde eller gjenopprette kulturlandskapet. Ved tildeling av løyve for å ta torv skal det setjast vilkår om at torv vert take ut på ein stad som ikkje skadar viktige biotopar for plante- og dyreliv, skadar kulturminne eller kulturmiljø eller skjemmar landskapet unødig.

Verneforskriftene for landskapsvernområda seier ikkje noko om uttak av torv til byggetiltak. Torv kan takast ut utan løyve i landskapsvernområda så lenge det ikkje medfører vesentleg inngrep i landskapet eller skadar kulturminne. Dersom uttak av torv medfører vesentleg inngrep i landskapet må det vurderast løyve etter pkt 5 (unnataksregelen).

4.3.3 Regulering av beite som kan skade eller øydeleggje naturmiljøet (nasjonalparken).
Direktoratet for naturforvaltning kan regulere beiting som skade eller øydeleggje naturmiljøet i hht pkt 4.3.3 for nasjonalparken. Som grunnlag for slik regulering skal det gjennomførast overvaking av planteliv, landskap og andre verneverdiar i aktuelle område, og i samarbeid med berørte grunneigarar, fjellstyre og beitelag. Det må føreliggje eit reelt trugsmål mot skade eller øydelegging av naturmiljøet før regulering.

**Oppfølgjande tiltak for plantelivet.**

Overvaking av plantelivet som verneverdi må inngå i eit overvakingsprogram for verneområda på Hardangervidda. Overvakinga må dokumentere tilstand, utvikling og identifisere dei faktorar som påverkar utviklinga negativt, som grunnlag for å setje i verk avbøtande tiltak. Overvakinga må både ha fokus på dei typiske vegetasjonstypane i høve til generell påverknad på plantelivet som følgje av klimaendringar og endringar i beitetrykk, og på spesielle, sjeldne og sårbare vegetasjonstypar og planteartar.

## 4.6 Dyreliv

Hardangervidda har ein rik og samansett fauna, med registrering av over 120 fugleartar og minst 21 artar pattedyr. Ei rekkje arktiske artar har si sørlegaste utbreiing her. Det gjeld m a fjelljo og havelle, samt artar som fjellrev og snøugle, som i dag er særs sparsame innslag i faunaen. Lemen, fjellrotte, rype og rein er mellom karakterartane, og aure er nesten einerådande fiskeart i heile verneområdet.

I dag finst ingen fast bestand av store rovdyr i økosystemet her. Streifdyr av jerv vert sporadisk registrert sør før Hallingskarvet. Desse dyra må sjåast i samanheng med førekomsten i Nordfjella.

Fjellrev var i utgangspunktet ein karakterart på Vidda, men i dag finst berre ein svært sparsam førekomst heilt nord på Vidda/ Nordfjella. Sjølv om det er registrert yngling i området, er arten særs utsett for å forsvinne heilt. Det er og reist tvil om det genetiske opphavet til dei fjellrevane som framleis finst her. Arten er karakterisert som kritisk truga i raudlista for Noreg. Som følgje av avlsprosjektet for fjellrev har ein no høve til å sette ut fjellrevar for å styrke bestand eller reetablere fjellrevbestand der den har vore vanleg før. Slik utsetting vil skje i 2010 i Hallingskarvet nasjonalpark og det vert vurdert utsetting ved kjente hilokalitetar på Hardangervidda også. Hardangervidda er i utgangspunktet kjent for sine smågnagarår, men i

dag opptrer ikkje smågnagartoppane like sterkt og frekvent som dei gjorde tidlegare. Dette har store konsekvensar for det andre dyrelivet.

Av hønsefugl finst lirype og fjellrype på Hardangervidda. Det finst nokre yttarst få hekkepar av trane. Den vanlegaste rovfuglen er fjellvåk, som hekkar særleg rikt i år med god tilgang på smågnagarar til rett årstid. Mellom dei karakteristiske rovfuglane kring Vidda er jaktfalk og kongeørn, men bestandane av desse artane er ikkje stor. Det har vore ein auke i registreringar av vandrefalk inne på Vidda dei seinare åra, i takt med framgangen arten har hatt i Sør-Noreg. På Vidda har snøugla tidlegare hatt fleire sikre hekkeplassar, men det siste sikre hekkefunnet av denne arten her skriv seg frå 1974. Dette kan ha samanheng med lite regelbunden og sviktande tilgang på smågnagarar som lemen og særleg fjellrotte dei seinare tiåra, noko som og har stor påverknad på førekomsten av m a jordugle og fjelljo. Fjelljoen er likefullt regulær hekkefugl på Vidda i dag, men i små tal.

Hardangervidda står i ei naturgeografisk særstilling, noko som går fram av utbreiinga til mange dyreartar. Eit viktig særpreg ved dyrelivet på Vidda er det rike fuglelivet i dei store myr- og våtmarksområda. God vasskvalitet, grunne innsjøar og god tilgang på viktige næringsemne som marflo og skjoldkreps, samt akvatiske insekt, gjer Hardangervidda til eit kjerneområde for alpine dukkender som bergand, sjøorre, svartand og til dels også havelle. Bestandane av desse artane synest å vere reduserte utan at årsaksamenhengen er heilt klarlagt. Storlom synest å vere i ein viss framgang dei aller seinaste åra.

Fleire artar som er knytte til arktiske og alpine miljø har si sørvestgrense i Europa på Hardangervidda. Det gjeld fugleartar som havelle, temmincksnipe, fjellmyrløpar, dobbeltbekkasin, fjelljo og snøugle. Målretta kartlegging har avdekt fleire nye lokalitetar for dobbeltbekkasin på Vidda dei aller siste åra, medan fjellmyrløpar ikkje har vore sikkert påvist på lange tider. Kjende spelplassar for brushane på Hardangervidda synest no å ha gått ut, og ein har og grunn til å tru at karakteristiske vadefuglar som symjesnipe og fjøreplytt er i tilbakegang, sjølv om gode kvantitative registreringar på dette vantar.

Hardangervidda var i utgangspunktet eit område som var fritt for fisk, men auren fekk for lange tider sidan hjelp av menneske til å etablere seg her. I dag finst auren i nær sagt alle vatn på Vidda, og i verneområda er auren nærmast einerådande fiskeart. Mange stader er fiskevatna særs produktive, god næringstilgang i form av marflo og skjoldkreps er ei hovudårsak til dette. På verdsbasis er det einestående med aure som einerådande fiskeslag i eit så stort område (R. Borgstrøm, pers. medd.). Ein kuriositet er ein stadeigen førekomst av prikkaure i nokre vatn i Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde.

Karpefisken ørekyte har ved menneskeleg hjelp spreidd seg fleire stader i utkanten av austvidda, og finst i verneområda i Halne/Heinvassdraget heilt opp mot Stigstuv. Ørekyta er effektiv til å beite krepsdyr, noko som har konsekvensar for m a dukkender og aure. Røye finst i Finnsbergvassdraget i verneområdet og i Ustevassdraget og Møsvatn i randområda. Alle stader er røye sett ut.

<u>Villrein</u>. Storleiken på villreinstamma på Hardangervidda har variert mykje over det siste hundreåret og har variert mellom 25-30.000 dyr på det meste til i underkant av 5.000 dyr vinteren 2002/03. I mangel av store rovdyr er det villreinforvaltninga og jegerane som regulerar storleiken på og samansettinga av villreinstamma. Dei siste åra har stamma auka gradvis til ei stipulert stamme på ca. 9.000 dyr vinteren 2009/10. Forvaltningsmålet er ein vinterstamme på opp mot 11.000 dyr (kjelde villreinutvalet).



**Foto: Terje Skogland**

Ulik menneskeleg aktivitet og inngrep har over tid delt opp eit opphavleg leveområde for viddareinen til fleire delområde med eigne stammer, slik som Blefjell, Brattfjell-Vindeggen og Hallingskarvet/Nordfjella. I tillegg til oppsplitting av leveområda, er reinen også utsett for uroing i sine noverande leveområde. Hardangervidda er vedteke som eit av fleire nasjonale villreinområde i Noreg, og vil saman med villreinområda Nordfjella og Setesdal Ryfylke og Setesdal bli den sørlege av to europeiske villreinregionar som er tenkt oppretta i Noreg.

Villreinen på Hardangervidda har dei siste åra vore del av eit nasjonalt prosjekt for å kartleggje villreinen sin arealbruk ved hjelp av GPS-målingar. Prosjektet har gjeve eksakt og verdifull informasjon om villreinen sine vandringar over heile året. Essensen i resultata er at villreinen unngår turistløypene og rv7 slik at desse tidvis kan fungere som barriere i tillegg til at ei sone rundt ikkje vert nytta optimalt som beiteområde.

Reinen har eit nomadisk levesett, der ulike areal er i bruk til ulike delar av året. Ver- og snøtilhøve, stammestorleik, grad av beiteslitasje og menneskeleg aktivitet er og faktorar som påverkar kvar reinen til ei kvar tid held seg. Ein kan og sjå variasjonar over lang tid i bruken, med svingingar på fleire tiår.

I dag er hovudmønsteret at vinterbeitet går føre seg på austvidda, der det vanlegvis er lite snø og på sine stader mykje lav. Tangeområda er særs viktige, samstundes som ein veit at dette og er særs interessante areal for turistutbygging. Lenge har vestvidda vore det viktigaste kalvingsområdet, men dei siste år har kalvinga flutt seg sør- og austover. Fostringsflokkane med simler, kalvar, ungdyr og litt bukk, har dei siste åra i stor mon hatt vår- og sommarbeite sør for Kvenna. Kring 1980 heldt dei seg på sentralvidda.

På 1970- og 80-talet var det store nedskytingar av villreinstamma som følgje av for mange dyr i høve til vinterbeita. I ettertid har bruken av randområda vorte mindre. Det kan vere fleire grunnar til denne utviklinga som til dømes vegutbygging, hyttebygging, større ferdsle inn i leveområda, strukturen, storleiken og samansetjinga av stammen og utskyting av tradisjonsberande dyr. Villreinen sin naturlege vekselbruk av område over lang tid gjer seg og gjeldande. Målet er no å leggje til rette for at villreinen i større grad skal bruke randområda. Dette føreset at ein ser på alle faktorane som kan hindra reinen i å bruke randområda, og at ein ikkje omdisponerer areala i mellomtida. Det er starta opp eit nytt arbeid med felles fylkesdelplan for heile Hardangervidda, der ei av hovudmålsetjingane er å sikre villreinen sin arealbruk i randområda, som ledd i å oppretta Hardangervidda som eit nasjonalt villreinområde og som del av ein europeisk villreinregion.

**Mål og utfordringar**

Mangfaldet av naturleg førekomande dyreartar i verneområde skal bevarast, innan intakte økosystem med livskraftige bestandar av typisk og karakteristisk dyreliv knytt til høgfjell, vidde og våtmark. Forvaltning av dei store rovdyra skjer i samsvar med den til ein kvar tid gjeldande nasjonale politikken for rovvilt, og vert utøvd i samsvar med regionale forvaltningsplanar uavhengig av verneområda.

Dei viktigaste utfordringane for forvaltning av dyrelivet er:

- Å gje villreinen sine leveområde naudsynt vern, ved å unngå at leveområde går ut av bruk og at uroing i leveområda skal avgrensast mest mogleg. Villreinen krev store leveområde og forvaltninga må sjåast i eit langsiktig perspektiv. I mangel på store rovdyr er det ei utfordring på lang sikt å unngå feil seleksjon ved at dei beste dyra vert hausta.

- Å sikre eksistensen til fjellreven på Vidda. Ein har ikkje eintydig svar på årsakene til at bestanden av fjellreven i dag er kritisk låg til tross for at den har vore freda sidan 1930. Det er utarbeidd ein egen nasjonal handlingsplan for å take vare på fjellreven (DN 2003).

- Å redusere skade på sårbare fugleartar knytt til vatn og våtmarker, ved uro i hekketida frå sportsfiskarar og anna ferdsle og ved at dukkendar og lom set seg fast i garn

- Å hindre vidare spreiing av ørekyt og andre framande artar

- Å unngå at beite av sau endrar vegetasjonen på ein måte som er til vesentleg skade for dyrelivet på Vidda

**Generelle retningsliner for dyrelivet.**

Dyrelivet, med tilhøyrande hi, reir og egg er freda mot skade, øydelegging og unødig uro av alle slag. Det er ikkje tillate å innføre nye dyreartar. Dette er heimla både i verneforskrifter og generelt gjennom naturmangfaldlova kapitel III og IV. Ved reetablering av fjellrev må områda kring hi overvakast nøye.

Ved alle tiltak/inngrep skal forvaltninga vurdere moglege skadeverknader for mangfaldet av artar og særleg viktige eller sjeldne biotopar og raudlisteartar og leggje føre-var-prinsippet til grunn.

Det skal for alle aktuelle løyve setjast vilkår for å redusere ferdsle i kalvingsområda for villreinen og for å unngå unødig uroing av villreinen på vinterbeite. Det kan i dei aktuelle kalvingsområda berre gjevast løyve for m.a. motorferdsle i særlege tilfelle, som ved naudsynt tilsyn av hytter og for etterarbeid ved turisthyttene når påska kjem seint. Innan ei veke etter påske og seinast 1. mai, skal stikka løyper vere fjerna i så stor lengde som tilsynsutvalet i samråd med villreinnemnda avgjer.

Dersom det er naudsynt for å ivareta omsynet til villreinen eller anna utsett dyreliv i særleg sårbare periodar, kan aktuelle former for ferdsle regulerast med heimel i verneforskriftene. Dette kan skje etter ei grundig fagleg vurdering av behovet for å regulere ferdsle i høve til dyrelivet, og skal skje på ein så lite omfattande måte som naudsynt for å oppnå formålet.

Dersom det er behov for å forby ferdsle i villreinens kalvingsområde bør det skje i medhald av pkt. 4.5.2.e i verneforskrifta for nasjonalparken. Direktoratet for naturforvaltning fastset avgrensing for kva område og kva tidsrom ferdsla skal regulerast i, etter initiativ og forslag frå villreinnemnda. Kalvingsperioden er normalt frå 25. april – 31. mai. Vedtak og iverksetjing av ferdslereguleringa må skje raskt dersom forbodet skal ha ønskt effekt.

Villreinnemnda skal uttale seg før det vert fatta vedtak i saker som gjeld byggjetiltak, turstigar/-løyper og andre saker av interesse for villreinen.

<u>4.2.4 Løyve til utsetjing av fisk (nasjonalparken).</u>
Utsetjing av fisk i nasjonalparken er i utgangspunktet forbode. Løyve til utsetjing kan likevel gjevast for å styrke ein truga eller svak bestand, eller for å bygge opp att lokal fiskestamme. Løyve til utsetjing kan også gjevast i særlege tilfelle for å motvirke menneskeskapt påverknad. Det skal ikkje setjast ut fisk i vatn som tidlegare har vore utan fisk. All utsetjing skal vere av fisk av stadeigen stamme**.**

Spreiing av framande artar skal hindrast. For å motvirke vidare spreiing av ørekyte kan Fylkesmannen i samråd med Direktoratet for naturforvaltning gje dispensasjon frå verneforskriftene etter § 5. Aktuelle tiltak er bygging av voll eller kunstig fall i bekk for å hindre vandring eller i særskilde tilfelle bruk av rotenon i avgrensa område av vassdrag eller ein kombinasjon av desse tiltaka. For å hindre vidare spreiing av ørekyte skal også føre-var-prinsippet leggjast til grunn ved vurdering av tiltak som inneber risiko for spreiing.

Det kan i særskilte høve vurderast dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova for å bruke fuglehund til å taksere bestand av rype når det er viktig å regulere jakttrykket i periodar med små bestandar av rype. Hunden bør gå i lang line ved slik bruk. Ein bør vurdere alternativ taksering utan bruk av hund av omsyn til andre fugleartar. Det kan vere aktuelt å godkjenne taksering ved bruk av fagleg akseptable metodar som skjer med laus fuglehund dersom dette er einaste måte å få ei forsvarleg taksering. Dette gjeld i år der ein vurderer rypebestanden som særleg låg og ein treng dokumentasjon som grunnlag for å redusere eller stanse rypejakta i eit større område som til i ein dømes statsallmenning.

**Oppfølgjande tiltak for dyrelivet.**

Overvaking av dyrelivet som verneverdi må inngå i eit overvakingsprogram for verneområda på Hardangervidda. Overvakinga må dokumentere tilstand, utvikling og identifisere dei faktorar som påverkar utviklinga negativt, som grunnlag for å setje i verk avbøtande tiltak. Overvakinga må ha fokus på raudliste-artar og særleg artar som kan vere negativt påverka av menneskeleg aktivitet i verneområda, og må koordinerast med nasjonale overvakingsprogram av natur.
Det bør utarbeidast ein oversikt over særskilt viktige biotopar for dyrelivet.

Det må gjerast ei nærmare vurdering av moglege spreiingsvegar for ørekyt og setjast i verk aktuelle mottiltak.

Oppsynet må følgje opp verneforskriftene for nasjonalparken og område med for fuglelivsfreding i Hondle-vassdraget, og som pålegg omsynsfull framferd for ikkje å skade dyreliv, fugleliv og andre verneverdiar. Dette gjeld m.a. kontroll av forbod mot lause hundar, forbod mot fotografering i yngletida og ferdsle som kan vere til skade for villreinen.

Det trengst meir kunnskap om tilhøva mellom sau og rein; både om beitekvaliteten for reinen vert redusert av intensivt sauebeite, og om fare for spreiing av sjukdomar og parasittar frå sau til rein.

## 4.7 Kulturhistorie, kulturminne og kulturmiljø

*«Også kulturhistorisk står Hardangervidda i en særstilling blant fjellområdene. Alt i tidlig steinalder trakk de første menneskene opp på Vidda, på jakt etter villrein. Området har siden vært i uavbrutt bruk frem til i dag, og er derfor særlig rikt på kulturminner. Mye er bare delvis kartlagt.. Hardangerviddas natur- og kulturmateriale har dannet grunnlaget for en rekke, store norske og internasjonale forskningsprosjekter, noe som gir Vidda stor betydning som referanseområde i en rekke sammenhenger.»*

St.meld. nr.43 (1978-79) Om Hardangervidda

*«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng…»*

(Kulturminnelova, § 2).

Vern av kulturminne og kulturmiljø er delformål for Hardangervidda nasjonalpark. For Skaupsjøen/ Hardangerjøkulen landskapsvernområde er formålet vern av eit særmerkt og vakkert landskap med mange kulturminne medan formålet med Møsvatn Austfjell landskapsvernområde er å verne eit særmerkt og vakkert natur- og kulturlandskap med m.a. kulturminne.

Kulturverdiane på Hardangervidda har vore tema i fleire offentlege utgreiingar om verneområda. NOU 1974: 30 A og B Hardangervidda la eit fagleg fundament for seinare tilvisingar. Rammer for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i verneområda på Vidda er gjeve i m.a. St.meld. nr. 43 (1978-79) Om Hardangervidda, St.meld. nr. 62 (1991-92) og DN (1996).

Forvaltning av kulturminne og kulturmiljø har til no vore lite prioritert i verneområda på Hardangervidda. Fylkeskommunane sine kulturseksjonar har kulturminnefagleg kompetanse og har statleg mynde etter kulturminnelova, i første instans, i saker som omhandlar kulturminne.

Etter verneforskriftene for landskapsvernområda er det ikkje tillate å påføre kulturminna skade. Dette er ikkje presisert i verneforskrifta for nasjonalparken, men kulturminna har her eit vern gjennom at landskapet er verna mot inngrep som bygging, massetak og ombygging av bygningar. I tillegg er alle kulturminne frå før år 1537, ståande byggverk frå perioden 1537-1649 samt kulturminne som er vedtaksfreda, freda etter kulturminnelova. Det er etter kulturminnelova høve til å frede eit område rundt eit kulturminne for å sikre verknaden i landskapet. Eit kulturmiljø kan verte freda for å taka vare på eit samanhengande område med kulturminne. I slike område er det høve til å gjennomføre naudsynt skjøtsel av omsyn til føremålet med fredinga. Berre eit mindre utval av dei kulturminna som ikkje er automatisk freda, men som likevel vert vurdert som verneverdige, vil verte freda etter kulturminnelova. Vilkåret er at dei må ha nasjonal interesse som døme på den kulturelle utviklinga i landet. Nokre av bygningane og bygningsmiljøa på Vidda vil forsvare ei vedtaksfreding etter denne lova .

Kulturminne er ikkje-fornybare ressursar. Når slike vert borte, forsvinn historiske originaldokument for alltid. Kulturminne og kulturmiljø i verneområda vil:

- Gje kunnskap om lokal historie.
- Gje betre kjensle av å høyre til i eit område og ansvar for å ta vare på det.
- Gje kunnskap om lokal, regional og nasjonal historie
- Gje kunnskap om mangfald og breidde i ressursutnytting i tidlegare tider.
- Sikre typar av kulturminne i fjell og utmark som er gått tapt i busette område.
- Auka forståinga for fortida og innsikta i levemåten til menneska før oss (DN 1996).

Verneforskriftene forsterkar på den eine sida vernet ved at det i utgangspunktet ikkje er tillate med oppføring eller ombygging av bygningar. For landskapsvernområda krev forskriftene at kulturminne ikkje må påførast skade. På den andre sida gjev forskriftene for alle verneområda høve til dispensasjon for ombygging, tilbygging og riving av bygningar. Det er då viktig at kulturhistorisk verneverdi vert vurdert som del av sakshandsaminga for alle typar bygningar og sleper.

Ikkje alle spora etter menneskeleg verksemd i verneområda er like verneverdige. Det er difor naudsynt med nærmare kriteria for å vurdere tiltak som grip inn i kulturminnet utover vanleg vedlikehald eller skjøtsel. Kriteria for vurdering av verneverdi er *"identitetsverdi, symbolverdi, historisk kjeldeverdi, alder, autentisitet, representativitet, sjeldsynt, variasjon - homogenitet, miljøverdi, pedagogisk verdi, skjønnhetsverdi, kunstnerisk verdi og bruksverdi"* (Riksantikvaren 1987).

Dei aller fleste verneverdige kulturminne vil måtte bli tekne vare på av interesserte eigarar. Vern gjennom bruk er difor den viktigaste verneforma. Bruk kan og skapa ein økonomisk basis for vedlikehald. Fleire bygningar kan truleg vernast gjennom bruk ved at eigarane kan ha inntekter med t.d. utleige for enkel overnatting.

Mange kulturminne som er gått ut av bruk, både bygningar og andre objekt, er av ein slik art eller ligg slik til at det er uråd å ta dei i bruk att. Slike kulturminne vil det berre vere mogeleg å verne i avgrensa omfang, t.d. ved ein skjøtselsplan eller gjennom bruk av kulturminnelova. Det er ikkje bare bygningar som har bruksverdi, t.d. er mange eldre sleper og bruer i full bruk i dag.

Å verne kulturminne er kort og godt å handsame dei slik at ikkje verneverdiane går tapt. Både naturvernlova og kulturminnelova gjev høve til skjøtsel av kulturminne. Om det gjeld automatisk freda eller vedtaksfreda kulturminne, ligg retten til å setje i verk skjøtselstiltak hjå fylkeskommunen. Alle skjøtselstiltak må likevel vere innafor ramma av verneforskrifta og godkjent av forvaltningsstyresmakta etter naturvernlova. Skjøtsel kan gjerast på fleire vis:

- Skjøtsel av kulturminne kan vere å fjerna vegetasjon som truar med å sprengje murar eller kulturlag. Det kan og vere å sikre bygningar mot lekkasje frå tak og grunn, og ha som føremål å hindre direkte forfall. Beiting av stølsvollar er døme på skjøtsel av kulturmiljø.
- Restaurering er istandsetjing av bevaringsobjekt på kulturminnet sine premissar, slik at eit minimum av skada materiale vert skifta ut med material av tilsvarande kvalitet og handverksmessig utføring. Restaurering kan og vere istandsetjing av steinbu der ein har tilstrekkeleg murar att og anna dokumentasjon av høgde og takvinklar som grunnlag for ei fagleg tilbakeføring av bygget. Det eksisterer ikkje eigne føresegner for kva som vert godkjent av innvendig arbeid i samband med restaurering. Fylkeskommunen skal ha alle saker til uttale og retningsliner derifrå bør følgjast når det vert gjeve løyve til restaurering.
- Nybygg på gamle murar er ikkje restaurering, men kan vere ein rekonstruksjon av tidlegare bygg. Det føreset at det ligg føre dokumentasjon på det opphavlege bygget.
- All endring av bygningskroppen er ombygging.
- Inngrep i form av restaurering, rekonstruksjon eller ombygging av slike kulturminne krev dispensasjon frå reglane i kulturminnelova §3 før dei kan setjast i verk.

**Kulturminne på Hardangervidda**
Ein kan dele kulturminne på Hardangervidda inn i følgjande hovudgrupper:

Fangst og fiske. Dei fyrste menneska som kom til Hardangervidda etter istida for omlag 9.000 år sidan var reinsdyrjegerar. Minne om dei første fangstfolka finst på buplassar og fangstplassar i form av faste automatisk freda kulturminne, mellom anna reiskap av flint, bergkrystall, kvartsitt og skifer. Det er registrert meir enn 250 buplassar frå steinalderen på Vidda. Dei eldste buplassane synast å liggje nord for Ustevassdraget. Det finst truleg buplassar frå steinalderen ved dei fleste vatna på Vidda. Det er registrert meir enn to tusen dyregraver på Vidda. Det er ofte ei funksjonell samanhang med dyregraver, ledegjerde, bogastelle, kjøttgøyme og gjerne ei bu for overnatting. Bruken av Vidda i dag for fangst og fiske utgjer ein ubroten tradisjon gjennom 8-9.000 år.

Ferdsle. Det er eit nett av gamle vegar eller sleper over Vidda. Gamle sleper, bruer og vad er i stor grad frå før reformasjonen og dermed automatisk freda. Dei gamle ferdsleslepene er registrert gjennom "Prosjekt Nordmannsslepene" (Buskerud fylkeskommune 2001). Dei mest kjente av dei gamle slepene er Nordre Nordmannsslepa frå Eidfjord mot Tunhovd, Store Nordmannsslepa frå Ullensvang mot Telemark og Numedal, Nordmannsslepa frå Kinsarvik mot Telemark og Hardingslepa frå Sørfjorden mot Telemark. Marknadsplassane vart ofte lokaliserte ved sleper med stor trafikk.


**Gamal bru over Breiåni Foto: Trond Aalstad**

Stølsdrift. Tradisjonen med stølsdrifta kan gå attende til yngre steinalder/bronsealder. Stølsdrifta har vore av stor økonomisk verdi for bygdene i låglandet. Av bygningstradisjonane på Vidda er stølane dei mest samansette anlegga med mange funksjonar. Byggjeskikken er funksjonell og har endra seg lite gjennom tidene. Klyngjestølane, dei store fellesstølane med mange brukarar i ei stølsgrend, dominerer biletet på vestvidda. På austvidda ligg stølane for ein stor del spreidd og enkeltvis. Den største konsentrasjonen av stølar ligg likevel i Dagali og Seterdalen, utanfor verneområda. Medan stein er eit dominerande byggjemateriale på vestsida, er lafta stølshus meir vanleg på austsida. Regionale forskjellar i materialbruk og byggjeskikk kan truleg avspegla byggjeskikken i låglandet. Stølsgrenda avspeglar og eigedomsformer og samarbeidsformer i fjellet.

Gjennom tidene vart nye stølar tekne opp og andre vart lagde ned. Bygningane som var ute or bruk forfall fort, men nye brukarar vølte stølshusa når dei tok over garden. Mange brukarar hadde part i fleire stølar og flytte frå støl til støl med års mellomrom, både på grunn av beitet og fordi skogen vart hoggen ned. Den tradisjonelle stølsdrifta er ikkje lengre ein vanleg del av gardsdrifta. Det er difor ei stor utfordring å verne stølsmiljøa for framtida som eit viktig dokument om bruken av Vidda.

Driftetrafikken. Ein viktig skilnad mellom stølane og felægra er at dei siste var kvile- og overnattingsstader for beite- og driftetrafikken, og ikkje hadde stølsproduksjon. Mange av slepene på Vidda har samband med driftetrafikken som kom i gang på 1600-talet, då bergverksdrifta på Austlandet tok seg opp.

Fast busetnad. Fleire stader i verneområda finst det minne etter fast busetnad som varte fram mot vår eiga tid, t.d. i Kvennadalen. Tilgang på fisk og vilt og gode beitetilhøve var viktig grunnlag for den faste busettinga.

Tekniske kulturminne er eit vidt omgrep som femner om m.a. førhistoriske steinbrot (skifer, kvartsitt og bergkrystall) grustak, hellebrot, blyglans-/sinkblendeuttak, vasstemme, demningar, blesteromnar, tufter og kolmiler, åleine eller i samband med jernutvinning. Framstilling av jern tok til i åra omkring Kristi fødsel. Dei fleste anlegga er frå eldre jernalder fram til vikingtid, og nokre er frå mellomalder, og er såleis automatisk freda kulturminne. Tekniske anlegg frå det 20. hundreår i form av demningar, vegar osb. er og kulturminne som er verna etter naturvernlova som ein del av landskapet.

Segn, tradisjonar og namnebruk. Den munnlege tradisjonen er viktig for forståinga av Vidda. NOU 1974: 30 B framhevar særleg øvre Kvenna, øvre Veig og områda kring Nordmannslågen som område med symbolverdi. Nokre av desse områda kan vere automatisk freda etter kulturminnelova § 4f. Gamle dokument, folkelivsskildringar, rettsdokument og Høgfjellskommisjonen sitt arbeid frå 1909 og frametter inneheld verdfullt kulturhistorisk materiale.

**Særskilt verneverdige kulturminne og kulturmiljø**

Det er trong for fleire registreringar for å få ei fullgod oversikt over kulturminne i verneområda på Vidda. Særskilt verdifulle kulturminne og kulturmiljø som bør nemnast er Sumtangen ved Finsbergvatn med buplassar og fangstbuer frå jernalder og mellomalderen, buplassar ved Nordmannslågen og Halnefjorden, fangstbuer ved Storekrækkja, drivfangstanlegga på nordvidda, dyregravene ved Skarvsvatnet, rypebuene i Veigdalen, dei gamle slepene med tilhøyrande marknadsplassar som t.d. Saltpytt i Vinje, jernvinneplassane ved Møsvatn, stølen Peisabotn i Ullensvang og kvilestaden Heimste Hadlaskard i Ullensvang. Det bør vurderast å nytta kulturminnelova for å sikra dei mest verneverdige kulturminna og kulturmiljøa på Vidda. Riksantikvaren har foreslått at dei to sistnemnde anlegga vert freda etter kulturminnelova.

**Mål og utfordringar**

Det er eit mål å oppnå ei målretta forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i tråd med verneformålet, og i tråd med overordna føringar gjeve for forvaltning av nasjonalparkar og landskapsvernområde.

Det er ikkje gjort systematiske registreringar med tanke på skade og endringar på kulturminna etter oppretting av verneområda. Dei største utfordringane i høve til kulturminnevernet er skade på buplassar og steinbuer som følgje av erosjon ved vassdragsutbygging, skade på gamle vegsystem og bruer, ombygging av gamle bruer og vad, uheldig istandsetjing og ombygging, riving og forfall av bygningar samt attgroing av stølsvollar. Det er eit generelt inntrykk at utviklinga for kulturminnevernet har vore særs uheldig i verneområda. Mykje av den uheldige utviklinga kan skuldast manglande kunnskap om både status og om verdien av kulturminne på Vidda. Det er t.d. påvist stor skade på automatisk freda kulturminne grunna turisme og ulovleg graving på Sumtangen og fangstbuene ved Store Krækkja. Auka ferdsle kan vere eit trugsmål mot kulturminne.

Det er ei utfordring å formalisere samarbeidet for å ivareta verneformålet med omsyn til kulturminne og kulturmiljø, og å få retningsliner som sikrar omsyn til kulturminnevernet i forvaltninga av verneområda. Det er trong for å auke kunnskapen om førekomstar, status og trugslar for kulturminne og kulturmiljø.

Driftsplanar for utnytting av eigedomar o.l. bør også omfatte kulturminne og kulturmiljø på eigedomen.

**Generelle retningsliner for kulturminne.**

Alle tiltak som kan medføre inngrep eller skjemming av kulturminne skal leggjast fram for kulturminne-styresmaktene for vurdering. Dette gjeld m.a. bygningstiltak etter pkt. 4.1.3 (alle forskriftene), vedlikehald av sleper (4.1.3.i) og løyve for uttak torv (4.3.2) og stein (4.4) (dei tre siste punkta gjeld berre nasjonalparken).

Ved vedlikehald av verneverdige bygningar (jf. pkt. 4.1.2.a og 4.1.3.j, alle forskriftene) skal det gjerast bruk av opphavleg material og handverksteknikkar. Det må gå fram av kulturminneplanen kva for bygningar som er verneverdige. Det må ikkje skiftast ut meir skada material enn naudsynt. Tidlegare ubehandla kledning skal ikkje verte måla eller beisa. Takvinklar skal ikkje endrast. Kulturminnestyresmaktene kan lage meir utfyllande retningsliner for vedlikehald av verneverdige bygningar.

Dei same retningsliner kan gjerast gjeldande for ombygging eller riving/nyoppføring av, eller tilbygg til verneverdige bygningar (pkt 4.1.3a, b, c og d, alle forskriftene).

Det kan gjevast løyve til restaurering av steinbuer (pkt. 4.1.3f/g i forskrifta for hhv. nasjonalparken/landskapsvernområda). Dette bør avklarast i kulturminneplan, jf. kap. 7. Restaurering av steinbuer er tiltak som vert omfatta av reglane i PBL, jf. § 84. Eit vilkår for restaurering er at det står tilstrekkeleg att av murar til at storleik og høgde kan dokumenterast. Der heile raustet har vore av stein, bør og takvinklar kunne dokumenterast. Samanrasa steinbuer skal som hovudregel vernast som kulturminne slik dei er.

Det skal som hovudregel ikkje verte sett opp nye bygg på gamle murar. Eventuelt løyve krev god dokumentasjon slik at ein reell rekonstruksjon er mogleg.

Ved løyve til nybygg må ein ta omsyn til eksisterande miljø både når det gjeld plassering i landskapet, dimensjon, materialbruk, fargeval og takvinkel. Det vert vist til rettleiar for byggesaker i verneområda på Hardangervidda, som er vedlegg til forvaltningsplanen. Løyve til nybygg skal ikkje gjevast utan at bruk av eksisterande bygningsmasse er vurdert i samråd med kulturstyresmaktene.

Ved tildeling av løyve for vedlikehald av sleper, torv til taktekking og stein til vedlikehald av bygningar (nasjonalparken), skal det setjast som vilkår at freda eller verneverdige kulturminne ikkje vert skada. Ved løyve til bygningstiltak i landskapsvernområda og som føreset bruk av torv eller stein, skal det setjast tilsvarande vilkår.

Det må ikkje gjevast løyve til tiltak som splittar opp samanhengande kulturminne som fangstanlegg og liknande kulturmiljø. Kulturminne må ikkje fjernast utan etter vurdering frå kulturminnestyresmakt.

Når det er ønskjeleg av omsyn til kulturminnevernet, kan det gjevast løyve til skjøtsel av kulturminne, som fjerning av vegetasjon o.l.

Når det av omsyn til særleg verdifulle kulturminne er naudsynt med vern utover det som verneforskriftene gjev rom for, bør det vurderast vedtaksfreding etter kulturminnelova.

**Oppfølgjande tiltak for kulturminne.**

Det må opprettast samarbeidsavtaler mellom Fylkesmennene og fylkeskommunane ved kulturseksjonane om ivaretaking av kulturminnefagleg kompetanse i høve til forvaltning av verneområda.

Overvaking av kulturminne og kulturmiljø som verneverdiar må inngå som sentrale delar i eit overvakingsprogram for verneområda på Hardangervidda. Dette arbeidet må byggje på tidlegare registreringar og kartfeste kjente kulturminne og vurdere potensial for ikkje registrerte automatisk freda kulturminne.

Overvakinga må dokumentere tilstand, utvikling og identifisere dei faktorar som påverkar utviklinga negativt, som grunnlag for å setje i verk avbøtande tiltak. Overvakinga må ha særskilt fokus på kulturminne og kulturmiljø som er utsett for negativ påverknad av menneskeleg aktivitet i verneområda.

Overvaking av kulturminne og kulturmiljø må koordinerast med utarbeiding av ein forvaltningsretta kulturminneplan i nært samarbeid mellom Fylkesmenn, grunneigarar, kommunar og fylkeskommunar. Kulturminneplanen må byggje på tidlegare registreringar og vurdere potensial for ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Det må lagast ein verneplan, skjøtselplan og restaureringsplan for fornminne og ruinar, retningsliner for nybygg og prioritering av nye registreringar. Alle kulturminne må lastast inn i den nasjonale databasen "Askeladden”.

Informasjon til grunneigarar og andre brukarar og forvaltarar av Hardangervidda er viktig når det gjeld kva omsyn som må takast i høve til bevaring av verdifulle kulturminne.

# 5. BRUKARINTERESSER

> *«Komiteen er enig med departementet i at vernebestemmelsene som skal gjelde i området såvidt mulig tilpasses de aktuelle forhold, herunder landbruksinteressene og eiendomsforholdene på vidda.»*
>
> Innst.S.nr. 361 (1978-79) Om Hardangervidda

Bruken av Hardangervidda var grundig dokumentert i NOU 1974: 30 A og B Om Hardangervidda. Sidan då har fleire av rammevilkåra for brukarinteressene endra seg slik at behova har endra seg og delar av bruken har endra karakter og omfang. Ved utarbeiding av den første forvaltningsplanen i 1998-99 vart det utarbeida delrapportar om «*Villreinforvaltning*», «*Landbruksutnytting*» og «*Friluftsliv, turisme og drift av turisthytter*». Desse rapportane finst som utdjupande materiale til forvaltningsplanen. For ei aktiv forvaltning av verneområda er det ønskjeleg med meir utfyllande oversikt over omfang og utbreiing av bruk av verneområda.

Utgangspunktet for forvaltning av verneområda på Vidda er å finne ein god balanse mellom bruk og vern, innafor ramma av naturvernlova og verneformålet for det enkelte området. Omfanget av bruk i landskaps-vernområda vert ikkje vurdert som noka stor utfordring i høve til verneformålet. I nasjonalparken er det mange og store brukarinteresser, som i sum representerer ei utfordring for å forvalte området som nasjonalpark. For å ta vare på verneformålet for nasjonalparken er det naudsynt med strenge prioriteringar for forvaltning av bruksformåla, jf. strategiar for forvaltninga, kap.3.2.

Det er ei politisk målsetjing om at verna natur skal bli ein ressurs for lokalsamfunn og lokal verdiskaping. I St.prp. nr. 65 (2002-03) la regjeringa fram ei utredning om berekraftig bruk og forvaltning av verneområde ("Fjellteksten"). Det blei lagt til grunn at dei unike natur- og kulturressursane i den norske fjellheimen representerar eit stort potensial for å halde ope sysselsetting og busetting i fjellbygdene. Våren 2007 var ein handlingsplan for berekraftig bruk, forvaltning og skjøtsel av verneområde til høyring. Handlingsplanen var utarbeidt av ein breitt samansett arbeidsgruppe, med Direktoratet for naturforvaltning som sekretariat.

> *«Det er en hovedoppgave i disponeringen av Hardangervidda å sikre at både landbruk og friluftsliv fortsatt skal kunne foregå. Disse formål og andre verneformål kommer ikke i vesentlig konflikt med hverandre. Tvert imot medfører hver av disse i noen utstrekning fordeler for hverandre.»*
>
> St.meld. nr.43 (1978-79) Om Hardangervidda

## 5.1 Landbruk. Næringsmessig utnytting av private eigedomar.

> *"Komiteen vil understreke Hardangerviddas betydning for landbruket i de tilstøtende bygdelag og er enig med departementet i at vidda fortsatt skal være et viktig ledd i å bevare og videreutvikle de berørte bygdesamfunn."*
>
> *«Vidda skal fortsatt brukes som en viktig ressurs i landbruksnæringen, og bruksformene må tilpasses utviklingen i landbruket så langt dette kan skje uten å komme i konflikt med vesentlige verneinteresser.»*
>
> Innst.S.nr. 361 (1978-79) Om Hardangervidda.

**Innleiing. Forståing av landbruksomgrepet.**

Hardangervidda nasjonalpark skil seg klart ut frå alle andre nasjonalparkar i landet ved storleiken kombinert med omfanget av privat eigedom som utgjer 52% av arealet. Hardangervidda ble difor oppretta på særskilte vilkår for å ta vare på dei omfattande brukarinteressene. Ved sidan av Jotunheimen nasjonalpark er Hardangervidda den einaste nasjonalparken i Noreg som har landbruk nemnt som bruksformål som skal kunne halde fram innafor verneområdet. I Jotunheimen er til samanlikning mindre enn 1 % privat eigedom.

Landbruket bidreg til å setje sit preg på verneområda på Hardangervidda. Svært mange verdifulle kulturminne og kulturmiljø på Vidda har sitt opphav i landbruksutnytting gjennom fleire hundreår, og lyfter opplevinga av fjellområda monaleg. Fleire hundreår med beiting og støling har mange stader sett sitt preg på vegetasjon og landskap og bidrege til å auke mangfaldet av vegetasjonstypar, flora og fauna. Haustingskulturen knytt til fjellområda er også verdifull i seg sjølv, og inneheld kunnskap og tame som er opparbeidd og nedarva gjennom generasjonar. Slik kompetanse er og viktig å bera med seg inn i framtida. Sist men ikkje minst produserer landbruket naturvenleg mat og bidreg til verdiskaping og busetjing i lokalsamfunna.

Landbruket og den tradisjonelle næringsmessige utnyttinga av Hardangervidda er grundig omhandla i NOU 1974: 30 A og B. I vedlegg til St.meld. nr. 43 (1978-79) Om Hardangervidda føreligg supplerande registreringar av landbruksinteressene på Hardangervidda (Fredriksen 1978). Ein oppsummering av landbruksinteressene i vedlegget er som følgjer: *"Landbruket i bygdene rundt Hardangervidda er behandlet av Hardangerviddautvalget. Her skal vi bare minne om at det i Buskerud, Telemark og deler av Odda kommune er snakk om typiske fjellbygdforhold med små og ofte tungdrevne bruk. I Hordaland ellers finner en fjordbygder med noe bedre klimatiske og produksjonsmessige vilkår. Landbruket i disse bygdene har gjennom tidene vært nødt til å utnytte ressursene i fjellet, og driftsformene i jordbruket er tilpasset dette, bl.a. ved stort sauehold, næringsfiske, utleie av jakt og fiske samt ved turisme."*

Ved opprettinga av verneområda på Hardangervidda var det ein føresetnad at landbruk og anna tradisjonell bruk skulle kunne halde fram innafor rammene av verneformålet. Det var lagt til grunn at vidda framleis skulle vere eit viktig ledd i å ta vare på og vidareutvikle dei aktuelle bygdesamfunna og at det «*langt på veg er mulig å forene landbruksinteressene med de øvrige verneinteressene på Vidda*» (St. meld. nr. 43 (1978-79).

Verneforskriftene for verneområda på Hardangervidda blei sist endra av kongen i statsråd 31. mai 2002. Det inneber at omgrepet "landbruk" i verneforskriftene har det innhald og forståing som galdt på dette tidspunktet. Det kjem fram av kongeleg resolusjon av 31. mai 2002 at landbruksomgrepet må sjåast i relasjon til gjeldande rettleiing til plan- og bygningslova, *Kommuneplanens arealdel T-1225 pr. 01.11.01 revidert utgåve, T 1382*. I denne rettleiaren er landbruk definert slik: *"Begrepet stedbunden næring er knyttet til bygninger/anlegg som det hensyn til driften av primærnæringen er nødvendig å plassere på stedet. For at stedbunden næring skal være aktuelt, må det være tale om en reell og inntektsgivende næringsvirksomhet av noe omfang. Øvrige aktiviteter som for eksempel jakt, fiske, bærplukking og lignende som har preg av frilufts- eller fritidsaktivitet, eller som utgjør et naturaltilskudd til egen husholdning, vil falle utenfor begrepet stedbunden næring."*

Ved revisjon av forskriftene i 2002 blei det i foredraget til kongeleg resolusjon uttalt at det ikkje skulle bli lettare å få løyve til nybygg. Forskriftene blei m.a. endra slik at tidlegare punkt 4.1.3.e om husvære for jakt, fiske eller beite på eigen grunn blei oppheva.

I juni 2005 kom ein ny rettleiar som definerer landbruk, *Plan- og bygningsloven og Landbruk pluss, T-1443.* Denne gjev eit noko utvida innhald i landbruksomgrepet og gjeld for ulike tiltak i LNF-område etter plan- og bygningslova. Gjeldande definisjon for landbruk i verneområda er med andre ord ulik for handsaming av saker etter verneforskriftene og etter plan- og bygningslova. Det er likevel slik at ei sak må handsamast både etter verneforskrifta og etter reglane i plan- og bygningslova. For byggjesaker, sjå kapitel 5.12.

**Omtale av landbruksinteressene.**

Omtale av landbruksinteressene i verneområda følgjer gjeldande definisjon av landbruk etter rettleiar T 1443 frå 2005, sjølv om det er rettleiar T-1382 frå 2001 som formelt gjeldt for handsaming av verneforskriftene og kva ein reknar som innanfor omgrepet landbruksnæring.

Det føregår i dag inga tradisjonell stølsdrift med produksjon på stølen i verneområda. Den viktigaste tradisjonelle landbruksutnyttinga i verneområda no er sauebeite. Ifølgje landbrukskontora rundt vidda var det i 2008 slept om lag 20.000 sau og lam på beite innanfor verneområda på Hardagervidda (tal for beitedyr som er med i organisert beitebruk). Av dette er om lag 10.000 i Hordaland, 9.000 i Buskerud og 1.000 i Telemark.

Beitinga foregår gjennom organiserte beitelag, i Buskerud med fast gjeting, i Hordaland og Telemark med jamleg tilsyn. Sauene vert slepte frå midten av juni og førde ned frå fjellet først i september. Sauebeite foregår både på private areal og på statsgrunn. I Hordaland er om lag 60 % av dyra leigesau, det vil seie dyr som ikkje høyrer heime hos dei lokale bruka med beiterettar på vidda. Det er også litt storfe i verneområda, om lag 40 dyr i Eidfjord (Veigdalen). På Stavali og ved Besso turisthytte har dei hatt mjølkekyr inne som har gitt eit ettertrakta tilbod av stølskost til turfolk og dette er i tillegg med å halde i hevd gamle tradisjonar som er på veg ut. Buføringa opp Husedalen til Stavali er ei stor oppleving som det er populært å ta del i kvart år.



**Foto: Jan Rabben**

Ei rekkje store, private vatn med god aureproduksjon gjev grunnlag for næringsfiske. Avkastning for vatna ligg mellom 1 - 4 kg pr. ha/år. Næringsfisket er mest utbreidd på austvidda og særleg i Nore og Uvdal, der årleg avkastning frå næringsfiske i nasjonalparken er rekna til omlag 30.000 kg. Det meste av fisken vert raka, og handtering av fisken må skje under strenge krav til hygiene. Fisket skjer i hovudsak frå midten av juli til midten av september. God drift av vatna føreset ei planmessig forvaltning, og for mange vatn er det utarbeidd driftsplanar. Nye krav til hygiene kan føre til trong for byggetiltak for å imøtekome krava til produksjon av rakefisk for sal.

Utnytting av jakt og fiske føregår som hausting for eigen bruk eller for sal av kjøt og fisk, eller ved at jakt- og fiskerett med husvære vert leigd ut. Normalt er utleige av jakt og fiske med husvære meir lønsamt enn at eigar sjølv haustar ressursane for sal. Slik utleige har over 100 år lange tradisjonar på delar av Vidda. Jakt og fiske på Vidda er svært etterspurt og kan med god tilrettelegging oppnå gode prisar og utgjere ein viktig del av næringsgrunnlaget for private eigedomar. Utleige av småviltjakt kan gje større inntekter enn villreinjakta, men motortransport for småviltjakt er ikkje heimla i nasjonalparkforskrifta. Utleige av jakt og fiske på private område er med på å auke tilbodet av jakt og fiske til ålmenta og gjer tilbodet breiare.



**Foto: Morten Johannessen**

Det må også nemnast at landbrukseigedomane i bygdene rundt Hardangervidda har rett til beite og støling etter fjellova i dei respektive statsallmenningane.

Mat som er framstilt på ein naturleg eller økologisk måte, slik som fisk, villrein- og sauekjøt frå Vidda, og tilbod som jakt og fiske og andre natur- og kulturopplevingar i urørt natur vil truleg verte meir etterspurt i framtida.

**Mål og utfordringar**
Innafor rammene av verneformålet er det eit mål å leggje til rette for næringsmessig utnytting slik at vidda framleis skal vere eit viktig ledd i å ta vare på og vidareutvikle dei aktuelle bygdesamfunna.

Samstundes er det også viktige og samanfallende interesser mellom landbruket og verneformålet. Eit godt skjøtta fiskevatn har stor verdi for fritidsfiske. Utnytting av jakt og fiske på private eigedomar fremjar eit naturvenleg friluftsliv, samstundes som villreinjakta er avgjerande for å forvalte reinstamma i høve til overordna mål. Å halde oppe husdyrbeite er ein føresetnad for å halde oppe verdifulle kulturlandskap og kulturmiljø. Ein føresetnad for å vedlikehalde og ta vare på ein rekkje verneverdige bygningar, steinbuer og kulturmiljø er at eigarane har rammevilkår som gjer det interessant å kunne nytte eigedommane over tid.

Hausting av ressursane på Vidda er også viktig for å ivareta biologisk kompetanse i bygdene, og grunneigarane kan vere viktige aktørar i ei aktiv forvaltning av verneområda i samsvar med verneformålet.

Viktige utfordringar for forvaltning av landbruket i verneområda er:
- Å ta omsyn til verneformålet samstundes som landbruksutnyttinga framleis kan skje på ein måte som bidreg til aktive gardsbruk og sysselsetjing, verdiskaping og trivsel i bygdene
- Å finne dekkjande og effektive transportløysingar for næringsmessig utnytting
- Å finne egna løysingar for husvære for næringsmessig utnytting av eigedomane
- Å halde oppe lokale tradisjonar og kompetanse knytt til hausting av ressursane på Vidda

**Generelle retningsliner for landbruk og næringsmessig utnytting av landbrukseigedomar.**

Grunna svært stor skilnad i struktur, storleik, eigartilhøve o.l. for eigedomane, må kvar landbrukseigedom gjevast ei individuell handsaming i høve til verneforskriftene. Næringsutnytting skal prioriterast framfor rekreasjonsmessig utnytting, og det skal leggjast vekt på praktiske forhold ved driftsopplegg. Det skal framleis gjevast høve til utnytting av landbruksressursar på statsgrunn.

Vatn som er viktige for næringsfiske kan kultiverast etter driftsplan godkjent av Fylkesmannen jf. forskrifta for nasjonalparken i kap. 4.2.4 jf. forvaltingsplanens kap 4.6.

Vernereglane er ikkje til hinder for utleige av jakt og fiske med eksisterande husvære. Det kan gjevast løyve etter pkt. 4.6.3.5a (nasjonalparkforskrifta) for naudsynt transport av brensle o.l. til formålet.

Saltstein bør plasserast i tråd med tilråding frå Mattilsyn for å redusere smittefare mellom sau og rein.

Gjeldande nasjonal politikk og regionale forvaltningsplanar for rovvilt ligg til grunn for forvaltninga av store rovdyr og kongeørn i verneområda.

Ved vurdering av byggjesøknad skal det takast omsyn til tidlegare bygningsmasse. For utnytting av felles ressursar i m.a. sameige vert det stilt krav om samordna opplegg for hausting av ressursar.

Det kan gjevast løyve til effektiv og samordna motortransport som mogleggjer ei rasjonell hausting av landbrukseigedom. Sjukdom eller skade på beitedyr kjem utan forvarsel og ofte under vanskelege tilhøve. Av omsyn til dyrevernet må tiltak setjast inn raskt. Det kan gjevast førehandsløyve for motortransport etter pkt. 4.6.3.4 i nasjonalparkforskrifta ved sjukdom eller skade på husdyr, for å unngå unødig liding. Det skal setjast vilkår om rapportering av bruka løyve etter at turen er avslutta.

**Oppfølgjande tiltak for landbruk og næringsmessig utnytting av landbrukseigedomar.**

Motivere grunneigarar og fjellstyre til å utarbeide heilskaplege driftsplanar for utnytting av eigedomar og allmenningar, og som er i tråd med verneformålet.

Samarbeid i høve til grunneigarar, fjellstyre og beitelag for å setje øvre grense for tal beitedyr for ulike delområde. Slike grensenivå må byggje på landbruks-, dyrehelse- og naturfaglege vurderingar. Avgrensing av talet på beitedyr må sjåast i høve til behov for husvære og transport i samband med gjeting og tilsyn. Dette peikar i retning av meir sauebeite i utkanten av Vidda enn på dei sentrale delane.

## 5.2 Naturvenleg friluftsliv og naturoppleving.

*«Bruken av Vidda for turgåing både sommer og vinter vil antakelig øke. Sti-, løype og turisthytteopplegget må derfor innenfor visse grenser bli tilpasset det økende behov.»*

St.meld. nr. 43 (1978-79) Om Hardangervidda

**Innleiing**
Hardangervidda er eit av landets viktigaste og mest nytta område for friluftsliv i fjellet. Vidda ligg sentralt til i høve til store folkemengder og har eit landskap som ligg godt til rette for fjellturar. Naturvenleg friluftsliv og naturoppleving er bruksinteresser som er nemnt i formålsparagrafen for nasjonalparken. For landskapsvernområda er det ikkje nemnt særskilde bruksformål, men av di vernereglane her er mindre strenge for dyre- og planteliv, kjem ferdsle som følgjer med friluftsliv og naturoppleving, jakt og fiske som regel ikkje i konflikt med verneformålet.

Retten til fri ferdsle i utmark er grunnlaget for det naturvenlege friluftslivet i verneområda. Denne retten er ein del av dei eldgamle allemannsrettane. I utgangspunktet er det ikkje ønskeleg å regulere ferdsle i verneområda. Det er ei politisk målsetting at flest mogleg skal få høve til å utøve friluftsliv og oppleve flott og urørt natur, også innafor verneområda. Dette er nedfelt i fleire Stortingsmeldingar og friluftsliv og naturoppleving er blant dei sentrale motiva for vern av natur.

Helsevinsten ved eit aktivt friluftsliv i folket er godt dokumentert og fokusert både i friluftspolitikken og helsepolitikken. Dette aspektet er viktig å ha med seg i alle vurderingar når verdien av friluftsliv skal vegast opp mot andre interesser i verneområdet.



**Foto: Morten Johannessen**

Alle former for friluftsliv og ferdsle i verneområda skal skje på ein omsynsfull måte og som ikkje påfører landskap, plante- og dyreliv eller kulturminne og kulturmiljø vesentlig skade eller som er til ulempe for beitedyr eller andre brukargrupper. Tilrettelegging for friluftslivet med merking i terrenget og bygging av klopper og bruer skal gjennomførast på ein så skånsam måte som mogleg.

Naturvenleg friluftsliv inneber at naturoppleving er eit viktig motiv og at friluftslivet vert utøvt på ein måte som ikkje er til skade for verneverdiane. All aktivitet i verneområda som er direkte knyta til utøving av friluftslivet kjem inn under kravet til naturvenleg friluftsliv. Dette gjeld m.a. drift av turisthytter og transport knytt til friluftslivet.

Ulike friluftsformer byggjer på ulike kulturtradisjonar. Jakt og fiske byggjer på gamle haustingstradisjonar, som var del av livsgrunnlaget på bygdene frå gamalt av. Tradisjonell fot- og skiturisme har sitt utspring i meir urbane miljø og har naturoppleving som eit hovudmotiv. Nyare friluftsformer er ofte spenningsorienterte og spesialiserte og har stor appell til ungdom. DNT kartla ferdsla til fots på Vidda ved hjelp av spørjeskjema og intervjuar sist på 1990-talet.

Så godt som all friluftsliv og ferdsle i verneområda har sitt utspring i randområda, med unntak av turar som startar frå riksveg 7 i Skausjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde. Det aller meste av ferdsla følgjer merka og kartfesta stiar og løyper, og startar på tilrettelagde parkeringsplassar. Det er difor gode moglegheiter for å styre og kanalisere uheldig ferdsle til meir gunstige område over tid.

Friluftsliv og naturoppleving på Hardangervidda er også grunnlag for reiseliv og turisme i lokalsamfunna rundt bygdene, noko som er med på å oppretthalde verdiskaping, sysselsetting og busetjing i bygdene. Tilrettelegging for ferdsle på vidda bør difor skje etter ein heilskapleg plan som kanaliserar ferdsla til attraktive område for friluftsliv og naturoppleving og samstundes bort frå sårbare område, og som også legg til rette for verdiskaping i bygdene.

**Fotturisme**

Turistforeiningane er sentrale når det gjeld tilrettelegging for fotturisme i fjellet, både ved merking av turstigar, stikking av skiløyper, bygging og drift av turisthytter og organisering av fellesturar. Den Norske Turistforening (DNT) var stifta i 1868, året etter var Krokan gard ved Rjukan kjøpt og i 1878 bygde DNT hytte ved Krækkja. I starten var fotturismen i fjellet liten, men m.a. etablering av Bergensbanen i 1909 bidrog til å auke fotturismen etter kvart. Allereie i 1929 var det i årboka for DNT skildra eit relativt omfattande nett av merka turstigar og turisthytter. Takten i utbygging av stigar og turisthytter har vorte redusert med tida, og etter opprettinga av verneområda i 1981 har det i hovudsak berre vore mindre endringar i stig- og løypenettet. Arbeidet med stig- og løypenettet følgjer «Mål og retningslinjer for stier og løyper i fjellet» (DN 1994), som m.a. legg opp til ein differensiert grad av tilrettelegging i ulike fjellområde. Under DNT er det fire medlemsforeiningar som har sitt virke på Hardangervidda og som har ansvar for vedlikehald av ulike delar av stig- og løypenettet og for drift av ulike turisthytter.

Oversikt over tal overnattingar på turistforeiningane sine hytter på Hardangervidda tyder ikkje på at det har vore nokon auke i fotturismen sida opprettinga av verneområda (fig. 1 i kap. 5.3).

I eit lengre tidsperspektiv kan det oppstå ønskje om å gjere endringar i stig- og løypenettet på vidda. Dette kan vere grunna i omsyn til verneverdiar, ønskje frå fotturistane eller endring i det eksisterande systemet av turisthytter. Det er frå andre verneområde registrert ønskje om nye enkle turisthytter for å oppnå kortare dagsturar. Slike behov må registrerast og vurderast i ein større samanheng.

I utgangspunktet ønskjer ikkje forvaltninga meir ferdsle på dei sentrale delane av Vidda. Ein ønskjer å oppretthalde eit enkelt og lite tilrettelagt friluftsliv her. Større grad av tilrettelegging bør skje i randområda, i landskapsvernområda eller kanaliserast til dei ytre delane av brukssonene i nasjonalparken. Fylkesdelplan for Hardangervidda bør gi nærmare føringar for kva delar av vidda som det er ønskjeleg å utvikle friluftslivet på, og kva område som bør skjermast for auka bruk. Fylkesdelplanen kan danne grunnlag for ei oppfølgjande vurdering av stig- og løypenettet på heile Hardangervidda.

I 1999 gjorde DNT ei undersøking av sommarbruken av turstiane på Hardangervidda. Den viste at Tinnhølen er eit sentralt utgangspunkt for turar mot Sandhaug og Stigstuv/Rauhelleren og har samla sett høgast besøkstal for fleirdagsturar Husedalen skil seg ut som den mest brukte enkeltruta inn i nasjonalparken, med ruta Tuva – Hein som nummer to, og Hjølmoberget – Viveli som nummer tre. I tillegg har Husedalen til Nykkjesøy og Veigdalen til Vivelid høge tal for fotturistar på dagstur.

Verneforskriftene er ikkje til hinder for naudsynt merking og kvisting av eksisterande ski og turistløyper. Ved stikking av skiløyper vil det vere formålstenleg å nytte lokale redningskorps for å gje redningsmannskapa moglegheit til å bli kjende langs dei stikka løypene, når det ligg til rette for det.

**Andre friluftslivsformer på Hardangervidda**

Det synast å vere ein aukande trend av nye friluftslivsformer i samfunnet, særleg blant ungdom. Nye friluftsformar som ikkje har tradisjonar på vidda gjer seg også gjeldande særleg i randområda men også inne i verneområda. Det er ein politisk målsetting at også nye friluftsformer skal finne si plass, men også desse må tilpasse seg verneverdiane og andre brukargrupper for å unngå eller redusere konfliktar.

Det er ein kraftig auke i interessa for sykling, også sykling i terrenget. Sykling er tillate langs godkjente traktorsleper og på Tinnhølvegen, men er forbode i resten av nasjonalparken. Det har førekome sykkelturar frå Solheimstulen til Lågaros, der syklane er trilla frå Lågaros til Sandhaug, for så å sykle traktorslepa nord til Tinnhølen. Det er behov for informasjon til syklistar på veg inn i verneområda om kor det er lov å sykle.

Talet på hestar i Noreg har auka dei siste åra. Det førekjem både uorganisert og organisert riding og kløving på Vidda, og interessa er aukande. Fleire tilbyr kommersielle turar. Årleg vert det arrangert store fellesturar langs dei gamle nordmannsslepene mellom aust og vest. På vestvidda er det også tradisjon for å bruke hest i samband med villreinjakta. Bruk av hest kan gje større slitasje på terrenget enn fotturisme grunna marktrykket, særleg utsett er våte og fuktige parti. Bruk av hest er i utgangspunktet ikkje regulert utover reglane i friluftslova, som tillet bruk av hest i fjellet.

På vinterstid er hundekøyring på vidda attraktivt, særleg ligg det godt til rette på den flate austvidda. Hundekøyring føregår både uorganisert og i meir organiserte og kommersielle formar innover vidda. Hundekjøring er i utgangspunktet ein naturvenleg friluftsform, men kan medføre støy for andre brukargrupper og uroing på villrein på vinterbeite.

På Hardangerjøkulen er brevandring populært om sommaren. Utan at ein har oversikt over omfanget, ligg det godt til rette for fjellklatring og også andre formar for ekstremsport særleg på dei bratte delane av vestvidda. Fjellklatring kan vere særs uheldig dersom dette skjer i nærleiken av hekkande rovfugl.

Dei siste åra har interessa for skisegl/kiting auka, særleg på dei austre delane av vidda. Skisegl/kite er ei friluftsform som er omdiskutert. Rekkevidda er stor under gunstige vêrforhold, og ferdsla følgjer ikkje stikka skiløyper. Difor er skisegl og kite vurdert som ein større fare for å uroe villreinen på vinterbeite enn andre formar for ferdsle. Ein del andre brukarar er negative til synet av skisegla i fjellandskapet. Det bør likevel arbeidast for auka toleranse mellom dei ulike brukargruppene i fjellet, så lengje dei ulike gruppene tar tilbørleg omsyn til kvarandre.

Når det gjeld ulike typar arrangement, turar og aktivitetar som kan krevje løyve etter verneforskrifta § 4.5.1.d om aktivitet som kan skade verneverdiar viser vi til kapitel 5.7 om regulering av ferdsle.

**Oppfølgjande tiltak naturvenleg friluftsliv og naturoppleving.**

Det bør utarbeidast ein heilskapleg og samordna plan med omsyn til informasjon og skilting i tilknyting til verneområda på Vidda.

### 5.3 Drift av turisthytter.

> *«Det er et alminnelig ønske å unngå turistutbygging inne på selve Vidda, med unntak av enkle turisthytter.»*
>
> St. meld. nr. 43 (1978-79) Om Hardangervidda

Turisthyttene vert delt inn i betente, sjølvbetente og ubetente turisthytter (DNT 2000):
- Betente hytter serverer både frukost og middag.
- Sjølvbetente hytter er utstyrt med det ein treng for matlaging og opphald.
- Ubetente hytter har same utstyr som sjølvbetente hytter, men har ikkje proviant.

I nasjonalparken ligg det fire private turisthytter som er i drift; Besså, Stigstuv, Hedlo og Hein seter. Turistforeiningane har tre betente hytter i nasjonalparken; Sandhaug, Rauhelleren og Litlos, og fem sjølvbetente hytter; Stavali (delvis betent), Torehytten, Hellevassbu, Lågaros og Hadlaskard. I tillegg kjem ei ubetent hytte, Ulvelilægret. I Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde ligg to private fjellstover langs riksveg 7; Halne og Fagerheim. Turistforeiningane har ei betent hytte, Krækkja som er eldste turisthytte på vidda (opna i 1878). I tillegg kjem Demmevasshytta (ubetent) som ligg utanom det samanhengande sti og løypenettet. I Møsvatn Austfjell landskapsvernområde ligg det ingen turisthytter.

I randområda til nasjonalparken og landskapsvernområda ligg ei rekkje betente og sjølvbetente turisthytter og også andre reiselivsbedrifter, som inngår i stig- og løypenettet på Hardangervidda.

Turisthyttene utgjer viktig infrastruktur for ålmenta si utøving av friluftsliv på Vidda, særskilt for fotturisme. Turisthyttene legg og til rette for eit miljøvenleg og helsebringande friluftsliv og bidreg til at formålet med verneområda kan nåast. Mønsteret av turisthytter har utvikla seg i samspel med nettet av turstigar og skiløyper gjennom meir enn hundre år. Hyttene ligg ofte med ein dags etappe til fots frå kvarandre. Turisthyttene gjer det lettare for fotturistar å koma seg ut på lengre turar i fjellet. Samstundes bidreg hyttene til å kanalisere ferdsla, og dei er knutepunkt som gjer det mogleg å nå ut med informasjon til brukarar av Vidda. Turisthyttene bidreg og når det gjeld sysselsetjing og verdiskaping i bygdene rundt Vidda.

Mønsteret av turisthytter har heile tida vore i endring, ved at gamle hytter har vorte nedlagde og nye hytter har vorte bygde. Ein må for framtida rekne med endringar ut frå fleire tilhøve. Turistforeiningane ønskjer å oppretthalde eit nett av betente hytter på Hardangervidda fordi desse hyttene sikrar betre rekruttering til friluftslivet.

Dei betente turisthyttene er i hovudsak underlagt same regelverk som andre reiselivsbedrifter, med omsyn på m.a. hygiene, drikkevatn arbeidsmiljø, brannsikring og utslepp. På grunn av kort sesong for inntening, lite forutsigbar omsetjing, høge driftskostnader og pålegg om å imøtekome krav til ulike regelverk, er det ei utfordring å oppnå lønsam drift på turisthyttene. Dei sjølvbetente og ubetente turisthyttene har langt enklare krav gjennom regelverket. DNT har starta arbeid med miljøsertifisering av bl.a. turisthytter. Dette inneber ei miljøanalyse der tema som HMS, innkjøp, energiløysingar, transport, avfall med meir blir gjennomgått. Sandhaug og Litlos (DNT) er sertifisert som miljøfyrtårnbedrifter.

Sidan oppretting av verneområda i 1981 har talet på overnattingar på turistforeiningane sine hytter innafor verneområde på Hardangervidda variert mellom 15000 og 20000 per år. Det er ikkje registrert nokre store behov for å auke kapasitet på turisthyttene. Turisthyttene har krav til sikringsbu i tilfelle brann i hovudhytta. Sikringsbuene skal ikkje nyttast til å auke kapasitet på turisthyttene.

Hein seter (nasjonalparken) har bygd vindmølle for å forsyne turisthytta med elektrisitet. Eit vilkår for løyvet var at forsøket skull evaluerast for å vurdere nytte i høve til ulemper. Fylkesmannen i Buskerud gav i 2009 avslag på søknad om permanent drift av vindmølla. Saka er p.t. ikkje avgjort i DN.
Krækkja turisthytte (Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde) fikk i 2009 løyve til å byggje mikrokraftverk for å forsyne hytta med elektrisitet. Løyvet vart gitt etter revidert søknad.

Figur 1 syner utviklinga i turisttrafikken innafor verneområda på Hardangervidda frå 1985 til 2009 målt som overnattingstal. Figur 2 viser at Krækkja står i ei særstilling i tal overnattingar i høve til dei andre hyttene på vidda. Ein ser at besøkstala over tid held seg stabilt. Forvaltninga har ikkje andre data (utanom motorferdslestatistikken) som kan illustrere utvikling i bruk av verneområda på vidda.




*Fig. 1. Tal overnattingar på DNT Oslo og Omegn sine turisthytter innanfor verneområda på Hardangervidda 1985-2009*




*Fig. 2. Tal overnattingar totalt (sommar pluss vinter) for turisthyttene i verneområda i 2009*

Fig. 1 inneheld berre data frå DNT Oslo og Omegn sine hytter. Tek ein med gjennomsnitts besøkstal for dei andre turisthyttene (Rauhellern – Drammen og Oplands Turistforening, Stavali og Hadlaskard – Bergen Turlag, Hein seter, Besså og Stigstuv – private) vert samla overnattingstal på turisthyttene i verneområda om lag 24.000 om sommaren og 7.000 om vinteren. Hedlo (privat) er einaste turisthytta vi ikkje har overnattingstal for. Det er stort sett ver og snøforhold som styrer svingingane i besøkstala.

**Mål og utfordringar**
Turisthyttene har ein positiv kanaliseringseffekt på ferdsla, og det er eit mål å halde oppe hovudtrekka i mønsteret av turisthytter på Hardangervidda slik at det er funksjonelt i høve til nettet av turstigar og skiløyper. Utvikling og drift av turisthytter skal tilpassast verneformål og omsyn til verneverdiar.

- Dei krav som gjeld for betente turisthytter gjennom ulike lover og forskrifter representerer ei utfordring i høve til verneformålet ved at dei ofte skapar auka behov for bygging og andre tiltak som aukar behov for motortransport. Samstundes kan nye og betre løysingar redusere behovet for transport ved framtidig drift av turisthytta
- Det er ei utfordring å ta vare på grunnlaget for drift av dei betente turisthyttene innafor dei marginale økonomiske rammene som hyttene driv under.
- Det er også ei utfordring å oppnå ei natur- og miljøvenleg drift av turisthyttene og å finne fram til gode løysingar for både verneverdiar og den kvar turisthytte. Alternative energiformer til dieselaggregat er ei utfordring.



**Sandhaug turisthytte fikk Miljøfyrtårnpris i 2006**
**Frå venstre; vertskap Edvard og Rigmor Sæbø (som no driv Finsehytta), Gunnar Elnan frå Eidfjord kommune og Jan Erik Reiten frå DNT**
**Foto: Trond Aalstad**

**Generelle retningsliner for drift av turisthytter**

Dei eksisterande turisthyttene bør drivast som turisthytter tilgjengeleg for alle og turisthyttene bør drivast etter ein tradisjon om enkelt friluftsliv. Ein bør unngå driftsendringar eller standardendring som gir auka motorisert ferdsel i høve til tal gjestedøgn gjennom sesongen. Oppdeling (seksjonering) og sal for fritidsføremål vil normalt medføre bruksendring og skal godkjennast av kommunen etter reglane i plan- og bygningslova. Slik privatisering av eit ålment friluftslivstilbod er ikkje i samsvar med føremålet om eit naturvenleg friluftsliv i nasjonalparken.

Evt. endringar ved turisthyttene skal ikkje medføre auke i kapasiteten, utan at dette er ledd i å kanalisere ferdsle bort frå dei sentrale villreinområda eller andre sårbare område, eller at dette inngår i ein heilskapleg plan for ferdsle på Hardangervidda.

Der det ligg til rette for det, skal motortransport til turisthyttene samordnast med andre transportformål. Av di turisthyttene ofte krev store mengder med utstyr, brensle og varer, skal det nyttast transportmiddel med stor kapasitet når det er mogleg, som t.d. beltebil på vinterføre.

Det skal søkjast etter løysingar for turisthyttene som etter ei samla vurdering medfører minst belastning på natur og miljø.

Drift og utvikling av kvar turisthytte bør følgje ein plan som dokumenterer behov for transport og evt. bygningstiltak.

**Oppfølgjande tiltak for drift av turisthytter**

Det bør etablerast eit samarbeid mellom forvaltningsstyresmaktene, turisthyttene og aktuelle offentlege styresmakter for å oppnå ei sams forståing og praksis m.o.t. tolking og oppfølging av lover og regelverk som set krav til utbygging og drift av turisthyttene.

Det bør etablerast eit forum for turisthyttedrift for å utvikle ei berekraftig turisthyttedrift, mellom anna ved samordning av transport. Ansvar for etablering og drift av forumet bør liggje hos turistbedriftene.

## 5.4 Villreinjakt

Villreinen er nærmare omtala i kap.4.6 om dyrelivet. I mangel av store rovdyr er villreinjakta ein føresetnad for å halde villreinstamma i balanse med beitegrunnlaget. Reinen er ein sentral verneverdi på Vidda og vert forvalta av villreinstyresmaktene og rettshavarane. Det er difor naudsynt med eit nært samarbeid mellom vernestyresmaktene, villreinstyresmaktene og rettshavarane om å oppnå felles mål.

**Verdien av villreinen**
Villreinen som verneverdig dyreart er omtala i kap.2.3 og 4.6. Villreinen danna grunnlaget for den første busettinga etter istida og var sentral for utviklinga av den nordiske jegerkulturen som har halde seg til våre dagar i fjellbygdene. Villreinen står difor i ei særstilling når det gjeld tradisjon og kultur i fjellbygdene enno i dag. Rekreasjonsverdi av villreinen er knytt både til oppleving av villreinen og til reinen som jaktobjekt. Villreinen utgjer også ein monaleg økonomisk verdi. Villreinkjøt har ein førstehandsverdi på om lag 75 kr per kg (slaktevekt). Som døme vil eit uttak på 2.000 dyr på Hardangervidda svare til omlag 60 tonn kjøt, med ein førstehands salsverdi på omlag 4,5 mill. kr. Salsverdien av jaktkort kan representere endå større verdiar. I tillegg kjem andre ringverknader av villreinjakta, som utleige av husvære, transport, handel m.m.



**Reinsjakt har alltid vore viktig for folk rundt vidda, som matauk og naturoppleving Foto: Svein Djønne**

**Rammer for villreinforvaltninga**
Viltlova er sentral i forvaltninga av villreinen, og fastset m.a. forvaltningsorgana og deira oppgåver. Viltlova gjev jaktrettshavarane rett til utnytting av villreinen innafor visse rammer, men og plikt til å forvalte reinen på ein berekraftig måte i tråd med overordna målsettingar. På Vidda er det grunneigarane og fjellstyra som er jaktrettshavarane. Villreinstamma på Hardangervidda vert forvalta i samsvar med ein godkjend bestandsplan

i tillegg til lovverket. Forskriftene for verneområda er viktige for villreinforvaltninga når det gjeld regulering av aktivitet og ferdsle i leveområda, og ved tildeling av løyve for motortransport og husvære under jakta.

**Villreinforvaltninga**

Etter som dei store rovdyra er så godt som borte frå Hardangervidda, er villreinjakta heilt avgjerande for å kunne halde storleiken av villreinstamma under kontroll, slik at talet på dyr er tilpassa beitetilgangen. Villreinjegeren er den utøvande forvaltaren i felt, og har slik sett ei svært viktig økologisk rolle i høve til reinen. På denne måten står villreinjakta i ei særstilling blant brukarinteressene på Hardangervidda.

Hardangervidda villreinutval er rettshavarane sitt organ for forvaltninga av villreinen og er samansett av representantar frå grunneigarane og fjellstyra. Utvalet har ansvaret for drift av villreinområdet, og det skal søke å oppnå optimal drift og avkastning av villreinstamma på kort og lang sikt, og å vere eit samarbeids- og kontaktorgan i høve til viltstyresmaktene. Utvalet utarbeider 5-årig driftsplan og gjer framlegg om årleg fellingskvote.

I den offentlege viltforvaltninga er det fire ulike organ som forvaltar villreinen:

- Miljøverndepartementet er øvste viltstyresmakt og gjev overordna rammer og føringar for viltforvaltninga
- Direktoratet for naturforvaltning er fagleg ansvarleg for viltlova og for villreinforvaltninga i Noreg.
- Fylkesmannen er regional viltstyresmakt og ser til at overordna viltpolitikk vert følgd opp. Fylkesmannen i Buskerud koordinerer villreinforvaltninga på vegne av dei tre fylkesmennene rundt Vidda.
- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet er eit statleg særorgan oppretta i medhald av viltlova og skal sikre forvaltninga av villreinen i sitt område. Nemnda vedtek årlege fellingskvoter, godkjenner bestandsplanar og er høyringsorgan i saker som vedkjem villreinen og villrein sine leveområde.

Med heimel i hjorteviltforskrifta § 14a skal det lagast ein bestandsplan for villrein. Villreinnemnda skal stimulere og legge til rette for at jaktrettshavarane utarbeider ein heilskapleg bestandsplan for kvart villreinområde. Villreinnemnda kan godkjenne en fleirårig, maksimalt 5-årig, bestandsplan for villreinområdet. Bestandsplanen skal for heile planperioden innehalde målsettingar for bestandsstorleik og -utvikling, årleg avskytingsplan fordelt på alder og kjønn, oversikt over kva for bestandsdata som skal samlast inn og kva for tiltak som er planlagt gjennomført.

Som lokal styresmakt for arealplanlegging er kommunen ein viktig aktør i villreinforvaltninga. Gjennom fylkes(del)planar legg fylkeskommunane overordna rammer for arealbruk i villreinen sine leveområde.

Hardangervidda er med i ei nasjonal overvaking av tilstand og utvikling av bestandar av hjortevilt. Norsk institutt for naturforsking (NINA) utfører arbeidet for DN. NINA utførar årlege kalveteljingar og strukturteljingar på Vidda om det ligg til rette for det. Teljingar vert også gjort på eige initiativ av Hardangervidda Villreinutval.

Hardangervidda villreinutval har laga driftsplan for perioden 2004-2009 (Hardangervidda villreinutval 2004) og som også Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, Fylkesmennene og Direktoratet for naturforvaltning legg til grunn for forvaltninga av villreinstamma. Andre viktige planar for forvaltning av villreinen sine leveområde er fylkesdelplan for Hardangervidda Aust (Buskerud & Telemark fylkeskommunar 1998) og felles fjellbruksplan for Nordfjella (Hol kommune m.fl. 1998). Arbeidet med ny fylkesdelplan for heile Hardangervidda starta opp hausten 2007.

Villreinutvalet reknar med at vinterstamma før kalving 2010 er om lag 9.000 dyr. Målsetting i driftsplanen er ei vinterstamme på opp mot 11.000 dyr. Utviklinga i kondisjon, slakte- og kalvevekter har vore positiv for viddareinen dei siste åra. Kondisjon og slaktevekter er likevel låge samanlikna med andre villreinområde i Noreg. Samansetjing med omsyn på kjønn og alder er viktig i forvaltninga. Det er ei målsetjing at simler skal utgjere ca. 40 % av bestanden når målet er nådd.

**Transport i samband med villreinjakta**

Hardangervidda villreinområde er på vel 8.000 km$^2$. I løpet av jakta skal det fraktast ut omlag 50-100 tonn reinskjøtt, og eit stort tal jegerar med naudsynt utstyr skal kome seg inn i og ut av jaktområda. Både

tilgjengeleg tid og fysiske føresetnader set grenser for jegerane under jakta. Det er ikkje praktisk mogleg å nå haustingsmålet utan bruk av motoriserte transportmiddel. Effektive, samordna og dekkjande transportløysingar er ein føresetnad for å nå forvaltningsmålet i eit villreinområde med så store avstandar.

Både naturgjeve tilhøve og tradisjonar tilseier ulike måtar å dekkje transportbehovet på rundt Vidda. I Telemark vert transporten i hovudsak løyst ved bruk av motorbåt og fly. I Tinn er det tilgjenge til delar av jaktområda frå bilveg. I Hordaland tilseier stor høgdeforskjell frå fjord til Vidde bruk av fly og dels helikopter, men i Eidfjord og delar av Ullensvang har traktor vore viktig under jakta. Eidfjord har tilgang til delar av jaktområda frå bilveg (Tinnhølvegen). I Buskerud er det i hovudsak traktor og terrengbil som er nytta.

Også tilgang på husvære er ein føresetnad for å nå måla for avskyting. Dekning av husvære er gjennom lang tid tilpassa behova under jakta. Når arealbruken til reinen vert endra under jakta og tal jegerar aukar, både totalt og i delområde som følgje av samjaktavtaler, kan det verte misforhold mellom tilgang på husvære og behov.

**Mål og utfordringar**

Forvaltningsplanen for verneområda på Hardangervidda fastset ikkje eigne mål for forvaltning av villrein. Det vert vist til driftsplanen for Hardangervidda villreinutval sine generelle overordna bestandsmål:

a) *sikre en livskraftig villreinstamme som produserer et vedvarende høstbart overskudd*
b) *bevare de unike egenskaper villreinområdet/bestanden har som følge av dens størrelse*
c) *bevare og utvikle villreinen som ressurs for rettighetshaverne og bygdene rundt Vidda.*

Det er også ei målsetting for forvaltning av verneområda å sikre villreinen sine leveområde. Dette vil også følgjast opp gjennom Fylkesdelplan for Hardangervidda, som også vil omfatte villreinen sin arealbruk i randområda utanfor verneområda.

Ved forvaltning etter verneforskriftene er det ei målsetjing å leggje til rette for at rettshavarane kan nå sine forvaltningsmål for villreinstamma på Hardangervidda, ved at det skal gjevast naudsynte løyve til motortransport og husvære slik at haustinga kan gjennomførast.

Utfordringar for å nå måla i driftsplanen for villreinen er:

- Å oppretthalde eit forvaltningsapparat som er i stand til å nå måla som er sett opp
- Å ha eit samordna og effektivt oppsyn for villreinjakta som gjennom rettleiing, informasjon og kontroll kan sikre ein god jaktutøving og bidra til ein høg fellingsprosent
- Å utvikle eit godt samarbeid mellom grunneigarane
- Å oppnå ei effektiv gjennomføring av jakta, med eit dyktig jegerapparat. Det er ei utfordring å rekruttere og å lære opp villreinjegerar som kan drive ei berekraftig jakt i framtida og å syte for at jegerane brukar nok tid i fjellet for å kunne jakta effektivt
- Å oppnå samordna og effektive transportløysingar, som innafor rammene av verneformålet og målet om å halde motorferdsla på eit lågast mogleg nivå, opnar for å nå måla om avskyting
- Å ha tilgang på husvære som legg til rette for at jegerane kan nå haustingsmåla, og å nytte eksisterande bygningsmasse effektivt.

**Generelle retningsliner for villreinjakt**

Ved vurdering av løyve for motortransport og husvære for villreinjakta skal ein gje moglegheit for å nå mål om stammestorleik gjennom jaktuttak. Dette føreset at villreinjakta er lagt opp på ein måte som fullt ut utnyttar også andre tilgjengelege verkemiddel og tiltak for å nå haustingsmåla. Forvaltningsstyresmaktene må stimulere villreinforvaltninga til framleis å utvikle eit heilskapleg og effektivt samarbeid om jakta.

Løyve for transport under villreinjakta bør handsamast samla for kvar driftseining (eigedom og statsallmenning) eller for anna, større jaktområde under eit. Rettshavar (grunneigarar og fjellstyre) er ansvarleg for utarbeiding av samordna plan for transport. Løyve for motortransport bør som regel gjevast til jaktrettshavar, som i sin tur kan fordele løyve til sine jegerar. Ein må likevel taka høgde for at tilhøva og tradisjonane er ulike rundt vidda, og kunne handsame søknader beinveges frå den einskilde jeger eller

flyselskap. Transportplan må ta høgde for variable forhold under jakta, t.d. tidspunkt for uttransport av kjøtt og stad for felling. Tilsynsutvala skal gjere ei årleg evaluering av transportopplegg etter avslutta villreinjakt, i samråd med jaktrettshavarar.

Ved handsaming av søknad om byggetiltak som vil auke kapasitet for villreinjakta, skal det leggjast vekt på om kapasitet på eksisterande husvære er nytta på ein effektiv måte. Tilgang på jakthusvære bør vurderast samla for større, naturlege jaktområde. Bruk av samjakt skal ikkje vere grunnlag for auka kapasitet for jakta.

Når det er formålstenleg bør ein bruke nasjonalparkforskrifta for å regulere ferdsle som hindrar villreintrekk under jakta. Ei slik regulering kan fremje ei betre jaktutøving.

Når det er behov for ekstraordinære tiltak for å halde kontroll med villreinstamma, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak for bruk av motortransport.

Telting i samband med villreinjakt er regulert i eige forskrift med heimel i friluftsloven. Det er særskilte godkjende teltplassar på statsallmenning i Hordaland. I Buskerud er teltforbodssoner langs slepa til Vegarhovda på statsallmenning. Sjå kartoversikt i vedlegg 5 og sjølve forskrifta i vedlegg 9.

**Oppfølgjande tiltak for villreinjakt**

Motivere jaktrettshavarar for å utarbeide samordna transportplanar for villreinjakta. Evaluere jaktuttak i høve til tilgang på transport og jakthusvære.

Kontinuerleg vurdere stammestorleiken i høve til kunnskap om vinterbeite og tilvekst av lavbeite og i høve til målsetjingane i driftsplanen.

Betre kunnskapen om kor var villreinen er i høve til menneskeleg ferdsle og aktivitet.

### 5.5 Anna jakt og fiske.

Med sine mange og fiskerike vatn, elver og bekkar er Hardangervidda eit svært attraktivt område for fritidsfiske. Mange oppsøkjer Vidda med hovudformål å fiske, og mange fotturistar har fiskestong med på fjellturen. Det vert selt fiskekort i alle statsallmenningane, i mange private vatn på vestvidda og på private elvestrekningar også på austvidda. I statsallmenningane vert det i mange vatn drive eit tidvis omfattande garnfiske av bygdefolk, med tradisjonar langt attende i tid og med både naturoppleving, matauke og også omsetning som formål.

Fjellstyra forvaltar jakt og fiske på statsallmenningane etter fjellova, som gjev innanbygdsbuande førerett til på villreinjakt og garnfiske. Tilgang på desse allmenningsrettane er eit av goda ved busetjing i kommunane kring Vidda.

Over store delar av Hardangervidda er det gode høve for småviltjakt, i første rekkje på rype. Utleige av rypejakt med husvære utgjer ein viktig inntekt for mange grunneigarar og fjellstyre. Småviltjakt er ikkje godkjent som eige transportformål, og transport for slikt føremål må samordnast med anna transportbehov. Store område er i praksis utilgjengeleg for småviltjakt på grunn av svært vanskeleg tilgjenge.

Jakt på privat grunn vert drive både av grunneigar sjølv og av leigejegerar. Det meste av småviltjakta på privat grunn vert leigd ut. Utleige av jakt på privat grunn aukar ålmenta sin tilgang på jakt, sjølv om prisnivået jamt over ligg høgare enn på statsgrunn. Det finst i dag ikkje statistikk for småviltjakt på Vidda utover det kvart fjellstyre har samla inn.

Fjellstyrehyttene er viktige for utøving av jakt og fiske på statsgrunn, sjølv om ein del av aktiviteten og vert drive med telt. Eigedomen Berunuten Vest nord for Songavatn er eigd av Vinje kommune og fungerer i praksis som ein allmenning for dei som bur i Vinje.

## 5.6 Reiseliv – turisme i verneområda og i randområda.

### Innleiing

Reiseliv og turisme utgjer ein svært viktig del av næringsgrunnlaget i dei fleste lokalsamfunna rundt Hardangervidda. Samstundes som tradisjonelt landbruk har gått attende og rammevilkåra for industri i distrikta har vorte vanskelegare, har reiseliv, hyttenæringar og ulike tilleggsnæringar til landbruket vakse fram som viktige satsingsområde i dei fleste bygdene.

Også for den nasjonale økonomien er reiseliv viktig, og ei rekke viktige reisemål som er viktige for Noreg som turistland ligg rundt Hardangervidda. Både innanlands og internasjonalt vert oppleving av natur og kultur marknadsført som ein del av merkevara Noreg, og fjordane og fjellområda er blant dei nasjonale satsingsområda. Områda på og rundt verneområda på Hardangervidda har mange kvalitetar som er etterspurde frå turistar, og Innovasjon Noreg har m.a. eit arenaprosjekt pågåande for å utvikle sommarturisme på utvalde reisemål rundt austre delar av Vidda.

Alle tyngre turistanlegg ligg i utkanten av Hardangervidda, og vidda er i hovudsak nytta som utfartsområde for kortare dagsturar av ulik karakter.

Reiseliv og turisme er i forvaltningsplanen omtala som dei økonomiske sidene ved turverksemd, også medrekna friluftsliv, naturoppleving, jakt og fiske.

### Turisme i verneområda

Drift av alle turisthytter og organisert turverksemd i regi av turistforeiningane utgjer ein del av turismen i verneområda. Sjølv om ikkje økonomisk lønsemd er drivkrafta for turistforeiningane, er økonomi eit viktig rammevilkår som må vere på plass. Dei private turisthyttene og fjellstovene som ligg langs riksveg 7 har i større grad økonomi som motiv for drifta.

Organisera turar innover vidda med hestar, hundespann og liknande og som vert tilbydd mot betaling er ein viktig del av turismen i verneområda. Også utleige av jakt og fiske med husvære er turisme som føregår i verneområda. All turisme i verneområda har sitt utspring i randområda, og tilrettelegginga her har avgjerande verknad på kva type og omfang turismen har innafor verneområda. For mange turistar er det eit mål i seg sjølv å ha vore innafor grensene til ein nasjonalpark. Denne type turisme har truleg eit potensiale for lokal verdiskaping utan at det går ut over rammene for vernet og omsynet til verneverdiane.

Området Husedalen – Nykkjesøy er med i prosjekt målstyrt forvaltning. Her vert det lagt opp til at lokale aktørar kan skape småskala reiselivsprodukt innanfor nasjonalparken og at det samtidig vert ei oppfølging som sikrar at tiltak skjer i samsvar med verneføremål og ikkje skaper uheldige, negative effektar for vernet. Det er plassert ut ferdselsteljar ved innfallsporten og det er laga eit opplegg for måling av slitasje i samarbeid med Norsk Institutt for Naturforsking. Slitasjedelen vil vere utprøving av metodikk samstundes som ein kan registrere terrengslitasje nøyaktig. Desse målingane må gå over mange år for å ha verdi. Ei spørjeundersøking (i felt) sommaren 2009 gav mellom anna følgjande interessante funn:
Av dei over 300 som vart intervjua var 20 % nordmenn og resten utlendingar og majoriteten av utlendingane kjem frå Nederland og Tyskland. Det som primært trekker turistar til Husedalen er den storslåtte naturen med fossefall, kontrastar og variert landskap. Det at område var nasjonalpark var ikkje avgjerande for besøket.

### Turisme i randområda

Reisemåla rundt Hardangervidda har eit svært høgt tal kommersielle senger for utleige. Tilgjenget frå desse reisemåla og enkeltbedriftene er viktig for ferdsla innover vidda og mot verneområda. Det går bilvegar inn mot verneområda frå alle kantar av Vidda, i tillegg til faste båtruter på Møsvatn og Mår i sør og på Halnefjorden i landskapsvernområdet i nord. Båtrutene er viktige "tilbringartenester" og gjer Vidda meir tilgjengeleg, samstundes som dei er ei oppleving i seg sjølv.

Det er ei politisk målsetting at fleire skal få oppleve fjellområda og verneområda, samstundes som verneområda skal utgjere eit grunnlag for verdiskaping og sysselsetting i lokalsamfunna. Samstundes er det eit stadig sterkare ønske frå reiselivsnæringa om å nytte Hardangervidda som eit trekkplaster i reiselivet.

Arbeid med ny regional plan for heile Hardangervidda starta opp i 2007 og skal etter planen vere ferdig ved årsskiftet 2010/2011. Denne skal avløyse fylkesdelplan for Hardangervidda Aust frå 1998. Eit hovudføremål er å sikre villreinen sin arealbruk på Hardangervidda som nasjonalt villreinområde samt moglegheit for trekk til andre, tilgrensande nasjonale villreinområde.

Innhald i ny fylkesdelplan kan mellom anna medføre konsekvensar for verneområda i form av ønske om opprusting av innfallsportar til verneområda og nye merka stiar eller skiløyper, og bør vurderast i samanheng med områda innafor verneområda.

## 5.7 Regulering av ferdsle.

**Behov for regulering av ferdsle.**
Ulemper med ferdsle kan vere slitasje på terrenget og planteliv dersom ferdsle overstig det som underlaget tåler. Einskilde vegetasjonstypar og underlag er meir vare for slitasje enn andre. Vidare kan ferdsle føre til uroing på sårbart dyreliv. Særleg er villreinen utsett på vinterbeite og i kalvingsperioden, medan både rovfugl og våtmarksfugl er sårbare i hekketida. Det er tidvis eit problem med lause hundar, særleg er det skadeleg i yngle- og hekketida. Det er vidare døme på at ferdsle har skada kulturminne og førekomstar av sjeldne mineral. Til sist fører diverre ferdsle til forsøpling av enkelte stader. Leirområde for sportsfiskarar ser ut til å vere særleg utsett for forsøpling.

Verneforskriftene for både nasjonalparken og landskapsvernområda gjev moglegheit for å regulere uheldig ferdsle gjennom å leggje ned eller leggje om merka stiar og stikka skiløyper, eller ved å innføre forbod mot all ferdsle i heile eller delar av året i avgrensa delar av nasjonalparken.

Det er behov for å overvake friluftsliv og ferdsle i verneområda for å dokumentere omfang av bruk, utviklingstrekk og registrere eventuelle skader som ferdsla fører med. Slik dokumentasjon vil vere grunnlag for å setje inn aktuelle tiltak.

**Moglegheiter for å styre og regulere ferdsle i verneområda.**
Verneforskriftene gjev fleire moglegheiter for å styre og kanalisere ferdsle i verneområda når det er naudsynt av omsyn til verneverdiar, beitedyr eller andre brukargrupper. Utgangspunktet for all ferdsleregulering er at ferdsla medfører skade eller at det er rimeleg grunn til å tru at ferdsla kan vere til skade (føre var-prinsippet).

I alle verneområda vert det stilt krav om løyve til merking og kvisting av nye ski og turistløype og til bygging av nye bruer og klopper. Forvaltningsstyresmakta har også heimel til å leggje ned eller leggje om opparbeidde stiar og løyper dersom det er naudsynt av omsyn til verneverdiar. Forvaltningsplanen må avklare kva for organisert ferdsle som krev løyve. Også militær øvingsaktivitet krev løyve.

I nasjonalparken gjeld det eit generelt krav til omsynsfull og varsam oppførsel for å ikkje skade verneverdiar, beitedyr eller andre. Innanfor avgrensa område kan Direktoratet for naturforvaltning i tillegg forby all slags ferdsle heile eller delar av året når det er naudsynt av omsyn til verneverdiar. Det er ikkje tillate med oppkjørte skiløyper inne i nasjonalparken.

Ved sida av verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda legg også anna lovverk opp rammer for friluftslivet på Hardangervidda, både i og utanfor verneområda. Dei viktigaste lovene er den nye naturmangfaldlova, friluftslova, fjellova, viltlova og innlandsfiskelova, motorferdslelova og plan- og bygningslova særleg for randområda. I mange tilfelle vil det vere riktig å nytte anna lovverk for å løyse utfordringar som ikkje verneforskriftene gjev heimel til, då i samarbeid med andre instansar og styresmakter.

Nedanfor er det gitt retningsliner for regulering av ferdsle, og omtale av kva organisert ferdsle som krev løyve etter verneforskriftene.

**Mål og utfordringar**
Eit sentralt mål for forvaltninga av Hardangervidda er å sikre at naturvenleg friluftsliv og naturoppleving skal skje innafor rammene av verneformålet.

Aktuelle utfordringar er:
**Å TILPASSE NETTET AV MERKA STIAR OG STIKKA LØYPER OVER TID**

- å opne for nye friluftsformer og tilpasse dei til verneverdiar og andre brukargrupper
- å unngå uheldige verknader av ferdsla
- å nå ut med naudsynt informasjon til aktuelle brukarar
- å oppnå ei god oversikt over ulike ferdsleformer, utvikling og effektar av ferdsla, for å kunne setje inn aktuelle tiltak for å redusere ulempene
- å informere om positive verknadene av naturvenleg friluftsliv og naturoppleving


**DNT-sti ved Hårteigen Foto: Jan Rabben**

**Retningsliner for regulering av ferdsle.**

Generelt om merking og stikking av stiar og løyper.
All tilrettelegging for friluftsliv i fjellet, som merking og stikking av stiar og skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med DN's handbok "Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv" (DN 1993) og "Merkehåndboka" (DNT m.fl. 2002). Eksisterande stiar og løyper kan merkast utan særskilt løyve, jf. pkt. 4.1.2c (alle forskriftene). På side 13 går merka sommarruter fram av kartet. I vedlegg 5 er det oversikt over eksisterande (godkjende) kvista løyper (vinter). Ved kvisting av skiløyper skal det nyttast kvist av lokale treslag. Kvist skal samlast inn etter avslutta skisesong der forvaltningstyresmakta ser det naudsynt ut frå verneinteresser. Motortransport ved stikking av skiløyper krev løyve etter verneforskrifta pkt. 4.6.3.3b (nasjonalparken).

Generelt om regulering av ferdsle
Regulering av ferdsle skal vurderast når ferdsla er eller kan vere til skade for verneverdiar. Det skal ikkje nyttast strengare form for regulering enn det som er naudsynt for å oppnå formålet med reguleringa. For ferdsle, opphald og telting for ålmenta gjeld som utgangspunkt reglane i friluftslova.

4.1.3g. Løyve til naudsynt merking og kvisting av nye ski og turistløyper.
Over tid kan det oppstå behov for justeringar i nettet. Det skal ikkje opnast for ei vidare utvikling av sti- og løypenettet på sentrale delar av Vidda i nasjonalparken. Turisttrafikken skal då søkjast kanalisert til dei ytre delane av Vidda som tåler større ferdsle. Fordelar ved justeringar må vegast opp mot ulemper i høve til verneverdiar og andre interesser. Nye ski og turistløyper bør inngå som del av ein heilskapleg plan for friluftsliv på Hardangervidda, t.d. som interkommunal sti og løypeplan. Det kan opnast for å legge til rette for kortare dagsturar frå randområda og inn mot og inn i verneområda der det ikkje kjem i konflikt med viktige verneverdiar.

4.1.3h. Bygging av bruer og klopper.
For bygging av bruer og klopper som del av sti og løypenett gjeld dei same retningslinene som for løyve til merking og kvisting av nye ski og turistløyper.

4.2.1 Dyrelivet
Dyrelivet er freda mot unødig uroing av alle slag. Det kan vere at elles lovleg ferdsel kan vere til skade for viltet slik at aktiviteten vert ramma av dette punktet i forskrifta. Også uorganisert aktivitet som til dømes kiting/skisegl kan uroe dyrelivet unødig. Dette må vurderast i kvart tilfelle og utøvar må få høve til å rette seg etter pålegg frå oppsyn før eventuell oppfølging av saka som brot på dette punktet i verneforskrifta.

4.5.1a. Krav til omsynsfull og varsam oppførsel (nasjonalparken).
Det skal gjevast god informasjon til alle brukarar på aktuelle stader om særlege forhold som det bør takast omsyn til. Det bør vere eit generelt krav til varsam ferdsle i nærleiken av villrein for all ferdsle heile året, og særskilt vinter og i kalvingsperioden, samt overfor fugl og dyr i hekke- og yngletida. Dersom ein ser villrein på vinterføre og kalvingstida skal ein stanse og vente til villreinen har trekt unna, eventuelt gå ein omveg.

4.5.1b (nasjonalparken) og 4.2.3 (landskapsvernområda). Nedlegging eller omlegging av turistruter og -løyper.
Dersom ferdsle langs gjeldande stiar eller løyper medførar skade på verneverdiar skal det vurderast å leggje ned eller leggje om stiar eller løype for å avgrense skadeverknadene mest mogleg. Ved nedlegging eller omlegging skal ein søkje å unngå at sti- og løypenettet mistar sin funksjon i høve til brukarane. Berørte grupper skal gjevast høve til å uttale seg på førehand. Det skal vurderast om stikka skiløyper fører til at viktige vinterbeiteområde vert mindre bruka eller står i fare for å gå ut av bruk som følgje av ferdsle langs løypa og det skal vurderast om sti eller løype har ein positiv effekt ved å kanalisere ferdsle i høve til villrein.

4.5.1c. Forbod mot sykling utafor godkjente traktorsleper og Tinnhølvegen.
Det må da gjevast god informasjon til brukarar ved innfallsportar til nasjonalparken om kva som er godkjende sleper. Det er lov å trille sykkel utanfor godkjente traktorsleper og Tinnhølvegen.

4.5.1d (nasjonalparken) og 4.2.1 (landskapsvernområda). Løyve til organisert ferdsle
Forvaltningsstyresmakta kan stille krav om løyve for organisert ferdsle som kan skade verneverdiane, jf. forvaltningsplanen. Ved vurdering av søknad skal fare for skade på verneverdiar, beitedyr o.l. tilleggjast vesentleg omsyn. Det skal normalt leggjast strengare kriteria til grunn for nasjonalparken enn for landskapsvernområda ved vurdering av løyve, og retningsliner for dei ulike sonene skal leggjast til grunn.

Organisert ferdsle vert her definert slik: Ein aktivitet er organisert når aktiviteten vert kunngjort og det er ei eller anna form for påmelding.

For organisert ferdsle som etter Fylkesmannen si vurdering treng løyve, bør det fastsetjast nærmare stad for evt. telting og nærmare trasé for køyring med hundespann og ride- eller køyreturar med hest. Det skal setjast tilstrekkelege vilkår for evt. løyve, mellom anna om rapportering etter avslutta tur. For alle løyve bør det gå fram at dersom vilkåra for løyvet ikkje vert følgd, vert løyvet trekt tilbake. Organiserte opplegg som kan leggjast utanfor verneområda og som vil ha same utbytte, skal søkjast lagt til randområda dersom ikkje særskilde forhold talar mot det (som vinterbeite for villrein på austvidda). Det bør ikkje gjevast løyve for organisert aktivitet i vinterbeiteområda for villreinen når det er sannsynleg at det er villrein i området.

Kva som kan krevje handsaming etter søknad må vurderast konkret i den enkelte sak. Ei mindre gruppe kan påføre verneverdiar skade/ulempe ved aktivitet på feil plass til feil tid, medan ei større gruppe kan vere heilt uproblematisk ut frå tidspunkt og stad. Følgjande punkt definerer ei grense der forvaltningstyresmakta uansett ser det som rett at det må søkjast om særskilt løyve til organisert ferdsel til fots eller på ski:

- Organisert ferdsel som omfattar meir enn 50 personar pr. tur. Langs merka stiar og stikka løyper er grensa 100 personar pr. tur
- Organisert ferdsel som vert marknadsført (førehandsannonsert) som fast/regelmessig tilbod til same stad krev løyve. Det kan då setjast tak på tal personar pr. tur og total tal personar pr. år. Det skal setjast krav til rapportering for ferdsla.
- Treningsopplegg, øvingar, jaktprøver, arrangement og konkurransar må ha særskilt løyve.
- På turar som krev bruk av klatreutstyr må grupper på meir enn 10 personar søkje løyve. Dette av omsyn til hekkande rovfugl.
- All bruk av hest som overstig 10 hestar på ein tur eller samla tal hestar som overstig 30 hestar fordelt på fleire turar krev løyve.

- All bruk av hundespann som overstig 4 hundespann eller 20 hundar krev løyve.
- Alle organiserte kite/skiseglarrangement.

For faste/regelmessige fotturar, turar med hest og hundespann og klatreturar som krev løyve kan det stillast krav til rute når det samla omfanget kan skade verneverdiar. Det same kan også gjelde stad for plassering av lavvo eller liknande over lengre tid.

4.5.1e. Forbod mot all slags ferdsle i avgrensa delar av nasjonalparken heile året eller delar av året.
DN kan forby all slags ferdsle i avgrensa delar av nasjonalparken heile året eller delar av året når det reknast som naudsynt for å verne naturmiljøet, plante- og dyrelivet eller geologiske førekomstar. Slikt forbod kan gjerast i spesielle situasjonar. Til grunn for eit forbod må det føreliggje tilstrekkeleg dokumentasjon på omfang av problem og kva verknad eit ferdsleforbod vil ha. Berørte grupper skal gjevast høve til å uttale seg før eit vedtak.

Teltplassar under jakta
I Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenningar er det for villreinjegerar og hjelpemannskap berre tillate å telte på teltplassar fastsett i forskrift om telt- og leirslåing innan Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenningar, Hordaland (1991). I Buskerud er det for villreinjegerar og hjelpemannskap ikkje tillate å telte innafor fredningssonene langs slepene Byen – Kilelægret og Solheimstulen-Lågaros fastsett i same forskrift. Forskrifta er gitt med heimel i friluftslova. Denne forskrifta er revidert med nokre endringar for Hordaland sin del (revidert forskrift ligg til godkjenning i DN). Teltplassane og forbodssonene er vist på kart i vedlegg 4. Sjølve forskrifta finst som vedlegg 8.

**Oppfølgjande tiltak for regulering av ferdsle.**

Eit overvakingsprogram for verneområda må også omfatte all ferdsle i verneområda og kartleggje eventuelle skadeverknader som oppstår, som grunnlag for avbøtande tiltak.

### 5.8 Forsking og undervisning

Tilgang på tilnærma urørt natur er ein viktig føresetnad for å auke kunnskapen om dei grunnleggande prosessane i naturen. Forsking og undervisning er da også bruksformål som er nemnt i formålsparagrafen for nasjonalparken. Det har gjennom tidene vore utført mykje ulik forsking på Hardangervidda, særskilt når det gjeld naturgrunnlag og kulturhistorie, og Vidda er blant dei best undersøkte fjellområda i landet. Blant viktige forskingsprogram som omfatta Hardangervidda var det Internasjonale Biologiske Program (IBP) som starta rundt 1970, der Vidda var valt ut som særskilt område for forsking på høgfjellsøkologi og produksjonsundersøkingar. Eit anna sentralt forskingsprogram var Hardangervidda tverrvitenskapelige kulturforskningsprosjekt (HTK) ved Historisk Museum, Bergen. Programmet gjekk for seg i åra 1970-74.

Norsk institutt for naturforskning (NINA) deltek i eit overvakingsprogram for villreinstamma på Hardangervidda. Universitet for miljø og biovitenskap (UMB, tidlegare Noregs landbrukshøgskule NLH), har drive forsking på auren på Vidda. Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) har i gang eit prosjekt for å kartleggje berggrunnsgeologien, og dette programmet omfattar Hardangervidda. Program for terrestrisk naturovervaking (TOV) er eit landsomfattande program retta mot m.a. overvaking av effektar av langtransportert luftureiningar. Møsvatn Austfjell er eit av åtte feltområde for programmet, som DN er ansvarleg for. Finseområdet inngår i eit internasjonalt forskingsprogram på klimaendringar, International Tundra Experiment (ITEX).

Høgfjellsøkologisk forskingsstasjon på Finse vart oppført i 1970-71. Ei lang rekkje hovudfagsoppgåver og dr.scient- og dr. philos. avhandlingar har Finse som feltområde. I tillegg til ulike forskingsprosjekt skjer det også andre registreringar og undersøkingar, som ikkje oppfyller krava til forsking. Hardangervidda vert også nytta til hovudfagsoppgåver på universiteta og høgskulane, og til faglege utferder for ulike undervisningstrinn på skular, høgskular og universitet.

**Mål og utfordringar**
Verneområda på Hardangervidda kan nyttast til forsking og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, og så lenge det er i tråd med verneformålet.

Det er ei utfordring å unngå at forsking og undervisning skal skape auka press på verneområda og føre til at verneverdiane vert reduserte.

Det er og ei utfordring for forvaltningsstyresmaktene å oppnå eit konstruktivt samarbeid med forskings- og undervisningsinstitusjonane for å nytte deira fagkompetanse og oversikt til å fremje verneformålet. Det kan skje ved å utarbeide eit overvakingsprogram for verneverdiar og brukarinteresser i samarbeid med forskings- og undervisningsinstitusjonane, og gjennomføre delar av programmet som studentarbeid eller forskingsprosjekt.

Også i lys av dei nye føringane for forvaltning av verna område som kom etter riksrevisjonen sin kritikk av forvaltinga er det behov for eit tettare samarbeid med dei biologiske fag-/forskingsmiljøa. Alle verneområde skal på sikt lage bevaringsmål ut frå dei viktigaste verdiane som låg til grunn for vernet. For Hardangervidda vil enkeltartar og artsgrupper knytt til dei mange og rike vassdraga peike seg ut. Frå før er fjellreven sentral og ei reetablering på vidda må følgjast tett opp. Det spesielle høgfjellsøkosystemet innanfor eit så stort område som Hardangervidda må også få fokus.

**Generelle retningsliner for forsking og undervisning**

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskrifta, skal skje i regi av universitet, vitskapleg høgskule eller annan godkjent instans med forskingskompetanse. Forskingsprosjekt skal som hovudregel byggje på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltningsretta problem som vedkjem verneområda. Prosjektet må tilfredsstille vitskaplege krav til oppbygging og gjennomføring, og skal dokumenterast som vedlegg til søknader. Ved behov for motortransport for gjennomføring av opplegg for forsking, må ulempene ved transport vegast opp mot nytta av forskingsopplegget. Feltarbeidet kan samordnast med og i nokon grad utførast av naturoppsynet.

Søknad om transportløyve for forskingsformål må sendast tilsynsutvalet innan fastsett frist.

Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanaliserast dit. Opplegg som vert lagt til verneområda skal ta tilbørleg omsyn til verneformålet.

**Oppfølgjande tiltak for forsking og undervisning**

For å skaffe naudsynt kunnskap for forvaltning av områda bør det etablerast samarbeid med vitskaplege institusjonar om planlegging og gjennomføring av eit overvakingsprogram for verneverdiar og brukarinteresser, i samsvar med Direktoratet for naturforvaltning sin plan for områdeovervaking

## 5.9 Andre samfunnsinteresser

**Private hytter.**
Det ligg felt med private hytter fleire stader innafor verneområda. Det eine ligg ved Viveli i Eidfjord og vart lagt ut før vernet av Hardangervidda. Det har 13 hyttetomter rett innanfor vernegrensa ved elva Vivo. Av desse er berre ei tomt ubygd. Denne er godkjent for bygging og vil vere siste hytte i feltet. Byggesøknader knytt til dette hyttefeltet skal handsamast etter verneforskrifta av Fylkesmannen, men følgje retningslinjer knytt til utforming og storleik for fritidshus i LNF-område fastset i kommuneplan for Eidfjord kommune 2001-2012 (vedteken 12.12.2001 og 10.04.2002) . I kommuneplanen heiter det mellom anna at ei hytte kan vere maksimalt 60 $m^2$ (BYA) og eit uthus kan vere inntil 20 $m^2$ (BYA). Køyring med beltemotorsykkel på snødekt mark til desse hyttene krev ikkje særskilt løyve etter verneforskrifta. Dette gjeld berre når køyringa skjer inn frå Viveli i Eidfjord. Det vil gje om lag ein kilometer køyring innanfor nasjonalparken.
Det ligg sju hytter langs Tinnhølvegen i nasjonalparken i Eidfjord statsallmenning, og som nyttar Tinnhølvegen som tilkomst.

**Samferdsle**
Riksveg 7 går gjennom Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde. Vedlikehald av riksvegen og naudsynte anlegg kan skje utan løyve frå verneforskriftene. I Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde er det også fast båtrute over Halnefjorden. Båtrutene over Halnefjorden i nord og Møsvatn og Mår sør på Vidda fraktar fotturistar, jegerar og andre personar inn mot nasjonalparken. Båtrutene representerer i seg sjølve ikkje noko problem i høve til verneformåla, men fører til auka ferdsle inn mot verneområda.

Det er ønskjeleg at båtruta på Halnefjorden har rutetider som korresponderar med buss etter riksveg 7 over Hardangervidda for å lette reise med offentleg kommunikasjon og å unngå parkering av mange private bilar i landskapsvernområdet. Når det gjeld den effekt rv7 har på villreintrekk viser vi til omtale i kapitel 6.3.4 Soner med spesiell tilrettelegging og inngrep.

**El-forsyning og vassdragsregulering**
Verneområda vert i nokon grad rørt av kraftutbyggingar rundt heile Vidda. I Kinsovassdraget er det gamle reguleringar som ikkje lenger er i bruk, slik som ved Grøndalsvatn og Veivatn. Inntaksdammen som ligg i nasjonalparkgrensa er nettopp oppgradert. Håvardsvatn i Tysse-vassdraget er regulert og ligg delvis i nasjonalparken. Utløpet frå Nedre Poddevatn som ligg i nasjonalparken i Vinje er ført i tunnel over til Songavassdraget. Vasstanden i Halnefjorden i Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde er regulert og Heinelva har ei tidvis regulert vassføring gjennom nasjonalparken. Skarsvatn og Tøddølsvatn i aust er regulerte med mindre dammar.

Tinnhølen er regulert på 1950-talet med dam og med jordvoll mot aust. Dammen ligg så vidt innafor nasjonalparken. Ved Viersla vest i Nordmannslågen er utløpet frå Olavsdalen manipulert slik at vatnet renn til Lågen framfor til Veig slik det naturleg ville ha gjort. Utløpa i Bjornesfjorden og Langesjøen i Nore og Uvdal var senka på 1950-talet i samband med vassdragsregulering, men utløpa er seinare delvis restaurert. Det ligg føre fleire pålegg om utsetjing av fisk for å kompensere for skade ved vassdragsregulering, som og er stadfeste av Høgsterett. Utløpet frå Nedre Demmevatn ved Hardangerjøkulen er lagt i tunnel, og Rembedalsvatnet som ligg delvis i landskapsvernområdet i nord er regulert. Fleire av regulantane tek snømålingar i nedslagsfelta med jamne mellomrom, også i verneområda, for å oppnå ei optimal utnytting av vassmengdene.

Innafor verneområda er det særleg dei betente turisthyttene som krev større mengde energi. Dei fleste hyttene dekkjer energibehovet ved dieselaggregat. Dette fører med seg transport av store mengder diesel inn til hyttene samt lyd og lukt frå aggregata ved hyttene. Nokre av hyttene har arbeidt for alternative energiformer. Halne Fjellstova har eit mikrokraftverk innafor landskapsvernområdet i nord. Hein seter turisthytte har på spesielle vilkår fått løyve til å føre opp vindmølle som eit prøveprosjekt for perioden 2001-2006. Fylkesmannen i Buskerud gav i 2009 avslag på søknad om vidareføring av tiltaket. Avslaget er seinare stadfesta av DN. Krækkja turisthytte (DNT) har etter revidert søknad i 2009 fått løyve til å bygge mikrokraftverk i Krækkjastubben.

**Generelle retningsliner for el-forsyning og vassdragsregulering**

Motorferdsle ved snømålingar skal reduserast til eit minimum. Til grunn for handsaming av søknad skal det liggje føre plan som dokumenterer transportbehovet. Målingar skal så langt som råd leggjast utanom nasjonalparken.

Rutinemessig vedlikehald og tilsyn av reguleringar krev løyve. Det kan på nærmare fastsette vilkår gjevast førehandsløyve for bruk av motortransport ved uforutsette hendingar som kan innebere store samfunnsmessige ulemper.

**Oppfølgjande tiltak for el-forsyning og vassdragsregulering**

Vassdragsregulantane skal verte oppfordra til å lage rutinar for snømåling som gjer det overflødig med motortransport i nasjonalparken.

For dekking av energibehov til turisthyttene må det gjerast ei heilskapleg vurdering i høve til fornybare energikjelder, der ein søkjer å finne løysingar som ivaretek naudsynt behov for energi, vurdert opp mot ulemper ved energiforsyninga. Omlegging til driftsform som føreset mindre energi skal og vurderast, til dømes ved omlegging frå betent til sjølvbetent hytte, betre isolering og endra driftsform.

**Teletenester**

Telenor har ei nyoppført mast for mobilnettet på Halnekollen i Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og ei mast på Berakupen i nasjonalparken. Master for telenettet ligg høgt i terrenget og er i fjellet synleg over lange avstandar.

**Generelle retningsliner for teletenester**

Evt. løyve for oppføring av master for teletenester ol. må vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova. Ulike leverandørar av teletenester skal samarbeide om master o.l. for å redusere behov for inngrep i verneområda og fjerne installasjonane etter bruk. Nye master bør ikkje setjast opp anna enn som erstatning for gamle som vert rivne. Evt. kablar/ledningar skal i utgangspunktet leggjast i bakken. Vedlikehald og tilsyn av teleinstallasjonar krev løyve for motortransport.

**Redningsteneste**

Fleire redningskorps rundt Vidda har beredskap for redningsaksjonar innover mot verneområda. Lokale avdelingar av Røde Kors Hjelpekorps finst i Røldal, Odda, Tyssedal, Ulvik, Eidfjord, Finse, Geilo, Nore og Uvdal, Rjukan, Haukeli og Vinje. Det har årleg vore redningsaksjonar i verneområda, spesielt vinterstid. Det er den lokale lensmannen som er ansvarleg ved redningsaksjonar og som gjer bruk av dei lokale redningskorpsa. Direktoratet for naturforvaltning har i samarbeid med Justisdepartementet og redningsorganisasjonane utarbeidd retningsliner for bruk av motoriserte transportmiddel i samband med redningsteneste i nasjonalparkane (vedlegg 7).

På bakgrunn av erfaringar som er gjorde i andre verneområde bør dei lokale redningskorpsa nyttast ved stikking av skiløyper for å gjere seg kjente langs dei mest bruka traseane.

**Generelle retningsliner for redningsteneste**

I vedlegg 7 til forvaltningsplanen er retningsliner for bruk av snøscooter ved utøving av redningsteneste i verneområda skildra i brev frå DN til fylkesmennene.

Forbodet mot motorferdsle gjeld ikkje redningsaksjonar. Også naudsynt motorferdsle i samband med avsperring eller skilting av rasfarlege område og i samband med istilhøve eller isgang utanom det vanlege er

unnateke forbodet. Politi/lensmann er ansvarleg for å vurdere og avgjere behov og omfang for, og for å iverksetje slike tiltak. Slike tiltak skal meldast til forvaltningsstyresmakt og oppsyn (SNO).

På bakgrunn av plan for førebuande redningsteneste som er vurdert og godkjent av den ansvarlege politimeister, kan det gjevast fleirårige løyve for «kjentmannskøyring». Søknad vert sendt via politimeister, som skal gi sin vurdering av saken. All slik førebuande køyring som kan leggjast utanom nasjonalparken skal leggjast dit. Dersom tidspunkt for slik køyring ikkje er fastsett i løyvet, skal politimeister og forvaltningsstyresmakt ha melding før køyring finn stad. Enkeltståande øvingar som ikkje er nedfelt i slik plan, kan unntaksvis få løyve etter tilråding/godkjenning frå politimeister. Søknad om «kjentmannskøyring» skal vurderast i høve til verneverdiar, behovet for slik køyring og opplæringsbehovet.

På same vilkår som for førebuande redningsteneste kan det også gjevast løyve for førebyggjande redningsteneste, som t.d. rutineprega merking/varsling av rasfare, farlege isforhold o.l.

«Kjentmannskøyring» og førebyggjande redningsteneste skal om mogleg samordnast med oppsyn, transport til turisthyttene og kvisting av skiløyper. Slik aktivitet bør skje saman med oppsyn eller politi.

**Militær verksemd**

Militær operativ verksemd er unnateke forbodet mot motorferdsle i nasjonalparken, men militær øvingsaktivitet i alle tre verneområda krev løyve frå forvaltningsstyresmakta. Hardangervidda har i ei viss utstrekning vore bruka til vinterøvingar for forsvaret, dette gjeld særleg randområda. Innafor nasjonalparken har det årleg vore søkt om å leggje skimarsjar.

For vernestyresmaktene er det ei utfordring at befal og kontaktpersonar stadig skiftar, slik at det er vanskeleg å oppnå kontinuitet i kontakta med forsvaret.

**Generelle retningsliner for militær verksemd**

All militær øvingsverksemd skal reduserast til eit minimum i verneområda. Dette gjeld i særleg grad for nasjonalparken. Det kan gjevast løyve for skånsam øvingsverksemd når det er avgjerande for utbytet av øvinga at den vert lagt i verneområda. Det skal ikkje gjevast løyve for motortransport ved militær øvingsaktivitet i nasjonalparken. Det skal setjast naudsynte vilkår for å sikre omsyn til villrein og andre verneverdiar, og det skal om mogleg takast kontakt med oppsynet på førehand. Søknad om løyve for militær øvingsverksemd skal føreligge seinast 3 månader før øvinga skal starte.

**Politi**

Politiet skal utføre sine vanlege oppgåver også innafor verneområda. Forbod mot motorisert ferdsle i nasjonalparken gjeld ikkje for politioppgåver, unnateke øvingskøyring. Også politiet skal redusere sin bruk av motortransport i nasjonalparken gjennom samordning og ei streng vurdering av behovet. Politiet samordnar og koordinerer si verksemd i høve til SNO og Hardangervidda Fjelloppsyn as.

**Brannvern**

Forbod mot motorisert ferdsle i nasjonalparken gjeld ikkje for brannvernoppgåver, unnateke øvingskøyring. Brannvern i verneområda vil i all hovudsak måtte skje som førebyggjande brannvern. Kjøring ved oppgåver for brannvern bør samordnast med andre transportbehov.

**Generelle retningsliner**

Det skal ikkje gjevast løyve til øvingskøyring for brannvernformål.

### 5.10 Motortransport

Motorferdsle i nasjonalparken er regulert gjennom verneforskrifta i tillegg til lov om motorferdsle i utmark. For landskapsvernområda er det berre motorferdslelova som gjeld. Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken, men forvaltningsstyresmaktene kan gje løyve til naudsynt transport. Tilsynsutvala er forvaltningsstyresmakt for reglane om motorferdsel i nasjonalparken, også for løyve om motortransport etter § 48 i naturmangfaldlova (unntaksparagrafen).

Hardangervidda nasjonalpark er stor og dei godkjende brukarinteressene representerer samla eit stort ønske om transport i verneområdet. Tilgang på motorisert transport er nærmast ein føresetnad for å oppretthalde dei fleste godkjende brukarinteressene på Hardangervidda. Unnataket er friluftsliv og fortturisme der ferdsle til fots i urørt natur er sjølve motivet for turen. Det visast til omtalen av dei ulike brukarinteressene i føregåande avsnitt og til godkjende transportformål i verneforskrifta for nasjonalparken.

Utfordringa med å overvinne avstandane på Hardangervidda har alltid vore ein avgrensande faktor for utnytting av Vidda. Eigedoms- og rettstilhøve på Vidda er tilpassa transportforholda frå gamalt av og var sterkt medverkande for kva område som vart private og kva som vart statsgrunn. Bruk av motortransport inne på sjølve Vidda tok til på slutten av 1940- og utover 1950-talet. I byrjinga var det mest traktorar og beltebilar som var nytta, etter kvart også fly og seinare snøscooterar og helikopter. Etter kvart som hesten gjekk ut av bruk på gardane, tok traktoren over også når det gjaldt transport innover Vidda der det låg til rette for det. Dette gjaldt særleg på austvidda, i Eidfjord og i delar av Ullensvang i samband med garnfiske og villreinjakt. I Telemark opna dei store regulerte vatna innover Vidda for bruk av motorbåt. I Hordaland og i Vinje var fly eit naturleg val på grunn av topografi og høgdeforskjell mellom bygdene og Vidda.

I 1977 kom lov om motorferdsle. Ved førebuing av verneområda var motorisert ferdsle eit relativt lite påakta tema. Dei første verneforskriftene for nasjonalparken var forholdsvis lempelege med omsyn til motorisert ferdsle, og fleire transportformål skjedde utan løyve eller i medhald av kommunale vedtekter for motorferdsle. I nasjonalparken føregjekk barmarkskøyring på statsgrunn på eit slepenett som var godkjent av Statskog, og på privat grunn i hovudsak til fiskevatn. Terrengbilen kom inn for alvor på austvidda etter opprustinga av slepa Solheimstulen-Lågaros/Vegarhovd midt på 1980-talet.

Ved handsaming av St. meld. nr. 62 (1991-92) sa Stortinget seg uroleg for utviklinga i nasjonalparken, særskilt for utviklinga i den motoriserte transporten. Bruk av motoriserte transportmiddel skal generelt vurderast strengt i nasjonalparkar, men for Hardangervidda er det laga forskrifter som er tilpassa verneformålet for nasjonalparken og dei brukarinteresser som er nemnde i formålsparagrafen.

Statistikk for motorferdsel i nasjonalparken var viktig for seinare revideringar av verneforskriftene. Statistikken hadde store manglar, men synte ein sterk auke i tal innvilga turar frå 1982 til 1992, då talet gjekk ned. Statistikken viser igjen ei auke i motorferdsla frå 1998, då tal brukte turar blei registrert og ikkje talet turar som det var gjeve løyve for. Frå 1999 omfatta statistikken også motorferdsel som er direkte heimla i verneforskrifta.

Statistikk for ulike transportmiddel viser at omfang av transport på barmark har gått noko ned etter år 2000. Registrerte turar med snøscooter auka fram mot år 2001, medan bruken av fly og helikopter auka fram mot 2000. Statistikken viser at mengda av motortransport varierar med omfang av villreinjakta. I åra 2002-2004 var det svært lite jakt på villreinen og motortransporten gjekk og drastisk ned.

Ei oppsummering av statistikken tilseier at statistikken har blitt stadig betre med omsyn til faktisk omfang (tal turar) for motortransport i nasjonalparken. Statistikken seier også at omfanget av motorferdsle har stabilisert seg, og at det har skjedd ei liten reduksjon i barmarktransport medan transport med snøscooter og fly/helikopter ligg på eit jamt, høgt nivå. Omfang av motorferdsle varierer med storleik på fellingskvoter for villrein. Rutinane for handsaming av søknader om transportløyve har også vore betre, slik at det er betre oversikt på motorferdsla.




*Fig. 3 Tal brukte turar etter løyve, samt landing under villreinjakta, i nasjonalparken 1998 – 2009. Tala er utan oppsynet sine turar som ligg på om lag 100 for året samla for SNO og HF. I 2003 var det ikkje villreinjakt og dette visast i statistikken. Den markerte toppen for Telemark 2008 skuldast landingar i samband med Statkraft si oppgradering av inntaksdam Poddevatn som ligg like innanfor vernegrensa.*

**Ulemper med motortransport.**

NIBR-rapport 2006:15 ”Motorferdsel i utmark – omfang, erfaringer og effekter”; rapport 1 frå Motorferdsel og Samfunn- (MoSa-) prosjektet; samanfattar tilgjengeleg kunnskap frå inn- og utland om effektar av motorferdsle i utmark på vegetasjon, fauna og også på menneske. Direktoratet for naturforvaltning er oppdragsgjevar for prosjektet.

Rapporten omhandlar kunnskap om kva faktorar som gjev slitasje på vegetasjon og terreng, og kunnskap om avbøtande tiltak. Barmarktransport gjev større slitasje på vegetasjon og terreng enn transport på snødekt mark, medan det ikkje er tema for lufttransport. Rapporten oppsummerar også kunnskap om effektar som motorferdsle har på fauna, m.a. villrein og sårbare fugleartar. Lufttransport gjev større uroing på fauna enn motortransport på bakken. Tidspunkt og lokalisering i høve til sårbare lokalitetar er avgjerande for skadeverknad.

Rapporten viser også til fleire undersøkingar som dokumenterar til dels store regionale og kulturelle skilnader i haldningar til motorferdsle i utmark. For menneske er støy som følgjer av motortransport i utmark det største problemet. Rapporten viser også til at dei fleste undersøkingar som er utført har eit utgangspunkt som er knytt til problem som følgjer med motortransport. Det er i liten grad forska på nytte eller fordelar ved ulike typar av motortransport i utmark. Vedlegg 9 viser nytte og ulempe ved ulike transportmiddel sett opp skjematisk.

**Mål og utfordringar**

Målet er å dekke transportbehov for naudsynte og godkjente formål i nasjonalparken på ein måte som gjev minst mogleg skade og ulemper på verneverdiar og andre brukarar.

Det er ei utfordring særleg for tilsynsutvala å ta i bruk føreliggjande kunnskap om effektar av motortransport i utmark ved handsaming av søknader om løyve for motortransport.

Utfordringane er å oppnå eit fullgodt system for å vurdere kva som er naudsynt transport for godkjente formål og korleis motortransporten er til skade for verneverdiar og andre brukarar.

Dette føreset eit system der søkjarar dokumenterer sitt transportbehov etter oppsette, felles kriterium og forvaltningsstyresmaktene har felles retningsliner for å vurdere korleis naudsynte behov skal vurderast.

Statistikk for tal turar gjev ikkje svar på dei reelle ulempene som følgjer av motorferdsla. Det er ei utfordring å utarbeide eit breiare sett med kriteria for å vurdere faktiske ulemper som følgjer med motortransport i nasjonalparken.

**Retningsliner for motortransport (berre for nasjonalparken)**

I utgangspunktet er all motorisert ferdsle til lands og på vatn, samt landing med luftfarty og flyging under 300 m forbode i nasjonalparken. Forbodet gjeld likevel ikkje føremål nemnt i pkt. 4.6.2 i verneforskrifta.

All motorisert ferdsle i nasjonalparken skal rapporterast til dei respektive tilsynsutvala, dette gjeld også motorisert ferdsle som er unntatt forbodet mot motorferdsle som flybruk for uttransport av felt villrein ved godkjende flyvatn og oppsyn og politi sin motorferdsel. Rapportering skal skje utan oppmoding og så snart som mogleg, seinast ein månad etter at turen var avslutta.

<u>4.6. Generelt om motorferdsle.</u>
All motorisert ferdsle skal haldast på eit lågast mogleg nivå. Ved søknad om løyve for motortransport skal transportbehovet dokumenterast på ein god måte, og ved tildeling av løyve skal det gjerast ei streng og nøktern vurdering av behov for motortransport. Naudsynt transportbehov er å dekkje grunnleggjande behov for utstyr og brensle, transport av større mengder fangst o.l. og material for vedlikehald av husvære.

Verneforskrifta punkt 4.6 seier at tilsynsutvala skal sjå til all transport om mogleg vert samordna i ein transportplan utarbeidd for den enkelte kommune/fylke. Tilsynsutvala har krav om samordning ved transport på Solheimstulslepa under villreinjakta og i Hordaland er det organisert og samordna traktortransport under villreinjakta. Det er ei utfordring for tilsynsutvala å handsame den store mengda motorferdselssaker og samstundes sikre ei optimal samordning. Ei løysing kan vere krav om driftsplanar for transport innanfor større område slik at omfanget av motorferdsel vert styrt av ressursmengde som skal transporterast ut og utstyr inn. Dette må sjåast i ein samanheng for eit geografisk område for både vinter- og sommartransport.

Det skal gjerast bruk av transportmiddel med nyttekapasitet som er tilpassa mengde som skal transporterast og som gjev minst mogleg ulemper. Kriteria som skal leggjast til grunn for å vurdere ulemper ved motortransport er terrengslitasje og verknad på landskapet, støy, uro på dyreliv og andre brukarar, behov for tilrettelegging, energibruk og forureining og risiko. For vurdering av ulike transportmiddel si evne til å dekkje transportbehovet, skal ein leggje vekt på evne til å ta seg fram, lastekapasitet, tilgjenge, kostnad og kor sikker drifta er under ulike ver- og føreforhold. På grunn av m.a. skilnader i topografi og tilgang på transportmiddel, vil løysingane på transportbehovet variere rundt Vidda.

Ved tildeling av løyve for traktor skal det nyttast ordinær landbrukstraktor med lastekapasitet på minimum 1000 kg. Hjulbreidde må vere slik at hjula går i køyrespora på slepene for å unngå slitasje. Ein bør unngå traktorar som vil gi mykje slitasje på slepene. 4- og 6-hjuls motorsyklar, terrengbil og beltekøyretøy er ikkje rekna som traktor i reglane for nasjonalparken. Det skal setjast som vilkår i løyvet at traktor skal køyre med hengjar eller anna lasteutstyr, slik at lastekapasiteten ved kvar tur vert utnytta.

Det skal oppfordrast til å kanalisere motorferdsla i tid og rom for å redusere ulempene i høve til verneverdiar og andre brukarar. Motortransport bør om mogleg leggjast utanom dei tidsrom då det er flest turgåarar i nasjonalparken, og på ein slik måte at ein unngår å uroe villreinen på vinterbeite og under kalving.

Kapasiteten på kvar tur skal så langt som råd fyllast, dette gjeld både inn- og uttransport på same tur. Når søkjar som oppfyller vilkår for transport ikkje har samordna seg i høve til andre, kan tilsynsutvalet sende søknad tilbake med krav om samordning eller tilsynsutvalet kan på eige initiativ samordne transport i høve til andre når det ligg til rette for det.

Det skal setjast vilkår for motorferdsleløyve så langt det er formålstenleg for å sjå til at det er den godkjende transporten som skjer. Vilkår innarbeidast på standardskjema for tildeling av motorferdsleløyve. Det skal setjast vilkår om rapportering av utførd transport. Andre aktuelle vilkår er fastsetjing av trase for køyring, parkering eller endepunkt, minimum transportmengde for kvar tur, kontakt med oppsyn på førehand, tilbakemelding og inndraging av løyve ved misleghald eller ved endra rammevilkår. For at politi og oppsyn skal kunne kontrollere løyve for tal turar, skal det setjast vilkår om at førar kvitterer på motorferdsleløyvet før start av tur og retur og at grunnlaget for kvar tur er oppfylt. Løyve for ein tur gjeld fram til sluttstad for transporten. Det er ikkje tillate å kjøre fleire turar innafor i nasjonalparken på løyve for ein tur.

Innafor den perioden tilsynsutvalet er oppnemnt for, kan utvalet gje fleirårige (ope) løyve for transport når behovet er det same frå år til år. Tilsynsutvalet kan lage nærmare reglar for tildeling av løyve for motorferdsle ved forenkla saksgang, t.d. ved at leiar eller sekretær kan gje løyve etter oppsette kriterium.

Det bør ikkje gjevast løyve for bruk av beltekjøretøy seinare enn 1. helg etter 1. mai.

All motorisert transport i nasjonalparken skal rapporterast til tilsynsutvala. Dette gjeld både motorferdsel som krev løyve og motorferdsel som er direkte heimla i verneforskrifta. Det skal rapporterast for: tal gjeve turar - tal faktisk nytta turar – føremål for dei ulike turane – transportmiddel for ulike turar - dato for turar – rute og om mogleg også transportlengd. Flyselskapa skal rapportere all flyging seinast 10 dagar etter at jakta er slutt. Ved manglande rapportering kan tilsynsutvalet nekte søkjarar løyve ved neste søknad, eller fleirårig løyve kan verte inndrage.

Transport for formål som det ikkje er heimel til i verneforskrifta, som småviltjakt, garnfiske under 50 garndøgn og tilsyn av private hytter, må samordnast med andre godkjente transportformål. Slik samordna transport må ikkje føre til auke i samla tal turar.

All motorferdsel i utmark skal også handsamast korrekt i høve til reglane i Lov om motorferdsel i utmark.

<u>4.6 Ved bruk av fly eller helikopter skal all transport utførast av personar eller selskap med luftfart som registrert næring.</u>
Luftfart som næring vil seie at lufttransporten vert utførd av eit registrert selskap som har denne type transport som si næring. Forvaltninga kan ikkje gi landingsløyve til enkeltpersonar som eig eit småfly som ikkje er drive som selskap i transportnæring. På same måte kan heller ikkje uttransport av felt villrein skje med private fly, berre gjennom registrert næring som driv med slik transport.

<u>4.6.1. Formål som er unnateke forbodet mot motorferdsle i nasjonalparken.</u>
Med forvaltning vert det meint forvaltningsoppgåver etter verneforskrifta. Med oppsyn vert det sikta til Statens naturoppsyn, Hardangervidda Fjelloppsyn as og politiet si oppsynsverksemd.

<u>4.6.2b. Vatn over 2 km$^2$ er direkte heimla for bruk av båt med motor under 10 hk for særskilte formål:</u>
Vatn i verneområda på Hardangervidda som er større enn 2 km$^2$.
Buskerud: Storekrækkja, Halnefjorden, Skaupsjøen, Langesjøen, Bjornesfjorden, Geitsjøen, Skarvsvatnet, Skrykken, Eidsjøen og Hettefjorden.
Hordaland: Veivatnet, Nedste Omkjelsvatnet, Tinnhølen, Langavatnet, Nordmannslågen, Lakjen, Kvennsjøen, Øvste Bjødnavatn og Nedste Bjødnavatn.
Telemark: Hellevatn, Fjellsjåen, Briskevatn, Gjuvsjåen, Kallungsjåen, Viuvatnet, Vråsjøen og Langesjå.

4.6.2c. Bruk av fly til uttransport av felt villrein på vatn som er fastsett i forvaltningsplanen.
Følgjande vatn er godkjende for uttransport av felt villrein utan løyve:
Nordmannslågen ved Besso turisthytte, Vatnalidvatn, Veivatn, Bersavikvatn, Litlosvatn, Nedste Krokavatn, Øvste Krokavatn, Nedste Bjørnavatn, Øvste Bjørnavatn, Vasslivatn, Langavatn, Kvennsjø, Midtre Grøndalsvatn, Vetle og Store Valgardsvatn, Holmavatn, Hellevatn, Nedre Langevatn, Fjellsjåen, Sandvatn, Briskevatn, Vollevatn, Møruvatn, Dargesjå, Skarvatn, Kringlesjå, Urdvatn, Gjuvsjåen, Ugletjønn, Store Meinsvatn, Kallungsjå, Gunnleiksbuvatn, Viuvatn, Sletteidvatn, Langesjøen, Geitvatn og Hettefjorden. Store Urdevatnet, Bismarvatnet, Dimmedalsvatn. Desse landingsvatna er vist i vedlegg 4.

Etter motorferdslelova § 5 er det opp til kommunane å fastsetje forskrift for kva for vatn som kan nyttast til landingsvatn. Kommunane må vedta slik forskrift for godkjente landingsvatn etter verneforskrifta for å unngå handsaming av enkeltsøknader etter reglane i Lov om motorferdsel i utmark.

Tilsynsutvala kan etter søknad godkjenne landing også på andre vatn etter pkt. 4.6.3.1a når dette er klarert i høve til anna regelverk. Tilsynsutvala kan også godkjenne uttransport med helikopter etter pkt. 4.6.3.1a. Alle saker må vere avklara i høve regelverket i Lov om motorferdsel i utmark.

4.6.3.1. Motortransport for storviltjakt.
Det er heimel for å gje løyve til naudsynt motortransport for storvilt, dvs jakt på villrein, elg og hjort. Transport for villreinjakta har prioritet for å forvalte villreinstamma, jf driftsplan for villreinområdet. Gode og samordna jaktopplegg med effektive transportløysingar skal prioriterast. Transportløyve kan gjevast i høve til utarbeidd plan for motortransport under jakta. Tilsynsutvalet vurderer om løyve skal delast ut til jaktrettshavar eller brukar. Det skal setjast vilkår om samordning av transport i løyve dersom det er mogleg. Det skal ikkje leggjast opp til villreinjakt som dagsturar, helgeturar og liknande jaktopplegg som krev mykje transport for lite effektiv jakttid. Transport av utstyr, brensle o.l. bør så langt som råd skje på vinterføre med beltekøyretøy, dersom det ikkje aukar tal turar totalt. For inntransport kan det gjevast løyve til landing med fly eller helikopter inntil tre dagar før jaktstart. Løyve til uttransport gjeld inntil 3 dagar etter at jakta er avslutta.

Retningslinene for motortransport ved villreinjakt gjeld og for jakt på elg og hjort så langt som det passar.

4.6.3.1a. Landing med fly eller helikopter.
Tilsynsutvalet kan gje direkte løyve til flyselskap for transport av jegerar med jaktkort. Dette grunna den elles store mengda enkeltsøknader med usikkert landingsmål og tidspunkt. For dette løyvet skal det setjast vilkår om samordning og rapportering av all transport og tilsynsutvalet skal sjå til at dette vert følgd opp. Rapportering må m.a. skilje på turar som gjeld uttransport av felt villrein på godkjende flyvatn (direkte heimla i forskrifta) og anna transport under villreinjakta.

Verneforskrifta pkt. 4.6.2c heimlar bruk av fly til uttransport av felt villrein frå nærmare definerte vatn utan at det vert stilt krav til løyve. Ulempene med fly og helikopter er relativt like, men helikopter har normalt tre-fire gongar så stor lastekapasitet som fly, og er mindre utsett for dårleg vær. Tilsynsutvala kan vurdere å gje ope løyve til flyselskap for uttransport av felt villrein med helikopter frå dei same vatna som er godkjente for bruk av fly utan løyve. Helikopter skal då lande maksimalt 100 m frå vatnet. Helikopter er meir fleksibelt enn sjøfly då det kan lande nær sagt kor som helst. Dette er ein fordel for den skal ha transport, men samstundes er kontroll av helikopter av same grunn vanskelegare enn sjøfly som berre kan lande på kjende/trygge stader. Tilsynsutvalet kan på fritt grunnlag ut frå ei vurdering av fordelar og ulemper med ulike transportmiddel velje å gi løyve til enten bruk av fly eller helikopter.

4.6.3.2. Motortransport ved garnfiske.
Det kan gjevast løyve for motortransport til garnfiske med eit omfang på minimum 50 garndøgn i statsallmenningar og på privat eigedom. Samordna transport mellom fleire brukarar og fleire transportformål bør prioriterast. Transport av utstyr, brensle o.l. bør så langt som råd skje på vinterføre med beltekøyretøy, dersom det ikkje aukar tal turar totalt.

4.6.3.3b. Bruk av beltekjøretøy for kvisting og staking av skiløyper.
Ved kvisting og staking av skiløyper bør lokale redningskorps om mogleg brukast for å gje dei høve til å bli kjente langs dei stikka løypene. Det bør gjevast løyve til ettersyn av stikka skiløyper etter snøfall eller sterk vind. Det kan nyttast snøskuter eller beltevogn til kvisting og ettersyn. Køyring av tråkkemaskin frå ei turisthytte til ei anna for å rydde snø må søkje særskilt løyve og ligg ikkje inne i ordinær drift av turisthytte med mindre det går fram av løyvet som ligg til grunn for køyrebok.

4.6.3.4. Motortransport ved landbruksverksemd.
Det kan gjevast førehandsløyve for naudsynt transport i samband med sjuke eller skadde dyr til beitelag og andre med dyr i nasjonalparken. Det er normalt uråd å søkje løyve når sjukdom eller skade har oppstått.

4.6.3.5d. Transport av gamle og uføre som er særleg tilknyta nasjonalparkområdet.
Vurdering av særleg tilknyting til nasjonalparkområdet: Eigarar, tidlegare eigarar og brukarar av private eigedomar og andre som har vore mykje i nasjonalparkområdet og som har ein sterk identitet knytt til vidda. Det skal leggjast vekt på helsesituasjonen til søkjar i høve til kva som reknast som forsvarleg lengde på turen. Det bør føreligge helseattest dersom ikkje tilsynsutvalet er godt kjent med helsetilstanden til søkjar. Det skal vere ein streng løyvepraksis slik at slike løyve harmonerer med dispensasjonspraksis for slike saker etter Lov om motorferdsel i utmark.

**Oppfølgjande tiltak for motorferdsle**

Tilsynsutvala skal i samråd med fylkesmennene finne fram til eit standardisert opplegg for handtering av motortransport innanfor større område der det ligg til rette for det. Det må utarbeidast oversiktleg informasjon til grunnneigarar/brukarar om kva informasjon som krevjast ved søknad om løyve for motorferdsle og til opplysningar som skal vere med i ein driftsplan for transport for området. Dette skal vere grunnlaget for å lage transportplan. Forvaltninga er ansvarleg for å hente inn informasjon om brukte løyve og utarbeiding av tenleg statistikk.

Det må utviklast eit fagleg referansegrunnlag for vurdering av nytte og ulemper ved motorferdsle i utmark.

Det skal utarbeidast årleg statistikk for motorferdsel i nasjonalparken. Grunnlag for statistikk skal førast direkte inn på eige skjema og gje følgjande opplysningar:
- All motorisert ferdsle skal registrerast; også køyring som er direkte heimla i verneforskriftene (gjeld dermed også nasjonalparkforskriftas punkt 4.6.1 og 4.6.2)
- Alle turar skal registrerast på føremål, transportmiddel, kommune, delområde i nasjonalparken som er mål for turen
- Transportrute, transportlengde, dato
- Både tildelte turar og bruka turar skal registrerast i statistikken
- Saman med statistikken bør det liggje føre ei fortløpande evaluering av løyvepraksis og transportopplegg for både vinter- og barmarksesong

Forvaltningsstyresmaktene bør stimulere til å etablere eller utvikle alternative, naturvenlege transportopplegg med bruk av hest og kløv, beltebil på vinterføre og betre og meir samordna opplegg for jakta.

## 5.11 Sleper for barmarkskøyring

«Slepe» er eit tradisjonelt omgrep for ferdsleårer på Hardangervidda. Ei traktorslepe er alt frå eit enkelt køyrespor til ei meir utbetra slepe for terrengbil. Etter definisjon av inngrepsfrie område, jf. vedlegg, er traktorslepe som er i bruk å sjå på som «tyngre teknisk inngrep», sjølv om slepa ikkje er opparbeid. Slepenettet på vidda vart utvikla då terrenggåande køyrety vart tekne i bruk på 1940- og 50-talet. Alt på slutten av 1950-talet vart det gjort store utbetringsarbeid på enkelte sleper i samband med vassdragsregulering.

Slepene har ulik karakter, etter tal brukarar og tilhøva i terrenget. I tillegg til motoriserte kjøretøy vert slepene også bruka både av fotgjengarar, beitedyr, hestetrafikk og også syklistar. På tørre parti er slepene som regel lite synleg medan dei over myrparti somme stader spreiar seg ut i vifteform for at hjula skal finne «fast grunn». Sidan terrenggåande motoriserte transportmiddel vart tekne i bruk har ei rekkje sleper vore i bruk ei stund, for så å ha gått ut av bruk eller vorte lagde om. I enkelte område, som mellom Tinnhølen og Nordmannslågen i Eidfjord, ber Vidda sterkt preg av slik køyring over lang tid, med nye og gamle køyrespor i landskapet. I høgfjellet gror slike spor svært seint og må reknast som irreversible inngrep.

Hovudslepa frå Solheimstulen til Lågaros / Vegarhovd i Nore og Uvdal vart utbetra midt på 1980-talet, og delar av slepa endra karakter til traktorveg og vart svært synleg i terrenget. Bruken av terrengbil langs slepa auka kraftig etter dette. Utbetringa var gjenstand for rettssak for å avgjere om det var i tråd med løyvet, og saka enda med forlik. Slepa Sandhaug-Hansbu i Eidfjord og Ullensvang strekk seg inn i eit område som elles er utan tyngre inngrep, og bidreg i så måte til å redusere dei inngrepsfrie områda på Vidda.



**Traktorslepe ved Sandhaug  Foto: Trond Aalstad**

Ved revidering av verneforskrifta for nasjonalparken i 1997 var det eit mål å redusere omfanget av transport på barmark fordi denne inneber ei stor påkjenning på landskapet og bidreg til å redusere inntrykket av urørd natur. Nettet av godkjende traktorsleper vart redusert. Dette gjaldt m.a. fleire traktorsleper til private fiskevatn i Nore og Uvdal som vart nytta i samband med næringsfiske, og traktorsleper som var nytta under villreinjakta i Eidfjord og delvis i Ullensvang. Ved revidering av verneforskriftene i 2002, vart lista over godkjende sleper flytta over i forvaltningsplanen. I denne vart fleire av dei stengte sideslepene i Nore og Uvdal samt slepene til Hansbu og Låghelleren opna att.

Gjennom vedlikehald av slepene oppstår eit dilemma. På den eine sida kan slepa utbetrast slik at trafikken følgjer i eit spor og samlast slik at slitasjen vert mindre. På den andre sida kan utbetringa gje skjemmande inntrykk i landskapet. Vedlikehald av slepene må difor utførast på ein særs gjennomtenkt måte. Det vart gjort vedlikehaldsarbeid på slepa frå Tinnhølen til Sandhaug med sideslepe til Viersla i 2001-2002. Det vart gitt løyve til arbeidet i 2001. Formålet med arbeidet var å unngå at slepa fikk fleire køyrespor på utsette stader. Slepa vart gjort betre/sikrare i eitt køyrespor samtidig som sidespor vart stengt med stor stein. Det vart gjennomført synfaring før og etter og kulturminnestyremakta deltok. Arbeidet vart gjennomført på ein så forsiktig måte som mogleg.

### Mål og utfordringar

Barmarkstransport på traktorsleper kan tillatast når det er rasjonelt i høve til verneformålet og for å dekkje godkjende og naudsynte transportbehov for brukar.

Det er ei utfordring å halde ulemper som synsverknad i landskapet på eit minimum. Det er og ei utfordring å hindre at slepene gjennom vedlikehald og bruk endrar karakter i retning av veg og opnar for auka bruk og andre typar køyrety enn det som var tilsikta.

**Retningsliner for bruk og vedlikehald av sleper for barmarkskjøring.**

4.6.4. Godkjente sleper for bruk av motorframkomstmiddel i nasjonalparken:

- Tinnhølen - Hellehalsen - Eriksbuegga – Sandhaug.
- Eriksbuegga - Viersla (til godkjent teltplass) med sideslepe til Nordmannslågen
- Tinnhølen (Byen)- Stigstuv
- Tinnhølen (Byen) - Veisenut med sideslepe til Nilsbu
- Veisenut – Kilelægre med sideslepe til Kilevika
- Veisenut – Olabu med sidesleper til båthus ved Vikabu og til Fønnebu

- Solheimstulen – Smågefjorden med sidesleper til Bollatjønn og Halstjørnberget
- Solheimstulen - fjellstyrehytta i Lågaroshøgda med sidesleper til Tøddølvatn, Skarvsvatn, Nord-Skarvet, Geitsjøen, Langevatnet, Dagfiskehyttene, Krossvatn, Nord Kosadalen, Jegerbu, Dyrebu, Skjærhøl og Lågaros ved Bjornesfjorden.
- Nasjonalparkgrensa ved Mår – båthus ved Hetteoset

Slepene med endepunkt er vist på kart i vedlegg 4, og endepunkt skal merkast i terrenget.

Enkelte sleper er berre godkjent for avgrensa bruk i samband følgjande formål:

- Bollatjønn, Nord-Skarvet, Skjærhølen, Vikabu, Fønnebu, Kilevika og Hette: garnfiske med eit omfang på meir enn 50 garndøgn, jf 4.6.3.2c
- Halstjørnberget: Husdyrbeite og villreinjakt
- Skarvsvatnet: Garnfiske med eit omfang på meir enn 50 garndøgn, jf 4.6.3.2c og villreinjakt
- Tøddølvanet: Garnfiske med eit omfang på meir enn 50 garndøgn, jf 4.6.3.2c, villreinjakt og ettersyn og vedlikehald av damanlegg

Slepene Sandhaug - Hansbu og Fossane – Høgehæ – Eitro - Låghelleren, utan sideslepe til Steinstøl, er godkjende for bruk av traktor i samband med villreinjakta og tre dagar før og etter denne. Tilsynsutvalet gir i samråd med Fylkesmannen årlege rammer for bruken av slepene.

Parkering skal skje maksimalt 5 meter frå slepa. Ved vurdering av formålstenleg parkering (tilvising av plass av tilsynsutvalet) skal det gjerast ei avveging av slitasje på terreng i høve til kor synleg kjøretøyet er i landskapet. Parkering skal ikkje skje der slepa ligg høgt i terrenget.
Ved Hansbu skal det i utgangspunktet ikkje køyrast lenger enn der slepa stoppar (før Hansbubekken). Dersom det er store/tunge transportar kan det gjevast løyve til å køyre fram til hyttene for av- og pålasting, medan parkering skal skje ved anvist plass.

Vurdering av behovet for uttak av villrein og av terrengslitasje skal liggje til grunn for tilsynsutvalet si fastsetjing av årlege rammer for bruka av slepene Sandhaug-Hansbu og Fossane-Høgehæ-Eitro-Låghelleren. Vurderingane vert gjort i samråd med Fylkesmannen.

Utgangspunkt for løyve på godkjende sleper er at det skal brukast traktor (sjå retningsliner for motortransport).

For hovudslepa Solheimstulen - fjellstyrehytta i Lågaroshøgda med sidesleper kan det gjevast løyve til bruk av terrengbil når det etter ei heilskapleg vurdering av transportbehov, terrengslitasje og andre ulemper for verneverdiar vert funne å gi minst negativ verknad for verneinteressene. I visse tilfelle kan det ved næringsfiske vere tenleg å gi løyve til bruk av terrengbil for minst mogleg terrengslitasje i høve til transportmengde. Dette gjeld sleper i Buskerud. Tilsynsutvalet skal sjå til at praksis med å tildele løyve til terrengbil i staden for traktor ikkje gir auka tal turar. Spesielt om ATV (All Terrein Vehicle): Det skal som hovudregel ikkje gjevast løyve til bruk av ATV (uavhengig av om dette er registert som motorsykkel eller traktor), hovudsakleg på grunn av liten lastekapasitet i høve til ulempene. Unntaksvis kan det ved særskilte behov gjevast løyve til bruk av ATV i tilknyting til landbruk og næringsfiske. Slikt løyve skal berre gjevast som einskilde turar der slik transport vurderast som mest teneleg i høve til terrengslitasje.

Ein skal unngå hengjarar som er bygde om på ein måte som reduserer lasteevna eller som gjev eit skjemmande inntrykk i landskapet. Det er ikkje eit mål å leggje hindringar i vegen for overnatting på hengjar under presenning.

Køyring etter slepene kan skje i tidsrommet 10. juli til tre dagar etter siste dag i villreinjakta, dersom den enkelte slepe er tilstrekkeleg tørr og farbar slik at køyring ikkje gir auka skade på slepe eller terreng.

4.1.3i. Vedlikehald av sleper.

Fylkesmannen kan gje løyve til vedlikehald av dei godkjente slepene. Arbeid skal skje som vedlikehald og ikkje som oppgradering, og skal ikkje føre til at slepa endrar karakter i retning av veg. Formålet med vedlikehald er å sikre at slepa skal vere framkommeleg i kjøresporet, og ikkje leggje til rette for auka fart, meir komfortabel transport eller for å gjere slepa framkommeleg for nye transportmiddel. Det er ikkje standard på slepa, men løyvepraksis til forvaltningsstyresmakt, som skal avgjere bruksomfanget.

Ved planlegging og gjennomføring av vedlikehaldsarbeid skal det takast tilbørleg omsyn til miljøet slik at verknaden på landskap og vegetasjon vert så liten som råd. Inngrepa skal vere så små og skånsame som mogleg. Kulturminnestyresmakt skal kontaktast for å unngå skade på kulturminne.
Behov for arbeidet må dokumenterast i søknad. Det vert stilt krav til synfaring i terrenget på førehand, med tiltakshavar/søkjar, ansvarleg for utføring av arbeidet og vernestyresmakt. Det føreståande arbeid skal avtalast skriftleg og i detalj så godt som det let seg gjera for å unngå mistydingar om omfang og gjennomføring av arbeidet, og det skal setjast tilstrekkelege vilkår for løyvet. Det skal haldast synfaring når arbeidet er utført, evt. årlege synfaringar for arbeid som går over fleire år.

Ved handsaming av søknad skal konsekvensar av det planlagde tiltaket vurderast for å unngå at verneverdiar vert påførde unødig skade. Det bør trekkjast inn egna kompetanse for å finne best mogleg løysing av tiltaket i landskapet.

Det skal alltid tilstrebast «minimumsløysingar» for vedlikehaldet, likevel må omfang av arbeidet vurderast opp mot kor lenge slepa vil halde før nytt arbeid er påkravd. Det kan gjevast løyve for bruk av mindre maskiner når det er påkravd. Det kan gjevast løyve til forsiktig grøfting og planering av masser. Det skal ikkje lagast synlege massetak i terrenget. Det kan nyttast sviller, stokkar e.l. for kavlelegging over våte parti, men det skal ikkje nyttast materiale som er innsett med giftstoff. Det skal som hovudregel ikkje leggjast røyr av plast eller anna framand material som stikkrenner, men leggjast opp til steinsetting med stein frå staden.

### 5.12 Byggeverksemd

På grunn av store avstandar og harde vêrforhold er tilgang på husvære ein føresetnad for utnytting og bruk av vidda. Bygningar er i mange tilfelle viktige kulturminne og sentrale element i verneverdige kulturlandskap og kulturmiljø. Samstundes reduserer bygningar det urørte preget i viddelandskapet, og dei genererer motorferdsle og ferdsle til fots.

Det finst eit stort tal bygningar for ulike formål innafor verneområda på Hardangervidda. Ei førebels oversikt frå 2007 viser at det i Telemark er om lag 77 husvære i nasjonalparken og 92 i landskapsvernområdet. I Hordaland er talet omlag 430 i nasjonalparken og 25 i landskapsvernområdet. I Buskerud er tala om lag 100 samla for nasjonalparken og landskapsvernområdet i nord. Samla finst det truleg om lag 725 husvære innafor verneområda. Tal bygningar er enno ein del høgare.

Bygningsmassen består av gamle steinbuer som er meir eller mindre utbetra, nye og gamle hytter i tre og hytter og buer kledde med bølgjeblekk. Mange bygningar glir fint inn i landskapet, som steinbuer med torv- eller steintak. På den andre sida finn ein bygningar som er lite tilpassa landskapsbiletet, til dømes med ein godt synleg plass i terrenget. Mange steinbuer og andre verneverdige bygningar er i bruk.

Strukturen i bygningsmassen er utvikla som følgje av den bruk som har vore på Vidda over mange hundre år. Bygningar på private eigedomar og statsallmenningar er tilpassa formålet om hausting av eigedomen, og turisthyttene ligg i eit nett med omlag ein dagsmarsj i mellom. Etter som bruken endrar seg, går bygningar ut av bruk, dei vert tilpassa nye bruksformål eller behov for nye bygningar oppstår. Det har i fleire tilfelle vist seg å vere uklare eigartilhøve for eldre bygningar på Vidda. Ein må rekna med at bygningsmassen langt på veg er tilstrekkeleg til å dekkje dei grunnleggjande behova for ulike brukarformål i verneområda. Ein må likevel rekna med behov for justeringar og tilpassingar i bygningsmassen over tid.

Eit formål med endringa i verneforskrifta i 1997 var å redusere omfanget av byggeverksemd i nasjonalparken, og dei reviderte verneforskriftene innebar ei innstramming i vilkåra for oppføring av tilbygg og nybygg. Forskriftene for byggeverksemd er like for nasjonalparken og landskapsvernområda. Løyve for heilt nye bygg på nye stader skal henge høgt. Det skal vere lettare å få løyve til å bygge om eller bygge til eksisterande bygningar, eller føre opp tilbygg i tilknyting til eksisterande bygningar når det kan aksepterast etter vurderingar i høve til verneverdiane.

Det er eit stort tal av gamle og verneverdige bygningar i verneområda. Ein finn døme på uheldig i standsetting av steinbuer og andre kulturhistorisk verdifulle bygningar, der resultat er langt unna utgangspunktet for restaureringa.

Summen av dei krav som vert stilt til byggeverksemd frå ulike lover og forskrifter representerer ei utfordring i verneområda. Det vert stilt krav til godkjenning for dei som skal prosjektere og utføre byggetiltak, og det vert stilt krav i forskrifter for brann, hygiene, helse, miljø og tryggleik (HMS) ved tilsette osv. Dette fører i mange tilfelle til ekstra behov for bygningsmessige løysingar og auka transport av material, arbeidsfolk og ulikt utstyr.

**Mål og utfordringar**
Det er eit mål å halde omfanget av byggeverksemd på eit lågt nivå i verneområda, samstundes som naudsynte behov for husvære for godkjende brukarformål vert dekka.

Det er ei utfordring å unngå ikkje naudsynt byggeverksemd samstundes som dei grunnleggande behova vert dekka. Dei grunnleggande behova varierer noko i høve til brukarformål, men er i prinsippet tak over hovudet og lagerplass for naudsynt utstyr. Samstundes skal bygningane ta omsyn til personar som har deler av sitt virke på vidda.

Det er laga ein eigen rettleiar for byggesaker i verneområda på Hardangervidda. Denne skal både gi råd om utforming og vere til hjelp i høve til sakshandsaminga. Denne ligg som vedlegg til forvaltningsplanen.

**Retningsliner for byggeverksemd.**

I utgangspunktet er oppføring og ombygging av bygningar forbode i alle verneområda etter pkt. 4.1.1. Forbodet er likevel ikkje til hinder for vedlikehald av bygningar, jf. pkt. 4.1.2a. Endra fasade som til dømes skifte til anna type kledning, anna typa glas og dør, anna taktekking reknast ikkje som vedlikehald.

Det skal leggast opp til ein streng løyvepraksis for byggeverksemd særskilt for nasjonalparken. Lista ligg høgt for å gje løyve for nye bygningar på stader der det ikkje er bygningar frå før. Husvære som i hovudsak vert nytta til fritidsbruk (hytte) skal ha ei streng vurdering i høve til søknad om tilbygg eller anna vesentleg endring av bygget. I alle saker skal ein vurdere grunnlaget for søknaden/behovet opp mot konsekvensane for tiltaket. Konsekvensar for byggeskikk, terrengtilpassing og mogleg presedens skal vurderast.

<u>Saksgang.</u>
Søknad om byggeløyve som krev godkjenning etter plan og bygningslova skal sendast til kommunen, som koordinerar vidare sakshandsaming mellom forvaltningstyresmakter for verneområda, kulturminnestyres-makter, villreinnemnd og eventuelt andre. Kommunen bør vente på handsaming av saka etter reglane i plan- og bygningslova til etter vedtak er gjort i høve til verneforskrifta. Før søknad om byggeløyve vert sendt inn bør kommunen ha vurdert å halde førehandskonferanse med søkjar og eventuelt andre styresmakter når det vil fremje ei rasjonell handsaming av søknaden. Utforming og plassering av bygningar bør vurderast i samråd med fagkyndige. Det er laga ein rettleiar for handsaming av byggesaker, og denne er som vedlegg til planen (vedlegg 6).

<u>Kriteria for å vurdere søknad om byggeløyve.</u>
- Hovudregel skal vere at eksisterande bygg i bruk skal takast vare på for vidare bruk.
- Kvar søknad om byggeløyve må gjevast ein grundig, heilskapleg og individuell vurdering i høve til dei påfølgande kriteria.
- Alle byggetiltak skal behovsprøvast, behova må dokumenterast gjennom driftsplan el.l. for driftseining (eigedom, turisthytte, allmenning ol); det skal leggjast vekt på å dekke grunnleggande behov for godkjente bruksformål.
- Nytten ved byggetiltaket må vurderast i høve til ulemper som tiltaket medfører på verneverdiar, som t.d. effekt på landskap, kulturminne og kulturmiljø, inngrep i kvartærgeologiske avsetnader og uro for dyrelivet.
- Det skal leggjast til grunn nøkterne løysingar som skapar minst mogleg transportbehov.

- Det bør nyttast stadeigne materialar som stein og torv for å redusere transportbehov og for å oppnå god tilpassing i landskapet (krev også løyve etter pkt 4.3.2 og 4.3.3 i nasjonalparken).
- Det skal søkjast alternative løysingar til oppføring av heilt nye bygg, som restaurering eller ombygging av husvære eller steinbu. Fellesløysingar for fleire partar bør vurderast.
- Byggjetiltak som er naudsynt for å imøtekome krav etter andre lovar bør godkjennast når det ikkje er til skade for verneverdiar og det er heimel i verneforskrifta til å gi slikt løyve. Vernestyresmakter og andre aktuelle styresmakter bør bidra til å finne tenleg løysing for brukar.
- Alle byggetiltak skal tilpassast landskap og eventuelt verdifullt kulturmiljø, terrenget skal ikkje planerast rundt bygget.
- Utforming av bygg bør vere i samsvar med lokal byggeskikk, både med omsyn til utforming og storleik. Lokal byggeskikk varierar noko mellom dei ulike delane av Vidda.
- Ved utrekning av storleik og høgde skal reglane i teknisk forskrift til plan og bygningslova leggjast til grunn. Grunnflate målast i $m^2$ som bygd areal (areal utrekna frå ytterkant av reisverk).
- For bygningar med tykke steinveggar kan det gjevast eit tillegg som tilsvarar det ekstra areal som vert oppteke av veggane.
- Høgde skal målast som mønehøgde frå gjennomsnittleg terreng (og ikkje gjennomsnittleg planert terreng som det går fram av rettleiar til teknisk forskrift).
- Ved vurdering av behov for husvære for private eigedomar og på statsallmenning skal det leggjast vekt på moglegheit for å hauste eigedomen på ein nokolunde rasjonell måte. Historisk førekomst av bygg gjev ein peikepinn på behov for husvære for å kunne utnytte eigedomen.
- Det må gjerast ei heilskapleg vurdering om det er mest formålstenleg med uthus eller tilbygg.
- Eigartilhøve på aktuelle bygningar skal dokumenterast ved søknad om byggetiltak i verneområda når det føreligg tvil om eigar- og rettstilhøve.

Forvaltningsstyresmakta skal så langt som det er formålstenleg setje vilkår for byggetiltak. Det skal setjast som vilkår i byggjeløyve at tiltakshavar må dokumentere ferdigstilling ved å leggje fram minst tre gode bilete av det utførte arbeidet.

<u>4.1.3a. Ombygging av bygningar innafor eksisterande grunnflate.</u>
Dersom bygningar innafor verneområda vert øydelagt av brann eller naturskade, skal ein normalt gje løyve til nytt bygg med same storleik. Dersom det er ønskjeleg med ei ny plassering av bygget, skal dette avklarast i samråd med eigar.

<u>4.1.3b. Mindre tilbygg til bygningar.</u>
Mindre tilbygg er opp til 10 $m^2$, likevel klart mindre enn eksisterande bygning.
Det kan etter pkt 4.1.3b gjevast løyve til frittståande uthus på inntil 10 $m^2$ i staden for tilbygg dersom det gjev ei betre heilskapleg løysing og det fyller definisjonen her som mindre tilbygg. Grunnlag for uthus kan vere lagring av ved, bensin, propan og anna utstyr, sanitære tilhøve eller sikringsføremål. Der det ligg til rette for det kan forvaltningsstyresmakta krevje bygging av felles uthus.

Samla øvre arealgrense etter tilbygg/ombygginga er 45 $m^2$ inkl. uthus. Areal kan fråvikast båe i leier ut frå ei heilskapeleg vurdering der driftsform og ressursgrunnlag er vesentlege faktorar.
Uthusfunksjonar skal som hovudregel løysast som tilbygg.
Tilbygg skal ikkje endre bygget sin karakter.
Kulturminnestyresmakta si vurdering skal tilleggast særleg vekt.

<u>4.1.3c. Riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.</u>
I særskilte tilfelle kan det gjevast løyve til å rive gammal bygning heilt eller delvis og til å føre opp nytt bygg med same storleik og for same bruk, når tilstanden til bygget er så dårleg at det ikkje er formålstenleg å setje det i stand eller når det vil gje ei vesentleg betre heilskapleg løysing i høve til bruk og verneverdiar. Ved slik søknad skal det vurderast om det er formålstenleg å setje opp nytt bygg på ei ny tomt.
Ved søknad om å rive gamal bygning for oppføring av ny med utvida areal inntil $10m^2$, kan heimlane 4.1.3b og 4.1.3c nyttast saman. Å auke arealet med meir enn $10m^2$ krev nybyggingsheimel, pkt. 4.1.3e/4.1.3h i verneforskrifta for nasjonalparken/landskapsvernområda.

4.1.3d. Bygging av naust for opplag av båt og utstyr til fiske.
På privat eigedom og på statsallmenning med ein årleg normalfangst på meir enn 250 kg fisk kan det gjevast løyve til å bygge naust for opplag av båt og utstyr til fiske. Ved viktige fiskevatn i statsallmenning kan det også gjevast løyve til å byggje felles naust for brukarar av allmenningen. Naust skal ikkje innreiast for overnatting og bygget skal avgrensast i storleik tilpassa det dokumenterte behovet. Ein skal vurdere om behovet kan løysast ved enkle tiltak som gjer inngrepet i landskapet minst mogleg. Naust skal der det ligg til rette for det gravast ned i terrenget.

4.1.3e. (nasjonalparken) og 4.1.3h (landskapsvernområda). Nybygg og større tilbygg til eksisterande bygningar.
Forvaltningstyresmakta kan gje løyve til nybygg eller større tilbygg i særskilde tilfelle i samband med landbruksutnytting, utnytting av statsallmenning eller drift av turisthytte. Ved oppføring av ny bygning i tilknyting til eksisterande bygning(ar) skal ein sjå til at det blir ein god balanse mellom estetiske verdiar og dei føremål nybygget skal tene, t.d. eventuell sikringsfunksjon.

Utdjuping av formåla for nybygg og større tilbygg:

Landbruk.
Gjeldande definisjon av landbruk i verneområda følgjer av rettleiaren *Kommuneplanens arealdel T-1225 pr. 01.11.01 revidert utgåve, T 1382*, som gjaldt ved siste endring av verneforskrifta 31. mai 2002:
*"Begrepet stedbunden næring er knyttet til bygninger/anlegg som det hensyn til driften av primærnæringen er nødvendig å plassere på stedet. For at stedbunden næring skal være aktuelt, må det være tale om en reell og inntektsgivende næringsvirksomhet av noe omfang. Øvrige aktiviteter som for eksempel jakt, fiske, bærplukking og lignende som har preg av frilufts- eller fritidsaktivitet, eller som utgjør et naturaltilskudd til egen husholdning, vil falle utenfor begrepet stedbunden næring."*

Ved vurdering av søknad om byggetiltak for landbrukseigedom skal moglegheit for å hauste ressursane på eigedomen innanfor omgrepet stadbunden næring leggjast til grunn. Det må gjerast ei individuell og heilskapleg vurdering i kvart enkelt tilfelle. Det skal leggjast fram driftsplan eller annan dokumentasjon på drifta og grunnlaget for behov for nybygg eller større tilbygg. Byggetiltaket må følgje definisjonen av landbrukstiltak slik dette var definert ved siste revisjon av verneforskrifta og tiltaket må grunngjevast økonomisk som eit landbrukstiltak.

I tillegg skal forvaltninga ved vurdering av løyve legge eit minimum av ressursgrunnlag til grunn for at det skal vere grunnlag for nybygg eller større tilbygg. Ressurskravet er: - Minimum 20.000 daa jaktterreng, ein årleg normalfangst på meir enn 250 kg fisk, beite for 50 vinterfora sau eller 10 storfe
Ved ein kombinasjon av desse kan ressurskravet vere mindre.

Forvaltingsstyresmakta bør krevje framlagd driftsplan eller budsjett/rekneskap som dokumenterer driftsomfang.

Statsallmenning
Løyve for ny fjellstyrehytte kan vurderast når ressursgrunnlaget som nemnt under landbruk er til stades. Andre aktuelle nybygg på statsallmenning som kan vurderast er jordkjellar for lagring av rakfisk eller felles stall for hestar som vert nytta til transport.

Turisthytter
Det kan gjevast løyve til oppføring av sikringsbu eller anna frittståande bygg i tilknyting til turisthytte når det føreligg særskilte grunnar grunna i lovverk som set krav til drifta. Dersom større tilbygg eller nytt frittståande bygg aukar sengekapasitet skal dette vere vurdert i ein heilskapleg plan for ferdsle og turisthytter på Hardangervidda, og der det er vurdert som uproblematisk i høve til verneverdiane med auka ferdsle på den aktuelle delen av Vidda.

4.1.3f (nasjonalparken) og 4.1.3g (landskapsvernområda). Restaurering av steinbuer.
Det kan gjevast løyve til restaurering av steinbuer, slik restaurering er definert av kulturminnestyresmaktene, sjå kap. 4.2. Søknad om restaurering av steinbu skal handsamast som kulturminne, sjølv om bruken kan vere

ein annan enn opphavleg bruk. Restaurering av steinbuer er tiltak som vert omfatta av reglane i PBL, jf. § 84. Det kan gjevast løyve for restaurering av steinbu som husvære, når det etter ei heilskapleg vurdering er behov for husvære i området og det ikkje er i strid med verneformålet. Søknad om å føre opp att steinbu der ein ikkje har tilstrekkeleg dokumentasjon på korleis bygningen har sett ut, skal handsamast som søknad om nybygg etter 4.1.3e/h. Også for restaurering av steinbu skal søkjer dokumentere behovet for husvære i det aktuelle område.

4.1.3j. Løyve til vedlikehald, naudsynt skjøtsel og evt. restaurering av kulturminne og kulturmiljø.
Det kan gjevast løyve for restaurering av steinbu som kulturminne. Restaurering av steinbu bør vere vurdert gjennom ein heilskapleg plan for restaurering av kulturminne og kulturmiljø i verneområda, og som er utarbeid av kulturminnestyresmaktene.

Løyve til andre byggetiltak etter § 48 i Naturmangfaldlova, generelle reglar om unnatak.
Det er i verneforskriftene ikkje direkte heimel til å gje løyve til mindre byggetiltak som t.d. lavvoplattingar og flybrygger. Søknad om slike tiltak som ikkje er nemnt i verneforskriftene må handsamast etter § 48 i lov om naturmangfald.

Om mindre byggetiltak
Heimelen for å regulere tiltak som ikkje er søkepliktige etter plan- og bygningsloven er § 4.1 i vernereglane: "Landskapet skal vere verna mot utbyggingar, anlegg og andre inngrep av alle slag, medrekna …, parkering av campingvogner, brakker… Opplistinga er ikkje uttømmande. Det er landskapet som er verna så innretningar som har negativ påverknad for landskapet krev løyve etter søknad.
Døme på tiltak som krev søknad og som må vurderast etter verneforskrifta § 5:
Brygge, plattingar for til dømes lavvo, utplassering av lagringskassar som vert ståande permanent. Kva tiltak som krev søknad må vurderast i det einskilde tilfelle. Når det gjeld oppsetting av lavvo som vert ståande over lang til (som fast leirplass gjennom ein sesong) vert også dette vurdert til å krevje løyve.

**Oppfølgjande tiltak**
Det skal gjerast ei utfyllande registrering og samanstilling av bygningsmassen i verneområda på Hardangervidda, som ledd i overvaking av landskapet som verneverdi. Registreringa må innehalde oversikt over plassering og storleik på bygningane. Resultatet av ei slik kartlegging vil vere eit viktig grunnlag for seinare revisjonar av forvaltingsplanen sitt kapittelet om byggeverksemd.






**Munkabu v/Veivatn, Fogerli, Heimste Hadlaskard i Veigdalen, Hellehalsen Foto Trond Aalstad**

# 6. SONEINNDELING FOR FORVALTNING AV VERNEOMRÅDA

## 6.1 Kategoriar for soneinndeling

DN-rapport 1996-3 Forvaltning av nasjonalparkar omtalar formål og gjev retningsliner for soneinndeling av verneområde. Formålet med ei soneinndeling for forvaltning av verneområda er å nå verneformålet på ein best mogleg måte. Vern av naturmiljøet er det overordna målet for alle soner, og verneformål og vernereglar gjeld for alle sonene. Forvaltningspraksisen vil likevel variere etter nærmare retningsliner frå sone til sone. Soneinndelinga er i hovudsak gjort for å handtere tilhøve til ulike brukarinteresser og er ikkje ei gradering av verneverdiane i området. For Hardangervidda er også landskapsvernområda delt inn i soner (vedlegg 3).

Følgjande kategoriar av soner vert lagde til grunn:

Kategori 1: Spesiell vernesone
Kategori 2: Sone utan tilrettelegging og inngrep
Kategori 3: Brukssone
Kategori 4: Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep

Det er ønskjeleg å halde på sonekategori 2, "Sone utan tilrettelegging og inngrep", i høve til standard soneinndeling etter DN Håndbok nr. 17 – 2001, Områdevern – forvaltning.

I kvar sone kan det skiljast ut teigar når det er formålstenleg for å ivareta særlege omsyn.

## 6.2 Kriteria for soneinndeling

Ei rekkje kriteria er lagde til grunn for å vurdere sonekategori for det enkelte delområdet. Både eksisterande miljøtilstand og ynskt, framtidig miljøtilstand er vurdert. For verneområda på Hardangervidda har desse kriteria vege tyngst ved soneinndelinga:

- Omsyn til dyreliv i sårbare periodar; villrein (kalving/vinterbeite) og våtmarksfuglar (hekking)
- Lokalisering av merka turstigar og turisthytter
- Moglegheit for næringsmessig hausting av private eigedomar
- Utstrekning av godkjente traktorsleper
- Omsyn til spesielle element i landskapet
- Førekomst av spesielle inngrep som vegar
- Ønske om ei enkel og oversiktleg soneinndeling

## 6.3 Omtale av dei enkelte sonene

Soneinndelinga er retningsgjevande for forvaltning etter verneforskriftene og må ikkje leggjast ukritisk til grunn for sakshandsaming. Ved rullering av forvaltningsplanen må erfaringane med soneinndelinga evaluerast. For kvar teig er det skildra eit formål, som er retningsgjevande for forvaltninga av teigen. Til kvar teig gjeld det nokre få spesielle retningsliner som er skildra under den enkelte teig. I kap.4 i denne planen er det skildra generelle retningsliner som gjeld for heile nasjonalparken, for begge landskapsvernområda eller for alle verneområda. Retningslinene for kvar teig supplerar dei generelle retningslinene for verneområda.

### 6.3.1 Spesiell vernesone

**Teig 1 Langavatnet – vest.**
Teigen omfattar vestre del av Langavatnet i Eidfjord statsallmenning og tilhøyrande våtmarks- og myrområde. Formålet med teigen er å ivareta omsyn til fuglelivet i eit svært viktig våtmarksområde i hekkeperioden.

Langavassmyrene er som det einaste våtmarksområdet i Hordaland vurdert til å ha internasjonal verneverdi (Statskog Vestlandet 1992). Området er særleg rikt med omsyn på ender og vadefuglar og er godt dokumentert. Fuglelivet er sårbart for ferdsle i strandsona i hekkeperioden, og er utsett for garnfiske, sportsfiskarar, kanopadlarar og anna friluftsliv (Statskog Vestlandet 1992).

**Spesielle retningsliner for teig 1.**

Fuglelivet skal verte skåna mot unødig ferdsle og annan aktivitet som kan medføre uro i perioden frå 1.juni til villreinjakta startar. Alle tiltak skal vurderast med omsyn på uro for fuglelivet i denne perioden. Dersom det er naudsynt av omsyn til fuglelivet, kan DN innføre nærmare regulering av ferdsla i området.

**Teig 2 Nedre del av Hondle**
Teigen omfattar området på 4,5 $km^2$ i Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, som har særskilt freding av fuglelivet, jf. forskrifta for landskapsvernområdet. Formålet med teigen er å ivareta omsynet til fuglelivet i eit svært viktig våtmarksområde i hekkeperioden.

**Spesielle retningsliner for teig 2.**

Fuglelivet skal verte skåna mot unødig ferdsle og anna aktivitet som kan medføre uro i perioden frå 1.juni til 21.august. Etter pkt. 5e i forskrifta for landskapsvernområdet kan forvaltningsstyresmakta fastsetje reglar om regulering av ferdsla dersom dette syner seg naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.

### 6.3.2 Sone utan tilrettelegging og inngrep

**Teig 3 Kvennaområdet**
Sona er avgrensa av merka turstigar frå Mogen til Lågaros og vidare frå Lågaros via Sandhaug, Besså, Litlos og Haukeliseter til nasjonalparkgrensa ved Poddevatn og langs nasjonalparkgrensa til denne kryssar tursti ved Mogen. Vinterløypa frå Haukeliseter til Hellevassbu ligg aust for sommarruta og delvis innafor teigen.

Formålet med sona er å sikre eit stort og relativt urørt område, som i all hovudsak er utan tyngre tekniske inngrep, nesten utan merka turstigar og utan turisthytter. I området ligg det jakt- og fiskebuer både på privat grunn, statsgrunn og på kommunal eigedom, og området er nytta til jakt og fiske og også anna friluftsliv utan tilrettelegging. Det er noko beite særleg i vestre del av sona. Kvennadalføret er rikt på kulturminne m.a. etter fast busetting og driftetrafikk. Sona utgjer eit relativt uforstyrra område for fostringsflokkar av villrein på sommarbeite på grunn av lite ferdsle i området.

**Spesielle retningsliner for teig 3.**

Sona skal oppretthaldast som eit relativt urørt naturområde utan tyngre tekniske inngrep, jf. vedlegg. Hansbuslepa kan opnast for avgrensa bruk for traktor i samband med villreinjakta. Det skal ikkje utførast vedlikehald på traktorslepa som gjer at denne vert rekna som eit tyngre teknisk inngrep. Sona skal bevarast utan tilrettelegging for fotturisme og skigåing, og det bør ikkje gjevast løyve til organisert ferdsle etter pkt. 4.5.1d i verneforskrifta. Det skal takast omsyn til villreinen sin bruk av området i sommarsesongen.

### 6.3.3 Brukssoner

**Teig 4 Veigdalen - Kinso**

Teigen omfattar i hovudsak privat areal og tidlegare stølsområde i Veigdalføret og i Kinsovassdraget. Området er utan tyngre tekniske inngrep og er utan godkjende traktorsleper. Teigen er særleg rik på kulturminne og kulturmiljø etter stølinga og inneheld mange nye og gamle bygningar, m.a. fleire verneverdige stølsanlegg. Store delar av teigen er i enkelte år nytta som kalvingsområde for villreinen, og villreinen har også viktige vinter- og vårbeite i området. Området har eit omfattande nett av merka turstigar og stikka skiløyper og inneheld fleire turisthytter. Området har godt tilgjenge frå nord og vest.

Eit viktig formål med teigen er bevaring av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, og det kan opnast for ei varsam utvikling for jakt, fiske, friluftsliv og småskala turisme basert på gamle stølsanlegg o.l. Villreinen skal verte skjerma i kalvingsperioden.

**Spesielle retningsliner for teig 4.**

Alle tiltak skal vurderast m.o.t. fare for uro for villreinen når det føregår kalving i området. Området skal haldast fri for tyngre tekniske inngrep, jf. vedlegg. Det kan i teigen og innafor rammene av verneformålet opnast for ei varsam utvikling for jakt, fiske, friluftsliv og småskala turisme basert på natur- og kulturopplevingar knytt til eksisterande bygningar, t.d. gamle stølsanlegg. Det kan opnast for mindre endringar av stig- og løypenett når det er ledd i å kanalisere ferdsle frå andre og meir sårbare område. Alle tiltak skal vurderast med omsyn til uro for villreinen under kalving. Det bør ikkje gjevast løyve til organisert ferdsle på vinterføre av omsyn til villreinen.

**Teig 5 Sørvest Vidda**

Teigen omfattar nasjonalparken sør for teig 4 og vest for teig 3. Formålet med teigen er å oppretthalde eit stort og urørt område utan tyngre tekniske inngrep og med ein låg bruksintensitet for framtida. Området har tradisjonelt hatt ein lågare bruksintensitet enn teig 4 lenger nord. Teigen ligg i hovudsak på statsgrunn, med unntak av mindre område heilt i sør og sørvest og vest for Hårteigen. Området er nytta til tradisjonell hausting som jakt, fiske og sauebeite, og utgjer eit langturområde for fotturisme. Nordre del av teigen er i periodar nytta som kalvingsområde for villreinen, og austre del av teigen er viktig sommarbeite for reinflokkar.

**Spesielle retningsliner for teig 5.**

For aktuelt kalvingsområde, jf. vedlegg, gjeld retningsliner i kap.4.1.4. Alle tiltak skal vurderast med omsyn til uro for villreinen under kalving. Området skal oppretthaldast som langturområde for fotturisme og anna friluftsliv. Det bør vurderast behov for tiltak for å ivareta omsyn til villreinen i viktige sommarbeiteområde. Det bør ikkje gjevast løyve til organisert ferdsle på vinterføre av omsyn til villreinen.

**Teig 6 Sentralvidda nord og aust**

Teigen dekkjer i hovudsak Eidfjord statsallmenning sør til Nordmannslågen, Øvre Numedal statsallmenning og privat eigedom i Buskerud og Telemark aust i nasjonalparken. Teigen omfattar fleire av dei mest bruka områda i nasjonalparken, både på privat grunn og på statsallmenning. Det foregår eit utstrakt næringsfiske og eit omfattande sauebeite i teigen, og nesten alle godkjende traktorsleper i nasjonalparken ligg i teigen. Det er også eit godt utvikla nett av turstigar og skiløyper, og fleire av dei største turisthyttene ligg i teigen. Dei austre delane av teigen inneheld viktige vinterbeiteområde for villreinen. Tiltak for å hindre vidare spreiing av ørekyt er mest aktuelt innafor dette området.

Formålet med teigen er å kunne oppretthalde eit relativt høgt bruksnivå for landbruk, jakt og fiske og tradisjonelt friluftsliv, men innafor rammene av verneformålet. Samstundes skal villreinen skjermast i sine viktige vinterbeiteområde.

**Spesielle retningsliner for teig 6.**

I teigen kan det oppretthaldast eit relativt høgt bruksnivå for utnytting av private eigedomar og statsgrunn til landbruk, jakt, fiske og friluftsliv. All bruk og omfanget av bruken skal vere innafor rammene av verneformålet. Det kan tillatast ei varsam utvikling av stig- og løypenettet når det er ledd i å kanalisere ferdsle frå andre og meir sårbare område. Det skal takast tilbørleg omsyn til villreinen på vinterbeite etter retningsliner i kap.4.4. Det bør ikkje gjevast løyve til organisert ferdsle på vinterføre av omsyn til villreinen.

**Teig 7 Hardangerjøkulen**

Teigen omfattar Hardangerjøkulen med dei nærmaste areala. Jøkulen er eit svært markert landskapselement og eit blikkfang nord på Vidda. Tilkomsten er svært god m.a. frå Finse, og breen er mykje bruka til friluftsliv i store delar av året. Det finst fire hytter innafor teigen: Appelsinhytta, Jøkulhytta, Ramnaberghytta og Demmevasshytta.

Formålet med teigen er å sikre Hardangerjøkulen som eit viktig og urørt element i landskapsbiletet ("visuelt vern"), samstundes som breen skal kunne nyttast til ulike friluftsaktivitetar innafor rammene av verneformålet.

**Spesielle retningsliner for teig 7.**

Det skal leggjast særleg stor vekt på omsynet til landskapsbiletet ved vurdering av tiltak som medfører synlege og varige inngrep i landskapet. For tiltak som det vert gjeve løyve til, skal det setjast naudsynte vilkår som tek omsyn til landskapet.

**Teig 8 Skaupsjøen-Halnefjorden**

Teigen omfattar Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde, unnateke Hardangerjøkulen med nærområda til breen og rv. 7. Formålet med teigen er å følgje opp intensjonen med landskapsvernområdet.

**Spesielle retningsliner for teig 8.**

Det kan tillatast eit relativt høgt bruksnivå i sona både for landbruksutnytting, tradisjonelt friluftsliv og turisme, men innafor rammene av verneformålet. Det skal takast tilbørleg omsyn til landskapet ved løyve til byggjeverksemd og andre varige tiltak. Det må vurderast tiltak for å sikre verdifulle kulturminne i området som er utsett på grunn av ulik ferdsle og godt tilgjenge. Ein skal unngå tiltak og aktivitetar som kan bidra til å stenge villreintrekk mellom sentralvidda og området ved Hardangerjøkulen. Det bør ikkje gjevast løyve til organisert ferdsle på vinterføre av omsyn til villreinen.

**Teig 9 Møsvatn Austfjell**

Teigen omfattar heile Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, unnateke fuglefredingsområdet i Hondle. Formålet med teigen er å følgje opp intensjonen med landskapsvernområdet. Det er store landbruksinteresser i området. Med unntak av merka turstig mellom Mogen og Stordalsbu er området utan tilrettelegging for fotturisme. Heile landskapsvernområdet er viktig vinterbeiteområde for villreinen.

**Spesielle retningsliner for teig 9.**

Det skal takast særlege omsyn til villreinen i vinterbeiteperioden, jf. kap.4.1.4. Det er ikkje ønskeleg med auka tilrettelegging for fotturisme i teigen. Det skal takast tilbørleg omsyn til landskapet ved løyve til byggjeverksemd og andre varige tiltak. Det bør ikkje gjevast løyve til organisert ferdsle på vinterføre av omsyn til villreinen.

### 6.3.4 Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep

**Teig 10 Tinnhølvegen**
Teigen omfattar området langs Tinnhølvegen i nasjonalparken, fram til parkeringsplassar ved Byen og i sandtaket. Formålet med teigen er å ivareta vedlikehald av og naudsynt transport langs Tinnhølvegen. Vedlikehald av Tinnhølvegen kan skje utan særskilt løyve, jf. pkt. 4.1.2a. Det gjeld særskilde reglar for bruk av Tinnhølvegen etter nasjonalparkforskrifta, pkt. 4.6.1a.

**Spesielle retningsliner for teig 10.**

Det skal ikkje takast massar frå nasjonalparkområdet til vedlikehald av Tinnhølvegen. Det skal ikkje opparbeidast nye parkeringsplassar eller stikkvegar langs Tinnhølvegen. Alle tiltak langs vegen skal få ei god tilpassing til landskapet. Tilsynsutvalet bør utarbeide bevis (kort/kvittering) for godkjend køyring langs Tinnhølvegen.

**Teig 11 Riksveg 7**
Teigen omfattar området langs riksveg 7 i Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde, med tilhøyrande anlegg som massetak, skjeringar/fyllingar og reiselivsbedrifter. Verneforskriftene er ikkje til hinder for vedlikehald av vegar, anlegg, bruker og klopper. Riksveg 7 er i denne samanheng rekna som anlegg. Formålet med teigen er å ivareta omsyn til spesielle forhold langs riksvegen gjennom verneområdet.

**Spesielle retningsliner for teig 11.**

Det skal ikkje etablerast nye massetak, skjeringar/fyllingar, parkeringsplassar e.l. utan etter løyve frå forvaltningsstyresmaktene. Alle tiltak i teigen skal få ei god tilpassing til landskapet. Tiltak som kan bidra til å hindre villreintrekk mellom sentralvidda og området nord for riksvegen skal ikkje godkjennast.. Forvaltninga bør stille seg positive til tiltak som kan gjere villreintrekk over rv7 lettare vinterstid. Nedfresing av brøytekantar og oppbygd vegbane som unngår høge brøytekantar er døme på slike tiltak. Tunnel og stenging av veg i dagen på høgdedrag med kjente/viktige trekkvegar kan og vere aktuelt i framtida.

## 6.4 Randområda

Randområda til verneområda er dei delane av Hardangervidda-platået som ligg utanfor verneområda. Verneforskriftene gjeld berre innafor verneområda. Utvikling og bruk av randområda vert regulert av anna lovverk, med plan og bygningslova som den viktigaste. Det er viktig å sjå forvaltning av randområda i samanheng med verneområda. Det ligg mange store verneverdiar utanfor verneområda, og det er eit mål at også verneverdiar utanfor verneområda vert tekne vare på gjennom anna lovverk. Dei fleste brukarinteressene har sitt utspring i randområda, og m.a. ferdsle frå randområda kan ha stor innverknad på verneområda. Difor vert det i forvaltningsplanen gjeve innspel til forvaltning av randområda gjennom kommunal- og fylkeskommunal planlegging og til grunneigarar og rettshavarar sin disponering av områda. Arbeidet med ny fylkesdelplan for heile Hardangervidda er i gang og skal erstatte fylkesdelplan for Hardangervidda Aust. Frå før føreligg også felles fleirbruksplan for Hallingskarvet/Nordfjella som kommunedelplanar.

**Ny fylkesdelplan for Hardangervidda.**
Føringar for arbeidet med fylkesdelplanar for dei nasjonale villreinområda er gjeve i brev frå Miljøvern-departementet, datert 12.04.07. MD seier innleiingsvis i brevet:

*"Det er en overordnet nasjonal målsetting at Norges unike fjellandskap skal tas vare på som leveområde for sårbare arter, regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levende bygder. Fjellområdene skal forvaltes som landskap der kultur- og naturressursene, næringsmessig utnytting og friluftsliv sikres og gjensidig utfyller hverandre.*

*Villreinen skal ha en sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida, og det er et nasjonalt mål at villreinens leveområder skal sikres. Dette skal skje gjennom regionale planer.*

*Miljøverndepartementet ber med dette om at fylkeskommunene utarbeider fylkesdelplaner for en helhetlig forvaltning av fjellområder som er spesielt viktige for villreinens framtid i Norge. For flere områder vil oppgaven bestå i revidere eksisterende paner. Planene skal fastsette en langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområder. De vil være retningsgivende for kommunal planlegging og gi føringer for statlig og fylkeskommunal sektorplanlegging. Planene vil være et ledd i oppfølgingen av regjeringens samlede politikk for fjellområdene."*

Hardangervidda er blant dei prioriterte fylkesplanane, grunngjeve med konfliktgrad og behov. Kommunane, Fylkesmennene og villreinnemndene er involverte i arbeidet.

**Villrein og anna dyre- og planteliv**
Ved behandling av St.meld. nr. 21 (2004-05) fikk villreinstamma på Hardangervidda status som nasjonalt villreinområde, og som del av ein europeisk villreinregion saman med Nordfjella, Setesdal Aust- og Vesthei. Målet er at villreinens leveområde skal sikrast, og store delar av villreinstamma sine leveområde på Hardangervidda er utanfor verneområda. Av særleg stor verdi i randområda er vinterbeiteområda ut mot tangane på austvidda. Det skal også sikrast moglegheit for trekk av dyr over til Nordfjella og Setesdalsheiane, og utveksling av dyr til Brattfjell/Vindeggen og Blefjell. Det er gjort utgreiing om å leggje delar av riksveg 7 over Hardangervidda i tunnel for å styrke moglegheit for villreintrekk. Villreinstamma på vidda er stor nok til å unngå tap av genetisk materiale, men for dei mindre stammene kring vidda kan det være fare for innavl over noko tid.

Også for anna plante- og dyreliv må ein sjå større område under eitt for å sikre levedyktige bestandar på sikt. Dette gjeld i særleg grad artar som er arealkrevjande og som finst i sparsame bestand over store fjellområde, slik som fjellrev, kongeørn, jaktfalk og snøugle. Både ørekyt og røye er fiskeartar som "bankar på døra" til nasjonalparken frå fleire kantar og som vil kunne auke si utbreiing innover verneområda etter kvart.

**Landskapet**
Landskapet i verneområda utgjer ein heilskap saman med randområda. Det er difor viktig at landskapet på Vidda vert forvalta som eit heilskapleg område i fellesskap. Inngrep i det opne fjellandskapet i randområda kan ofte sjåast frå stader langt inne i verneområda.

**Samferdsle og transport**
Hardangervidda ligg sentralt til i høve til viktige kommunikasjonsårer i Sør-Noreg. Fleire riksvegar omkransar Vidda, og stikkvegar går innover Vidda i randområda. Bergensbanen og Finse er eit viktig utgangspunkt for å oppleve den nordlege delen av Vidda. Båtruta over Halnefjorden i det nordlege landskapsvernområdet og båtrutene over Mår og Møsvatn sør for nasjonalparken fraktar folk heilt inn mot nasjonalparken. Vegar og jernbane kan vere barrierar for m.a. villrein, og dei aukar tilgjenget til Vidda. Det er ei utfordring å styre samferdsla i randområda slik at ein unngår press på sårbare område både innafor og utanfor verneområda. Det er ikkje ønskjeleg å auke presset på nasjonalparken frå Tinnhølen.

**Friluftsliv, reiseliv og turisme**
All friluftsliv og naturoppleving i verneområda har sitt utspring i randområda, og sti- og løypenettet i og utanfor verneområda utgjer ein heilskap. Endringar i sti- og løypenettet utanfor verneområda kan ha stor verknad på ferdsla i verneområda, og konsekvensar av slike endringar må vurderast på førehand. Store hyttekonsentrasjonar i randområda skapar ferdsle innover Vidda, hovudsakleg i form av dagsturar. Det aller meste av ferdsla følgjer oppmerka stiar og løyper.

Den nye fylkesdelplanen for Hardangervidda bør lage ein heilskapleg strategi for korleis friluftsliv og naturbasert turisme skal vere i verneområda og i randområda framover. Planen bør vurdere sårbare område og verneverdiar som må skånast for turisme og samstundes peike på område som både tåler ulike typar av ferdsle og som passar inn i ei heilskapleg reiselivssatsing.

Konkret bør fylkesdelplanen vurdere kva delar av randområda som tåler meir friluftsliv og turisme, innfallsportar for vidda med ønska tilrettelegging (parkeringsplassar, informasjonstavler mv) og eventuelle nye ønskje for merka stiar og løyper. Det bør vurderast fleira kortare dagsturar og gode ”utstillingsvindauge” for verneområda på Hardangervidda. Innhald i ny fylkesdelplan kan medføre konsekvensar for verneområda i form av ønske om nye merka stiar eller skiløyper, og bør vurderast i samanheng med områda innafor verneområda.

**Landbruksverksemd**
Rundt heile Vidda ligg det gardsbruk med eigedom eller bruksrettar inne i verneområda. Dei fleste bruka ligg eit stykke unna verneområda, men ved Reinsnos og Valldal i Odda, i Husedalen i Kinsarvik og ved Møsvatn i Vinje ligg det gardsbruk heilt opp mot nasjonalparkgrensa. Landbruket i bygdene rundt Hardangervidda har til alle tider vore basert på å utnytte dei samla ressursane på eigedomen, både nede i bygda og i fjellet. Det er difor viktig å sjå landbruket i verneområda og i randområda i samanheng.

**Kraftutbygging**
Dei fleste vassdraga i randområda rundt Vidda er regulerte, med unntak av Numedalslågen ned til Dagali og Veig. Sjølv om fleire reguleringar så vidt kjem i berøring med verneområda, har drifta av kraftverka forholdsvis liten innverknad på verneområda. Unntak er snømålingar i nedbørsfelt, uroing på villreinen sine trekkvegar og ferdsle langs vegar innover Vidda som var bygde for kraftutbygging.

**Innspel til forvaltning av randområda**

For alle tiltak i randområda må det vurderast konsekvensar i høve til formålet med verneområda. På same måte må tiltak i verneområda også vurderast i høve til konsekvensar for verne- og brukarinteresser i randområda.

# 7. Forvaltning og oppsyn

## 7.1 Forvaltning av verneforskriftene

Forvaltningsstyresmaktene for Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde framgår av kap.2.2 i forvaltningsplanen. Fordeling av forvaltningsmynde mellom Fylkesmennene og dei fylkesvise tilsynsutvala framgår av brev frå Direktoratet for naturforvaltning av 7. juni 2002 (vedlegg 2).

All sakshandsaming etter verneforskriftene er underlagde reglar i forvaltningslova og offentlegheitslova.

### 7.1.1 Tilsynsutvala
I kvart fylke skal det veljast eit tilsynsutval for nasjonalparken med 5, 7 eller 9 personar. Kommunestyret i kvar kommune som har areal i nasjonalparken, skal for kvar valperiode peike ut personar med vararepresentantar som kan ivareta dei ulike interessene som er knytt til forvaltinga av nasjonalparken. Utvala skal oppnemnast av Direktoratet for naturforvaltning, som bør sjå til at det i kvart fylke er minst eit medlem valt inn i lokalt fjellstyre, eller som er privat grunneigar i verneområdet.

Utvalet vel sjølv leiar og oppnemner eigen sekretær. Alle saker som skal handsamast i utvalet skal på førehand sendast til sekretæren.

Tilsynsutvalet skal følgje med i utviklinga i sin del av nasjonalparken og gje råd og uttale i saker som vedkjem forvaltninga av denne.

Tilsynsutvalet er forvaltningsstyresmakt for følgjande punkt i dei tre verneforskriftene, jf. brev frå DN av 7.6.2002:

- Nasjonalparken: pkt. 4.1.3a, b og c, 4.3.2, 4.4, 4.6 og § 48 i Naturmangfaldlova avgrensa til motorisert ferdsle (gamle § 5 i verneforskrifta))
- Landskapsvernområda: pkt. 4.1.3a, b og c

Fylkesmannen har møte- og talerett på utvalsmøte.

### 7.1.2 Fylkesmennene

Fylkesmennene har forvaltningsmynde for dei punkta i vernereglane som ikkje vert forvalta av DN sjølv eller tilsynsutvala. Både tilsynsutvala og Fylkesmennene har forvaltningsmynde etter pkt. 4.3.2 og 4.4 i nasjonalparkforskrifta.

Fylkesmennene har fordelt oppgåver ved at Fylkesmannen i Hordaland er ansvarleg for å koordinere arbeidet mellom forvaltningsorgana over fylkesgrensene og utarbeide årsmelding for verneområda, og har også hatt ansvaret for å revidere forvaltningsplanen for verneområda. Fylkesmannen i Buskerud har hovudansvaret for villreinforvaltninga i Hardangervidda villreinområde og er rådgjevar for Villreinnemda for Hardangerviddaområdet, som er eit regionalt viltorgan etter viltlova. Hordaland fylkeskommune sin kulturseksjon har hatt ansvaret for kulturminnearbeidet for dei tre fylkeskommunane under arbeidet med forvaltningsplanen. Arbeidsdelinga mellom fylkesmennene kan endre seg over tid.

Det er lagt til grunn at Fylkesmannen for kvart fylke utarbeider rutinar for samarbeid med kulturseksjon i Fylkeskommunen om kulturminnesaker i verneområda.

### 7.1.3 Direktoratet for naturforvaltning

Direktoratet for naturforvaltning avgjer etter pkt. 6 i verneforskriftene (pkt. 7 for Møsvatn Austfjell landskapsvernområde) kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta. DN kan vidare fastsetje nærare reglar si organisering av forvaltningsorgana, utøving av mynde og arbeid elles, jf. pkt. 6.2/7.2 i verneforskriftene.

**Retningsliner for forvaltning av verneforskriftene (sakshandsaming)**

Rundskriv om forvaltning av verneområde frå DN (november 2001, revidert februar 2010) gjev utdjupande informasjon om arbeid med forvaltning av verneområde etter naturvernloven. Bruk av unntaksregelen i verneforskrifta (§ 5) er m.a. nærmare omtala. Denne er no erstatta av § 48 i Naturmangfaldlova.

For å forenkle sakshandsaming og korte ned sakshandsamingstida må det lagast kortfatta og oversikteleg informasjon til aktuelle brukarar om kva opplysningar og dokumentasjon som må ligge ved søknader om byggetiltak, motortransport, organisert ferdsle og liknande. Denne informasjonen må også gje informasjon om kva forhold som vert tillagt vekt ved handsaminga. Slik informasjon er eit ledd i å redusere konflikten rundt forvaltning av verneområda og å styrke tilliten mellom forvaltningsorgana og brukarar. Rettleiaren for handsaming av byggesaker er ein del av dette.

Tilsynsutvala kan fastsetje nærmare tidsfrist for søknader om motortransport på vinterføre og på barmark. Tidsfristane skal kunngjerast for dei aktuelle områda, og faste brukarar utanfor lokalmiljøet bør få tilsend informasjon om tidsfristar.

Det må lagast gode rutinar for samarbeid mellom dei ulike forvaltningsorgana ved handsaming av søknader om byggetiltak og motorferdsle. Det bør vere eit fast kontaktpunkt for kvar kommune ved førespurnad om byggeløyve i verneområda. Det same gjeld også ved søknad om tiltak som ikkje er meldepliktige etter plan og bygningslova, men som krev løyve etter verneforskrifta.

Tilsynsutvala kan lage nærmare reglar for saker der leiar eller sekretær kan ta avgjerd etter oppsette retningsliner.

Tilsynsutvala har ansvar for å sjå til at sekretæren i tilsynsutvalet har tilstrekkeleg kompetanse i høve til dei oppgåvene som vert lagt til stillinga

I saker som krev inngåande vurdering av verneinteresser opp mot brukarinteresser, skal det så langt som råd hentast inn aktuell fagkompetanse for å vurdere dei ulike interessene mot kvarandre. Saker som vedkjem kulturminnevern skal vurderast av kulturseksjonen hjå fylkeskommunen (sjå kap.4.2). For andre saksområde der forvaltningsorganet sjølv ikkje har fagkunnskap, skal det hentast inn aktuell kunnskap der denne finst.

I saker som krev faglege vurderingar mellom verneverdiar og brukarinteresser skal vurderingane gå fram av saksframstillinga, slik at partar i saka kan gjere seg kjent med om deira synspunkt er komne fram i saka. Opplysningar om sårbare førekomstar skal handterast som gradert informasjon.

Det er ei viktig oppgåve å samordne sakshandsaming over alle fylka for å unngå ulik handsaming av tilsvarande søknader. Ved handsaming av saker som gjeld fleire fylke bør det gjerast ei felles saksframstilling for alle fylka, men det må gjerast eigne vedtak i det enkelte fylke. Det fylket som søknaden i hovudsak gjeld, bør utarbeide felles saksframlegg som vert drøfta med det/dei andre fylke som skal fatte vedtak i saka.

Det er viktig at søkjar får svar frå alle aktuelle fylkesmenn eller tilsynsutval innan rimeleg tid og desse løyva bør vere samordna av omsyn til søkjaren og tilliten til forvaltninga.

Det bør vere ein felles database for all motorferdsel. Dette både av omsyn til lik handsaming og til lettast mogleg tilgjengeleg data, både grunnlagsdata og statistikk.

**Anna arbeid i forvaltningsorgana**

Forvaltningsstyresmaktene skal bruke logo for Hardangervidda nasjonalpark på alle offisielle dokument, publikasjonar og kunngjeringar som vedkjem verneområda. Nærmare retningsliner for bruk av logo går fram av DN-rapport 1996-3, kap.9.2.

Det skal utarbeidast ein plan for overvaking av verneområda, i tråd med DN sin plan for overvaking av verneområde. Resultat av overvakinga skal gje konkrete innspel til forvaltning av verneverdiar og vurdering av brukarinteresser.

På sikt skal det lagast ein årleg, enkel plan for forvaltninga av verneområda, med oversikt over felles samlingar, opplæring og tiltak som skal følgjast opp gjennom året og med budsjett for året. Statistikk for forvaltning av verneområda må oppdaterast årleg, og det bør lagast ei enkel, felles årsmelding kvart år. For kvart fjerde år bør det utarbeidast ein grundigare rapport for utviklinga i verneområda, jf. plan for områdeovervaking kap. 8.1. Det skal årleg haldast felles samlingar for forvaltningsorgana, for opplæring, drøfting av forvaltningspraksis, for å bidra til samordning og for evaluering av arbeidet. Det bør også gjennomførast årlege møte med representantar for brukargruppene i samband med årlege samlingar for forvaltningsorgana.

Det bør i samarbeid med andre offentlege forvaltningsorgan og SNO etablerast ein digital kartbase for aktuell stadeigen informasjon om verneområda, som grunnlag for forvaltninga. I alle saker som gjeld søknad om bygg og andre inngrep skal det som regel haldast synfaring i felt som ledd i sakshandsaminga.

Brukarar av verneområda skal ha god tilgang på aktuell informasjon om verneforskrifter, forvaltnings-styresmakter, rutinar for søknader og sakshandsaming osv. All informasjon bør vere tilgjengeleg på nettet, og skal og sendast ut når det er ønskje om det.

Det bør vurderast å fordele ansvar for fleire fagområde mellom Fylkesmennene, tilsvarande for villreinforvaltninga. Dette kan vere aktuelt for forvaltning av plante- og dyreliv, bl.a. raudlisteartar, kulturminneforvaltning, landbruk, friluftsliv, turisme og drift av turisthytter.

## 7.2 Oppsyn og skjøtsel

Det er tre hovudaktørar som utfører naturoppsynet på Hardangervidda; Statens naturoppsyn, Fjelloppsynet og politiet. Aktørane koordinerer arbeidet gjennom felles planar for verksemda og har eit tett samarbeid.

Statens naturoppsyn (SNO) vart oppretta med heimel i Lov om naturoppsyn av 21.6.1996, som eit bidrag til å nå nasjonale miljømål. Lov om naturoppsyn heimlar eit heilskapleg naturoppsyn med oppgåver etter følgjande særlovar: naturvernlova, friluftslova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova, motorferdslelova, kulturminnelova og delar av forureiningslova.

SNO sine viktigaste oppgåver er:

- å ivareta nasjonale miljøoppgåver
- kontroll i høve til lovar, forskrifter og anna regelverk
- å førebyggje miljøkriminalitet
- rettleiing og informasjon
- praktiske skjøtselsoppgåver av ulik art
- registrering og dokumentasjon

Fire SNO-stillingar er tilknytt Hardangervidda; to stillingar lokalisert til Skinnarbu i Telemark, ei stilling lokalisert til Rødberg i Buskerud og ei stilling lokalisert til Øvre Eidfjord (Hardangervidda Natursenter Eidfjord) i Hordaland. Desse stillingane har ein stor del av sine oppgåver knytt til verneområda på Hardangervidda, og er underlagt hovudkontoret til SNO ved DN i Trondheim. SNO har avgrensa politimynde og samarbeidar med politi og Hardangervidda Fjelloppsyn as om oppsyn og overvaking på Vidda.

Hardangervidda Fjelloppsyn as (Fjelloppsynet) er oppretta med heimel i Fjellova og er heileigd av dei sju fjellstyra kring Hardangervidda og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Fjelloppsynet gjev informasjon, utfører tilrettelegging, skjøtsel og naturovervaking/ registrering, samt står for offentleg rettsleg og privatrettsleg oppsyn på statsallmenningane. Fjelloppsynet kan etter avtale med private grunneigarar gjennomføre privatrettsleg oppsyn på deira område. Vidare utfører ein oppsyn på oppdrag frå SNO, og tek på seg oppgåver for forskingsinstitusjonar og for forvaltingsorgan med feltarbeid. HF har avgrensa politimynde og utøvar kontroll etter dei same lovane som er nemnde i lov om Statens Naturoppsyn. I 2007 har HF as seks fast tilsette og hovudkontor på Geilo.

Politidistrikta Hordaland, Telemark og Nordre Buskerud har alle delar av sine geografiske ansvarsområde innafor verneområda og inngår i det totale naturoppsynet. Samarbeidet mellom politiet og anna oppsyn vert koordinert gjennom Hordaland politidistrikt. Det enkelte politidistriktet har ansvar for all politeneste som vert utførd innafor distriktet, også den som vert utført av personar med avgrensa politimynde.

Hovudoppgåvene for oppsynet i verneområda på Hardangervidda er:

- rettleiing og informasjon til brukarar og gjester.
- kontrollere, rapportere og reagere på brot på forskrifter og regelverk.
- halde oversikt over utviklingstendensar i bruken av området.
- halde oppsyn/oversikt over status for lokalitetane for truga plante- og dyreartar.
- føre tilsyn med og eventuelt utføre vedlikehald av statleg eigedom, det gjeld og informasjons- og oppmerkingsmateriell.

**Aktuelle oppgåver for naturoppsynet**

Kontakt med forvaltningsstyresmaktene, lokalsamfunn og brukargrupper
Fylkesmannen som forvaltningsstyresmakt er fagleg premissgjevar for arbeidet som vert utført i verneområda. Det er naudsynt med gode rutinar for jamleg kontakt med Fylkesmannen og tilsynsutvala, slik at ansvarlege styresmakter vert oppdatert på tilstanden i verneområda.

Dersom ein skal nå formålet med vernet, er det og naudsynt med god kontakt, open dialog og tillit i høve til lokalsamfunn, medrekna grunneigarar, rettshavarar og andre brukargrupper.

Rettleiing og informasjon
Informasjon om verneområda skal skje etter ein heilskapleg plan, og i samråd med Fylkesmenn og DN (sjå kap.6.3). SNO vil bidra til informasjonsarbeidet i tilknyting til verneområda, og vil kunne hjelpe forvaltningsstyremaktene mellom anna ved produksjon av informasjonsmateriell, skilting, merking m.v. SNO skal spele ei aktiv rolle i høve til rettleiing og informasjon til brukargrupper på Vidda og vere synlege på ein positiv måte i felten. Også politiet og Fjelloppsynet vil ha ansvar for rettleiing og informasjon som ein del av oppsynsaktiviteten. Fjelloppsynet har ei fast informasjonsteneste på Tinnhølen i sommarsesongen.

Overvake og kontrollere at gjeldande lover og reglar vert følgd
Dette er oppgåver som vert utførde på vegne av politi/lensmann og/eller forvaltningsstyresmaktene. Handheving av verneforskriftene er her blant dei mest sentrale oppgåvene ved utføring av kontrollar når oppsynet er på feltoppdrag.

SNO samarbeider med lensmenn/politiet og Hardangervidda Fjelloppsyn as om arbeidet. Dette samarbeidet har hatt ei positiv utvikling etter at SNO vart etablert på Hardangervidda og bør utviklast vidare.

Oppsyn i samband med villreinjakta
SNO og Hordaland politidistrikt har eit overordna ansvar for å leie, samordne og koordinere jaktoppsynet under villreinjakta, og er faglege premissgjevarar for dette oppsynet. Oppsynet i samband med villreinjakta utgjer ein viktig og omfattande del av oppsynsaktiviteten til både SNO, politiet og Hardangervidda Fjelloppsyn as. SNO har etablert ein oppsynssentral på Skinnarbu, som fungerer som eit kommunikasjonsknutepunkt og ein leiings-/koordineringssentral for SNO under jakta.

Skjøtsel og renovasjon
Skjøtseltiltak kan vere både reparasjon av skade i naturen som skuldast menneskeleg aktivitet og arbeid for å oppretthalde ein naturtilstand. Planlegging og gjennomføring av skjøtseltiltak må skje i samsvar med forvaltningsplanen og i nært samarbeid mellom forvaltningsstyresmaktene, grunneigarar, andre rettshavarar og brukarar. For skjøtselarbeid er det aktuelt at oppsynet tek leiaransvar.

Renovasjon og avfallshandsaming er eit kommunalt ansvar, jf. forureiningslova § 35. SNO bør samarbeide med kommunane for å få til gode ordningar. Renovasjon må utførast både som ledd i haldningsskapande arbeid og for å oppretthalde området som triveleg å ferdast i. SNO skal følgje med når det gjeld forsøpling og sjå til at søppel vert fjerna. SNO har ikkje ressursar til sjølve å utføre renovasjonsarbeidet. Her må turistbedrifter, turistforeiningar, fjellstyre og andre som marknadsfører og brukar områda gjerast ansvarlege. SNO og Fjelloppsynet har tidvis gjennomført søppelaksjonar organisert med oppsamlingspunkt og helikopterfrakt. Slik har ein fått ut mykje gamalt eigarlaust boss.

Generell overvaking av naturmiljø, kulturminne o.l.
Ei forsvarleg forvaltning av verneområda og verneverdiane føreset ei overvaking av naturmiljø og kulturminne, både for å følgje med på utviklinga i områda generelt, men og for å følgje med på lokalitetar av særskilt interesse. Det kan vere overvaking av plantelokalitetar, villreinen sin arealbruk, yngling av fjellrev, utvikling i høve til kulturminne og kulturlandskap, førekomst av ørekyte o.l. Oppsynet bør delta i å planleggje og gjennomføre eit program for registrering og overvaking av naturmiljø og kulturminne i verneområda.

Registreringar
Oppsynet bør vere kvalifisert til å ta på seg feltoppdrag for andre institusjonar. Aktuelle oppdrag er innhenting av plantemateriale, vilt og fisk for vidare undersøking og analyse og vidare registreringar av plante- og dyreartar med tanke på vegetasjons- og bestandsutvikling. Ved at personar som likevel er ute i felten utfører slike oppdrag, vert belastninga i området redusert, til dømes med omsyn til motorisert ferdsle.

Merking og vedlikehald av grenser
Verneområda har mange grenseskilt/grensemerke. Desse skal kontrollerast med jamne mellomrom.

Tilrettelegging
Oppsynet bør delta i arbeidet med å lage ein plan/strategi for kor og korleis tilrettelegging for ferdsle skal skje, og eventuelt også ta del i arbeidet med gjennomføring. Det kan vere tilrettelegging av informasjon i form av tavler ved innfallsportar til Vidda og plakatar ved turisthytter og andre knutepunkt.

Faglege tilrådingar til forvaltningsstyresmakter
Oppsynet vil etterkvart kjenne dei lokale tilhøva godt. Denne kunnskapen må koma forvaltningsstyresmaktene til gode når dei skal gjere vedtak i konkrete saker. Oppsynet skal gje innspel til arbeidet med forvaltningsplanen og bidra med lokalkunnskap i enkeltsaker etter behov. Dette skjer gjennom bestillingsdialogen med SNO og elles i kommunikasjon med SNO og Fjelloppsynet.

Oppfølging av vedtak
I samband med løyve som vert gjeve vert det ofte fastsett nærmare vilkår. Ei oppgåve for oppsynet er å kontrollere at vilkåra vert følgde.

Fjellsikringstiltak
Politiet har hovudansvaret for sikringstiltak og redningsaksjonar i fjellet. Oppsynet si rolle i redningsaksjonar bør vere å stille lokalkunnskap til disposisjon ved planlegging og administrativ gjennomføring av ein redningsaksjon. SNO har dessutan som uttala politikk at dei så langt råd er skal stille personell og logistikk til disposisjon for politiet ved redningsaksjonar. Ein sentral rolle for Oppsynet er å ta del i førebyggjande arbeid ved å gje innspel til tilrettelegging og informasjon om kvar det kan vere usikkert å ferdast til ulike årstider.

**Innspel til oppsynsarbeidet i verneområda**

Naturoppsynet sitt arbeid må skje innafor dei rammer som er sett av lovverket, verneforskriftene, vedtatt forvaltningsplan og dei aktuelle forvaltningsstyresmaktene.

Oppsynet skal halde eigen bruk av motortransport på eit minimum, og samordne sine transportbehov med andre så langt det er formålstenleg.

Ved utarbeiding av årleg plan for oppsynsverksemda skal det i samråd med forvaltningsstyresmaktene gjerast faglege prioriteringar for oppsynet sitt arbeid i verneområda. Dette skjer gjennom bestillingsdialogen med SNO. Plan for overvaking av verneområda på Hardangervidda vil utgjere eit framtidig grunnlag for prioritering av oppgåver, saman med forvaltningsplanen.

## 7.3 Informasjon og rettleiing

Både forvaltningsstyresmaktene ved Fylkesmennene, tilsynsutvala, og Statens naturoppsyn SNO har eit informasjonsansvar i høve til verneområda på Hardangervidda. Informasjon er svært viktig og må tilpassast formålet med informasjonen og målgruppene.

Forvaltningsstyresmaktene har eit særskilt informasjonsansvar i høve til sitt arbeid og må informere om verneforskrifter og forvaltningspraksis til aktuelle brukargrupper av områda. Statens naturoppsyn har hovudansvaret for informasjon om verneformål, verneverdiar, brukarinteresser, reglar for ferdsle o.l. i felt og rundt Vidda. Fylkesmenn, tilsynsutval og oppsyn må samarbeide om formidling av informasjon om verneområda.

Det må lagast ein samordna plan for informasjon om verneområda på Hardangervidda. Følgjande tiltak er aktuelle:

- Foldar med utdrag frå verneforskrifter og hovudpunkt for forvaltningspraksis (info til potensielle søkjarar om løyve til byggjetiltak og motorferdsle)
- Foldar med informasjon om verneverdiar, brukarinteresser og åtferdsreglar (info til brukarar av verneområda; friluftsfolk, fiskarar, jegerar m.fl.)
- Plakatar med informasjon om verneområda, verneverdiar og brukarinteresser (innfallsportar til Vidda, på turisthytter, fjellstyrehytter og reiselivsbedrifter i randområda til Vidda)
- Informasjons/opplæringsprogram basert på internett og eventuelt også DVD (sjå kap.7)
- Informasjon og rettleiing skal inngå som ein viktig og integrert del av naturoppsynet sitt feltarbeid

Ved presentasjon av verneområda på internett kan det leggjast opp linkar til tilbod som fjellstyra, villreinutval, private grunneigarar og turistforeiningane har på Vidda. Det må vurderast om eit slikt opplegg kan medføre uønskte marknadsføringseffektar.

Det må leggjast opp til eit samarbeid i høve til DNT, private turisthytter, fjellstyre og andre rettshavarar som har ønskje om å informere og marknadsføre sine tilbod i verneområda, slik at dette vert utført i tillit til forvaltningsstyresmaktene og på ein måte som ikkje fører til uønskte konsekvensar ved sterk auke i tilstrøyminga eller feil bruk av verneområda. Det må vere lov å informere på ein sakleg og informativ måte om det tilbodet ein har.

Det er ei særskilt utfordring å informere om dei spesielle forholda m.o.t. omfang av privat eigedom og tradisjonell bruk i Hardangervidda nasjonalpark, samanlikna med andre norske nasjonalparkar. Balansert og sakleg informasjon om desse forholda vil truleg bidra til ei betre forståing for forvaltninga av Hardangervidda og verke konfliktdempande i høve til brukarar av Vidda.

Eidfjord natursenter i Øvre Eidfjord er godkjent som informasjonssenter for Hardangervidda nasjonalpark. Informasjonen som vert formidla i natursenteret må koordinerast med anna, offisiell informasjon om verneområda på Hardangervidda. Også Villreinsenteret på Skinnarbu ved Møsvatn bør inngå i ein heilskapleg informasjonsstrategi for verneområda på Vidda, der forvaltningsstyresmaktene er med og legg premissar for fagleg innhald og vinkling av informasjonen.

Eit supplement til bruk av naturinformasjonssentra er å utvikle og formidle god og målretta informasjon gjennom turisthytter, reiselivsbedrifter og andre stader i randområda der aktuelle målgrupper er innom. Det kan vere ein rimelegare og meir effektiv måte å spreie informasjon om verneområda på, til nytte og glede for både brukarar, den enkelte turisthytte/reiselivsbedrift og for styresmaktene.

## 7.4 Kunnskapsoppbygging

Hardangervidda er blant dei best undersøkte naturområda i Noreg, blant anna som følgje av ei rekkje større forskingsprosjekt. Alt materiale av naturfagleg karakter fram til 1984 er samla i eit referansearkiv. Også for kulturminnefeltet er det gjort eit større arbeid utført av Riksantikvaren/Miljøverndepartementet. Berre det naturfaglege referansearkivet inneheldt 1018 dokument (Statskog Vestlandet 1992).

I tillegg finst ei stor mengd informasjon i form av forskings- og hovudfagsarbeid ved vitskaplege institusjonar, registreringar og undersøkingar utført av privatpersonar og foreiningar som Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Botanisk Forening, og Norsk Entomologisk Forening. Statistikk, årsmeldingar o.l. for ulike foreiningar og organisasjonar som har verksemd på Hardangervidda er og relevant informasjon for forvaltninga.

Det er eit mål at all forvaltning av verneområde skal vere kunnskapsbasert. Dette føreset at forvaltningsstyresmaktene har tilgang på målretta og fagleg god informasjon om dei aktuelle natur- og kulturminnefaglege forhold, bruken av områda og forholda mellom bruksinteresser og verneverdiar.

Direktoratet for naturforvaltning arbeider med ein plan for områdeovervaking, som ledd i å sikre at forvaltning av verneområde skal vere i samsvar med verneformålet. Dovrefjell er peika ut som eit pilotområde for å utarbeide ein plan for systematisk overvaking av verneområda i området.

Det finst ikkje systematisk innhenta informasjon for verneområda på Hardangervidda som er naudsynt for å sjå til at verneverdiane vert forvalta på ein fagleg forsvarleg måte. Det føreligg mykje informasjon frå meir eller mindre tilfeldige forskings- og registreringsprosjekt som er gjennomført av ulike vitskaplege institusjonar opp gjennom åra. Ein del av dette materialet er relevant for forvaltninga av verneverdiane, slik som kunnskap om villreinstamma.

Det bør ha høgaste prioritet for forvaltningsorgana i samarbeid med oppsynet og utarbeide ein plan for overvaking av verneområda, med verneverdiar og bruksinteresser. Planen må ha som utgangspunkt:

- Dokumentere tilstand, utvikling og påverknadsfaktorar for dei viktige verneverdiane i verneområda
- Registrere omfang av ulike brukarinteresser over tid
- Registreringane må prioriterast i høve til verneverdiar som er utsette for menneskeleg påverknad, og som forvaltningsstyresmaktene kan gjere noko med
- Registreringsarbeid i felt skal kunne gjennomførast av oppsynsapparatet etter klare instruksar
- Det må lagast eit system for å handsame datamateriale må ein overkommeleg måte og slik at alle data kan takast i bruk av forvaltninga

**Oppfølgjande tiltak**

Det må lagast ein plan for overvaking av verneområda i samarbeid mellom vernestyresmakter og oppsynsapparat. Sjå oppfølgjande tiltak.

Det må også etablerast rutinar for kontakt med vitskaplege institusjonar og andre fagmiljø og grupper som sit inne med aktuell kunnskap for forvaltning av verneområda. Det må lagast eit oversikteleg, digitalt arkiv med oversikt over tilgjengeleg data om verneområda.

## 7.5 Samarbeid om forvaltning av verneområda

Forslag til handlingsplan for berekraftig bruk og forvaltning av verneområde legg opp til ei meir aktiv forvaltning av verneområde.

Dette inneber at forvaltningsstyresmaktene sitt arbeid må gå vidare enn sakshandsaming etter verneforskriftene, og ta del i å fastsetje mål og strategiar for dei enkelte verneverdiar og ta del i å gjennomføre aktuelle tiltak i verneområda.

Forvaltningsstyresmaktene for verneforskriftene kan bidra til å forvalte verneverdiane i verneområda ved å gje løyve eller nekte løyve til aktivitetar som krev løyve. Forvaltningsstyresmaktene har utover dette ikkje råderetten over planteliv og dyreliv, landskap, kulturminne og kulturmiljø. Kommunar og andre offentlege styresmakter har forvaltningsoppgåver som er heimla i anna lovverk også innafor verneområda, og gjer forvaltningsvedtak om desse områda.

Det er grunneigarar og fjellstyre som har eigedoms- og råderetten til dei fleste verneverdiane, og som sit med nøkkelen til ei aktiv forvaltning av desse. Likeins er det turistforeiningar, jegerar og andre grupper som utøvar delar av det praktiske forvaltningsarbeidet i felt, ved stikking og merking av løyper og stigar og ved felling av villrein.

Skal ein oppnå formåla med nasjonalparken og landskapsvernområda, føreset det eit vidt samarbeid mellom vernestyresmaktene og dei andre aktørane som forvaltar verdiane på Hardangervidda. Dette føreset møteplassar for å drøfte problemstillingar og felles løysingar. Det er eit godt utvikla samarbeid om forvaltning av villreinstamma på Vidda, der rettshavarar og offentleg viltforvaltning samarbeider om utarbeiding og oppfølging av driftsplan for villreinen. Liknande samarbeidsmodellar bør også vurderast for andre forvaltningsområde innafor verneområda. Til dømes har grunneigarar og fjellstyra høve til å regulere beitetrykk i avgrensa område, medan verneforskriftene manglar slik heimel.

Når dei store linene for vern og bruk av verneområda skal trekkjast opp, må også kommunane sitt syn verte tillagt vekt fordi verneområda omfattar store område med store interesser for fleire av kommunane. I kommuneplan bør kommunane gje til kjenne sitt syn når det gjeld forvaltning av verneområda, og utforme ein politikk som er førande for kommunen sine eigne forvaltningsvedtak i området.

**Aktørar i forvaltninga av verneområda**
Dei viktigaste aktørane for forvaltning av verneområda og deira rolle er:

**Grunneigarar og andre rettshavarar:**

- Private grunneigarar og sameige med einerett til jakt, fiske, beite, og generell råderett over eigedomen med m.a. kulturminne. Har rett til å nekte aktivitet som motorferdsle og merking/stikking av stigar/løyper. I 2007 organiserer Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG) om lag 75 % av dei private areala i verneområda.
- Fjellstyra forvaltar bruksrettar (jakt, fiske, beite og setring) på statsallmenningane etter fjellova. Fjellstyra samarbeider gjennom Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda (SfH).
- Villreinutvalet for Hardangervidda er rettshavarane sitt organ for dagleg drift av villreinområdet på Vidda. Styret i villreinutvalet er samansett av fire representantar frå HG og fire frå SfH.
- Statskog SF utøvar grunneigaransvaret for all statsgrunn.
- Eigarar av private hytter, turisthytter og andre bygg og anlegg har eigarinteresser i høve til desse objekta.

**Offentlege forvaltningsstyresmakter:**

- Kommunane har mynde i verneområda etter viltlov, lov om innlandsfiske, plan og bygningslov, motorferdslelov, friluftslov, forureiningslov, landbrukslovgjeving, lov om brannvern m.fl. Kommunane samarbeider m.a. gjennom ordførarutvalet for Hardangervidda.
- Fylkesvise tilsynsutval vert oppnemnde av DN med representantar for kommunane rundt Hardangervidda og har mynde etter verneforskriftene.
- Fylkeskommunane har mynde etter plan og bygningslova og kulturminnelov.

- Fylkesmennene har også ei rekkje forvaltningsoppgåver knytt til plan og bygningslova, viltlova, innlandsfiskelova, friluftslova, forureiningslova, landbrukslovgjeving m.fl.
- Andre offentlege styresmakter med forvaltningsoppgåver i verneområda er m.a. Næringsmiddeltilsyn (etter næringsmiddelforskrifter) og Arbeidstilsyn (etter arbeidsmiljølova).
- Villreinnemnda for Hardangervidda er eit statleg utval som m.a. har i oppgåve å fastsetje fellingskvote for villreinjakta, og å følgje med i utviklinga av villreinen sine leveområde.

**Oppsyn og politi:**

- Statens naturoppsyn er miljøvernstyresmaktene sitt eige oppsynsapparat, med ansvar for å samordne og koordinere det totale naturoppsynet etter Lov om statlig naturoppsyn av 21.6.96.
- Hardangervidda Fjelloppsyn as (Fjelloppsynet) er oppretta med heimel i Fjellova som heilskapleg oppsynsordning for statsallmenningane på Hardangervidda. Fjelloppsynet erått av Fjellstyra og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Det er underlagt oppsynsordningar som er godkjent av Landbruks og matdepartementet og Statskog SF. SNO har inngått avtale om kjøp av felttenester av Fjelloppsynet.
- Politi og lensmenn er ansvarleg for å handheve lovverk også i verneområda, og skal påtale aktuelle tilfelle. Å kjempe mot av faunakriminalitet er eit prioritert felt. Lensmennene er ansvarlege for å ta initiativ til å leie redningsaksjonar og ettersøk. Politiet samarbeider med oppsynet, m.a. under villreinjakta.

**Andre instansar:**

- Den Norske Turistforening (DNT) er ei landsforeining og har fire medlemsforeiningar med kvar sine administrasjonar i arbeid på Vidda; Bergen Turlag (BT), Drammens og Oplands Tf. (DOT), DNT Oslo og Omegn (DNT-OO) og Telemark Tf. (TT). Medlemsforeiningane har delt Vidda inn i fire arbeidsområde og har det praktiske ansvaret for merking av ruter og kvisting av løyper og drift av turisthytter. Odda turlag er eit lokallag under BT.
- Friluftslivets fellesorganisasjon FRIFO er samansett av dei største friluftsorganisasjonane i landet, og er ei interessegruppe i forvaltninga av verneområda i Noreg
- Samarbeidsrådet for naturvernsaker er samansett av DNT, Norges naturvernforbund (NNV), Norges Jeger og Fiskerforbund (NJFF) og Verdens Naturfond (WWF). Samarbeidsrådet har to felles representantar i Samarbeidsrådet for Hardangervidda, og er ei interessegruppe for naturvernarbeid.
- Dei sentrale landbruksorganisasjonane Noregs Bondelag, Noregs Bonde- og Småbrukarlag og Noregs Skogeigarforbund har to felles representantar i Samarbeidsrådet for Hardangervidda. Rundt Vidda er det og ei rekkje lokale og fylkesvise landbruksorganisasjonar, sau- og geitalslag og andre faglag som er interessegrupper i forvaltninga av verneområda.

**Leverandørar av kunnskap for forvaltning av verneområda:**

- Vitskaplege institusjonar og forskingsmiljø som universitet og høgskolar og Norsk Institutt for Naturforskning-Norsk Institutt for Kulturminneforsking (NINA-NIKU) er viktige leverandørar av kunnskap for forvaltning av verneverdiar
- Faglege foreiningar som Norsk Ornitologisk Forening (NOF), Norsk Botanisk Forening (NBF), Norsk Zoologisk Forening (NZF), Norsk Entomologisk Forening (NEF) m.fl. sit også inne med mykje aktuell kunnskap på sine felt
- Også enkeltpersonar som brukarar av Vidda og foreiningar som lokale historielag sit inne med mykje aktuell informasjon
- Eidfjord Natursenter, og Hardangervidda Nasjonalparksenter, Møsvatn, er offisielle nasjonalparksentra som formidlar av informasjon om verneområda til publikum

**Retningsliner for samarbeid om forvaltning av verneområda**

Forvaltningsstyresmaktene må heile tida vurdere kva for samarbeidstiltak i høve til andre aktørar som er tenlege for å oppnå verneformåla. Samarbeidstiltak må vere målretta i høve til konkrete utfordringar for forvaltninga av verneområda.

### 7.6 Økonomi og ressursar for å nå forvaltningsmåla

Å forvalte så store og samansette verneområde som på Hardangervidda er ressurskrevjande. Ambisjonsnivået for forvaltninga må stå i forhold til tilgjengelege ressursar for forvaltnings- og oppsynsarbeid.

Utforming av forskrifter og rutinar for forvaltningsarbeidet har stor innverknad på kostnader ved sakshandsaming. Detaljerte forskrifter som føreset mange søknader medfører stor innsats til sakshandsaming og stor møteverksemd i tilsynsutvala. Ressursar til sakshandsaming må vegast opp mot behovet for å sjå dei store linene for utvikling i verneområda. Sterk fokus på enkeltsaker vil lett føre til at ein mister perspektiv på heilskapen for verneområda. Informasjon og rettleiing i høve til brukarar, og annan kontakt med ulike organ for forvaltning av verneområda krev også ressursar.

Dersom ein skal oppnå ein kunnskapsbasert forvaltning av verneområda som er i samsvar med verneformålet, må det utarbeidast ein plan for overvaking av verneområda på Hardangervidda; sjå neste avsnitt i forvaltningsplanen. Utfordringa er å lage eit fagleg forsvarleg og enkelt system som på ein best mogleg måte prioriterer tilgjengelege ressursar til dei viktigaste overvakingsoppgåvene som forvaltninga har behov for.

**Retningsliner for arbeid med økonomi/styring av ressursar**

Forvaltningsstyresmaktene må til ei kvar tid vurdere korleis ein innafor tildelte ressursrammer best mogleg kan oppnå formåla med verneområda. Det skal lagast ein årleg plan med budsjett for forvaltningsorgana si verksemd i verneområda, for å synleggjere kva oppgåver ein vil prioritere for det komande året.

Det må leggjast opp til rasjonelle og effektive arbeidsmåtar, samstundes som viktige oppgåver vert handsama på ein grundig måte.

# 8 OPPFØLGJANDE TILTAK

I forvaltningsplanen er det peika på fleire viktige oppfølgjande tiltak for forvaltning av verneområda. Av erfaring er det viktig å avgrense nye tiltak til det som har høgast prioritet. Dei fleste tiltaka kan innarbeidast i ein plan for overvaking av verneområda.

### 8.1 Plan for overvaking av verneområda på Hardangervidda.

Direktoratet for naturforvaltning arbeider med å utvikle eit system for overvaking i verneområde. Dette skal både måle tilstanden til verneområdet og registrere tiltak og bruk som kan påverke dette. Slike fakta skal være grunnlaget for å planlegge, prioritere og gjennomføre naudsynte tiltak.

DN føreslår at overvakinga vert knytt opp mot elementa Tilstand, Påverknad og Tiltak. Dette utgjer også grunnlag for ein effektiv og heilskapleg miljørapportering av verneområda til bruk både nasjonalt og internasjonalt. SNO vil både gjennom eigen innsats og gjennom tenestekjøp stå for ein del av dette arbeidet.

Arbeidet med å utvikle og setje i verk ein plan for overvaking av verneområde er dels oppfølging for å møte Riksrevisjonen sin kritikk til styresmaktane for stor avstand mellom det høge ambisjonsnivået i norsk vernepolitikk og den låge innsatsen for å nå ambisjonane. Overvaking av verneområde er også viktig for å møte regjeringa sine signal om auka bruk av verneområde utan at det skal skade verneformålet.

I samband med klargjering av innmelding av verneområde til Emerald Network er fylkesmennene bedne om å legge fram rapportar og utgreiingar for det biologiske mangfaldet (brev frå DN 30.11.2009). Dette bør i sin tur legge grunnlaget for å skaffe ny kunnskap der forvaltninga har mangelfull kunnskap om sentrale verdiar for det biologiske mangfaldet.

NINA-rapport nr. 188 (2007) omhandlar bakgrunn for og innhald i overvaking av verneområde generelt, og inneheld forslag til overvakingsplan for verneområda på Dovrefjell spesielt. Opplegget tek utgangspunkt i eit robust og praktisk orientert arbeid og som ikkje krev spisskompetanse for å gjennomføre. Ein ønskjer å bruke oppsynet i sitt daglege arbeid til å gjennomføre overvakinga.

Det er halde fram at overvakingsplanar må skreddarsyast til det enkelte verneområde og vere forankra i gjeldande verneformål. Ansvaret må ligge til den som har forvaltningsansvaret for området. Forslag til kriterium for å prioritere for overvaking av verneområde er:

- Overvakingstemaet skal ha forankring i verneformålet for verneområdet
- Det aktuelle vernemålet kan vere (potensielt) truga
- Denne trusselen skal kunne reduserast/fjernast, eller skaden reparerast med innsats frå forvaltninga

Det er fleire utfordringar knytt til å lage ein god og integrert forvaltnings- og overvakingsmodell:

- Val av prioriterte tema
- Val av overvakingsindikatorar, må overvake både tilstand og påverknad
- Fagleg forsvarleg forvaltning; kven garanterer kvalitet av data
- Praktisk tilpassing i felt
- Idealet er enkel metodikk, høg fagleg kvalitet og klar forvaltningsrelevans

Eit hovudformål med overvakinga er å finne svar på når ein uheldig påverknad har komen så langt at det må setjast inn tiltak.

Verneområda på Hardangervidda er det nest største samanhengande verneområdet på fastlands-Noreg. Verneområda har eit høgt bruksnivå og fleire utfordringar knytt til utvikling av verneverdiane og oppfyller fleire av kriteria for kva verneområde som bør prioriterast med omsyn til fordeling av tiltaksmidlar for dei neste åra, jf. Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (DN-notat 2007-1).

Det bør difor ha høgaste prioritet å starte arbeidet med å utvikle, og i neste omgang setje i verk, ein overvakingsplan for verneområda på Hardangervidda, basert på dei erfaringane som føreligg frå m.a. Dovrefjell. Arbeidet bør utførast i samarbeid mellom Fylkesmennene, tilsynsutvala, fylkeskommunane som kulturminnestyresmakter og SNO. Dette vil vere ein relativt omfattande jobb som vil krevje auka ressursar til forvaltninga.

**Tema som bør prioriterast i eit overvakingsprogram er dukkender, våtmarksfugl, kulturminne og landskap. Ein syner til nærmare omtale av utfordringane for dei einskilde tema.**

## 8.2 Informasjonsplan.

Informasjonsbehov:

- Om verneformål, verneverdiar og godkjente brukarinteresser – det må lagast kriterie for informasjon som sikrar balansert informasjon
- Om dei særskilte forholda ved Hardangervidda nasjonalpark; storleik, omfang av privat eigedom og omfang av brukarinteresser
- Informasjon på nettet, i brosjyre og ved innfallsportar til verneområda
- Rettleiing til besøkande, skoler og barnehagar osv

## 8.3 Kulturminneplan for verneområda.

Det vert tilrådd å utarbeide ein forvaltningsretta kulturminneplan i nært samarbeid mellom Fylkesmenn, grunneigarar, kommunar og fylkeskommunar. Kulturminneplanen må byggje på tidlegare registreringar og vurdere potensial for ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Det må lagast ein verneplan, skjøtselplan og restaureringsplan for fornminne og ruinar, retningsliner for nybygg og prioritering av nye registreringar. Alle kulturminne må lastast inn i den nasjonale databasen "Askeladden". Ein slik plan føreset finansiering frå fleire hald. Ikkje minst må ein vente at kulturminnestyresmaktene er tungt inne.

## 8.4 Informasjon til søkjarar.

"Kortversjon" av forvaltningsplanen. Kva opplysningar trengs for å handsame søknad om byggeløyve og motortransport. Søknadsskjema med moglegheiter for avkryssing.

## 8.5 Skjema for utarbeiding av forenkla driftsplan for eigedomar og andre einingar, som grunnlag for å vurdere søknader om motorferdsle og byggetiltak.

Det bør utarbeidast eit standardisert skjema der søkjar på ein enkel måte kan leggje inn naudsynt informasjon som trengst for at forvaltningsstyresmaktene kan vurdere behov ved søknader om motortransport og byggetiltak.

# 9. KJELDER/LITTERATUR


- Bruun, M. 1996. Landskapsbildet i norsk naturforvaltning. Institutt for landskapsplanlegging, NLH.
- Buskerud fylkeskommune. 2001. Prosjekt Nordmannsslepene.
- Buskerud & Telemark fylkeskommuner. 1998. Fylkesdelplan Hardangervidda Aust.
- Den norske turistforening, Forbundet KYSTEN og Friluftsrådenes landsforbund. 2002. Merkehåndboka.
- Den norske turistforening. 1998. Miljøoppfølgingsprogram for DNT 1998-2008. DNTs agenda 21.
- Den norske turistforening. 2000. Til fots i Norge.
- Direktoratet for naturforvaltning. 1993. Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv. DN-håndbok 1993-3.
- Direktoratet for naturforvaltning. 1994. Mål og retningslinjer for stier og løyper i fjellet. DN-notat 1994-10.
- Direktoratet for naturforvaltning. 1995. Naturvernområder i Norge 1911-1994. DN-rapport 1995-3.
- Direktoratet for naturforvaltning. 1996. Forvaltning av nasjonalparkar. DN-rapport 1996-3.
- Direktoratet for naturforvaltning. 2007. Direktoratet for naturforvaltning. Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder. DN-Notat 1-2007
- Direktoratet for naturforvaltning. 2008 (rev. 2010). Direktoratet for naturforvalting. Områdevern og forvaltning. DN-håndbok. 17-2001
- Fredriksen, G. 1978. Nasjonalpark og landskapsvernområder på Hardangervidda. Supplerende registreringer og konsekvensanalyse. Vedlegg til St.meld. nr. 43 (1978) Om Hardangervidda.
- Fylkesmennene i Buskerud, Hordaland og Telemark. Årsmelding 1998-2000 for Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen og Møsvatn Austfjell landskapsvernområder.
- Hardangervidda villreinutval. 2002. Driftsplan for Hardangervidda villreinområde
- Hol kommune m.fl. 1998. Felles fjellbruksplan for Nordfjella.
- Høiland, K. 1990. Utsatte fjellplanter i Sør-Norge. Utredning. Norsk institutt for naturforskning.
- Innst. S. nr. 361 (1978-79). Innstilling fra den forsterkede kommunal- og miljøvernkomite om Hardangervidda.
- Lid, J. 1959. The Vascular Plants of Hardangervidda, a Mountain Plateau og Southern Norway. Nytt Mag. Bot. 7: 61 - 128.
- Lye, K. A. 1985. Planter frå mange klimasoner. Norges nasjonalparker 11 Hardangervidda. Luther Forlag.
- Moe B. 1995. Studies of the alpine flora along an east-west gradient in central Western Norway, Nordic Journal of Botany, 15 (1).
- Norsk Institutt for By og Regionforskning; NIBR Rapport 2006:15 " Motorferdsel i utmark – omfang, erfaringer og effekter", rapport 1 frå Motorferdsel og Samfunn (MoSa-) prosjektet
- Norsk Institutt for Naturforsking. NINA Rapport nr. 188 (2007) A. Overvaking av verneområde. B. Forslag til overvakingsplan for vernekvalitetar, ferdsel og påverknad på Dovrefjell. Eit pilotprosjekt.
- NOU 1974 30 A og B: Hardangervidda.
- Riksantikvaren & Miljøverndepartementet. 1983. Buer på Vidda. Handbok i vøling av buer på Hardangervidda.
- Riksantikvaren. 1987. Om kulturminner fra nyere tid, verneverdi og utvelgelseskriterier. Informasjon fra Riksantikvaren.
- Statskog Vestlandet. 1992. Forvaltningsplan for Hardangervidda nasjonalpark 1993 – 2003. Høyringsutgåve.
- Stortingsmelding nr. 40 (1986-87) Om friluftsliv.
- Stortingsmelding nr. 43 (1978-79) Om Hardangervidda.
- Stortingsmelding nr. 62 (1991-92) Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge.
- Temagruppe for friluftsliv, turisme og drift av turisthytter. 1999. Friluftsliv, turisme og drift av turisthytter på Hardangervidda. Innstilling.
- Temagruppe landbruk. 1999. Landbruksutnytting på Hardangervidda. Innstilling.
- Temagruppe verneverdiar. 1999. Forvaltning av verneverdiane på Hardangervidda. Innstilling.
- Temagruppe villreinforvaltning. 1999. Villreinforvaltning på Hardangervidda. Innstilling.
- Aamlid, D. 1990. Et bidrag til Hardangerviddas flora: Snøsoleie (Ranunculus nivalis) BLYTTIA 48: 69–72.

**VEDLEGG 1 VERNEFORSKRIFTER**

**VEDLEGG 2 DELEGASJON AV FORVALTNINGSMYNDE**

**VEDLEGG 3 KART MED SONEINNDELING AV VERNEOMRÅDA**

**VEDLEGG 4 KART OVER GODKJENDE TRAKTORSLEPER, TELTPLASSAR UNDER VILLREINJAKTA, TELTFORBODDSONER UNDER VILLREINJAKTA, LANDINGSVATN FOR UTTRANSPORT AV FELT VILLREIN, TURISTHYTTENE OG MERKA SOMMERRUTER**

**VEDLEGG 5 KART SOM VISER GODKJENDE KVISTELØYPER, INFRASTRUKTUR FOR FRILUFTSLIV PÅ HARDANGERVIDDA (Kjelde fylkesdelplan for villrein på Hardangervidda)**

**VEDLEGG 6 RETTLEIAR FOR HANDSAMING AV BYGGESAKER**

**VEDLEGG 7 RETNINGSLINER FOR REDNINGSTENESTE I VERNEOMRÅDA**

**VEDLEGG 8 FORSKRIFT OM GODKJENDE TELTPLASSAR UNDER VILLREINJAKT (Denne er til stadfesting i Direktoratet for naturforvaltning. Den er justert i høve til tidlegare forskrift)**

**VEDLEGG 9 NYTTE OG ULEMPE VED ULIKE TYPER MOTORISERT TRANSPORT**

Lovdata



**FOR 1981-04-10 nr 4830: Forskrift om vern for Hardangervidda nasjonalpark - Odda, Ullensvang og Eidfjord kommunar, Hordaland, Vinje og Tinn kommunar, Telemark, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud.**

Skriv ut

| | |
|---|---|
| DATO: | FOR-1981-04-10-4830 |
| KATEGORI: | MV (Miljøvern/vilt) |
| AVD/DIR: | Nat.v./fril. |
| PUBLISERT: | II 1981 s 262 |
| IKRAFTTREDELSE: | 1981-06-01 |
| SIST-ENDRET: | FOR-2002-05-31-542 |
| ENDRER: | |
| GJELDER FOR: | Odda, Ullensvang og Eidfjord kommunar, Hordaland, Vinje og Tinn kommunar, Telemark, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud |
| HJEMMEL: | LOV-1970-06-19-63-§3, jfr-§4 og-§21, LOV-1970-06-19-63-§22 og-§23 |
| SYS-KODE: | BG08, D02 |
| NÆRINGSKODE: | 9129 |
| KORTTITTEL: | Forskrift om Hardangervidda nasjonalpark |

**For å lenke til dette dokumentet bruk:** http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/lf/lf/lf-19810410-4830.html

## INNHOLD

Forskrift om vern for Hardangervidda nasjonalpark - Odda, Ullensvang og Eidfjord kommunar, Hordaland, Vinje og Tinn kommunar, Telemark, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud.
- § 1. Storleik og grenser
- § 2. Føremål
- § 3. Rettstilhøve
- § 4. Vernereglar
- § 5. Generelle reglar om unntak
- § 6. Forvaltning
- § 7. Iverksetting

## Forskrift om vern for Hardangervidda nasjonalpark - Odda, Ullensvang og Eidfjord kommunar, Hordaland, Vinje og Tinn kommunar, Telemark, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud.

Fastsett ved kgl.res. av 10. april 1981. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra 6 juni 1997 nr. 1122 (med ikrafttredelse 1 jan 1998 for endringene iflg. forskrift 9 okt 1997 nr. 1127), 31 mai 2002 nr. 542 (forskriften kunngjort i sin helhet).

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 3, jfr. § 4, og § 21, § 22 og § 23, er det ved kgl.res. av 10. april 1981 fastsett at eit område i kommunane Odda, Ullensvang og Eidfjord i Hordaland fylke, kommunane Vinje og Tinn i Telemark fylke og kommunane Hol og Nore og Uvdal i Buskerud fylke, skal leggjast ut som nasjonalpark med namnet Hardangervidda nasjonalpark. Forskriften er endra med kgl.res. 31 mai 2002 nr. 542 og lyder etter dette:

**§ 1.** *Storleik og grenser*

Nasjonalparken omfattar delar av statsallmenningane Eidfjord, Ullensvang, Odda, Røldal, Øvre Numedal og heile Rauland statsallmenning og heile eller delar av følgjande gnr./bnr.:

*Eidfjord kommune:*

Sandvadet stølssameige beståande av gnr./bnr. 16/(1), 2, (3).

Frisæter - Kristofferbu - Olavsdalen stølssameige beståande av gnr./bnr. 5/4, (8, 12, 14), 19, (40).

Vedalen og Fivlingen grunneigarlag beståande av gnr./bnr. 4/1, 5 - 5/1, 2, 3, 5, 6, 7, 9, 11, 13, 15, 16, 17, 27, 33 - 6/1, 2, 3, 4 - 7/1, 2 - 15/1, 2, 3 - 25/1, 2, 3, 4, 7, 8, 9, 10, 11, 13, 14, 16, 17, 18, 21, 25, 39, 40, 43, 47, 48, 53, 85, 91.

Hadle - Drolstøl - Skiseter sameige beståande av gnr./bnr. 8/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 10, 12, 14, 26 - 14/1, 2, 3, 4, 5, 7, 8, 12.

Bjoreidalen søndre sameige beståande av gnr./bnr. 8/1, 4, 10 - 5/9 - 20/1 - 24/2.

Veigdalen sameige beståande av gnr./bnr. 9/1, 3, 4, 5, 6, 7, 10, 11, 17, 34 - 10/1, 2, 3, 4, 8 - 11/1, 2 - 12/1, 2, 6 - 13/1, 2, 4, 7, 8, 10, 23 - (13/5).

(Nr. i parentes ovafor ligg i Ullensvang kommune)

*Ullensvang kommune:*

Kvanndal - Rjuen sameige beståande av gnr./bnr. 142/1, 2, 4, 5, 6, 8, 9, 10, 11 - 143/1, 2, 3 - 144/1, 2 - 145/1, 2 - 146/1, 2, 7, 4 - 147/1, 3, 4, 5.

Grøndalen stølssameige beståande av gnr./bnr. 139/1, 2, 3, 4, 5, 6.

Gravdal stølssameige beståande av gnr./bnr. 149/1 - 70/1, 2 - 72/3.

Nasene stølssameige beståande av gnr./bnr. 143/1, 2, 3 - 106/2.

Fodnastøl beståande av gnr./bnr. 144/1, 2 - 145/1, 2 - 146/1, 2, 3, 4 - 147/1, 3, 4, 5.

Stavali gnr./bnr. 76/1.

Heinaberg stølssameige beståande av gnr./bnr. 148/1, 2, 3, 4 - 149/2 - 128/7.

Skuggabjørg stølssameige beståande av gnr./bnr. 64/4 - 150/1, 2 - 151/1, 2, 3, 4, 5, 6, 8.

Vivheller stølssameige beståande av gnr./bnr. 71/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9.

Reppane stølssameige beståande av gnr./bnr. 85/1, 3, 6, 8, 18.

Monkabu stølssameige beståande av gnr./bnr. 82/1, 2, 3, 4 - 84/4, 8, 10, 15, 17.

Kinsekvelv stølssameige beståande av gnr./bnr. 78/1, 3, 4, 5.

Solheimedalen stølssameige beståande av gnr./bnr. 81/1, 2, 4 - 83/1, 2 - 84/1, 2, 3.

Fagerli stølssameige beståande av gnr./bnr. 79/1, 2, 3, 4, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 18, 19, 21 - 80/1, 2, 3.

Heimste Hadlaskard stølssameige beståande av gnr./bnr. 50/2, 4 - 51/1, 7 - 52/1, 2, 3 - 53/1, 2, 3, 4, 5 - 54/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10 - 55/1, 2, 3, 4 - 56/1 - 57/1, 2 - 58/1, 2 - 59/3, 4 - 60/1, 2 - 61/1, 2, 3, 4 - 62/1, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9 - 63/1, 2 - 64/2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 11 - 65/1 - 66/1, 3, 5, 7, 8 - 67/1, 2, 3 - 68/1, 2, 3, 4 - 69/1, 2, 3, 4 - 70 /1 - 71/1, 2, 4, 5, 8, 9 - 72/1, 2, 3 - 73/1, 4, 5 - 74/1, 5, 9, 10, 12, 14, 17, 21, 22, 23, 24, 25, 26 - 75/1 - 76/1 - 77/1, 3, 4 - 78/1, 3, 4, 5 - 79/1, 2, 3, 4, 6, 7, 8, 9, 10, 11 - 80/1, 2, 3 - 81/1, 3 - 82/1, 2, 3, 4 - 83/1, 2 - 84/1, 2, 3, 8, 9, 10, 11, 17 - 85/3, 6, 8 - 98/1, 2, 4, 5, 7, 8 - 99/1, 3 - 101/6 - 102/1, 2 - 103/1 - 104/3 - 105/1, 2 - 106/1, 2 - 139/1, 2, 3, 4, 5, 6 - 142/1, 5, 8 - 143/2 - 144/2 - 145/1, 2 - 146/1, 3, 4 - 147/1, 3 - 148/1, 2, 4 - 149/1, 2 - 150/1, 2 - 151/1, 2, 3, 4, 6, 7, 8.

Skriksete stølssameige beståande av gnr./bnr. 72/3 - 76/1 - 77/1, 3, 4.

Opesjo stølssameige beståande av gnr./bnr. 74/1, 5, 9, 10, 11, 12, 14, 17, 21, 22, 23, 24, 25, 26, 29 - 75/1.

Solbjørg stølssameige beståande av gnr./bnr. 72/1, 2, 3, 5 - 73/1, 4, 5.

Peisabotn - Fagradal stølssameige beståande av gnr./bnr. 72/1, 2, 3, 5 - 73/1, 4, 5 - 77/1, 2, 4.

Fellesområde Opedal - Frøynes/Loft/Eidnes beståande av gnr./bnr. 72/1, 2, 5 - 73/1, 4, 5 - 74/1, 5, 9, 10, 11, 12, 14, 17, 21, 22, 23, 24, 25, 26, 29 - 75/1 - 77/1, 4.

Finnabu - Vatnali - Langedalen stølssameige beståande av gnr./bnr. 74/1, 5, 9, 10, 11, 12, 14, 17, 21, 22, 23, 24, 25, 26, 29 - 75/1.

*Odda kommune:* gnr./bnr. 20/2, 3 - 39/5, 6, 7, 8, 9, 10.

*Vinje kommune:* gnr./bnr. 88/6, 11 - 99/2, 5 - 101/1, 2 - 133/1, 2, 3 - 162/3 -164/3 - 165/1, 2, 6 - 166/1, 2.

*Tinn kommune:* gnr./bnr. 23/2 - 49/7 - 56/1 - 57/12, 13 - 69/11 - 72/1, 7.

*Hol kommune:* gnr./bnr. 86/1, 4 - 87/2, 3, 12, 22 - 94/2 - 95/1 - 97/2, 4 - 98/1, 3 - 99/2 - 102/3 - 104/1.

*Nore og Uvdal kommune:* gnr./bnr. 2/3, 4, 5, 6 - 3/3, 7 - 5/1, 3, 4 - 11/1 - 18/1 - 22/1 - 35/1, 8 - 40/1 - 51/1 - 56/13, 26 - 60/2 - 61/8 - 62/1, 3 - 63/3 - 64/3 - 68/4 - 73/1 - 74/6 - 75/2 - 91/1 - 92/4 - 100/1 - 101/1 - 102/1 - 103/2, 4 - 105/1 - 106/1 - 107/1, 2.

*Rollag kommune:* gnr.//bnr. 19/2, 6.

Det samla areal i nasjonalparken er omlag 3422 $km^2$ . Av dette ligg ca. 1813 $km^2$ i Hordaland fylke, 767 $km^2$ i Telemark fylke og 842 $km^2$ i Buskerud fylke.

Nasjonalparken har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt på Bjordalshøgdin, h. 1251 (1) i Hol kommune, går søraustover til Falkenuten, h. 1252 (2) og sør-søraustover til utlaupet av Heinelvi i Numedalslågen (3), derifrå søraustover fram til h. 1255 (4) sør for Ormetjørnane, h. 1202. Derifrå i sør-sørvestleg retning til Beltenuten, h. 1280 (5) og vidare til punkt (6) på vestenden av Fiskeløktjørni, derifrå til Skjortevarden, h. 1353 (7) og austre Hettehove, h. 1412 (8). Derifrå søraustover til Grytekilnuten, h. 1364 (9) og Vikfjellet, h. 1474 (10). Grensa går så sørvestover til Stordalsnutan, h. 1444 (11) fram til Hyttenutan, h. 1450 (12). Derifrå vestover til h. 1311 (13) søraust om Bjømegrønutan. Derifrå sør-søraustover over Såtenutan h. 1462 (14) fram til møte med grensepunkt for Rauland statsallmenning, h. 1496 (15). Grensa følgjer så statsallmenningsgrensa fram til Stokkholmen, h. 1600 (16). Derifrå nordvestover til Grothalsen, h. 1402 (17) og fram til kolle h. 1201 (18) i sørenden av Fjarerittjønni. Derifrå vestover til Vassdalseggi h. 1361 (19) og fram til h. 1312 ( 20) søraust av Midnutvatnet. Derifrå sør-sørvestover til sørenden av nedre Poddevatnet (21) og derifrå sørvestover til Mannevasseggi, h. 1416 (22). Derifrå mot vest over høgdene 1572 (23) og 1693 (24) til knekkpunkt for statsallmenningsgrensa søraust for Storekvelven (25). Grensa følgjer statsallmenningsgrensa nord-nordvest til neste knekkpunkt (26) og derifrå til austsida av Trossortjørni (27) og fram til punkt (28) i Middalen ca. 1000 m nordaust for Middalsbu turisthytte. Derifrå vest-nordvestover til sørenden av Vivassvatnet (29) og fram til Sandskarnuten h. 1382 (30) på statsallmenningsgrensa. Grensa følgjer statsallmenningsgrensa sørvestover til knekkpunkt h. 1346 (31). Derifrå går grensa vest-nordvestover til Reinsnosi h. 1639 (32), derifrå nord-nordvest til vestsida og utlaupet av Svartavatnet (33) fram til Ruvjenuten h. 1120 (34). Derifrå går grensa mot nord til knekkpunkt (35) for statsallmenningsgrensa nordvest for Berrvassdalen og følgjer statsallmenningsgrensa nordover til nytt knekkpunkt h. 1448 (36). Grensa går så nordaustover til Ruklenuten h. 1608 (37) og aust-nordaustover fram til nordenden av Hattasteinsvatnet (38). Derifrå går grensa nordaustover til austenden av Breidavatn (39) og nordover til Såto h. 1460 (40). Derifrå går grensa nordaustover til nordenden av Kvannanuttjørni (41) og austenden av øvre Håvardsvatnet (42). Grensa går vidare mot nord til austenden av nedre Nonskardvatnet (43). Derifrå nordvestover til sørenden av Nonskardvatnet ( 44) og nordvestover til Selhæ h. 1526 (45) og nord-nordvestover til austenden av vesle Tyssevatn (46). Grensa går så nordvestover til Treshøgdi h. 1681 og vidare til Rossavarden h. 1400, derifra vest-nordvestover langs statsallmenningsgrensa til knekkpunkt ved nordaustenden av Yskjevatn (48), og nord-nordvestover langs Røvelseggi til punkt h. 1410 (49). Grensa går vidare nord-nordaustleg til punkt h. 1072 (50) aust for Middagsnuten og vidare nordover til punkt h. 1197 (51) vest for Kjølevatni og derifrå nordaustleg til terskel og inntak for Råi Kraftstasjon (52) i Husedalen og vidare i same retning til Errunuten h. 1304 (53). Derifrå går grensa austover til Brottefonnshove h. 1433 (54) og Sovarenuten h. 1648 (55), vidare søraustleg til Fagranuten h. 1459 (56), Blyberg h. 1197 (57) og ned til punkt der Vivo går ut i Veigvassdraget (58). Derifrå går grensa aust-nordaustover opp til Fljotdalsfjell h. 1301 (59) og nordaustover til Fruo h. 1196 (60) og derifrå aust-nordaust til Kistenuten h. 1135 (61). Grensa går vidare i søraustleg retning til store Bjoreinuten h. 1280 (62) og ned til Høgahæ h. 1408 (63). Vidare går grensa austover til ho treff land på nordsida av Bjoreio (63A). Derifrå går grensa søraustover langs elva mot Tinnhøldammen til ein stor stein i terrenget mellom parkeringsplassen og dammen (63B) og derifrå nordover til Trondbunuten h. 1344 (64) og austover til Hyttehaugen h. 1321 (65). Derifrå nordaustover til Nibbennuten h. 1352 (66) og austover til Skyttarbuhovda h. 1267 (67). Grensa går derifrå nordover til ho i eit punkt møter grensa mellom kommunane Hol og Nore og Uvdal på austsida av øvre Hein (68). Derifrå går grensa aust-nordaustover til store Grønenuten h. 1384 (69) og vidare til utgangspunktet Bjordalshøgdin h. 1251 (1). Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka og då hovudsakleg ved markering av grensepunkta. Grensene er innteikna på eit kart i målestokk 1:100.000 datert Miljøverndepartementet mars 1981. Kartet vert oppbevart i kommunane, hjå fylkesmennene skogforvaltninga og Miljøverndepartementet. Kartet svarar til følgjande kart i M 711-serien (1:50.000): 1314 I Røldal, 1315 I Ullensvang, 1315 II Ringedalsvatn, 1414 I Songevatn, 1414 IV Haukelisæter, 1415 I Bjoreio, 1415 II Nordmannslågen, 1415 III Hårteigen, 1415 IV Eidfjord, 1416 II Hardangerjøkulen, 1416 III Myrdal, 1514 I Frøystul, 1514 IV Møsstrand, 1515 I Skurdalen, 1515 II Kalhovd, 1515 III Lågaros, 1515 IV Hein, 1516 III Hallingskarvet.

**§ 2.** *Føremål*

Føremålet med Hardangervidda nasjonalpark er å verne ein del av eit særleg verdfullt høgfjellsområde på ein slik måte at landskapet med planter, dyreliv, natur- og kulturminne og kulturmiljøet elles vert bevart, samstundes som området skal kunne nyttast for landbruk, naturvenleg friluftsliv og naturoppleving, jakt og fiske og undervisning og forsking.

**§ 3.** *Rettstilhøve*

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigedomsrett og bruksrett i nasjonalparken, og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med verneformålet. Det same gjeld bruk av allmenningsrettar etter fjellova. Der vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i strid med rettar eller lovreglar.

§ 4. *Vernereglar*

4.1 *Landskap*

4.1.1 Landskapet skal vere verna mot utbyggingar, anlegg og andre inngrep av alle slag, medrekna vegbygging, nydyrking, gjødsling, drenering og anna form for tørrlegging, parkering av campingvogner, brakker, o.l., bergverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonliner, taubaner, heiser og oppføring eller ombygging av bygningar. Det er heller ikkje tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep. Opplistinga er ikkje uttømmande.

4.1.2 Reglane under pkt. 4.1.1 skal ikkje vere til hinder for:

a) Vedlikehald av Tinnhølvegen, bygningar, anlegg, bruer og klopper.

b) Naudsynt oppsetting av samlekve.

c) Naudsynt merking og kvisting av ski og turistløyper der dette følgjer gjeldande vinter- og sommarmerking.

4.1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

a) Ombygging av bygningar innafor eksisterande grunnflate.

b) Mindre tilbygg til bygningar.

c) Riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

d) Bygging av naust for opplag av båt og utstyr til fiske.

e) Nybygg eller større tilbygg til eksisterande bygningar, i særskilde tilfelle i samband med landbruksutnytting, utnytting av statsallmenning eller drift av turisthytte.

f) Restaurering av steinbuer.

g) Naudsynt merking og kvisting av nye ski og turistløyper.

h) Bygging av bruer og klopper.

i) Vedlikehald av sleper.

j) Vedlikehald, naudsynt skjøtsel og evt. restaurering av kulturminne og kulturmiljø.

4.2 *Dyrelivet*

4.2.1 Dyrelivet og deira buplass, hi, reir og egg skal vere freda mot skade, øydelegging og unødig uro av alle slag, mellom anna fotografering og anna uro i yngletida.

Nye dyrearter må ikkje innførast.

4.2.2 Jakt i samsvar med viltlova er tillate.

4.2.3 Hundar må ikkje sleppast laus i området. Unnateke er bruk av hund til jakt i lovleg jakttid, gjetarhundar for gjeting og sanking av beitedyr og godkjende hundar i samband med oppdrag i politi- og fjellsikringsteneste.

4.2.4 Fiske er tillate i samsvar med lakse- og innlandsfiskelova.

Utsetting av fisk og andre ferskvassorganismar er forbode. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til utsetting av fisk etter retningsliner fastsett i forvaltningsplanen.

4.3 *Plantelivet*

4.3.1 Planter, også levande og daude tre og buskar, skal vere freda mot skade og øydelegging av alle slag som ikkje følgjer av vanleg ferdsle og jordbruk. Om ein ikkje tek med rota, kan ein plukke planter. Ein kan òg sanke sopp og bær.

Nye planteartar må ikkje innførast.

4.3.2 Reglane i pkt. 4.3.1 skal ikkje vere til hinder for å ta bjørk, vier, einer, gran og furu til bruk i området om dette ikkje fører til nemnande skade på dei lokale bestandane, for andre arter eller gjev endringar i landskapsbiletet. Tørre furuer og hole tre som kan tene som buplass for fuglar, må ikkje fellast.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til å ta torv til taktekking.

4.3.3 Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere beiting som kan skade eller øydeleggje naturmiljøet.

4.4 *Geologiske førekomstar*

Det er forbode å bryte laus eller ta bort lausmateriale av stein, mineral eller fossil.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til å ta stein til vedlikehald av bygningar o.l.

4.5 *Ferdsle m.m.*

4.5.1

a) Alle skal oppføre seg omsynsfullt og varsamt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyreliv eller beitedyr eller vere til ulempe for andre.

b) Dersom omsynet til natur, dyreliv eller kulturminne tilseier det, kan forvaltningsstyresmakta syte for at opparbeidde turistruter og -løyper vert omlagde eller nedlagde.

c) Sykling utafor godkjende traktorsleper og Tinnhølvegen er forbode.

d) Forvaltningsstyresmakta kan stille krav om løyve ved organisert ferdsle som kan skade verneverdiane, jf. forvaltningsplanen.

e) Innafor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning forby all slags ferdsle heile året eller delar av året når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet, plante- eller dyrelivet eller geologiske førekomstar. Regelen gjeld ikkje ferdsle for oppsyns-, politi-, brannvern- eller redningsteneste.

4.5.2 Militær øvingsaktivitet krev løyve frå forvaltningsstyresmakta. All øvingsverksemd skal reduserast til eit minimum.

4.6 *Motorferdsle*

Det er ei målsetting å halde motorferdsla i nasjonalparken på eit lågast mogleg nivå. Motorframkomstmiddel kan derfor berre nyttast når transporten er naudsynt. Ved avgjerda om noko er naudsynt må ulempene med motorferdsla haldast opp mot dei einskilde transportbehova. Forvaltningsstyresmakta skal sjå til at all transport om mogleg vert samordna med grunnlag i ein transportplan utarbeidd for den enkelte kommune/fylke.

Ved bruk av fly eller helikopter skal all transport utførast av personar eller selskap med luftfart som registrert næring. Dokumentasjon på dette skal kunne førevisast ved kontroll.

All motorisert ferdsle skal rapporterast til forvaltningsstyresmakta etter retningsliner gjeve i forvaltningsplanen.

4.6.1 Motorferdsle til lands og på vatn, landing med luftfarty og flyging under 300 meter er forbode unnateke i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver. Øvingskøyring til desse formåla er forbode, unnateke etter særskilt løyve.

4.6.2 Forbodet i pkt. 4.6.1 gjeld ikkje:

a) naudsynt køyring på Tinnhølvegen i samband med vedlikehald av vegen, villreinjakt, turisthyttedrift, slepp og sanking av beitedyr og garnfiske som har eit omfang på minimum 50 garndøgn. Parkering skal skje på godkjend parkeringsplass ved Lagerskuret eller ved « Byen ».

b) bruk av båt med motor inntil 10 hk på vatn større enn 2 $km^2$ i samband med villreinjakt, drift av turisthytter og garnfiske som har eit omfang på minimum 50 garndøgn.

c) bruk av fly til uttransport av felt villrein på vatn som er fastsett i forvaltningsplanen. Dette gjeld fram til og med tre dagar etter at villreinjakta er slutt.

Forvaltningsstyresmakta kan fastsetje nærare landingsstad.

4.6.3 Transport etter løyve

4.6.3.1 *Storviltjakt*

For naudsynt transport i samband med storviltjakt, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

a) landing med fly eller helikopter.

b) køyring etter godkjende sleper, jf. pkt. 4.6.4.

c) bruk av båt med motor inntil 10 hk på vatn mindre enn 2 $km^2$ .

4.6.3.2 *Garnfiske*

For naudsynt transport av varer, utstyr og fangst i samband med garnfiske som har eit omfang på minimum 50 garndøgn, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

a) bruk av fly eller helikopter.

b) bruk av beltekøyrety på vinterføre.

c) køyring etter godkjende sleper, jf. pkt. 4.6.4.

d) bruk av båt med motor inntil 10 hk på vatn mindre enn 2 $km^2$ .

4.6.3.3 *Drift av turisthytter*

For naudsynt transport i samband med drift av turisthytter, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til bruk av:

a) bruk av beltekøyrety på vinterføre til transport av varer og utstyr.

b) bruk av beltekøyrety for kvisting og staking av skiløyper.

c) bruk av fly eller helikopter til transport av varer og utstyr.

d) køyring på godkjent traktorslepe, jf. pkt. 4.6.4.

4.6.3.4 *Landbruksverksemd*

I samband med transport av varer og utstyr til beitebruk og transport i samband med sjuke eller skadde dyr kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

a) bruk av fly, helikopter og båt med motor.

b) bruk av beltekøyrety på vinterføre.

c) køyring på slepa frå Solheimstulen - Vegarhovd, jf. pkt. 4.6.4.

4.6.3.5 *Andre tilhøve*

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

a) naudsynt transport med beltekøyrety på vinterføre, fly eller helikopter, av material, brensle o.l. til hytter og buer. Det kan berre gjevast løyve til køyring etter nærare oppgjevne ruter.

b) transport med beltekøyrety på vinterføre i samband med kalking etter pkt. 4.7.2.

c) køyring etter Tinnhølvegen for eigarar av hytter langs vegen. Det kan gjevast løyve til å parkere ein bil ved hytta.

d) bruk av beltekøyrety på vinterføre, fly eller helikopter til transport av gamle og uføre som er særleg tilknytta nasjonalparkområdet.

e) naudsynt transport med helikopter, beltekøyrety på vinterføre og køyring på Tinnhølvegen i samband med teleteneste og el-forsyning.

f) Naudsynt transport i samband med forsking.

4.6.4 Sleper som kan brukast med motorframkomstmiddel skal fastsetjast i forvaltningsplanen, som og skal gi nærare retningsliner for bruken av slepene.

4.7 *Forureining m.m.*

4.7.1 Det er ikkje tillate å forsøple naturen. Avfall skal brennast eller takast med ut av området. Ved dei faste overnattingskvartera er det tillate med forsvarleg nedgraving av materiale som rotnar.

4.7.2 Det må ikkje nyttast kjemiske plantevernmiddel.

Kalking er forbode på land og i vatn.

Forvaltingsstyresmakta kan likevel etter søknad tillate kalking av vatn i nasjonalparken. Det skal gjennom forvaltningsplanen fastsetjast referanseområde som ikkje kan kalkast.

**§ 5.** *Generelle reglar om unntak*

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane i § 4 for tiltak ut frå vesentlege samfunnsmessige omsyn, for vitskapelege føremål, når føremålet med fredinga krev det og i særskilde tilfelle, når det ikkje er i strid med føremålet med nasjonalparken.

**§ 6.** *Forvaltning*

Direktoratet for naturforvaltning avgjør kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

6.1 *Samarbeidsrådet for Hardangervidda*

Miljøverndepartementet kan peike ut eit samarbeidsråd for Hardangervidda samansett av representantar for brukar- og verneinteresser og forvaltninga. Sekretær for rådet vert oppnemnd av Miljøverndepartementet.

6.2 *Nærare reglar for forvaltningsorgana*

Direktoratet for naturforvaltning kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorgana si organisering, utøving av mynde og arbeid elles.

Forvaltningsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltningsplan for nasjonalparken. Planen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

**§ 7.** *Iverksetting*

Forskrifta trer i kraft straks.

---

Databasen sist oppdatert 23. mars 2010

**FOR 1981-04-10 nr 4829: Forskrift om vern for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde - Eidfjord og Ulvik kommunar, Hordaland, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud.**




| | |
|---|---|
| DATO: | FOR-1981-04-10-4829 |
| KATEGORI: | MV (Miljøvern/vilt) |
| AVD/DIR: | Nat.v./fril. |
| PUBLISERT: | II 1981 s 273 |
| IKRAFTTREDELSE: | 1981-06-01 |
| SIST-ENDRET: | FOR-2002-05-31-543 |
| ENDRER: | |
| GJELDER FOR: | Eidfjord og Ulvik kommunar, Hordaland, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud |
| HJEMMEL: | LOV-1970-06-19-63-§5, jfr-§6 og-§21, LOV-1970-06-19-63-§22 og-§23 |
| SYS-KODE: | BG08, D02 |
| NÆRINGSKODE: | 9129 |
| KORTTITTEL: | Forskr. om vern av Skaupsjøen m.fl. |

**For å lenke til dette dokumentet bruk:** http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/lf/lf/lf-19810410-4829.html


## INNHOLD


Forskrift om vern for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde - Eidfjord og Ulvik kommunar, Hordaland, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud.

- § 1. Storleik og grenser
- § 2. Føremål
- § 3. Rettstilhøve
- § 4. Verneregiar
- § 5. Generelle reglar om unnatak
- § 6. Forvaltning
- § 7. Iverksetting


## Forskrift om vern for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde - Eidfjord og Ulvik kommunar, Hordaland, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud.

Fastsatt ved kgl.res. av 10. april 1981. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra 6 juni 1997 nr. 1123 (ikrafttredelse 1 jan 1997 iflg. forskrift 9 okt 1997 nr. 1128), 31 mai 2002 nr. 543 (forskriften kunngjort i sin helhet).

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5, jfr. § 6, og § 21, § 22 og § 23, er det ved kgl.res. av 10. april 1981 fastsett at eit område i kommunane Eidfjord og Ulvik i Hordaland fylke og i kommunane Hol og Nore og Uvdal i Buskerud fylke skal leggjast ut som landskapsvernområde med namnet Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark. Forskriften er endra med kgl.res. 31 april 2002 nr. 543 og lyder etter dette.

**§ 1.** *Storleik og grenser*

Landskapsvernområdet omfattar delar av statsallmenningane Eidfjord, Ulvik og Øvre Numedal og delar av følgjande gnr./bnr.:

*Eidfjord kommune:* Gnr./bnr. 26/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 - 27/1, 2, 3, 4, 5 - 28/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8.

*Hol kommune:* Gnr./bnr. 44/2, 6, 17 - 45/1 - 46/1 - 47/2, 3, 23 - 48/1 - 49/4, 15 - 50/1 - 51/1, 3, 4 - 52/1, 3, 6, 8, 10, 13, 188, 364 - 53/4 - 54/1, 3 - 55/1, 2, 4, 5, 7, 8, 53 - 56/1, 2, 4, 6 - 57/1, 3, 6, 7, 16 - 58/3, 7 - 59/1, 2, 5, 15 - 60/2, 5, 7, 9, 17 - 61/1, 5, 6 - 62/4 - 63/1, 3 - 64/1, 2, 3, 7, 8, 12 - 64/1 - 66/1, 6, 19, 93 - 67/1, 2, 4, 5, 6 - 68/1, 5 - 69/2, 14 - 70/1 - 71/1 - 72/1, 2, 3, 5 - 76/1 - 77/1 - 78/1 - 79/1 - 80/1 - 81/1, 3, 4 - 82/1, 2 - 83/1, 2 - 84/1 - 85/1 - 86/1 - 87/18 - 88/1 - 89/1 - 90/1 - 91/1, 5 - 92/1, 2, 3 - 93/1.

*Nore og Uvdal kommune:* Gnr. bnr. 5/1 - 7/1 - 30/2 - 36/1 - 38/1 - 41/3 - 45/1, 3.

Det samla areal for landskapsvernområdet er ca. 551 $km^2$ . Av dette ligg omlag 390 $km^2$ i Hordaland fylke og dei resterande 161 $km^2$ i Buskerud fylke.

Landskapsvernområdet har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt på store Grønenuten h. 1384 (69) i Hol kommune og går nordvestover til Krekkjaheii h. 1335 (70). Derifrå går grensa nord-nordvestover til utlaupet av Grøna i Lægreidvatnet (71) og følgjer vestbredden av Ørterenmagasinet (Lægreidvatn, Ørteren og nedre Trestiklan) ved h.r.v. 1146,0 til nordlegaste bredd av nedre Trestiklan (72). Grensa går vidare mot nord-nordvest fram til Bergsmulen h. 1496 (73) og følgjer derifrå fylkesgrensa mellom Buskerud og Hordaland fram til h. 1470 (74) nordvest for Bergsmulnut. Derifrå vest-nordvestleg til store Hansbunuten h. 1476 (75) og nordover til lille Hansbunuten h. 1367 (76). Grensa går vidare nordaustover til Ustekveikja der Tveraa munnar ut (77) og følgjer det nordlegaste laup til vassdraget til utlaupet av Ustekveikja i Finsevatnet (78) og følgjer vassdraget i same retning til vestenden av Ustekveikvats (79). Derifrå nordvestover til Memorge, h. 1412 (80) og så sydvestover til Brakanut h. 1311 (81) og sørover langs grensa for statsallmenninga til Luranuten h. 1637 (82). Grensa går vidare syd-sydvestover ca. 1200 meter i retning av Rembesdalseter langs ein morenerygg, og går i enden av denne (83) søraustover til Moldnut h. 1270 (84) og vidare til store Tresnut h. 1672 (85) der ein kjem inn på grensa til statsallmenninga att. Grensa følgjer så statsallmenningsgrensa sydaustover til knekkpunkt ved h. 1569 (86) sydvest av vesle Leirbotnskåki. Derifrå går grensa sydaust til vestenden av Leirvatnet (87) og vidare til Smyttenutane h. 1214 (88). Grensa går så sydaustover til punkt der statsallmenningen har knekkpunkt sydaustover i Kjeldovassdraget (89). Derifrå følgjer grensa statsallmenningsgrensa ned til Steinbunuten h. 1371, Hella blå, Håsteinen og til slutt Hyttehaugen h. 1321 (65). Derifrå går grensa nordaustover saman med nasjonalparkgrensa til Nibbesnuten h. 1325 (66) og austover til Skyttarbuhovda h. 1267 (67). Grensa går derifrå nordover til ho i eit punkt møter grensa mellom kommunane Hol og Nore og Uvdal på austbredden av øvre Hein (68). Derifrå går grensa aust-nordaustover attende til utgangspunktet store Grønenuten h. 1384 (69).

Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka og då hovudsakleg ved markering av grensepunkta. Grensene er inneteikna på eit kart i målestokk 1:100.000 datert Miljøverndepartementet mars 1981. Kartet blir oppbevart i kommunane, hjå fylkesmennene, skogforvaltninga og i Miljøverndepartementet.

Kartet svarar til følgjande kart i M 711-serien (1:50000), 1314 I Høldal, 1315 I Ullensvang, 1315 II Ringedalsvatn, 1414 I Songevatn, 1414 IV Haukelisæter, 1415 I Bjoreio, 1415 II Nordmannslågen, 1415 III Hårteigen, 1415 IV Eidfjord, 1416 II Hardangerjøkulen, 1416 III Myrdal, 1514 I Frøystul, 1514 IV Møsstrand, 1515 I Skurdalen, 1515 II Kalhovd, 1515 III Lågaros, 1515 IV Hein, 1516 III Hallingskarvet.

**§ 2.** *Føremål*

Føremålet er å verne eit særmerkt og vakkert naturlandskap med mange kulturminne i tilknyting til Hardangervidda nasjonalpark.

**§ 3.** *Rettstilhøve*

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigedomsrett og bruksrett i landskapsvernområdet og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med verneformålet. Det same gjeld bruk av allmenningsrettar etter fjellova. Der vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i strid med rettar eller lovreglar.

**§ 4.** *Verneregiar*

4.1 *Landskapet*

4.1.1 Landskapet skal vere verna mot utbyggingar, anlegg og andre inngrep av alle slag, medrekna vegbygging, nydyrking, gjødsling, drenering og anna form for tørrlegging, bergverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonliner, taubaner, heiser, oppføring eller ombygging av bygningar, parkering av campingvogner, brakker o.l. Kulturminne må ikkje påførast skade. Det er heller ikkje tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep. Opplistinga er ikkje uttømmande.

4.1.2 Reglane under pkt. 4.1.1. skal ikkje vere til hinder for:

a) Vedlikehald av bygningar, anlegg, bruer og klopper.

b) Naudsynt inngjerding av samlekve.

c) Naudsynt merking og kvisting av ski og turistløyper der dette følgjer gjeldande vinter- og sommarmerking.

Alle skal oppføre seg omsynsfullt og varsamt for ikkje å skade natur- og kulturverdiane eller vere til ulempe for andre. Det er ikkje tillate å forsøple naturen.

4.1.3 Forvaltningsstyresmakta kan i samråd med kulturstyresmaktene gje løyve til:

a) Ombygging av bygningar innafor eksisterande grunnflate.

b) Mindre tilbygg til bygningar.

c) Riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

d) Bygging av naust for opplag av båt og utstyr til fiske.

e) Naudsynt merking og kvisting av nye ski og turistløyper.

f) Bygging av bruer og klopper.

g) Restaurering av steinbuer.

h) Nybygg eller større tilbygg til eksisterande bygningar, i særskilde tilfelle i samband med landbruksutnytting, utnytting av statsallmenning eller drift av turisthytte.

j) Vedlikehald, naudsynt skjøtsel og evt. restaurering av kulturminne og kulturmiljø.

4.2 *Ferdsle*

4.2.1 Forvaltningsstyresmakta kan stille krav om løyve ved organisert ferdsle som kan skade verneverdiane, jf. forvaltningsplanen.

4.2.2 Militær øvingsaktivitet krev løyve frå forvaltingsstyresmakta. Reglane er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd.

4.2.3 Dersom omsyn til natur, dyreliv eller kulturminne tilseier det, kan forvaltningsstyresmakta syte for at opparbeidde turistruter og -løyper vert omlagde eller nedlagde.

**§ 5.** *Generelle reglar om unnatak*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane i § 4 for tiltak ut frå vesentlege samfunnsmessige omsyn, for vitskapelege føremål, når føremålet med fredinga krev det og i særlege tilfelle, når det ikkje er i strid med føremålet med landskapsvernområdet.

**§ 6.** *Forvaltning*

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

6.1 *Samarbeidsrådet for Hardangervidda*

Miljøverndepartementet kan peike ut eit samarbeidsråd for Hardangervidda samansett av representantar for brukar- og verneinteresser og forvaltninga. Sekretær for rådet vert oppnemnd av Miljøverndepartementet.

6.2 *Nærare reglar for forvaltningsorgana*

Direktoratet for naturforvaltning kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorgana si organisering, utøving av mynde og arbeid elles.

Forvaltningsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltningsplan for landskapsvernområdet. Planen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

**§ 7.** *Iverksetting*

Forskrifta trer i kraft straks.

---

Databasen sist oppdatert 23. mars 2010

**FOR 1981-04-10 nr 4828: Forskrift om vern for Møsvatn Austfjell landskapsvernområde med fuglelivsfredning i nedre del av nedslagsfeltet til Hondlevassdraget, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.** Skriv ut

| | |
|---|---|
| DATO: | FOR-1981-04-10-4828 |
| KATEGORI: | MV (Miljøvern/vilt) |
| AVD/DIR: | Nat.v./fril. |
| PUBLISERT: | II 1981 s 278 |
| IKRAFTTREDELSE: | |
| SIST-ENDRET: | FOR-2002-05-31-544 |
| ENDRER: | |
| GJELDER FOR: | Tinn og Vinje kommunar, Telemark |
| HJEMMEL: | LOV-1970-06-19-63-§5 og-§14, jf-§6 og-§21, LOV-1970-06-19-63-§22 og-§23 |
| SYS-KODE: | BG08, D02 |
| NÆRINGSKODE: | 9129 |
| KORTTITTEL: | Forskrift om Møsvatn Austfjell verneområde |

**For å lenke til dette dokumentet bruk:** http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/lf/lf/lf-19810410-4828.html

## INNHOLD

Forskrift om vern for Møsvatn Austfjell landskapsvernområde med fuglelivsfredning i nedre del av nedslagsfeltet til Hondlevassdraget, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.
- § 1. Storleik og grenser
- § 2. Føremål
- § 3. Rettstilhøve
- § 4. Vernereglar
- § 5. Område med fuglelivsfreding
- § 6. Generelle reglar om unnatak
- § 7. Forvaltning
- § 8. Iverksetting

## Forskrift om vern for Møsvatn Austfjell landskapsvernområde med fuglelivsfredning i nedre del av nedslagsfeltet til Hondlevassdraget, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Fastsett ved kgl.res. av 10. april 1981. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra 6 juni 1997 nr. 1124 (ikrafttredelse 1 jan 1998 iflg. forskrift 9 okt 1997 nr. 1129), 31 mai 2002 nr. 544 (forskriften kunngjort i sin helhet).

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 §§ 5 og 14, jfr. § 6 og §§ 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av 10. april 1981 fastsett at eit område i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark i kommunane Tinn og Vinje i Telemark fylke skal leggjast ut som landskapsvernområde med namnet Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, og som skal ha ei fuglefredning i nedre del av nedslagsfeltet til Hondlevassdraget. Forskriften er endra med kgl.res. 31 mai 2002 nr. 544 og lyder etter dette:

**§ 1.** *Storleik og grenser*

Landskapsvernområdet omfattar delar av følgjande gnr./bnr.:

*Vinje kommune:* Gnr./bnr.: 164/1, 2, 3, 5, 11, 13, 15, 16 - 167/1, 2 - 168/1, 4, 5.

*Tinn kommune:* Gnr./bnr.: 69/3 - 78/8 - 87/2, 6, 7 - 89/1, 4 - 90/1 - 91/8 - 92/4 - 93/6, 8 - 95/5 - 108/7 - 109/1 - 110/1, 7 - 112/1, 2 - 113/1, 2, 3, 4 - 114/2, 6 - 116/2, 3 - 117/11 - 118/2, 3, 8, 13, 16 - 119/9 - 121/4 - 122/5, 10, 68 - 123/2, 102 - 124/5, 9, 13 - 136/7 - 137/10, 11, 13 - 138/2, 8.

Det samla areal for landskapsvernområdet er ca. 299 km$^2$ . Av dette ligg omlag 103 km$^2$ i Vinje kommune og ca. 196 km$^2$ i Tinn kommune. Området med fuglelivsfreding ligg i Tinn kommune og er ca. 4,5 km$^2$ .

Landskapsvernområdet har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt på Hyttenutan h. 1450 (12) i Vinje kommune og går derifrå søraustover til austre Vinikyrkja h. 1325 (90). Derifrå går grensa vidare til Gjuvikfjell h. 1571 (91) og så sør-søraustover i rett line ned til sørspissen av Tuddøltjønn (92) og følgjer vasskanten fram til utlaupet av vatnet (93). Grensa held fram i aust-søraustleg retning til sørenden av Flottetjønn (94) og vidare sør-søraustleg ned til Vetrhusfjell h. 1113 (95) og Kokenut (Kokarnut) h. 1086 (96). Derifrå søraustover i rett line ned til Hondlevassdraget sitt utlaup i Svingling på grenda mellom kommunane Tinn og Vinje (97). Grensa går så nordaustover til punkt h. 949 (98) eit par hundre meter sør-søraust for søraustlegaste bredd i Finnerotjern og nordaustover til punkt h. 1124 (99) like nord-nordvest for Listøl og vidare til Vigfithøgd h. 1285 (100) og til Nøtingshovd h. 1341 (101) og nord-nordvestover fram til Lostjømnut h. 1336 (102). Grensa går vidare nordvestover til vestlegaste bredd av Stuttostjønn (103) og vidare vest-nordvest fram til der Saurbekk går ut i Gøystavatn (104). Derifrå går grensa nordvestover over Skardfjell fram til h. 1488 (105), derifrå nord-nordvest til austenden av Ongelbutjømi (106) og vidare nordvestover til Holabrotet h. 1187 (107). Grensa går så vidare nordvestover fram til Stordalsnutan h. 1444 (11) og attende sørvestover til utgangspunktet på Hyttenutan h. 1450 (12) langs nasjonalparkgrensa.

Området med særskilde vernereglar for fuglelivet har følgjande grenser:

Grensa følgjer grensa for landskapsvernområdet frå det punkt mellom 96 og 97 der denne krysser nordvestre strandbredd på det lille vatnet vest for nordenden av Steinartjern, fram til punkt 98. Herfrå vinkler grensa nord-nordaustover til markert topp aust for Finnerotjern, herifrå i rett line nord-nordvestover til møte mellom to bekkar ca. 400 meter rett vest for Merakkseter, herfrå i rett line vest-nordvestover til brua over Hondle aust for Grønliseter, deretter i rett line fram til utgangspunktet mellom punktane 96 og 97 i grensa for landskapsvernområdet.

Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka og då hovudsakleg ved markering av grensepunkta. Grensene er innteikna på eit kart i målestokk 1:100.000 datert Miljøverndepartementet mars 1981. Kartet blir oppbevart i kommunane, hjå fylkesmennene, skogforvaltninga og i Miljøverndepartementet. Kartet svarar til følgjande kart i M 711-serien (1:50.000): 1314 I Røldal, 1315 II Ullensvang, 1315 II Ringedalsvatn, 1414 I Songevatn, 1414 IV Haukelisæter, 1415 I Bjoreio, 1415 II Nordmannslågen, 1415 III Hårteigen, 1415 IV Eidfjord, 1416 II Hardangerjøkulen, 1416 III Myrdal, 1514 I Frøystul, 1514 IV Møsstrand, 1515 I Skurdalen, 1515 II Kalhovd, 1515 III Lågaros, 1515 IV Hein, 1516 III Hallingskarvet.

§ 2. *Føremål*

Føremålet er å verne eit særmerkt og vakkert natur- og kulturlandskap med mellom anna eit variert dyreliv, med kulturminne og til dels med særs urørte naturområde i tilknyting til Hardangervidda nasjonalpark.

§ 3. *Rettstilhøve*

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigedomsrett og bruksrett i landskapsvernområdet og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med verneformålet. Det same gjeld bruk av allmenningsrettar etter fjellova. Der vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i strid med rettar eller lovreglar.

§ 4. *Vernereglar*

4.1 *Landskapet*

4.1.1 Landskapet skal vere verna mot utbyggingar, anlegg og andre inngrep av alle slag, medrekna vegbygging, nydyrking, gjødsling, drenering og anna form for tørrlegging, bergverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonliner, taubaner, heiser, oppføring eller ombygging av bygningar, parkering av campingvogner, brakker o.l. Kulturminne må ikkje påførast skade. Det er heller ikkje tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep. Opplistinga er ikkje uttømmande.

4.1.2 Reglane under pkt. 4.1.1. skal ikkje vere til hinder for:

a) Vedlikehald av bygningar, anlegg, bruer og klopper.

b) Naudsynt inngjerding av samlekve.

c) Naudsynt merking og kvisting av ski og turistløyper der dette følgjer gjeldande vinter- og sommarmerking.

Alle skal oppføre seg omsynsfullt og varsamt for ikkje å skade natur- og kulturverdiane eller vere til ulempe for andre. Det er ikkje tillate å forsøple naturen.

4.1.3 Forvaltningsstyresmakta kan i samråd med kulturstyresmaktene gje løyve til:

a) Ombygging av bygningar innafor eksisterande grunnflate.

b) Mindre tilbygg til bygningar.

c) Riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

d) Bygging av naust for opplag av båt og utstyr til fiske.

e) Naudsynt merking og kvisting av nye ski og turistløyper.

f) Bygging av bruer og klopper.

g) Restaurering av steinbuer.

h) Nybygg eller større tilbygg til eksisterande bygningar, i særskilde tilfelle i samband med landbruksutnytting, utnytting av statsallmenning eller drift av turisthytte.

j) Vedlikehald, naudsynt skjøtsel og evt. restaurering av kulturminne og kulturmiljø.

4.2 *Ferdsle*

4.2.1 Forvaltningsstyresmakta kan stille krav om løyve ved organisert ferdsle som kan skade verneverdiane, jf. forvaltningsplanen.

4.2.2 Militær øvingsaktivitet krev løyve frå forvaltingsstyresmakta. Reglane er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd.

4.2.3 Dersom omsyn til natur, dyreliv eller kulturminne tilseier det, kan forvaltningsstyresmakta syte for at opparbeidde turistruter og -løyper vert omlagde eller nedlagde.

§ 5. *Område med fuglelivsfreding*

I nedre del av nedslagsfeltet til Hondlevassdraget skal følgjande vernereglar gjelde:

a) Fuglar og deira reir og egg skal vere freda mot skade og øydelegging av alle slag. Det kan drivast vanleg jakt på rype.

b) Fuglelivet skal vere verna mot uro og fotografering i yngletida.

c) Hundar må ikkje sleppast laus i området. Unnateke er bruk av hund til jakt i lovleg jakttid, gjetarhundar for gjeting og sanking av beitedyr og godkjende hundar i samband med oppdrag i politi- og fjellsikringsteneste.

d) Nye dyreartar må ikkje innførast.

e) Forvaltningsstyresmakta kan fastsetje reglar om regulering av ferdsla dersom dette syner seg naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.

§ 6. *Generelle reglar om unnatak*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane i § 4 og § 5 for tiltak ut frå vesentlege samfunnsmessige omsyn, for vitskapelege føremål, når føremålet med fredinga krev det og i særlege tilfelle, når det ikkje er i strid med føremålet med landskapsvernområdet.

§ 7. *Forvaltning*

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

7.1 *Samarbeidsrådet for Hardangervidda*

Miljøverndepartementet kan peike ut eit samarbeidsråd for Hardangervidda samansett av representantar for brukar- og verneinteresser og forvaltninga. Sekretær for rådet vert oppnemnd av Miljøverndepartementet.

7.2 *Nærare reglar for forvaltningsorgana*

Direktoratet for naturforvaltning kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorgana si organisering, utøving av mynde og arbeid elles.

Forvaltningsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltningsplan for landskapsvernområdet. Planen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 8. *Iverksetting*

Forskrifta trer i kraft straks.

---

Databasen sist oppdatert 23. mars 2010

Direktoratet for **naturforvaltning**

Fylkesmannen i Telemark, Buskerud og Hordaland

Tilsynsutvalget for Hardangervidda i Telemark, 3656 Atrå
Tilsynsutvalget for Hardangervidda i Buskerud, 3630 Rødberg
Tilsynsutvalget for Hardangervidda i Hordaland, 5780 Kinsarvik

| Deres ref.: | Vår ref. (bes oppgitt ved svar): | | Dato: |
|---|---|---|---|
| | **2002/2792-** | **AREA/NP/AH** | **07.06.2002** |
| | Arkivkode: **422.1** | | |

**ENDRING AV VERNEFORSKRIFTENE FOR HARDANGERVIDDA NASJONAL-PARK, SKAUPSJØEN/HARDANGERJØKULEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE OG MØSVATN AUSTFJELL LANDSKAPSVERNOMRÅDE. DELEGASJON AV FORVALTNINGSMYNDIGHET.**

Ved kgl. res av 31. mai 2002 er det vedtatt endrede forskrifter for verneområdene på Hardangervidda.

Forskriftsendringene innebærer bl.a at det er Direktoratet for naturforvaltning som fastsetter hvem som er forvaltningsmyndighet for de ulike bestemmelsene i verneforskriftene. Vi har derfor i dag truffet vedtak om delegasjon av forvaltningsmyndighet. Vedtaket er truffet med bakgrunn i høring av tilråding fra fylkesmennene og tilsynsutvalgene.

Direktoratet vil også sørge for at det blir opprettet nye tilsynsutvalg for hver valgperiode til kommunestyrene, etter samme ordning som tidligere. Vi forutsetter at eksisterende tilsynsutvalg fortsetter ut nåværende valgperiode.

**Delegasjon av forvaltningmyndighet**

Hardangervidda nasjonalpark
Med hjemmel i forskriftene for Hardangervidda nasjonalpark § 6 har Direktoratet for naturforvaltning fastsatt følgende fordeling av forvaltningsmyndighet:

1. Tilsynsutvalgene i Telemark, Buskerud og Hordaland skal (innenfor det enkelte fylke) ha forvaltningsmyndighet etter forskriften § 4 pkt 4.1.3 a – c, 4.3.2, 4.4, 4.6.3 og § 5 begrenset til motorisert transport.

2. Fylkesmennene i Telemark, Buskerud og Hordaland skal ha forvaltningsmyndighet (innenfor det enkelte fylke) for bestemmelser i vernereglene som ikke blir forvaltet av Direktoratet for naturforvaltning eller tilsynsutvalgene. Både fylkesmannen og tilsynsutvalgene har likevel forvaltningsmyndighet etter forskriftene pkt 4.3.2 og 4.4.

**Besøksadresse:** Tungasletta 2
**Postadresse:** N-7485 Trondheim
**Telefon:** 73 58 05 00
**Telefaks:** 73 58 05 01
**Videokonf:** 73 90 51 40
**Internett:** www.dirnat.no
**E-post:** Postmottak@dirnat.no
**Saksbehandler:** Arnt Hegstad
**Telefon:** 73580825

Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde

Med hjemmel i forskriftene for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde § 6 har Direktoratet for naturforvaltning fastsatt følgende fordeling av forvaltningsmyndighet:

1. Tilsynsutvalgene i Buskerud og Hordaland skal (innenfor det enkelte fylke) ha forvaltningsmyndighet etter forskriften § 4 pkt 4.1.3 a - c.

2. Fylkesmennene i Buskerud og Hordaland skal ha forvaltningsmyndighet (innenfor det enkelte fylke) for bestemmelser i vernereglene som ikke blir forvaltet av Direktoratet for naturforvaltning eller tilsynsutvalgene.

Møsvatn Austfjell landskapsvernområde

Med hjemmel i forskriftene for Møsvatn Austfjell landskapsvernområde § 7 har Direktoratet for naturforvaltning fastsatt følgende fordeling av forvaltningsmyndighet:

1. Tilsynsutvalget i Telemark skal ha forvaltningsmyndighet etter forskriften § 4 pkt 4.1.3 a - c.

2. Fylkesmannen i Telemark skal ha forvaltningsmyndighet for bestemmelser i vernereglene som ikke blir forvaltet av Direktoratet for naturforvaltning eller tilsynsutvalgene.

**Overgangsbestemmelser**

Søknader om dispensasjon som er mottatt av forvaltningsmyndigheten før 31. mai 2002 skal ferdigbehandles av daværende forvaltningsmyndighet etter da gjeldende forskrifter. Vi ber om at disse sakene sluttføres snarest mulig.

Med hilsen

Berit Lein
Direktør arealavdelingen

Olav Nord-Varhaug


Vedlegg 5
Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområde
Soneinndeling
Målestokk 1: 350 000
Fylkesmannen i Telemark 2003
Vernesone (1-2)
Ingen tilrettelegging eller inngrep (3)
Brukssoner (4-9)
Særskilt tilrettelegging og inngrep (10-11)
0 5 10 15 kilometer
N
Teig 7
Teig 8
Teig 11
Teig 8
Teig 4
Teig 10
Teig 1
Teig 6
Teig 5
Teig 3
Teig 9
Teig 2



Hardangervidda nasjonalpark
Nasjonalpark
Landskapsvernområde
Betent turisthytte
Sjølvbetent turisthytte
Teltplasser under villreinjakta
Landingsplasser under villreinjakta
Forbud mot telt og leirslåing under villreinjakta
Sleper
Sleper under villreinjakta
Merka stier
0 2.5 5 10 15 km
Hordaland
Buskerud
Telemark
Finsehytta
Rembesdalseter
Hakkesetstøl
Krækkjahytta
Fagerheim
Tuva
Kjeldebu
Halne Fjellstove
Dyranut Fjellstove
Vivelid fjellstova
Heinseter
Stavali
Bjoreidalshytta
Hedlo
Trondsbu
Stigstuv
Solheimstulen
Ulvelilægret
Hadlaskard
Rauhellern
Torehytten
Besso
Sandhaug
Mårbu
Tyssevassbu
Reinaskorsbu
Lågaros
Holmaskjerbu
Mosdalsbu
Litlos
Kvanntjørnsbu
Kalhovd turisthytte
Stordalsbu
Mogen
Hellevassbu
Hellevatn
Bamsebu
Middalsbu
Glaheimane
Fjarefithytta
Helberghytta
Smerheller
Berunuten
Simlebu
Haukeliseter Fjellstue
Gaustatoppen turisthytte


Fylkesdelplan for Hardangervidda
Infrastruktur og friluftsliv
N
Vernet område
Skog
Turisthytte, hotell, overnatting
Campingplass
Ledning (lavspent)
Kraftledning
Grense for fylkesdelplanens utredningsområde
Offentlig vei
Privat vei
Merket sti
Lokal skiløype
DNT vinterrute
Andre stier
Kartgrunnlag Norge digitalt: N250 Buskerud, N250 Telemark, N250 Hordaland og N250 Sogn og Fjordane
Buskerud fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og Telemark fylkeskommune
Målestokk 1: 210 000
0
4
8
12
16
20 Km
Kartproduksjon Fylkesmannen i Buskerud, februar 2010
Hardangervidda nasjonalpark
HARDANGERVIDDA
HARDANGER-JØKULEN
Eidfjord
Ullensvang
Odda
Voss
Ulvik
Granvin
Aurland
Hol
NORE OG UVDAL
Nore og Uvdal
Tinn
Vinje
Rollag
ROLLAG
Sigdal
SIGDAL
Suldal
Seljord
Hjartdal
Flesberg
Kvam
Jondal
Etne
FOLGEFONNA
Hardanger

# Rettleiar for byggesaker i verneområde på Hardangervidda

**Generelt**
Innanfor Hardangervidda nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde må alle bygge- og inngrepssaker avklarast/handsamast etter reglane i Plan- og bygningsloven (PBL) og etter vernereglane (Naturvernloven). Mindre tiltak som brygger, plattingar og liknande er søknadspliktige etter vernereglane. Ved byggjeverksemd skal det takast særlege omsyn til kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne, jf. Kulturminneloven.

Eigarforholda skal vere avklart i samband med byggesøknad. Forvaltningsstyresmakta kan krevje at dette skal dokumenterast før endeleg vedtak.

**Forvaltningsstyresmakt for verneområda er:**
**Tilsynsutvalet** i Hordaland, Buskerud, Telemark (statleg utval sett saman av representantar for kommunane). Tilsynsutvalet fattar vedtak i saker som gjeld ombygging innanfor eksisterande grunnflate, mindre tilbygg, samt riving av bygg med oppføring av nytt med same storleik og uendra bruk. Mindre tilbygg er definert som inntil 10 m2 og samtidig slik at tilbygget ikkje kan vere større enn 30 % av eksisterande bygningsareal
**Fylkesmannen** i Hordaland, Buskerud, Telemark fattar vedtak i alle andre typar saker som til dømes naust, restaurering av steinbuer, samt større tilbygg/nybygg i samband med landbruk, utnytting av statsallmenning og turisthytter.

**Søknad om byggetiltak bør innehalde:**
Utfylt søknadsskjema (skjema får ein hos kommunen).
Foto av omsøkt byggetomt og plassering i høve til andre bygg.
Kartutsnitt som viser kvar tomta/bygget ligg, oversiktskart og detaljkart
Fagmessig utførte byggteikningar som viser snitt, fasadar og plan.
Byggets tilpassing i terrenget og eksisterande bygningsmasse, terrengsnitt (nødvendig graving, murhøgde/pelar).
Utfyllande opplysningar om grunnlaget for søknad om nybygg og større tilbygg:
- ressursgrunnlag, areal, beitedyr, utmarksressursar som vert hausta frå omøkte bygg

**Saksgang**
1. Det er høve til å få eit avklaringsmøte med forvaltninga før full søknad og byggeteikningar vert laga. Dette kan vere lurt for å unngå at ei sak vert returnert grunna manglande dokumentasjon. Kommunen kan koordinere slik førehandskonferanse.
2. Alle søknader om bygging sendast til den aktuelle kommune.
3. Kommunen skal vidaresende søknad med vedlegg til fylkesmannen og tilsynsutvalet for Hardangervidda for handsaming etter vernereglane og til fylkeskommunen og villreinnemnd for uttale. Villreinnemnd og fylkeskommune skal ha høve til å gi uttale i alle bygge- og inngrepssaker, og desse sender sin uttale parallelt til kommune, fylkesmann og tilsynsutval.
4. For dei fleste byggesakene må ein rekne med synfaring før handsaming. Synfaring må skje på barmark. På synfaringar kan alle saker innanfor eit fylke bli samla og tekne saman. Forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming gjeld, til dømes med varsling om når søkjar kan pårekne svar.
5. Fylkesmann eller tilsynsutval gjer vedtak etter vernereglane og sender svar til søkjar med kopi til kommunen.
6. Kommunen gjer vedtak etter reglane i plan- og bygningslova etter å ha mottatt vedtak etter naturvernlova.
7. Fylkeskommunen har heimel til å fatte vedtak som gjeld inngrep i automatisk freda kulturminne (Kulturminneloven).

**Nokre råd og omsyn ein vurdere i alle byggesaker**

All bygging i verneområda skal planleggast og utførast slik at det vert minst mogleg motorisert transport både i byggjefasen og i samband med vedlikehald. Ein skal halde seg til lokale byggetradisjonar og så langt som råd unngå framande byggematerialar og material som vert avfallsproblem ved eventuell fornying.

- Ein skal søkje å samle bygg og unngå inngrep i heilt nye område.
- Det bør vere ei nøktern utforming i tråd med lokale byggetradisjonar.
- Bygget skal ikkje vere framtredande eller ruvande i terrenget, unngå silhuettverknad.
- Ved bygging i skrånande terreng er det særleg viktig med terrengtilpassing for å unngå høge fasadar.
- Det er ikkje tillate å bygge vanleg kjellar (full mur med nyttbart rom), men kryprom under golv kan nyttast som lager der det ligg til rette for det.
- Bygg bør ha ein enkel bygningskropp med gode proporsjonar.
- Bygg skal ikkje ha meir enn ein etasje (gjeld ikkje større turisthytter).
- Grunnmur bør vere lågast mogleg og helst av naturstein. (Uttak av lokal stein er søknadspliktig). Dersom ramma vert sett på pelar bør rom mellom pelar blendast/skjulast.
- Alle bygg bør ha saltak i lengderetninga i høve til terrenget. Unntak er steinbuer som ligg inn i bakken med gavl ut.
- Innvending vegghøgde bør ikkje vere over 200 cm.
- Takvinkel bør vere mellom 22 og 28 grader. Takutstikk skal følgje den lokale byggjetradisjonen i fjellet.
- Unngå store og mange vindauge. Ved oppdeling av vindauge bør dei ha gjennomgåande sprosser. Vurder bruk av lemmar for vindauge og dører når bygningen ikkje er i bruk.
- Det bør brukast virke av god kvalitet til kledning. Ein skal unngå bruk av ”villmarkspanel” der det ikkje er tradisjon for slik kledning. Kledning av god kvalitet kan gjerne stå ubehandla.
- Restaurering av eldre buer er aktuelt når ein har tilstrekkeleg dokumentasjon på konstruksjonen (høgde, takvinkel mm). Fylkeskommunen må konsulterast.
- Samanraste buer/ruinar skal som utgangspunkt ligge urørt som eit kulturminne. Stein skal ikkje fjernast.
- Det skal søkjast om løyve til uttak av stein og torv til byggjematerial.

**Spesielt om storleik**

- Forvaltningsplanen for verneområda seier at bygg på vidda skal ha nøktern utforming. Dette vil og gjelde storleiken. 45 m2 BYA vert rekna som ei øvre ramme for husvære inkludert uthus. Bygg brukt i landbruksnæring kan få arealet auka dersom særlege behov vert dokumentert. Det same gjeld for fjellstyrehytter og turisthytter. Særlege behov kan vere at det er store mengder utmarksressursar som skal haustast med trong før større lagringsplass for utstyr knytt til utøving av næringa.
- For steinbuer kan ein ved vurdering av areal ta omsyn til at mykje areal går vekk i tjukke steinmurar. Det takast utgangspunkt i den originale storleiken.

**Spesielt om uthus**

- Uthus skal helst byggast som tilbygg på eksisterande bygg i tradisjonell stil. Alternativ kan frittståande uthus godkjennast dersom det høver best på staden etter ei totalvurdering. Til dømes kan det vere dersom uthus skal nyttast til lager for større kvantum gass eller for vinterlagring av båt eller som kombinasjon med sikringsbu der det er særlege behov for det.
- Fellesløysingar for uthus, naust etc skal prioriterast.
- Uthus vert etter vernereglane handtert som tilbygg. Det vil seie at om det vert som mindre tilbygg er det tilsynsutvalet som skal fatte vedtak.

# SAKSGANG

Søkjar tek kontakt med kommune for avgjerd kva saksgang saka skal ha. Søkjar mottek kart over området.

**1.** Alle tiltak er søknadspliktig etter naturvernlova. Alle tiltak krev skriftleg positivt vedtak før arbeid kan startast.

**2.** Tiltak som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova(pbl)

**2.** Søknad som i tillegg ligg i statsallmenning

**2.** Søknad som berre er søknadspliktig etter naturvernlova

**3.**Søkjar lagar til vanleg byggjesøknad m/teikningar, nabovarsel kart m.m. og sendar dette inn til kommunen

**3.** Tiltakshavar lagar til ein søknad som syner kva som skal gjerast. Helst med foto og teikningar.
(Treng ikkje nytte skjema.)

**4.** Kommunen sendar ut brev til alle partane som skal gje løyve eller uttale i tiltak i nasjonalparken
Fylkesmannen sin miljøvernavdeling, Tilsynsutval i fylket, Fylkeskommunen sin kulturavdeling og villreinnemnda for Hardangervidda.

**4 a.** Statskog og fjellstyrane skal ha desse sakane til uttale og gjera vedtak

**4.** Tilsynsutvalet sendar ut brev til uttalepartane og førebur saka for handsaming i tilsynsutvalet

**5.** Uttalepartane kjem med brev attende
Det vert her vurdert om tiltaket kjem i konflikt med kulturminne eventuelt automatisk freda kulturminne og om tiltaket kan aksepterast i forhold til villreinen

**5.** Uttalepartane kjem med svar attende

**6.** Det vert laga til synfaring til vanleg 1 gong i året. Synfaring skjer på berr mark. Søkjar har høve til å vera med på synfaringa(det er ein fordel for søkjar), men måta kostnader med synfaringa sjølve.

**6.** Tilsynsutvalet gjer vedtak og sendar melding til søkjar

**7.** På grunnlag av innkomne uttaler, vert det gjort vedtak av Fylkesmann eller tilsynsutval, alt etter tiltakets art.

**7.** Når tiltaket er ferdig, skal det gjevast melding til tilsynsutvalet. Dette skal vera dokumentert med bilete.

**8.**Søkjar og kommune får melding om vedtak frå Fylkesmann eller tilsynsutval

**9.** Kommunen handsamar søknaden og gjer vedtak etter plan og bygningslova. Alle vedtak som vert gjort etter pbl, krev positivt vedtak frå dei andre uttalepartane. Alle tiltak vert gjeve med byggjefrist

**10.** Søkjar får melding om vedtak. Ved positivt vedtak, gjev tiltsynsutvalet nødvendig køyreløyve i samband med tiltaket.

**11.** Søkjar gjev melding straks tiltaket er ferdig eventuelt søkjar om utsetjing av frist for ferdiggjering av tiltaket.

**12.** Det kan klagast på alle vedtak. Klage skal som hovudregel sendast til den som har gjeve avslag. Orientering om klageadgang og saksgang vert det gjeve melding om i vedtak.

DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING
Kontoradresse : Tungasletta 2 Telefon: 73 58 05 00 Telefaks: 73 58 05 01
Hjemmeside: http://www.naturforvaltning.no/
Postadresse: 7005 Trondheim

KOPI

Fylkesmennene

| Deres ref. | Vår ref. (bes oppgitt ved svar) | Dato |
|---|---|---|
| | 99/2396-1 AH/AREA<br>Arkivkode: 423.5 | 01.03.99 |

# Redningstjeneste i verneområder. Hjelpekorpsenes bruk av snøscooter.

Etter lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 22, 1. og 2. ledd er det i utgangspunktet mulig å regulere eller forby enhver motorisert ferdsel i verneområder. Hvilke restriksjoner som finnes fremgår konkret av forskriftene for det enkelte verneområde.

I naturvernloven § 22, 3. ledd er det imidlertid gjort unntak for "ferdsel som skjer i politi-, brannvern-, ambulanse- eller sikringsøyemed". Tilsvarende unntak er derfor tatt inn i alle nyere verneforskrifter.

For å unngå misforståelser omkring begrepet "sikringsøyemed", og hindre ulik praktisering av dispensasjonsbestemmelsene, har det vært nødvendig med en klargjøring/grenseoppgang i forhold til hjelpekorpsenes virksomhet. Målsettingen har vært å finne frem til praktikable retningslinjer og rutiner som både ivaretar hensynet til verneverdiene i et område – og behovet for forberedende og forebyggende redningstjeneste/sikringstjeneste.

Vi har derfor i samarbeid med Justisdepartemetet trukket opp noen retningslinjer for arbeidet med slike saker. I den forbindelse har vi også hatt møte med Røde Kors, Norsk Folkehjelp og FORF.

Vi ber om at fylkesmennene snarest orienterer aktuelle hjelpekorps om de retningslinjene som er inntatt nedenfor. Justisdepartementet vil besørge nødvendig informasjon til politiet.

**Naturvernloven § 22, 3. ledd. Unntak for ferdsel i "sikringsøyemed".**

Konkrete redningsaksjoner er unntatt fra forbudet mot motorferdsel i verneområder, jfr. naturvernloven § 22, 3. ledd.

I tillegg kan f.eks nødvendig motorferdsel i forbindelse med avsperring eller skilting av et særlig rasfarlig sted/område komme inn under bestemmelsen. Likeledes nødvendig motorferdsel i forbindelse med isforhold eller isgang helt utenom det vanlige. Det er politiets ansvar å bedømme/avgjøre behov og omfang av slike sikringstiltak og besørge nødvendig iverksettelse. Forvaltningsmyndighet/oppsyn skal imidlertid ha melding om de beslutninger som politiet har truffet. I disse sakene vil det ikke være nødvendig å søke forvaltningsmyndigheten om tillatelse.

**Forberedende redningstjeneste**

Utgangspunktet må være at all øvingsvirksomhet som kan legges utenfor et verneområde, skal foregå utenfor verneområdet. Dette gjelder f. eks opplæring i bruk av snøscooter og sambandsutstyr.

"Kjentmannskjøring" eller øvingskjøring med snøscooter krever særskilt dispensasjon fra verneforskriftene. Dispensasjon kan gis av forvaltningsmyndigheten for verneområdet (fylkesmannen for nasjonalparkene) med bakgrunn i plan som er godkjent av politimesteren. Ved behov kan slike dispensasjoner gis for flere år.

Hjelpekorpsene skal sende søknader om dispensasjon til forvaltningsmyndigheten for verneområdet - via den ansvarlige politimester. Politimesteren gjennomgår søknadene og gir sin vurdering før søknaden blir oversendt til forvaltningsmyndigheten.

Hvis tidspunktet for kjøringen ikke er konkret fastsatt i dispensasjonen, skal politimester og fylkesmann/oppsyn gis beskjed før kjøringen finner sted. Enkeltstående øvelser som ikke er nedfelt i slik plan, kan unntaksvis få dispensasjon etter forutgående godkjenning/anbefaling fra politimesteren.

Alle søknader om kjentmannskjøring bør vurderes med bakgrunn i områdets sårbarhet, hensynet til dyrelivet, områdets utstrekning, bruk av området til friluftsliv, utskifting av folk i hjelpekorpsene osv. Hovedregelen skal være at man gjør seg kjent i aktuelle områder uten bruk av kjøretøy.

**Forebyggende redningstjeneste**

Eksempler på forebyggende redningstjeneste kan være mer rutinepreget merking/varsling av rasfare, farlige isforhold og liknende.

Dispensasjon til slikt arbeid bør i likhet med forberedende redningstjeneste vurderes i lys av plan som skisserer beredskapsbehov og tiltak i forbindelse med spesielle snø og isforhold etc. Planen må være godkjent av politimesteren.

Hjelpekorpsene skal også i slike tilfeller sende søknad om dispensasjon til fylkesmannen (ev. annen forvaltningsmyndighet for verneområdet) via politimesteren. Politimesteren gjennomgår søknadene og gir sin anbefaling før søknaden blir oversendt til forvaltnings-myndigheten. Dispensasjon kan gis for flere år.

Vi har gode erfaringer med at hjelpekorpsene drar ut sammen med oppsynspersonell ev. politi. Disse er normalt lokalkjente og vil kunne formidle nyttig informasjon og erfaring om trasévalg, rasfare, farlige isforhold osv.

Vi vil anta at det i flere områder kan være hensiktsmessig å kombinere forebyggende virksomhet med nødvendig "kjentmannskjøring".

Med hilsen

Stein Lier-Hansen
direktør

Berit Lein

Gjenpart: Miljøverndepartementet
Justisdepartementet

Saksbehandler: Arnt Hegstad

Fylkesmannen i
Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Trond Aalstad, 55 57 22 29

Vår dato 25 MAR 2010
Dykkar dato

Vår referanse
2003/16746 432.3
Dykkar referanse

Direktoratet for naturforvaltning (DN)

7485 Trondheim

FOTOKOPI

**Revisjon av teltplassforskrifta på Hardangervidda under villreinjakta - med heimel i friluftsloven § 9**

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte i 2004 høyring av endring av forskrift om godkjende teltplassar under villreinjakta samtidig med høyring av endepunkt for godkjende traktorsleper. Dette arbeidet vart gjort som ein del av arbeidet med forvaltningsplanen for Hardangervidda nasjonalpark. Endepunkt traktorslepe vert styrt av forvaltningsplanen som seier kva for sleper som er godkjende.

Teltplassar under villreinjakta på Hardangervidda vert regulert av ei forskrift frå 1987 (FOR 1987-11-06 nr 897) med heimel i Lov om friluftslivet § 9. Forskrifta viser godkjende teltplassar under villreinjakta innanfor Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenningar. Det er i same forskrift regulert teltforbodssoner innafor Øvre Numedal statsallmenning, jf kart juli 1991. Fylkesmannen i Buskerud har saman med brukarar av traktorslepene på austvidda gått gjennom teltforbodssonene men ikkje funne at det var grunnlag å gjere endringar i den delen av forskrifta.

Etter oppsummering av høyring sende fylkesmannen 16.08.2005 ut skriv om endepunkt traktorslepe og konklusjon etter høyring av teltplassforskrifta. Ved brev 13.07.2006 bad fylkesmannen Direktoratet for naturforvaltning endre forskrifta i tråd med konklusjonane etter høyringa. Etter den tid har saka lagt litt på vent for ny innmåling av nokre av teltplassane.

Fylkesmannen i Hordaland har fått Hardangervidda Fjelloppsyn AS til å dokumentere kartreferanse på punkt som var usikre i felt. Kartreferansane er også oppdatert til dagens koordinatsystem som er vist på dei nye karta med blått rutenett. Vi ber DN syte for at gjeldande forskrift vert endra slik at ho samsvarar med vår oppsummering og konklusjon.

Revidert liste med koordinatar er satt opp i tabell på neste side. Vi legg opp til at denne lista vert den endelige og at revidert forskrift vert lagt ved som vedlegg til forvaltningsplan for Hardangervidda nasjonalpark som i desse dagar vert sendt DN for godkjenning.

Vedlagt er også dei refererte breva i saken. Endringa av forskrift har etter vårt syn hatt ei grundig høyring og gjennomgang og innspel frå brukarar av teltplassane har blitt teke omsyn til.

Framlegg til revidert liste over godkjende teltplassar under villreinjakta, jf forskrift av 6. november 1987 nr 897.

| Namn | UTM koordinat X=nord | UTM koordinat Y=aust |
|---|---|---|
| Stigstuv | 425520 | 6685290 |
| Lagerskuret | 424050 | 6682750 |
| Byen | 424230 | 6682650 |
| Hellehalsen | 419520 | 6680090 |
| Sandhaug | 415750 | 6672440 |
| Nordmannslågen | 411280 | 6675880 |
| Besså | 411420 | 6672790 |
| Viersla | 406880 | 6677470 |
| Hansbu før bekken | 412220 | 6661760 |
| Hansbu v/naustet | 411220 | 6661190 |
| Litlos | 396440 | 6662870 |
| Belebotn | 397420 | 6658690 |
| Nybu v/Håvardsvatnet | 383780 | 6664470 |
| Øvre Krokavasshadlet | 405120 | 6662790 |
| Holmavatnet | 393120 | 6657790 |
| Hovlandsstølen | 408405 | 6657790 |
| Hellevassbu | 400420 | 6650990 |
| Eiriksbu (politihytta) | 402720 | 6651190 |

I høve til gjeldande forskrift vil med dette to lokalitetar gå ut. Det er Halne og Hansbu v/Slummen og Hansbu v/naustet. To lokalitetar er nye. Det er Lagerskuret rett før "Byen" og Nordmannslågens nordside. Nokre lokalitetar har fått litt justert plassering. Det gjeld Sandhaug (ved oppført do), Viersla (ved nytt endepunkt for traktosslepa), Litlos (feil i tidlegare kartreferanse), Hovlandsstølen og Nybu v/Håvardsvatnet (begge mindre justeringar etter faktiske forhold i terrenget). Alle endringane er gjort i samsvar med innspel frå brukargruppene (fjellstyra spesielt)

Vi ber om å tilbakemelding straks revidert forskrift er godkjent i DN då vil vi skrive til alle interessegrupper om ny forskrift og legge saka ut på internett. Samtidig skal ny forskrift inn som vedlegg til forvaltningsplanen og visast på kart.

Med helsing

Egil Hauge e.f.
seksjonsleiar

Trond Aalstad
rådgjevar

Vedlegg: oversikt over endringane som er gjort, samt sentrale dokument i saka

# FOR 1987-11-06 nr 897: Forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland.

Bruk av basen forutsetter at du samtykker i betingelsene i brukeravtalen.


| | |
|---|---|
| DATO: | FOR-1987-11-06-897 |
| DEPARTEMENT: | MV (Miljøvern/vilt) |
| AVD/DIR: | Naturvern og friluftsliv |
| PUBLISERT: | II 1987 s 451 |
| IKRAFTTREDELSE: | 1988-01-01 |
| SIST-ENDRET: | 1991-07-29-487 |
| ENDRER: | |
| GJELDER FOR: | Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland. |
| HJEMMEL: | LOV-1957-06-28-16-§9 jf FOR-1984-11-26-1947 |


## INNHOLD


Forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland.
- § 1. For villreinjegere med hjelpemannskap er det innen...
- § 2. For villreinjegere med hjelpemannskap er det innen Øvre...
- § 3. Fjellstyret kan i særlige tilfeller dispensere fra denne...
- § 4. Overtredelse av denne forskrift er straffbart, jf.
- § 5. Denne forskrift trer i kraft med virkning fra 1. januar...


## Forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland.

Med hjemmel i friluftsloven av 28. juni 1957 nr. 16 § 9, 4. ledd, jf. Miljøverndepartementets delegeringsvedtak av 26. november 1984 nr. 1947, har Direktoratet for naturforvaltning 6. november 1987 fastsatt følgende forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland, en dag før, og under villreinjakta. Endret 29. juli 1991 nr. 487.

**§ 1.** For villreinjegere med hjelpemannskap er det innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger en dag før, og under villreinjakta, kun tillatt å telte eller slå leir på følgende teltplasser:

a) Eidfjord Halne 32VMM 272 989 (1415 I)
Stigstuv 32VMM 256 855 (1415 I)
Tinnhølen 32VMM 206 845 (1415 I)
«Byen» 32VMM 241 830 (1415 I)
Hellehalsen 32VMM 196 830 (1415 II)
Sandhaug 32VMM 158 727 (1415 II)
Besså 32VMM 115 730 (1415 II)
Viersla 32VMM 084 777 (14154 II)

b) Røldal
Hellevassbu 32VMM 005 512 (1414 IV)
Eiriksbu 32VMM 028 514 (1414 IV)

c) Ullensvang
Holmavatn 32VLM 932 580 (1415 III)

Øvre Krokavassh. 32VMM 052 630 (1415 III)

Litlos 32VLM 954 633 (1415 III)

Belebotn 32VLM 975 589 (1415 III)

Hovlandsstølen 32VMM 085 579 (1415 II)

Nyby v/Håvardsv. 32VLM 840 650 (1315 II)

Hansbu « Slummen » 32VMM 128 615 (1415 II)

Hansbulægeret 32VMM 124 619 (1415 II)

Hansbu v/naustet 32VMM 113 614 (1415 II)

**§ 2.** For villreinjegere med hjelpemannskap er det innen Øvre Numedal statsallmenning, en dag før og under villreinjakta, ikke tillatt å telte eller slå leir på områder som er skravert på kart datert Direktoratet for naturforvaltning, juli 1991.

**§ 3.** Fjellstyret kan i særlige tilfeller dispensere fra denne forskrift.

**§ 4.** Overtredelse av denne forskrift er straffbart, jf. friluftslovens § 39, 2. ledd.

**§ 5.** Denne forskrift trer i kraft med virkning fra 1. januar 1988.

---

Databasen sist oppdatert 3. feb 2004




# TELT- OG LEIRSLÅING UNDER VILLREINJAKTA I ØVRE NUMEDAL STATSALLMENNING. FORBUDSSONER.

Målestokk 1 : 50000.

Direktoratet for naturforvaltning, juli 1991.

# Nytte og ulemper ved ulike transportløysingar i utmark

| Transport-middel<br><br>Ulempe | Motorbåt | Traktor m/hengjar | Terrengbil | Snøscooter | Sjøfly | Helikopter | Hest med kløv |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vurdering av ulemper** | | | | | | | |
| Terreng-slitasje | Ingen | Stor; avheng av standard på slepe og fukttilhøve | Rel. stor; avheng av standard slepe og fukttilhøve | Ingen, utover mellombels spor i snøen | Ingen | Ingen | Slitasje ved kløving langs fast trase |
| Støy | Rel. liten; lyd ber godt over vatn | Moderat; lyden vert dempa av vegetasjon o.l. | Moderat; lyden vert dempa av vegetasjon o.l. | Moderat; lyden ber godt på snødekt mark | Rel. mykje; lyden ber langt frå kjelde i lufta | Mykje; lyden ber langt frå kjelde i lufta | Ingen |
| Uroing på dyreliv | Rel. lite | Rel. lite | Rel. lite | Rel. lite | Rel. lite | Rel. lite | Folk i følgje vil skremme |
| Uroing på folk (reaksjon) | Rel. lite | Moderat akseptert langs slepe | Skapar reaksjonar; ikkje akseptert | Moderat akseptert ved nyttebruk | Moderat akseptert | Moderat akseptert | Positiv reak-sjon; trivsels-element |
| Landskaps-verknad | Synleg på vatn – verknad av opplag/naust | Synleg i terrenget; slitasje/slepe | Synleg i terrenget; slitasje/slepe | Godt synleg i terrenget; spor midlertideg | Godt synleg, men kort tid | Godt synleg, men kort tid | Rel. lite synleg - ikkje fra-mandelement |
| Energibruk | Rel. lite i høve til nyttelast | Moderat i høve til nyttelast | Moderat i høve til nyttelast | Moderat i høve til nyttelast | Stor i høve til nyttelast | Stor i høve til nyttelast | »Bioenergi» |
| Behov for tilrettelegging | Lite; evt. naust | Trong for slepe el. køyrespor | Trong for rel. god slepe | Ingen | Ingen | Ingen | Ingen |
| Risiko for uhell | Moderat | Liten | Liten | Moderat | Moderat | Moderat | Rel. liten |
| Forureining | Utslipp og oljesøl i vatn | Rel. lite | Rel. lite | Olje og avgasser i snø | Utslipp og oljesøl i vatn | Lite | Hestemøkk |
| Energiforbruk pr. kilo | Moderat | Moderat | Moderat | Moderat + | Høgt | Høgt | Biobrensel |
| **Vurdering av nytte** | | | | | | | |
| Lastekapasitet | 500 kg | 4-6 tonn | 500 kg – 1 tonn | 500 kg | 200 kg – 400 kg | 800 kg | 80 kg - 120 kg |
| Personkap. | 3 – 4 pers. | Mange på tilhengjar | 2 – 10 pers. | 2 – 4 pers. m/slede | 3 – 4 pers. | | 1 (ridande) |
| Tilgjenge | God | God | God | God | Variabel (leige) | Variabel (leige) | Variabel; eigen el. leige |
| Hastighet | Moderat (10-15 km/t) | Rel. lav (5-15 km/t) | Moderat 10-20 km/t) | Rel. stor (10-20 km/t) | Stor hast. | Stor hast. | Lav (3-5 km/t) |
| Stabilitet ved drift | Vanskeleg i sterk vind | Vanskar ved særleg fuktige forhold | Vanskar ved fuktige forhold | Vanskar ved laus og roten snø | Stoppar opp ved sterk vind, uver og tåke | Vanskar i uver og tåke. | Stoppar ved skade |